

Bustad og beiteland

Dr. ing. avhandling

av

Sunniva Skålnes

April 2003

Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet
Fakultet for arkitektur og biletkunst
Institutt for byforming og planlegging

Rettleiarar:

Professor Linn Mo,
Professor Sverre Nistov,
Institutt for byforming og planlegging,
Fakultet for arkitektur og biletkunst, NTNU

Sensurkomité:

Universitetslektor Kerstin Thörn, Institutionen för historiska studier,
Umeå universitet, Umeå, Sverige
Professor Nils Aarsæther, Det samfunnsvitskaplege fakultet,
Universitetet i Tromsø
Professor Siv Bleiklie, Institutt for byggekunst, prosjektering og forvaltning,
Fakultet for arkitektur og biletkunst, NTNU

Bustad og beiteland

Av Sunniva Skålnes

April 2003

Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet
Fakultet for arkitektur og biletkunst
Institutt for byforming og planlegging

Dr. ingeniøravhandling 2003:51
ISBN 82-471-5602-4
ISSN 0809-103X

Føreord

Dette arbeidet starta opp i januar 2000 og har vore finansiert av Noregs forskingsråd gjennom eit tre-årig doktorgradsstipend. I denne perioden har eg vore tilknytta Noregs teknisk-naturvitskapleg universitet, NTNU, Trondheim.

Midlane frå forskingsrådet gav meg høve til å konsentrera meg om spørsmål eg lenge hadde arbeidd med, men aldri hadde kunna konsentrert meg fullt ut om. Takk til Noregs forskingsråd som slik gjorde dette arbeidet muleg å gjennomføra.

I prosjektperioden har eg vore tilsett ved Norsk institutt for by- og regionforskning i Alta. Takk til Nibr-Alta som stilte kontorplass og arbeidsverktøy til rådvelde for meg både i Alta og Kautokeino. Takk også til prosjektleiar Sveinung Eikeland for god støtte under arbeidet med forprosjektet

Rettleiarar har vore professor Linn Mo og professor Sverre Nistov, begge NTNU. Med tett oppfølging, grundige kommentarer – og ikkje minst, interesse og omsorg for innhald og framdrift i arbeidet gjorde dei vegen lett å gå for meg. Takk til begge to!

Takk til Guovdageainnu suohkan /Kautokeino kommune som gav meg permisjon frå stillinga mi på teknisk kontor. Ei særskilt takk til kollegaer ved teknisk kontor som med interesse – og undring, har følgd arbeidet, og slik har vore gode vegvisarar på ferda.

Undervegs har eg hatt stor nytte av å diskutera uferdige tankar og synspunkt med Jon Todal og Sigrid Skålnes. Deira kunnskap om samiske strøk generelt og om mitt utgangspunkt spesielt har vore til stor hjelp og glede. Takk!

Takk også til Ole Bjørn Tellefsen for god hjelp då eg møtte datatekniske vanskar, og til Josef Halse for arbeid med illustrasjonar.

Eg kjende bygda Kautokeino frå før. Møte med informantane opna likevel dører for delar av bygda eg ikkje visste om. Takk til alle som eg ikkje kan nemna med namn, de som tok så vel i mot meg og gav innhald og retning til arbeidet her.

Guovdageaidnu, februar 2003

Sunniva Skålnes

Innhald

1	Innleiing	7
1.1	Folkearkitektur	7
1.2	Problemstillingar	9
1.3	Oppbygging av arbeidet	12
2	Frå telt til typehus	14
2.1	Midtvegs på vidda	15
2.2	Historia forklarar	16
2.3	Tømmerhus og telt	21
2.4	Staten byggjer velferdssamfunnet	26
2.5	Endringar i bygge- og buskikken	42
2.6	Oppsummering	47
3	Kautokeino på 1990-talet	49
3.1	Folkesetnad og levkår på 1990-talet	49
3.2	Plangrunnlag ved inngangen av tiåret	55
3.3	Arealplanlegging på vidda	60
3.4	Arkitektonisk kvalitet i bustadfelta frå 1990-talet	71
3.5	Oppsummering	74
4	Folkearkitektur og ferdighus – teori og tradisjon	75
4.1	Folkearkitektur som forskingsemne	76
4.2	Vegar fram til den nye folkearkitekturen	83
4.3	Enkeltstudiar frå ulike område	89
4.4	Hus på vandring	101
4.5	Vår tids folkearkitektur	106
4.6	Oppsummering	108
5	Metode og informantar	110
5.1	Metodar	110
5.2	Utval	118
5.3	Intervju og analyse	128
5.4	Metodiske utfordringar	132
5.5	Mitt eige utgangspunkt	137
5.6	Oppsummering - å skriva om andre sine viktige val	142
6	Slektning og granne	144
6.1	Oppleving av avstand	144
6.2	Lokaliseringssynske og familiebakgrunn	149
6.3	Lokalisering av tomte	153
6.4	Viktige trekk ved dei ulike lokaliseringssynska	167
7	Bustad og beiteland	173
7.1	Store tomter og liten plass	174
7.2	Tomt og uterom – plass for arbeid og kvile	187
7.3	Viktige trekk ved tomt og uterom	201
8	Det samiske huset	213
8.1	Datamaterialet	213

8.2	Huset med rom for mange funksjonar	222
8.3	Det samiske huset – eit krevjande prosjekt	242
8.4	Viktige trekk ved 1990-tals bustaden	246
9	Ansvar og deltaking	252
9.1	Tomt, deltaking og ansvar	252
9.2	Hus – planlegging og ansvar	257
9.3	Husbygging, deltaking og ansvar	263
9.4	Viktige trekk ved plan- og byggeprosessen	270
10	Ny folkearkitektur og ny kunnskap	279
10.1	Spørsmål undervegs	279
10.2	Ny kunnskap	283
11	Etterord	289
11.1	Eit endra utgangspunkt	289
11.2	Nye forskingssemne	294
	Intervjurettleiar for innsamling av data	295
	Vedlegg 2: Informantane – levande kjelder og aktive husbyggjarar	297

Figuroversikt

Figur 2.1	<i>Teikning av Kautokeino sentrum, frå Bodil Hagbrink (1978): Davas-jåttin, utgjeve av Aschehoug & Co, Oslo</i>	14
Figur 2.2	<i>Kartskisse over Kautokeino kommune</i>	15
Figur 2.3	<i>Kautokeino frå 1930-talet.</i>	18
Figur 2.4	<i>Små bustadtypar i Finnmark og Nord-Troms før 1945.</i>	20
Figur 2.5	<i>Ulike gammetypar frå Finnmark, type a - kroksperrgamme, type b - stolpeverksgamme, type c – tømmergamme.</i>	21
Figur 2.6	<i>Vest-Finnmark reinbeitedistrikt.</i>	23
Figur 2.7	<i>Gamle stabbur i ny tolking. Biletet er frå Juhls Silver Gallery i Kautokeino, fotografert hausten 2002.</i>	25
Figur 2.8	<i>Kopi av busetnadskart over Kautokeino kyrkjestad, 1960.</i>	28
Figur 2.9	<i>Eksempel på lokalt tilpassa gjenreisingshus, type "Klemet". Etter teikning frå bygningsarkivet til Kautokeino kommune</i>	30
Figur 2.10	<i>Gjenreisingshus, type "Hus for flyttsamar". Etter teikning frå bygningsarkivet til Kautokeino kommune</i>	31
Figur 2.11	<i>Det regulerte Kautokeino veks fram.</i>	35
Figur 2.12	<i>Bustad og læring</i>	38
Figur 2.13	<i>Kartskisse over Kautokeino som viser busetnadsmønsteret i kommunen ved inngangen av 1970-talet.</i>	41
Figur 2.14	<i>Den faste busetnaden i Kautokeino var småbruk med mjølkeproduksjon og ulike former for utmarksnæring.</i>	43
Figur 2.15	<i>Plan av hustypen "Akkanas" 79-38,</i>	44
Figur 2.16	<i>Hustype 1222C+, utarbeidd av det statlege bustaddirektoratet. Teikningane er henta frå bygningsarkivet i Kautokeino kommune.</i>	45
Figur 2.17	<i>Perspektivskisse av hustypen "Joatka" 79-42, frå "Typehus 1980", as Finnmarksbygg.</i>	47
Figur 3.1	<i>Folketalsutvikling i Kautokeino på 1990-talet. Kjelde: www.ssb.no</i>	50
Figur 3.2	<i>Ein ung folkesetnad. Kjelde: SSB: Aldersfordeling pr. 1.1.2001</i>	50
Figur 3.3	<i>Aldersfordeling i Kautokeino. Kjelde: SSB: Aldersfordeling pr. 3.11.1990 og 1.1.2001.</i>	51
Figur 3.4	<i>Inntektsnivå. Kjelde: SSB: Bruttoinntekt pr. innbyggjar over 17 år, år 2000.</i>	51
Figur 3.5	<i>Vekst og utbygging i Kautokeino. Skissa viser ei langstrekt bygd der elvebreidda ikkje lenger er det viktigaste busetnadsområdet</i>	56
Figur 3.6	<i>Byggestatistikk 1990-2000. Kjelde: www.ssb.no</i>	58
Figur 3.7	<i>Forenkla framstilling av kommunedelplanen for Kautokeino tettstad. Skissa viser utbygde område i Kautokeino på slutten av 1990-talet.</i>	59
Figur 3.8	<i>Grøntstruktur i tettstaden. Kartskissa viser gjennomgåande grøntdrag som alle har samband med utmark og vidde.</i>	61
Figur 3.9	<i>Skuterløypenettet i bygda. Tankegangen bak dette løypenettet var at alle skulle ha lett tilgang til vidda og elva, som var ein viktig ferdaveg vinterstid.</i>	63
Figur 3.10	<i>Reguleringsplan for Nuortamanmaras</i>	66
Figur 3.11	<i>Illustrasjonsplan over Nuortamanmaras bustadområde.</i>	68

Figur 4.1	<i>Frå norsk nasjonal gjenreising til samisk markering i arkitekturen</i>	88
Figur 4.2	<i>To ulike arkitektoniske svar på same behov</i>	91
Figur 4.3	<i>Skisse av ein utvandra slektning av det samiske stabburet, njalla</i>	92
Figur 4.4	<i>Masseframstilt folkearkitektur</i>	95
Figur 4.5	<i>Bustadgamme frå Ifjord i Lebesby 1928). Teikninga er henta frå Nesheim og Nielsen, vol. IV (1979)</i>	97
Figur 4.6	<i>Lávvue som inspirasjon for nye, offentlege bygg. Museumsbygget i Kautokeino, teikna av ark. MNAL Kjell Borgen</i>	104
Figur 4.7	<i>Kommunalt utleigebygg i Kautokeino(LES-bygget), teikna av arkitektkontoret BOARCH</i>	104
Figur 5.1	<i>Tolking av bustaden som eit bilete på kosmologien</i>	115
Figur 5.2	<i>Lokalisering av informantane</i>	120
Figur 5.3	<i>Utsnitt av kommunedelplan for Kautokeino tettstad, godkjend 1993</i>	121
Figur 5.4	<i>Utsnitt av bebyggelsesplan/illustrasjonsplan for Allaeanan</i>	122
Figur 5.5	<i>Tomteksempel 1, – standardtomt i regulert område</i>	123
Figur 5.6	<i>Tomteksempel 2, - tilpassa tomt innanfor regulert område. Tomta er dobbel så stor som standardtomta og har plass for arbeid og for neste generasjon</i> .123	
Figur 5.7	<i>Tomtetype 3, - tilpassa tomt utanfor regulert område</i>	124
Figur 6.1	<i>"Slektskart" frå Kautokeino</i>	149
Figur 6.2	<i>Frå bustadfelt til slektstun på 22 år</i>	151
Figur 6.3	<i>Det planlagde familietunet</i>	154
Figur 6.4	<i>Familietunet på privat grunn</i>	156
Figur 6.5	<i>Praktisk lokalisering av eindriftstomta</i>	159
Figur 6.6	<i>"Den beste tomta"</i>	162
Figur 7.1	<i>Den nye rekkja med stabbur. På 1990-talet gav denne rekkja også plass til garasje</i>	175
Figur 7.2	<i>Tomta som lagerplass for reiskap og utstyr for sesongmessig bruk. Tomta her fortel om matauk – om sikfiske på Stuorajávri. Ill. Josef Halse</i>	176
Figur 7.3	<i>Reparasjon av driftsutstyr som skuter og slede er arbeid som eignar seg godt å gjera ute ein fin dag på vår vinteren</i>	178
Figur 7.4	<i>Kjøtttøking på lufteverandaen og i nettingkasse på veggen. Ill. Josef Halse</i> .179	
Figur 7.5	<i>Det tradisjonelle kjøttburet på uthustaket. Ill. Josef Halse</i>	180
Figur 7.6	<i>Etter slakting på vår vinteren og på hausten er delar av Kautokeino pynta med reinskinn på alle uthusvegger, eller, når plassen blir for liten – på gjerde</i>	181
Figur 7.7	<i>Med tanke på ein lang vinter - . Ill. Josef Halse</i>	182
Figur 7.8	<i>Tomt med plass for alt</i>	184
Figur 7.9	<i>"Det som høyrer med"</i>	185
Figur 7.10	<i>Reingamme i beitehagen – ein plass å finna fred for mygg og dårleg ver</i> ..	186
Figur 7.11	<i>Rekreasjonstomta med romsleg uteplass</i>	188
Figur 7.12	<i>Der blommar ikkje veks, kan vakre steinar gjera same nytten</i>	189
Figur 7.13	<i>Den naturlege hagen med lokal fjellbjørk og innført grasplen</i>	191
Figur 7.14	<i>To tider – to generasjonar. Også uteplassen endrar seg</i>	192
Figur 7.15	<i>Arbeidstomt</i>	195
Figur 7.16	<i>Uterommet i bruk</i>	198
Figur 7.17	<i>Tomta til bussjåføren er prega av yrket hans, og forma som ein romsleg parkerings- og arbeidsplass</i>	200
Figur 7.18	<i>Høge nettinggjerde fortel om beitehage i bustadområda</i>	203
Figur 7.19	<i>"Friområdet" i bruk slik det før har vore brukt – til vedhogst og lagring av utstyr for bruk i utmarka</i>	206
Figur 7.20	<i>Ny "arbeidsveranda"</i>	209
Figur 7.21	<i>Lávvue og vedbu romma alt bestemor trong ute. Ill. Josef Halse</i>	211

Figur 7.22	<i>1990-talstunet i Kautokeino med trekk frå fortida og notida. Ill. Josef Halse</i>	212
Figur 8.1	<i>To hus frå utvalet, bygde til ulike tider på 1990-talet.</i>	214
Figur 8.2	<i>Ark, karnapp, veranda og vindaugstype var element folk brukte for å markera særpreg.</i>	216
Figur 8.3	<i>Trekanta vindaug – eit særpreg for dette huset.</i>	217
Figur 8.4	<i>Etter påskehelga med mange høgtidsdagar heng bellingar og skulderkappa, -luhkka- til lufting ute.</i>	218
Figur 8.5	<i>Eksempel på planteikningar. Øvst eit hus med loft, nederst eit hus i ei høgd.</i>	220
Figur 8.6	<i>To ulike kjøkken – som begge vart opplevd som romslege.</i>	223
Figur 8.7	<i>Den nye og synlege arbeidsplassen i stova.</i>	227
Figur 8.8	<i>Den "samiske veggen"</i>	228
Figur 8.9	<i>Den dekorative reolen frå 1970-talet.</i>	230
Figur 8.10	<i>Det nye baderommet – godt gjennomarbeidd og lite representativt for utvalet.</i>	235
Figur 8.11	<i>Inngang med plass til vinterklede og skallar.</i>	238
Figur 8.12	<i>To "arbeidshus" med skilde hovud- og sideinngang – den siste brukt i samband med dagleg arbeid.</i>	240
Figur 8.13	<i>Sjølv med tjukk pels kan det vera godt å ha eit reinskinn til å kvila på ute i snøen.</i>	241
Figur 8.14	<i>Frå skuterbelte til dørmatte – eksempel på praktisk gjenbruk av gamle ting</i>	243
Figur 8.15	<i>Det praktiske og vakre - .</i>	245
Figur 9.1	<i>Aktiv deltaking</i>	254
Figur 9.2	<i>Hus tilpassa kunden.</i>	258
Figur 9.3	<i>Kjelder til kunnskap</i>	268
Figur 9.4	<i>Plass for eigen deltaking.</i>	276

1 Innleiing

1.1 Folkearkitektur

Interessa for vår tids folkearkitektur har vore veksande blant arkitekturforskarar dei siste tjue-tretti åra. Frå alle kantar av verda har det vorte publisert studiar av denne typen arkitektur. I motsetnad til den tidlege interessa for folkeleg byggeskikk, har ikkje denne nye interessa vore avgrensa til å omfatta berre den eldste, ”opprinnelege” og ”vakre” arkitekturen frå fjerne kulturar, men studiane har teke føre seg all slags bygg frå alle tider, også frå vår eigen kultur og vår eiga samtid.

Bakgrunnen for denne interessa har vore eit ynske om å forstå og tolka samspelet mellom bygg og brukarar. Tradisjonelle teoriar om arkitektur har gjerne sett bygga eller formgjevaren, arkitekten, i sentrum for forskingsinteressa. Studiet av folkearkitekturen er ein del av eit større, tverrfagleg forskingsfelt, *Environment and Behavior Studies*, på norsk kalla studiet av relasjonar mellom mennesket og miljøet. Sentralt i denne retninga er det å leita etter den meininga som ligg nedfelt i det bygde landskapet. Brukaren er viktig her, det er hennar eller hans oppleving av meining som er av interesse for forskarane innan dette fagfeltet.

Det meste av arkitekturen me omgjev oss med, er bygg skapte utan teoriar om estetikk, og utan bruk av arkitektar. Det finst ikkje eksakte tal for kor stor del av den samla bygningsmassen i verda som er laga ut frå tradisjon og kjende handverksteknikkar, men enkelte hevdar at det gjeld det aller meste av hus som blir bygde.¹ Denne arkitekturen har mange og ulike namn, alt etter kven som skriv om den. I dette arbeidet har eg vald å bruka omgrepet folkearkitektur om desse bygningane. Omgrepet folkearkitektur, eller vernakular arkitektur, omfattar ei rekkje ulike typar byggverk, alt etter kva tradisjon ein vel å arbeida i. I arbeidet her har eg funne det tenleg å knyta meg til den amerikanske tradisjonen innanfor

¹ Det finst naturleg nok ikkje tal på kor stor del av den samla bustadmassen som er teikna av profesjonelle arkitektar. Reknar me dette talet å vera ein prosent av alle bustader, er det truleg å ta for hardt i, skriv Paul Oliver (1987) i boka *Dwellings. The House across the World*. Tek me vidare med alt som på ulik vis er bygd med hjelp av fagfolk, kjem me neppe opp i meir enn fem prosent av den totale mengda av bustader. For andre bygningsslag spelar truleg fagfolk ei større rolle. Likevel må det kunna seiast at profesjonelle arkitektar i svært liten grad påverkar det bygde miljøet direkte når me ser det i eit globalt perspektiv.

studiet av vernakular arkitektur, som er den retninga som femner vidast og set færrast grenser for kva som kan reknast som folkearkitektur.

Dette arbeidet er eit bidrag i rekkja av studiar av vår tids folkearkitektur, og skal handla om bustaden i samiske strøk på 1990-talet. Det er såleis ei historie om regulerte byggefelt og masseframstilte, ”norske” kataloghus. Samstundes er det ei historie om mangfald og tilpassing, om kreativitet og om endring i buskikken.

Tittelen på avhandlinga har eg valt å formulera slik:

Bustad og beiteland - på spor etter faktorar som har vore avgjerande for utforming av bustaden i samiske bygder på 1990-talet.

Tittelen peikar på at det å bu i samiske strøk på 1990-talet omfatta meir enn ei tomt i bustadfeltet og tak over hovudet. Omgrepet *bu* femner vidt. I samanhengen her omfattar det også å arbeida – og arbeidsoppgåvene som skal ha rom på buplassen, er av ulike slag. Tittelen, bustad og beiteland, peikar vidare på at arbeidet ved bustaden også kan omfatta dyrehald og beiting. 1990-tals bustaden i samiske bygder tedde seg i ulike variantar alt etter kva funksjonar og føremål han skulle gje rom for. Tolking av bustaden blei såleis ei tolking av livsforma eller kulturen den var ein del av.

Det som gjorde det interessant for meg å skriva om akkurat desse bustadene og livsformene, var at dei både hadde vore arbeidsfeltet og bumiljøet mitt i mange år. Eg hadde sett korleis den masseframstilte bustaden utan lokalt preg var eit sjølv sagt førsteval for dei aller fleste husbyggjarane, og eg hadde også sett korleis ein tilsynelatande einsarta bustad let seg omforma og tilpassa til å danna rammer for ulike liv. Å velja samisk område og Kautokeino som studiefelt var naturleg, i og med at det er her eg har budd og arbeidd i mange år. Å velja bustaden i Kautokeino var såleis å gå til det nære for å sjå og prøva å forstå korleis det ytra seg.

1.1.1 Bakgrunn for å velja emnet

Frå hausten 1989 har eg arbeidd med arealplanlegging i Kautokeino kommune i Indre Finnmark. Før eg kom hit, arbeidde eg i fleire år som arkitekt og planleggjar i grannekommunen Alta. Eg flytte til Finnmark i 1980. Møtet med Finnmark var for meg eit møte med, ikkje éin, men fleire nye kulturar, med eit nytt landskap og med ei historie eg i liten grad kjende til frå før. Det var eit møte med det framande – samstundes som det òg var eit møte med mykje eg kjende att frå eigen oppvekst i ei lita vestlandsbygd dominert av primærnæringar.

I Kautokeino var eg tilsett i kommunen gjennom heile 1990-talet, og hadde her det faglege ansvaret for kommunen si arealplanlegging i desse åra. Ein vesentleg del av dette planarbeidet var å leggja til rette for utbygging av bustadtomter i dei ulike bygdene i kommunen. Å arbeida med bustadplanlegging og arealdisponering er å gå inn i ein tradisjon med røter tilbake til bygging av velferdsstaten frå mellomkrigstida og gjenreisingstida etter krigen. Det er samstundes å arbeida etter norsk lovverk, retningsliner og standardar. Tankesettet som lovverket og dei politiske styringsreiskapane kviler på, er for ein stor del forankra i urbane norske

middelklasseverdiar. I møte med andre sosiale klassar eller etniske grupper, eller i møte med rurale strøk, vil motsetnader til desse verdiane lett koma til syne. Det bygde landskapet kan i enkelte tilfelle lesast som ein konkret motstand mot dei sentrale planleggingsverdiane.

Gjennom arbeidet mitt som arkitekt og planleggjar har eg ofte møtt ynske om tilpassingar frå det standardiserte tomte- og bustadtilbodet. Desse ynskemåla har ytra seg på to ulike måtar. Det kunne vera praktiske forslag til endringar som kom frå ”vanlege folk som bygde vanlege hus,” eller det kunne vera meir uklare krav om ”samisk tilpassing” og ”samisk planlegging.” Desse siste framlegga til endringar har gjerne kome frå delar av den samiske offentlege verda som har sett den norske plantradisjonen og norsk lovverk som lite eigna til å ta vare på og vidareføra samiske tradisjonar. Sentrale styresmakter og den viktigaste bustadfinansieringskjelda, Husbanken, har vist velvilje til slike krav om samisk tilpassing, men vegen frå forståing til konkrete endringar har ofte synt seg å vera lang og vanskeleg.²

Mangel på *konkret* kunnskap, ein mangel eg sjølv opplevde som planleggjar i samiske strøk, og som eg opplevde å dela med mange andre, var såleis ei medverkande årsak til at eg starta med dette arbeidet.

Å velja å arbeida med den nye folkearkitekturen er å gå inn i ein liten, men kreativ internasjonal tradisjon. Hovudsiktemålet innan denne tradisjonen er å tolka samspelet mellom bygg og brukar, og koma fram til ei klarare forståing av den *meininga* som ligg nedfelt i dei bygde strukturane. Også innan norsk arkitekturforskning finst ein tradisjon for å setja folkearkitekturen på dagsorden. Storparten av denne forskingsretninga har rett nok vore mest oppteken av historiske bygg, men frå 1980-talet og utover har forskarar med ulik fagbakgrunn presentert studiar der den *nye* folkelege arkitekturen er sett i sentrum (sjå meir om dette i kapittel fire). Både den gamle norske tradisjonen og den nyare internasjonale retninga (begge er presenterte i kapittel fire) der utviding av arkitekturomgrepet har vore sentralt, har såleis vore med å forma og gje retning til arbeidet eg her legg fram.

1.2 Problemstillingar

I tillegg til ei hovudproblemstilling, har eg, som ei naturleg følgje av den, formulert ei rekkje andre spørsmål. Til saman dannar desse problemstillingane ulike vegar fram mot biletet av den samiske bustaden på 1990-talet.

1.2.1 Hovudproblemstilling

Hovudproblemstillinga for avhandlinga har eg valt å formulera slik:

² Som ein del av arbeidet med å fremja god byggeskikk, har mellom anna Husbanken i Hammerfest arrangert seminar om ”Samisk boform og boskikk.” Slike seminar vart skipa til både hausten 2000 og 2001. I innbydinga til det første seminaret skreiv Husbanken at siktemålet med å arrangera det var å retta søkjelyset på ”samiske boformer og tradisjonar som er verdt å ta vare på og som bør få konsekvenser for byggeskikken her i nord.”

Kva faktorar kan ha vore avgjerande for utforming og bruk av bustaden i samiske bygder på 1990-talet?

Med uttrykket ”utforming” meiner eg her måten bustaden er bygd opp og organisert på. Storparten av bustadene i utvalet mitt var såkalla kataloghus, utforma etter sentrale retningslinjer, i eit kjent formspråk. Dei vurderingane som sentrale bygningsstyresmakter og husleverandørar la til grunn for denne utforminga, var likevel av mindre interesse for meg i dette arbeidet. Derimot la eg vekt på dei diskusjonane og avvegingane om ulike variantar og former som husbyggjaren stod overfor i møte med hus og tomt, og seinare ved bruk av bustaden.

Omgrepet ”bustad” bruker eg i tydinga ”ein stad der ein bur eller kan seiast å ha heimen sin.” Omgrepet bustad omfattar slik *både* det bygde huset, andre bygg i tilknytning til dette og uterommet eller tomte der desse husa er plasserte.

Hovudproblemstillinga som eg har valt, spørsmålet om kva faktorar som har styrt utforming og bruk av bustaden, ligg nært opp til eit sentralt omgrep i kulturforskinga, nemleg omgrepet *buskikk*. Etnologen Vold Halvorsen definerer buskikk som ”måten folk innreier og bruker heimen sin, ut frå ein bakgrunn av kollektive og tradisjonsbundne normer” (Vold Halvorsen 1998:7). Liknande definisjonar er brukte av mange innan same fagtradisjon (Horgen 1975, Bing 1996). I denne definisjonen ligg det til grunn eit syn på buskikk som ei normerande kraft.

Omgrepet *skikk*³ kjem frå det lågtyske ordet *skikkian*, og tyder å ordna, innretta eller forma. Ein skikk er såleis ein rett skipnad, eller ei rett form, eit lag eller ein orden. Ein skikk kan vera grunnfesta i tradisjon og bli overført, tilpassa og endra over tid. Nye skikkar blir skapte på grunnlag av endring i livsform og tankesett.

Omgrepet buskikk kan såleis vera dekkjande for delar av arbeidet mitt, særleg den bolken der eg undersøker korleis folk organiserer og bruker bustaden sin.⁴ Når eg likevel let vera å bruka dette omgrepet, er det fordi eg ynskjer å understreka at eg ser bruk og utforminga av bustaden i eit større perspektiv enn det som vanlegvis blir gjort i samband med omgrepet buskikk. Såleis vil eg også leggja vekt på diskusjonen om lokalisering og tomtespørsmål, i tillegg til spørsmål om ansvar og deltaking i byggeprosessen, og det seinare ansvaret ved bruk av bustaden. Omgrepet buskikk er i tillegg ofte knytt til bustadhuset åleine. I arbeidet mitt legg eg like stor vekt på det som skjer i uterommet, på tomte og i uthusa, som eg gjer på det som skjer i bustadhuset.

³ I Ascehoug og Gyldendals Store Norske Leksikon (1980) gjev Olav Bø, avdød professor i folkeminnevitenskap, ein folkloristisk definisjon av *skikkar*, der han legg vekt på det tradisjonsbunde og normerande i dette omgrepet. Samstundes understrekar han det at skikkar også kan endrast, og heile tida *blir* endra.

⁴ Omgrepet *samisk buskikk* er for øvrig teke i bruk i samband med diskusjonen om bustaden i samiske område. Husbanken sitt avdelingskontor i Hammerfest, som har ansvaret for det samiske området i Noreg, brukte omgrepet ”Samisk boform og boskikk” som tema for eit seminar (27-28-10-20.2000) om bustadforming og bustadutvikling i Sápmi.

1.2.2 Andre viktige problemstillingar

I utforminga av hovudproblemstillinga ligg det innforstått ei førestilling om at 1990-tals bustadene i Kautokeino var forma av fleire og ulike faktorar, og at desse ikkje berre kunne tilskrivast lovverk, offentlege føresegner og det generelle tilbodet på bustadmarknaden. Med bakgrunn som arkitekt og planleggjar i kommunen, og med kjennskap til den lokale bygningshistoria, hadde eg ved oppstart av dette arbeidet gjort meg opp ei meining av kva desse andre faktorar kunne vera.

Den lokale, samiske kulturen med sine ulike næringstilpassingar måtte vera ein slik faktor. Likeins såg eg det som naturleg at den nomadiske livsforma som store delar av folkesetnaden i bygda hadde vore ein del av, ville vera naturleg å sjå som ein annan viktig formingsfaktor. Trehuset si historie er kort i Kautokeino, først etter siste verdskrig vart denne hustypen allemannseige i området her. Denne korte tradisjonen, saman med eit sterkt innslag av statleg styring av bustadreiseinga i etterkrigstida, ville truleg ha sett spor som kunne lesast i synet på og haldningar til bustaden og bustadbygginga. I tillegg var eg interessert i å undersøkje om den allmenne og aukande interessa for bustaden som symbol og som kreativ arena, hadde vunne innpass i denne samiske bygda. I arbeidet med å samla inn empiri til denne avhandlinga vart dermed følgjande spørsmål viktige:

- ## Kan me påvisa trekk ved 1990-tals bustaden i samiske strøk som viser slektskap med eldre, tradisjonell buform i desse områda? Kva rolle spelar spørsmålet om busetnadsmønster og lokalisering av bustaden i denne diskusjonen? Kva har vore viktigaste styringsreiskapar ved utforming av busetnadsmønsteret i denne perioden – sentrale eller lokale krefter? I kva grad kan statleg styring frå gjenreiseinga og bustadtiltak saman med seinare kommunal arealplanlegging lesast i det bygde landskapet frå 1990-talet? Kan me lesa spor av nomadisk buform og den tradisjonelle *siida*-grupperinga⁵ i busetnaden frå 1990-talet?
- ## Kva var tilhøvet mellom arbeid, næringstilknytning og omsyn til andre funksjonar bustaden skulle løysa, og utforming av tomt og uterom? Kva har vore dei viktigaste styringsreiskapane i denne prosessen? Har til dømes den eldre samiske bygge- og buskikken og synet på landskapet i vesentleg grad vore avgjerande for utforming og bruk av buplass og landskapsrom på 1990-talet – eller var offentlig planlegging og økonomiske verkemiddel ein sterkare styringsreiskap?
- ## Kva var tilhøvet mellom funksjonar bustadhuset skal løysa og utforminga det får? Kva var styrande for val av hus - tradisjon, funksjon eller symbolinnhald? Var til dømes status, identitet og samkjensle knytt til bustaden – eller var huset først og fremst eit ly for vind og kulde? Korleis responderte husbyggjarane på ein større fridom i høve til det offentlege

⁵ *Siida* - samisk omgrep med ulike tydingar; buplass, samebygd, reinby, reinflokk (som nokon eig), bygd, heim. Omgrepet *siida* kan såleis uttrykkja både eit fysisk fellesskap og ein organisatorisk einskap. Kjelde: Kåven, Jernsletten m. fl. (1995): *Sámi - dáru sátnegirji. Samisk – norsk ordbok*, Karasjok: Davvi Girji o.s.

regelverket, til dømes Husbanken sitt regelverk? Førde dette til større grad av lokal tilpassing? Kva tok eventuelt over som styringsverktøy?

≠# Kven tok ansvar i planleggings- og byggefasen – og i tida etter, når huset var i bruk?

≠# Kan me påvisa trekk ved bustadarkitekturen på 1990-talet i samiske strøk som gjer det meiningsfullt å kalla den folkearkitektur ? Kor finst i tilfelle desse trekka, i utforminga eller i bruken av bustadene?

Desse, og andre problemstillingar som er gjenspegla i intervjuetteleiarer, var utgangspunktet for arbeidet, og dermed ein del av dei føresetnadene eg møtte informantane mine med.

1.3 Oppbygging av arbeidet

Arbeidet er delt inn i fire ulike bolkar. I innleiingsbolken, som består av kapittel to og tre, presenterer eg den historiske bakgrunnen for dei problemstillingane som er emne for avhandlinga. Her legg eg vekt på utviklinga i bustadhistoria i etterkrigstida. Krigen, brenninga og det sterke og langvarige statlege engasjementet i gjenreisinga er alle faktorar som gjer at Kautokeino i stor grad skil seg frå andre bygdekommunar det ville vore naturleg å samanlikna seg med. Kunnskap om denne bakgrunnen er, slik eg ser det, avgjerande for å tolka dagens bustadsituasjon i Kautokeino. Bolk to omfattar kapittel fire og fem. I kapittel fire presenterer eg ulike arkitekturteoriar og tradisjonar, og knyter desse til problemstillingane mine. I kapittel fem diskuterer eg val av metode for innsamling av empirien, saman med grunngeving for dette valet. Bolk tre omfattar kapittel seks til ni, som alle er presentasjon av empiri og analyse av dette stoffet. Til sist, i bolken fire, følgjer ei oppsummering der eg knyter band tilbake til det teoretiske utgangspunktet, og samstundes dreg nokre liner framover som kan vera aktuelle i diskusjonen om ein ny praksis.

Inndelinga som eg har valt, verkar logisk og naturleg på papiret, men let seg vanskeleg gjennomføra *konsekvent*. I bolken to og tre, altså teoribolken og bolken med empiri og analyse har eg såleis brote den opphavlege disposisjonen, noko som krev ei forklaring. Avhandlinga handsamar temaet buskikk, eller utforming og bruk av bustaden i samiske strøk på 1990-talet ut frå fleire synsvinklar. Teoridelen vil difor innehalda stoff frå fleire fagområde, til dømes presenterer eg ulike arkitekturteoriar, teoriar om etnisitet og nasjonsbygging. Det som først og fremst bind kapitlet saman, er at alle teoriane som blir presenterte, er med for å bli brukte i seinare arbeid med å analysere empirien, det bygde landskap i samiske område på 1990-talet.

Så langt det har vore råd, har eg prøvd å samla all teori i eitt kapittel, men nokre stader har eg brote med dette prinsippet og presentert korte, teoretiske avsnitt i empirikapitlet og i metodekapitlet. Dette har eg gjort fordi teoridelen skal bli mindre oppdelt, for at grensegangen mellom teori og metode ikkje er absolutt, og for at analysebolken skal bli lettare å lesa. Vidare har eg allereie i innleiingsbolken presentert eit lite utdrag av empirien. Dette er gjort fordi delar av det empiriske stoffet naturleg høyrer heime i det historiske oversynet.

Faget arkitektur blir ofte framstilt som teorivakt. Temaet folkearkitektur eller vernakular arkitektur er ein liten og ung del av arkitekturfaget, med eit tilsvarande lite teoritilfang. Det meste av det som er skrive, er eksempel, eller enkeltstudiar. Det teoretiske tilfanget kjem frå få forfattarar. Denne mangelen har eg kompensert for ved å samanlikna det empiriske materialet mitt med undersøkingar som er gjorde andre stader i verda, eller til andre tider. Dei fleste av desse undersøkingane har eg plassert i teorikapitlet, mindre utsnitt i empirikapitla.

I kapittel fem gjer eg greie for metode og innsamling av data. Empirien som ligg til grunn for dette arbeidet, skriv seg i hovudsak frå personlege intervju med folk som bygde hus på 1990-talet. I kapitla seks til og med ni presenterer og analyserer eg dette datatilfanget. Til sist i avhandling kjem eit kapittel der eg oppsummerer dei ulike funna og ser desse i samband med teori og med empiri det er naturleg å samanlikna med. I denne oppsummeringa diskuterer eg til slutt eventuelle følgjer funna har for framtidig planarbeid i samiske strøk spesielt, eller i rurale strøk generelt.

2 Frå telt til typehus



Figur 2.1 *Teikning av Kautokeino sentrum, frå Bodil Hagbrink (1978): Davas-jåttin, utgjeve av Aschehoug & Co, Oslo*

Fortida forklarar og kastar lys over notida. Utan kunnskap om det som har vore, om tidlegare bustadtilhøve, om familieband og tilknytning til ein plass eller eit landskap, kan me vanskeleg sjå samanhengar og forstå viktige trekk i dagens organisering og utforming av bustadene.

Kautokeino har opplevd større endringar i bustadtilhøva etter krigen enn det dei fleste bygder elles i landet har gjort. Årsakene til desse endringane er mange og samansette. Ein medviten sentral politikk saman med dei lokale reaksjonane på denne; i form av oppfølging og motstand, tilpassing og endring, har forma samfunnet Kautokeino til det bygda er i dag.

2.1 Midtvegs på vidda



Figur 2.2 Kartskisse over Kautokeino kommune

Kautokeino ligg på den store Finnmarksvidda. Kommunen er størst av alle kommunar i landet, med om lag 9700 km² i utstrekning. Heile kommunen ligg på innlandet, på viddeplatået som hevar seg 300 til 500 meter over havet. Frå bygda Kautokeino til Altafjorden er det tretten mil.

Landskapet består av vidstrakte, bølgjande vidder med låge åsar, enkelte høgare fjell og opne, breie dalar. Om lag ein femtedel av arealet i kommunen er kledd

med skog, for det meste småvaksen bjørk. Elles er det dei store myrområda med elvar og vatn med rikt fugleliv som pregar landskapet.

Klimaet er typisk innlandsklima med kalde vintrar, og somrar som *kan* vera svært varme – men som ofte ikkje er det. Årsmiddeltemperaturen er $-1,1^{\circ}\text{C}$.

Kautokeino grensar i aust til Karasjok kommune, i sør til Enontekiö kommune i Finland og Kiruna kommune i Sverige. I vest grensar Kautokeino til kommunane Nordreisa og Kvænangen i Troms fylke, og i nord til Alta som høyrer til Finnmark. I tillegg til at kommunen er stor i utstrekning, bruker reindriftsutøvarane i Kautokeino store område i kystkommunane i Finnmark og Nord-Troms som sommararbeite for dei tjueseks beitedistrikta som høyrer til i Kautokeino. Kautokeino som lokalsamfunn er med andre ord ikkje klart *avgrensa* (Bergland 1998).

I løpet av 16- og 1700-talet utvikla det seg ein fast busetnad i Kautokeino, lokalisert i dei frodige elvedalane langs Kautokeinoelva og sideelvene Siebejohka og Ávžejohka. Busetnaden var grunnlagt på to ulike næringar, nomadisk reindrift og fastbuande jordbruk. Bygda Kautokeino utvikla seg til å bli ein marknads- og møteplass slik den låg sentralt på vidda mellom kysten og viddelandskapet i grenseområdet mellom dei tre nasjonalstatane Noreg, Sverige og Finland.

Kautokeino har vore, og var framleis på 1990-talet ein kommune med hovudsakleg samisk busetnad. Ved folke- og bustadteljinga i 1930 oppgav 82 % av folkesetnaden i Kautokeino at dei var samar, 3 % var kvenar, 5 % var norske og dei 10 siste prosentane var blandinga av kvenar og samar. Kommunen omtalar gjerne seg sjølv som samisk kjerneområde og samisk hovudstad. På 1990-talet var rundt 90 prosent av folkesetnaden samisktalande, resten var i hovudsak norske, med eit lite innslag finske innflyttarar. Dette mønsteret har i store trekk vore uendra i heile etterkrigstida.

2.2 Historia forklarar

”Den som vil forstå si tid, spør korleis ho vart til”, skriv Berge Furre i innleiinga til historieverket ”Vårt hundreår” (Furre 1991:13). Å kjenna si eiga historie, er å kjenna seg sjølv, me er vår eiga historie.

Faghistorikarane er ikkje åleine om å tilleggja historia stor vekt som bakgrunn for å forstå si eiga samtid. Dette synet er rådande også innan delar av det samfunnsfaglege miljøet. Til dømes er den postmodernistiske forskningstradisjonen kritisert fordi den legg for lite vekt på korleis historiske tilhøve og dominerande ideologiar kan forklara tilhøve i dagens samfunn, eller sagt med kritikarane sine ord, korleis ”makrokonteksten” påverkar forskingsarbeidet (Alvesson & Sköldberg 1994:32).

Busetnadsmønsteret og utforminga av bustaden blir forma av ei rekkje tilhøve. Klima, tilgang på materiale og teknologi, og ikkje minst sosiokulturelle tilhøve forklarar mønsteret i og utforminga av bustaden (Rapoport 1969, 1990, Oliver 1997). I det følgjande diskuterer eg tre trekk frå Kautokeino si nære historia som,

slik eg ser det, forklarar ulikskapar og særtrekk i busetnadsmønsteret og i haldningane til det å bu i Kautokeino i høve til bygder elles i nord. Desse trekka er følgjande:

- ☞ Ei uvanleg kort trehushistorie med sterke innslag av nomadearkitektur
 - ☞ Sterk statleg medverknad med og styring av bustadbygginga i fleire tiår i etterkrigstida
 - ☞ Store endringar i buskikken, med overgang frå førmoderne til moderne buskikk
- Kautokeino si historie går sjølvstekt mykje lenger tilbake og er meir samansett enn det eg går inn på her. Men desse tre trekka som eg nemner ovanfor, gjev eit bakteppe for å forstå dei mange motstridande signal og ulike uttrykk busetnaden i samfunnet her sender ut.

Gjenreisninga etter krigen saman med statlege bustadtiltaka frå 1970 og utover fall for mange saman med overgangen frå eit nomadisk liv til fast busetnad. For store delar av den samiske folkesetnaden i nord fall denne overgangstida også saman med ei anna viktig endring, overgangen frå førmoderne til moderne buskikk. Den nære etterkrigstida, gjenreisninga og tida med bustadtiltak, var såleis ei tid med store endringar innan busetnadsmønsteret, bustadreising og måten å bruka husa på. Med bakgrunn i desse omfattande endringane har eg lagt vekt på å ta med ei brei framstilling av utviklinga i bustadtilhøva i denne perioden.

Kjeldematerialet til framstillinga i dette og neste kapittel hentar eg frå ulikt skriftleg materiale, hovudsakleg av fagleg art. Men også bibliografiar og minnebøker frå reisande i nordområda er med å gje det nødvendige bakgrunnsbiletet. Den empiriske delen av denne avhandlinga inneheld data som er samla inn ved å intervjuar eit utval informantar. Som kontrast til det framande utanfråblikket dei reisande representerer i dette kapitlet, låner eg her minnestoff frå dei eldste av informantane mine.

2.2.1 Vinterbuplass

Ei av informantane som mintest fortida, og som kunne fortelja om den, var Márge, ei kvinne som då eg intervjuar henne, var 88 år gammal, fødd i 1913. Å følgja hennar livsløp var å følgja utviklinga av Kautokeino frå ei lita bygd på vidda, med stort innslag av nomadisk busetnad, til eit samisk sentrum med variert næringsliv og utstrekt kontakt med urfolk verda over. Márge var den eldste av alle informantane. Folke- og bustadteljinga sju år etter at ho vart fødd, i 1920, oppgjev at det då budde 941 menneske i kommunen Kautokeino. Folketalet vart meir enn tredobla i Márge si levetid.

I 1920 var folkesetnaden i Kautokeino i all hovudsak reindriftsutøvarar og småbrukarar, eller familiar som dreiv jordbruk i kombinasjon med fiske, fangst og hausting av det vidda kunne gje. I tillegg fanst eit mindre innslag av representantar frå styresmakta, lensmann og prest, saman med lokale handelsmenn.

Folketalet i Kautokeino var høgast vinterstid. Familiane som høyrde til i reindrifta, flyttsamane, levde eit nomadisk liv med årstidsflyttingar.

Vinterbuplassen var på vidda, der dei store lavbeiteområda gav føde til reinflokken gjennom ei tid der ikkje anna fôr var tilgjengeleg. På hausten vende folket og flokken tilbake frå sommarbeitet på kysten, for å bli vinteren over i Kautokeino. Den siste folke- og bustadteljinga før krigen vart gjennomført i 1930. Tal frå den viser at det på denne tida var det 206 bustader i Kautokeino, med til saman 1123 personar. 52% av folkesetnaden budde i telt vinterstid, 41% i eitt- eller toroms stover. 6% budde i større hus, 1% i gamle. Det var ein klar samanheng mellom bustad og næring, 58% av familiane levde av reindrift i 1930, 34% av småbruk og 6% som lærarar, handelsmenn og tilsvarande. I 1940 vart det ikkje gjennomført folke- og bustadteljing. Talgrunnlaget frå 1930 blir i store trekk rekna som gjeldande for 1940 (Hage 1999).

2.2.2 Små, gråe grender



Figur 2.3 *Kautokeino frå 1930-talet.*

Biletet viser den faste busetnaden sentralt i bygda med mellom anna preste- og lensmannsbustaden. Arkiv: Guovdageainnu gilišillju.

Bustandarden i Finnmark var før krigen 1940 – 45 dårlegare enn i landet elles. Ein måte å lesa det på er å sjå på *butettleiken*, det vil seia kor mange personar det i gjennomsnitt bur på kvart rom i bustaden. I doktoravhandlinga si om gjenreisingsarkitekturen i Nord-Troms og Finnmark har Ingebjørg Hage diskutert bustadareal i høve til talet på folk som budde i husa. Ho viser at det er ingen tvil om at det etter våre tilhøve var trøngt i dei fleste bustadene. Folketeljingskjema

syner at det ikkje var uvanleg med 8-14 menneske både i eitt- og toroms-stovene (Hage 1999).

Å måla bustandarden ut frå talet på personar for kvart rom gjev eit visst innsyn i butilhøva, men fullgodt er det ikkje. Romma er skiftande både i areal og utstyr. I tillegg er det viktig å sjå på korleis husa vart brukte og kva bustaden hadde å seia, både praktisk og symbolsk, for brukarane. I Kautokeino og andre strøk med stort innslag av reindrift var til dømes bustaden, anten det var hus eller telt, sjeldan i bruk av heile familien samstundes. Gjetarane hadde sine telt ute på beitet. Det same var til ein viss grad tilfelle for folk som dreiv jordbruk eller utmarksnæring. I delar av året var ein eller fleire av familiemedlemmene ute på fangst, fiske eller for å hausta fôr, og budde då i høyløer, skjåar eller små uthus. Huset hadde heller ikkje den same funksjonen for folk i 1930-åra som det har i dag, det var ikkje ein plass folk venta seg å vera skjermte frå andre. Kravet om at bustaden skulle gje rom for privatliv for den enkelte familiemedlemmen, kom seinare, som ei følgje av møtet med den moderne buskikken.

Før krigen, både i 1930 og i 1938, var butettleiken høgare i Troms og Finnmark enn landsgjennomsnittet, men tilhøva betra seg raskare i nord enn i landet elles. Ingebjørg Hage skriv at ”dersom denne endringa kunne ha fortsatt med samme fart inn i 1940-årene, ville Nord-Norge antagelig tatt igjen landsgjennomsnittet til 1950” (Hage 1999:109).

Tal og statistikk gjev eit visst innsyn i butilhøva slik dei var. Ei anna slags innsikt i butilhøva for 80 år sidan, får me ved å lesa samtidige reisande sine skildringar. Då som nå var nordområda eit reisemål som drog til seg folk med interesse for storslått natur og framande kulturar. Reisande frå sørlegare strøk merka seg ofte den beskjedne bustandarden i Finnmark. Benjamin Vogt (1924), som besøkte Kautokeino i 1923, gav denne korte karakteristikken av bygda etter ein dags vitjing: ”Der må være uhyggelig å bo.” Og dette inntrykket av fattigdom og små, gråe hus blir formidla igjen og igjen. Den svenske reisande Haglund frå Stockholm var ein av dei som såg mykje armod i nord:

Jag vet inte, hur många små, gråa gränsbyar och fjällbyar jag passerat eller övernattat i, men det är ganska många, och de har alla givit mig ett och samma intryck: armod! (Haglund 1934:42).


Andre samtidige reisande delte dette synspunktet. Kautokeino vart framstilt som ei audsleg bygd på fjellvidda, ein ”barsk og øde” plass der einast den raudmåla kyrkja mellom bjørketrea mildna inntrykket av kulde og einsemd. Her levde reindriftssamane sine ”underlige liv i telt på vidda” og dei få fastbuande utanfor kyrkjestaden Kautokeino budde i ”kummerlige kår” (Beichmann 1939:63).

Informanten min Márge, som nærma seg 90 år, hadde opplevd frå innsida det desse reisande skildrar. Ho kjende livet i gamle og telt, i den vesle tømmerstova og seinare i ferdighus frå 1970-talet. Førkrigstida og dei første åra etter krigen var prega av nøysemd, fortalde ho, men slik *var* livet for henne og hennar likesinna då. Ho kjende seg ikkje utsett av den grunn:

Me folk er slik – og eg har nå vore slik, at eg har vore nøgd same korleis eg har hatt det. Me venjer oss til det livet me har. Både før og etter krigen

budde me mange år i hus utan innlagt vatn, med utedo og liten mulighet for å vaska seg. Då synst eg det var greitt med badestampen på kjøkkenet. Slik hadde folk det då, og det var me nøgde med. Eg trur ikkje folk på kysten, eller folk i Alta, hadde det annleis enn det me hadde her (Márge, mi omsetjing frå samisk).

Kva me ser, og korleis me opplever det me ser, har samanheng med utgangspunktet me møter med. Márge kjende omgjevnadene ho levde i og visste korleis ho skulle klara seg under dei vilkåra ho levde. Dei reisande kom frå ein økonomisk sterkare bakgrunn, men mangla grunnleggjande kunnskap for å sjå og forstå delar av den verda dei reiste i.



Figur 2.4

Små bustadtypar i Finnmark og Nord-Troms før 1945.

a - eittroms-stove,

d - toroms-stova i Børselv

b - eittroms-stove med forgang

e - treroms-stova i Kautokeino


c - toroms-stove

f - treroms-stova i Kåffjord

Skissa er henta frå Ingebjørg Hage (1999): Som fugl Fønix av asken. Gjenreisingshus i Nord-Troms og Finnmark, utgjeve av Ad Notam, Gyldendal AS, Oslo.

2.3 Tømmerhus og telt

Det tradisjonelle trehuset, slik me kjenner det frå Bygde-Noreg, har ei kort historie i samiske strøk. Tømmerhusa fekk innpass først på 1800-talet, og då først og fremst i strøk med lett tilgang på bygningstømmer (Sjøli 1995). Før den tid var gamme og telt den vanlegaste buforma for dei fleste i Finnmark. I 1860 budde 60% av dei samiske husstandane her i gammar, i 1888 var prosentdelen gått ned til 46. På denne tida hadde nordmennene og kvenane i stor grad gått over til trehus, berre fire prosent av desse to gruppene budde i gammar.



Figur 2.5 *Ulike gammetypar frå Finnmark,
type a - kroksperregamme,
type b - stolpeverksgamme,
type c – tømmergamme.*

Teikninga er henta frå Ingebjørg Hage (1999): Som fugl Føniks av asken. Gjenreisingshus i Nord-Troms og Finnmark, utgjeve av Ad Notam Gyldendal AS, Oslo.

2.3.1 Lokale materiale og kjend teknikk

Den tradisjonelle, samiske gammen var eit lite husvære bygd i ulike teltkonstruksjonar, tekt med never og torv. Hovudtypane er krok- eller bogesperregamme, stavgamme og tømmergamme. Kroksperregammen er reist opp av eit skjelett av to par bogeforma bjørkestrangar, såkalla kroksperre, med ein tverrstokk som batt saman desse to sperrepara. Konstruksjonsmåten gjev mykje rom inne i gammen. Stavgammen er bygd opp av rette stavar, eller bjørkestrangar. I tillegg fanst det firkanta gammar. Desse var gjerne i to rom, med plass for både folk og dyr.

Byggjematerialet til gammane vart henta lokalt, og konstruksjonsprinsippa var kjende. Innsatsen som skulle til for å skaffa seg sitt eige husvære, var såleis ikkje så stor. Levetida til ein gamme vart rekna å vera 20-30 år, dersom den vart halden godt ved like. Som bustad var gammen varm og passe luftig. Ytterkledninga på gammane; torva gav betre isolasjon enn det dei første trehusa hadde (Sjøli 1995).

Teltet, eller lávvuen, har mange fellestrekk med gammen. Konstruksjonen er som i dei runde gammane, medan ytterveggen i teltet er ein duk av skinn eller ull, i seinare tid av tjukt lerret eller anna bomullsstoff. Lávvuen var før mest brukt som vinterbustad, under flytting med reinflokken eller som ein mellombels bustad. På 1990-talet var framleis lávvuen i bruk under flytteperiodane på våren og hausten.

Overgangen frå gamme og telt til trehus var ikkje alltid ein overgang frå noko dårleg til noko betre. Dei første trehusa var teknisk sett dårlege, og var ofte sette opp av folk som ikkje var bygningskyndige. Husa mangla gjerne grunnmur, dei hadde ingen eller dårleg isolasjon, og var kalde og trekkfulle. På trass av desse manglane vart det likevel sett som eit framsteg å få seg trehus. Gammen som bustad hadde låg status, også i samiske miljø, i denne overgangsfasen (Sjøli 1995). Bruk av gamme som heilårsbustad var knytt til dårleg økonomi, ikkje til etnisitet i overgangsperioden i byrjinga av 1900-talet (Hage 1999).

2.3.2 Arkitektur og livsform

I den samiske kulturen var reindriftssamane på 1990-talet ei gruppe som framleis levde delvis nomadisk, og flytte med flokken etter som beitet skifte. Tidlegare kunne ein finna ei viss grad av årstidsflytting også blant gardbrukarane (Nilsen 1990). Dette var òg ei flytting som hadde sin bakgrunn i naturtilhøve og ressurstilgang. I ein nomadisk tradisjon er ikkje bygningane permanent plasserte, og vert gjerne heller ikkje påkosta på same måten som i bufaste kulturar:

Tilpassing til naturen, en ekstensiv utnyttelse av den slik at den forblir brukbar også neste år og for neste generasjon, er en karakteristisk holdning hos samene. Derfor er flyttingen og det periodevise oppholdet et grunnelement. Bygningene eller hele gården er ofte flyttet for bedre å tilpasse seg ressurser og naturens krav. Bygningene er liksom ting man laster opp og tar med seg under flyttingen. – En same planter aldri et tuntre (Borgen 1993:25).



Figur 2.6 Vest-Finmark reinbeitedistrikt.

Dei aller fleste som høyrer til i dette distriktet har sin faste bustad i Kautokeino kommune.

Ei nomadisk eller halvnomadisk livsform treng husvære og lagringsplass på fleire plassar. Måten å løysa dette behovet på er anten å ha fleire bustader; enkle hus eller gammar, eller ein flyttbar bustad; eit telt til å frakta med seg. I tillegg til dette fanst stabbur eller andre former for lager. Som i mange andre nomadekulturar var

lagerhuset; stabburet, den første faste bygningen. Stabburet vart ikkje flytt mellom buplassane, men var fast lokalisert på ein eller fleire av desse plassane.

Allereie frå 1600-talet er stabburet nemnt i litteraturen. To ulike konstruksjonstypar syntest vera vanleg, ein tett, lafta type og ein som var bygd i ein opnare rammekonstruksjon. At bygget har vore viktig syner namngjevinga.

Ordboka til Nielsen og Nesheim gjev opp 10 ulike samiske nemningar. Namnebruken er dels knytt til bruk (biergoáiti/kjötstabbur), dels til konstruksjon (skieltaráiti) og dels til plassering (njalla) (Sjøli 1995:41) Stabburet var ikkje berre i bruk i reindriftsmiljøet, men var eit viktig lagerareal for alle.

Historisk sett har reindrifta alltid vore ein partner i drifta av den samiske garden. Den fastbuande bonden har hatt eigne kjørerein og rein til kjøtproduksjon i flokken til flyttsamane, og reindriftssamane har lagra mat og utstyr i stabbura som vart plasserte på gardane i bygda. Så bytte ein gjerne kjøt mot ull, mjølk eller andre gardsprodukt - eller reinkjøt mot saltvassfisk på kysten. Og reindriftssamane kunne ta inn og bu hos dei fastbuande gjestevennene eller verdde-familiane⁶ på vinteren. Dette samarbeidet var organisert i faste former heilt inn på 1980-talet, til avtalar mellom reindrifta og staten braut det ned.⁷

2.3.3 Bustad og symbolmarkering

Fleirtalet av bustadhusa i samiske strøk var små i areal og enkelt utstyrt både i førkrigstida og i den lange perioden med ulike statlege tiltak innan bustadreisninga. Den praktiske funksjonen, tak over hovudet og ly for eit hardt klima, ser ut til å ha vore viktigare enn eventuelle symbolfunksjonar:

Disse boligene hadde gjerne forskjellig kvalitet, tilpasset muligheter og behov. Det er sannsynlig at man ikke kunne legge for mye ressurser og arbeid i den enkelte bolig. Kanskje ble næringsutøvelsen sett på som det viktigste og boligen sekundær. Boligen ble kun et middel til å utøve næring på det stedet ressursene befant seg. Man hadde derfor i utgangspunktet små og billige boliger uten spesiell status (Sjøli 1995:21).

Markering av eiga tilknytning gjennom husutforming kan vera eit poeng når det ein markerer, *har* status. Torvgammen og lávvuen fortel på ein tydeleg måte om ei særprega livsform, dei har klare trekk som me les som samiske. Dette er ikkje utan vidare trekk som alltid har hatt status. I mange år, i samband med den såkalla fornorskingstida, var det lite status knytt til det å vera same. Denne buforma, dei små husa og gammane hadde tilsvarande låg status, dei var eit fattigdomsstempel. Symbolverdien dei uttrykte, var dermed ufrivillig og uynskt frå brukarane.

⁶ Verdde; gjestevenn, den ein bruker å ta inn hos når ein vitjar ein stad, og den som bruker å ta inn hos ein sjølv, ein person som ein elles, på ein eller annan måte er særleg knytt til. Kjelde: Nesheim og Nielsen 1979, vol III:752.

⁷ Sytingsrein eller tilsynsrein (geah obohcot), rein som andre syt for eller tek vare på. I reindrifftslova av 1978 vart systemet der fastbuande hadde eigne rein i flokkane til reindriftssamane ikkje lenger tillate. Folk som har tilknytning til reindrifta og står i reindriftsmeldinga, har framleis denne retten. Dette gjeld nære slektningar til dei aktive utøvarane, i tillegg til dei av reindrifftsutøvarane som frivillig gjekk ut av reindrifta i samband med omstillingsprosessen på 1990-talet.



Figur 2.7 *Gamle stabbur i ny tolking. Biletet er frå Juhls Silver Gallery i Kautokeino, fotografert hausten 2002.*

Stabburet si historie fortel om skiftande status og endring i synet på dette vesle bygget. Innanfor den samiske kulturen har dette vesle bygget hatt ein symbolfunksjon som det ikkje i tilsvarande grad har vore knytt til andre bygg.

I dag er stabburet først og fremst eit funksjonelt bygg, ein lagringsplass for mat, utstyr, klede og reiskapar – men viser i tillegg både geografisk og etnisk tilhøyrighet. I tillegg kan det lesast som eit band til fortida, der rekkjer av slike bygg symboliserte velstand, tryggleik og gode tilhøve mellom folk. Å ha mange verdde-stabbur var status, skriv arkitekt Kjell Borgen (1995). Det symboliserte vennskap og tillit mellom folk. I motsetnad til dei andre husa på tunet, også garden sine eigne stabbur, var verdde-stabbura geometrisk plasserte, langs ei rett line. Det var altså *plasseringa* av bygga, ikkje sjølv bygga, som symboliserte status, og denne statusen var lesbar innanfor det samiske samfunnet. (Borgen 1995).

Skikken med å setja opp mange små stabbur har halde seg fram til i dag i Kautokeino, særleg innan reindrifsmiljøet. Mange små stabbur på tomte er framleis eit teikn på tilknytning til ei bestemt næring, sjølv om denne gruppa ikkje er åleine om å byggja og bruka desse praktiske, små lagerbuene. Både folk frå Kautokeino og innflyttarar byggjer stabbur, gjerne fleire enn eitt. Stabburet er ofte det første bygget som vert bygd etter bustadhuset, før garasje eller andre uthus kjem opp. Forklaringa som vert gjeven på dette, er gjerne praktisk, men fenomenet kan òg lesast symbolsk, som ei verdsetjing av og tilknytning til lokal tradisjon, slik ein også kan registrera det i nordområda i Alaska (Fair 1997).

2.3.4 Vandrar eller bufast – hus, status og behov

Den amerikanskfødde sosionomen Lilian Bye vitja Karasjok fleire gonger på 1920-talet. I boka "Fjellfinner i Finnmark", som kom ut i 1939, fortel ho om desse reisene og om folk ho vart kjend med. I større grad enn hos mange av mennene som reiste i desse strøka, skildra Bye dagleglivet i heimane til folket ho møtte. Forfattaren skildrar mellom anna møtet mellom to ulike kvinner i Karasjok, den fastbuande kvinna Berit og flyttsamekvinna Anna. Dette møtet fortel om kvinneliv under ulike vilkår, og det fortel om ulike syn på det å bu. Anna hadde ikkje eige hus, men såg ikkje seg sjølv som underlegen dei fastbuande av den grunn. Hennar verdi og syn på seg sjølv var ikkje knytt til bustaden. Å tilhøyra reindrifta plasserte ho høgt på den sosiale rangstigen i bygda, uavhengig av kva bustad ho måtte ha. Ho visste "så urimelig vel hvem det var som fylte kjøttgrytene i Karasjok og også kommunekassa." (Bye 1939/1976:33).

Anna og familien hennar budde storparten av året i telt, men på vitjing på kyrkjestaden, tok dei inn hos Berit og resten av verdefamilien, i ei lita stove. Som fastbuande var Berit oppteken av huset, og såg det som ein betre bustad enn teltet og gammen. Dette var eit syn ho delte med "alle de fastboende." Og huset skulle vera skurt og vaska og ryddig. Slik var hennar ideal, slik prøvde ho å halda det, sjølv om ho ikkje alltid vann å ha det så reint og ryddig som ho ynskte. Etter ei tid med flyttsamefamilien på vitjing, og med mange folk i huset, var ikkje kjøkkengolv til Berit lenger så fint og reinskurt. Det såg den fastbuande kvinna, og det såg ho som budde i telt:

Anna mente det ble elendig med rot på et golv, søppel og sot etter sennagras, avbrente stikker og uhumske, klinete spyttklaser, der en minst venta det. Så hva enn Berit og de andre konene mente om hus, mente Anna for sin del at det var bedre i teltet med den renslige, altfortærende flammen, der tingene kom i sekk og kiste så snart de var brukt. Var det lite, så var det i hvert fall ikke så høvelig til rot som et hus. (Bye 1939/1976:44).

Synet på buform fortel om ulike syn på orden og rot. Den kjende buforma, der alle er innforstått med reglane for oppførsel, gjev størst *fridom*. Anna opplevde det å koma tilbake til teltet som "fritt etter husene i Karasjok," (Bye 1939/1976:49). Dei av informantane mine som hadde levd i telt under flytteperiodane, sakna også det dei minstest som eit *fritt liv*. For desse var gjerne minnet om det lettvinde livet i teltet ikkje berre minne om ei enklare buform, det var samstundes minne om ein barndom fri frå vaksenlivet sine suter og ansvar.

2.4 Staten byggjer velferdssamfunnet

Brenninga av Finnmark under siste del av verdskrigen, i 1944, og gjenreisninga som følgde etter, vart av mange opplevd som eit brot med det som hadde vore. Brenninga var ei hending som prega folk sitt medvit like til i dag. Den rike

litteraturen både frå fagfolk, og ikkje minst frå skrivekunnige amatørar med interesse for lokalhistorie, fortel oss om det.⁸

Bustadreisninga i samiske strøk i Indre Finnmark etter krigen har vore prega av eit langvarig og sterkt innslag av offentleg engasjement og styring. De meste av hus og andre byggverk vart brende ned under evakueringa av Finnmark i 1944, Kautokeino var ikkje noko unntak i så måte. Her vart storparten av husa, med unntak av busetnaden i den vesle grenda Láhpoluoppal og nokre få enkelthus i andre bygder, brende ned (Dancke 1986). Gjenreisninga etter krigen var eit nasjonalt ansvar, planlagd og styrt av sentrale styresmakter. I løpet av gjenreisninga var det særleg på to område det offentleg greip inn med regulering, gjennom lokalisering av busetnaden og ved utforming av det enkelte huset. Gjenreisninga var ein gylden sjanse til å retta opp mishøvet mellom bustandard i nord og sør på, og skaffa folk i nord betre bustader enn før. Sentrale politikarar såg på gjenreisninga av Finnmark som eit mønster for oppbygging i landet elles (Vreim 1945).

I mellomkrigstida utforma Arbeidarpartiet, til dels med støtte frå venstresida elles, sosial bustadbygging som ein viktig berebjelke i bygging av velferdsstaten⁹. Men først etter krigen, i gjenreisningstida, vart denne politikken formulert som ein *statleg* politikk. Arbeidarpartiet, som hadde regjeringsmakta i denne tida, skulle gjennomføra denne velferdspolitikken:

Sosial bustadbygging vart ein politisk berebjelke for regjeringspartiet. Ingen skulle tena på at andre budde. Alle skulle eiga sin eigen bustad. Samvirke og sjølveige skulle avløysa gardeigarar og utleige. Slik skisserte regjeringspartiet framtidvisjonen for Bustad-Noreg, og hadde støtte av opposisjonen i det meste. (Furre 1991:224).

Viktige middel for å nå denne politiske målsettinga var å leggja streng regulering på omsetjing og utleige av bustader, skaffa folk billige bustadlån og regulera tomtspolitikken. Den Norske Stats Husbank som vart oppretta i 1946, vart ein viktig reiskap i denne kampen. Gjennom denne låneinstitusjonen kunne folk få billige lån, rentesubsidiering og ulike tilskot. Målsetjinga var at bustadutgiftene ikkje skulle ta meir enn ein femtedel av ei vanleg årsinntekt (Furre 1991).

2.4.1 Gjenreisninga i Kautokeino

Gjenreisninga etter krigen var oppbygging av samfunnet på to ulike område; nyetablering av fellesinstitusjonar og bygging av private bustadhus. Som grunnlag

⁸ Den lokalhistoriske årboka Mitalusat ja dáhpáhusat Guovdageainnus (Fortellinger og hendelser fra Kautokeino) som blir gjeve ut av historielaget i Kautokeino, Guovdageainnu Historija Searvi har i mellom anna dei to første utgåvene (nr. 1 – 1991 og nr. 2 – 1994) trekt fram minnestoff frå krigen og evakueringa. Store delar av første årboka, og heile den andre boka omhandla slikt stoff.

⁹ Førestillinga om velferdsstaten byggjer på følgjande to pilarar: Staten skal ha som høgste mål og overordna ansvar å arbeida for *full sysselsetjing* gjennom auka produksjon, og byggja ut eit *sosialt tryggingnett* når arbeidsinntekt fell bort på grunn av alder, sjukdom, invaliditet, mellombels arbeidsløyse og liknande. Visjonen om velferdsstaten vart presentert av Arbeidarpartiet i dokumentet "En treårsplan for Norge" før valet i 1933. Under krigen vart denne målsetjinga felles eige for alle partia (Furre 1991:147).

for denne omfattande oppbygginga var overordna arealplanar som styrde disponeringa av tomtegrunnen, viktig. For mange av fiskeværa, småbyane og bygdesamfunna særleg på kysten av Finnmark, vart det laga slike planar, såkalla soneplanar som la fast det framtidige busetnadsmønsteret. Dette var ikkje tilfelle for Kautokeino. Lokaliseringa av busetnaden vart såleis ikkje så stramt regulert her som i mange andre bygder. Men oppbygginga av offentlege institusjonar, slik som skule, internat, offentlege kontor, helsesenter styrde i sterk grad plasseringa av bustadene og etablering av den private tenesteytinga.



Figur 2.8 Kopi av busetnadskart over Kautokeino kyrkjestad, 1960.

Seinare skulle også bygging av kommunal infrastruktur, veg, vatn og avløp i stor grad påverka bustadplasseringa. Kor vidt staten i *for* stor grad regulerte bustadmønsteret på denne måten, var sterkt diskutert i oppbyggingsperioden. I ettertid har enkelte forskarar hevda at staten på denne måten førte ein

sentraliseringspolitikk som ikkje utan vidare var til føremon for dei einsskilte det galdt. Men både det lokale politiske nivået og administrasjonen i gjenreisingstida ynskte denne overordna planlegginga og sterke styringa med lokalisering av både offentlege bygg og private bustader. Spreidd utbygging i den store kommunen gjorde det vanskeleg å føra kontroll med utbygginga, samstundes med at det førte til dyr drift av kommunen (Mathiesen 1974).

Gjenreisingperioden etter siste krig vert vanlegvis rekna til å omfatta åra frå 1945 til 1960 (Dancke1986). For den samiske folkegruppa, særleg i indre Finnmark og delar av Troms, skulle det visa seg at bygging av brukbare hus etter krigsskadane kom seint i gang og drog ut i tid.

2.4.2 Med fortida som mønster

Gjenreisingstida baud på store vanskar for det offentlege Noreg som planla og utførte arbeidet. Mangel på material og fagfolk sette klare avgrensingar – ynsket om nasjonal markering og sjølvhevdning forsterka dette, hevda enkelte kritikarar. I ettertida har mange, til dels med urette, tolka gjenreisinga av Finnmark som eit forsøk på å viska ut kulturelle og etniske skilnader:

All den kulturelle egenart som lå aktivt manifestert i byggeskikk og bosettingsmønster var brent ned, da det skulle bygges opp igjen var samer og kvener med ett blitt nordmenn. Kulturell selvhevdelse ble vanskelig og kulturmønsteret raknet, i den norske prektigheten. (Butenschøn 1980:203).


Gammar og telt vart erstatta av austlands-påverka trehus, og samane si tradisjonelle bygge- og buform blei bytt ut med norsk byggeskikk. Slik skriv dåverande redaktør i Byggekunst, Peter Butenschøn (1980), om dei nyreiste husa etter krigen. Synspunktet bør gjerne nyanserast noko. Som så ofte elles, blir den samiske folkegruppa gjort til ei *einsarta gruppe* med eitt kulturuttrykk. Dei mange, indre variasjonane i levevis, oppfatningar og haldningar blir oversett. Av folke- og bustadteljingane frå før krigen har me allereie sett at halvparten av folkesetnaden i Kautokeino budde i telt vinterstid, resten hadde fast hus i bygda. Trehuset, som Butenschøn hevda var nytt og norsk, hadde for lengst vunne innpass hos dei fastbuande, det var ingen nyskaping som vart innført i gjenreisingstida.

Ingebjørg Hage (1999) diskuterer i boka *Som fugl Fønix av asken*. *Gjenreisingshus i Nord-Troms og Finnmark* spørsmålet om brot eller kontinuitet ved gjenreisinga i nord etter krigen. I framstillinga si går Hage gjennom ei rekkje punkt som er avgjerande for utforming av bustaden, slik som husplan og funksjon, storleik, form, konstruksjon, materialbruk og detaljering. Når det gjeld funksjonsfordeling, ser ho ikkje berre på bustadhuset, men analyserer også andre hus på tunet og ser på bruken av uthus før krigen og i gjenreisingstida. Hage har teke for seg fem kommunar i Nord-Troms og Finnmark, Kautokeino kommune er ein av desse. Den generelle konklusjon på dette arbeidet uttrykkjer ho slik:

Noen har ment at krigen og gjenreisinga nærmest var et paradigmeskifte. Men som jeg har vist, var alle de sentrale temaene i gjenreisingshuset til stede allerede før krigen. Førkrigstidas kulturmønstre og tradisjoner lå som

en forutsetning for det nye huset, og endringene var tilbakeskuende og framtidsrettet på samme tid. Tradisjonen virket som et forsvar for det en hadde før krigen samtidig som myndighetene tilførte nyheter. Resultatet var en klar kontinuitetslinje gjennom endringene (Hage 1999:314).

Av utvalet Hage undersøkte, syntet seg at bustadmassen i Kautokeino kommunen viste minst endringar mellom tida før og etter krigen. Det tradisjonelle systemet med mange små uthus for ulike lagerfunksjonar heldt fram som før. Dei gjenreiste bustadhusa var små i utstrekning og låge, ofte bygt i ei, ei og ein fjerdedel eller ei og ei halv høgd, slik det var vanleg før krigen. Byggematerialet var tre, forma var enkel med lite detaljering, slik det hadde vore før krigen. Eit trekk som skilde Kautokeino ut frå dei andre kommunane, var at 70-80 prosent av dei gjenreiste husa var lafta. Dette var ein byggeteknikk med lange tradisjonar, godt kjend også i samiske område.




Figur 2.9 *Eksempel på lokalt tilpassa gjenreisingshus, type "Klemet". Etter teikning frå bygningsarkivet til Kautokeino kommune*

Den største endringa i gjenreisingsarkitekturen i Kautokeino var bortfallet av den spesielle tre-romsstova som fanst i området før krigen. Hage (1999) karakteriserer dette som eit "totalt brot" i byggetradisjonen. Det som kom i staden var likevel ikkje kulturframandt, men ein lokalt utvikla type av gjenreisingshuset,

Klemethuset.¹⁰ ”Kautokeino var det eneste stedet der det ble utviklet en lokal type av gjenreisingshus,” skriv Hage (1999:292).

Bustadtilhøva før krigen var ulike i dei ulike kommunane i Nord-Troms og Finnmark. Endringane mot eit meir differensiert eller moderne bumønster var kome kortast i indre og i samiske strøk av Finnmark. Gjenreisinga heldt ved like desse skilnadene, ved at dei nybygde husa i indre strøk framleis var minst i areal og minst differensierte med tanke på funksjon.

2.4.3 Utan rett til krigsskade-erstatning



Figur 2.10 Gjenreisingshus, type ”Hus for flyttsamar”. Etter teikning frå bygningsarkivet til Kautokeino kommune

Dei bustadsøkjande i Kautokeino i den nære etterkrigstida utgjorde ei gruppe med ulike utgangspunkt og dermed svært ulike behov. Bortimot ein fjerdedel av husa, for det meste bustader til reindriftssamane og småbrukarane i elvedalane vart ikkje brende under krigen.

Når bustaden ikkje vart brend, hadde eigaren heller ikkje rett til krigsskade-erstatning. I tillegg kom det at mange av reindriftssamane ikkje hadde hatt fast bustad i kommunen før krigen. Dermed hadde heller ikkje dei rett til krigsskade-erstatning.

¹⁰ Klemet-huset har namnet sitt etter avdøde Klemet Hermansen frå Kautokeino. Klemet Hermansen var småbrukar i Kautokeino og arbeidde i tillegg som handverkar i heile gjenreisingsperioden.

Det at så mange fall utanfor når det galdt rett til krigsskade-erstatning, var ei av fleire årsaker til at det tok lenger tid enn venta for å få bustadsituasjonen i Kautokeino opp på eit akseptabelt nivå. Dårleg organisering, vanskar med transport av bygningsmateriale, mangel på fagfolk og lite satsing frå sentrale styresmakter var andre grunnar som hindra ei effektiv bustadreising. Dei sentrale styresmaktene som planla og sette i verk gjenreisinga, hadde ikkje god nok innsikt i desse ulike behova som eksisterte, og tok heller ikkje tilstrekkeleg omsyn til det *mangfaldet* som var å finna i samiske strøk før krigen.

Så dårleg var bustadsituasjonen i Kautokeino at kommunen i 1954 fann grunn til å be om særskilt støtte for å byggja opp gardsbruk i yttergrendene og småbygdene utanfor kyrkjestaden. Lite gjenoppbygging hadde skjedd, husmangelen var stor og det var behov for å setja inn ekstraordinære tiltak. Etter ein del diskusjon om det økonomiske ansvaret, vedtok staten å løyva ekstra midlar for å setja i gang det som i ettertida skulle bli omtalt som den første *bustadaksjonen* i samiske strøk i Indre Finnmark.

Tjuebruk med våningshus og fjøs vart sette opp i denne aksjonen (Dancke 1986). Fire år seinare kom kommunen med ein ny søknad om statleg støtte til bustadreising. Denne gongen var det spørsmål om ekstraordinær støtte til dei mest vanskelegstilte reindriftssamane – i alt førtifem familiar. Dette var familiar som ikkje hadde hatt fast bustad i kommunen før krigen, men som vinterstid budde i telt eller hos verdefamilien. Utan krigsskade-erstatning mangla dei eigenkapital og dermed tryggleik for lån i bank. Å bytta ut teltet og få finansiert ein ny bustad var for mange innan denne gruppa svært vanskeleg. Staten såg dette problemet, og gjennom ein særskilt bustadaksjon for flyttssamane, den såkalla *teltaksjonen* i 1958 fekk femteparten av reindriftssamane bygd egne hus.

2.4.4 Nye bustadtiltak

Medan resten av Finnmark og Nord-Troms vart bygde gradvis opp igjen i løpet av 1950-talet, gav bustadsituasjonen i Kautokeino enno på 1960-talet grunn til uro. Dei ulike statlege tiltaka innan bustadreisinga i indre strøk av Finnmark på 1950- og 60-talet hadde ikkje gjeve dei forbetringane i bustadstandard som styresmaktene forventa. Det faktiske resultatet var i fleire tilfelle det motsette – folk fekk ikkje ein tilfredsstillande bustadstandard. Helserådet i Kautokeino møtte dette problemet direkte og tok det opp i mange samanhengar. I brev til Kommunaldepartementet (11.08.67) viste dei spesielt til dei små og mangelfulle husa som vart sette opp i samband med bustadaksjonane på byrjinga av 1960-talet. Desse blei nå karakterisert som *rønner*. Dette synspunktet delte dei med den lokale planleggingsgruppa for bustadtiltaka som seinare vart oppretta. Denne gruppa tilrådde kondemnering av ein bygningsmasse som var knappe ti år gamal.¹¹

Under oppbygginga av bustader i reindrifta vart det dispensert frå Husbanken sine standardkrav både når det galdt areal og innreing. Reindriftsfamiliane var ei

¹¹ Opplysningane går fram av rapport frå møte i Kautokeino 18.09.69. Dette referatet er å finna i Finnmark fylkesmannsembete, utbygg. avd. (1973) *Boligtiltakene i indre Finnmark*.

gruppe med spesielle behov for hus, i tillegg til at dei trong minst *to* faste bustader. Haldninga til dei som styrde gjenreisinga var at desse bustadene ikkje burde vera så store som standardkrav elles tilsa (Dancke 1986). Dette grunn gav dei med at reindriftsfamiliane fekk *to* bustader som skulle forrentas. Grunngevinga for å byggja små hus var elles ikkje berre forklart ut frå økonomi. I Stortingsmelding 99-1969/70 blir dette valet framstilt slik:

Tankegangen var at en burde ta sikte på hustyper som i størrelse ikke avvek alt for meget fra de gammer, telt og brakkerom som husstandene var vant med, og som heller ikke nødvendiggjorde noen større lånegjeld (St.meld. 99-1969/70:2).

Resultatet av denne politikken var at mange av husa som vart reiste i teltaksjonen i 1958 var svært små og enkelt utstyrt. Lokalt var det ingen vanskar med å byggja så små hus. I følgje byggeleiaren i Kautokeino var ei av dei viktigaste oppgåvene til den offentlege byggenemnda å få folk til å byggja hus med ei grunnflate større enn 24 m² (Dancke 1986).

Dei nye bustadene viste seg snart å vera lite eigna for dei mange og ulike oppgåvene dei skulle gje rom for. Størst problem skapte det at huset mangla våtrom – og at mange av arbeidsoppgåvene, då særleg innan skinnarbeid, hadde trong for tilgang på vatn og avløp. I tillegg kom det at husa viste seg å vera for små som buplass for dei mange store familiane.

Bustadtiltaka i indre Finnmark vart ingen kortvarig innsats frå dei statlege styresmaktene. Slik tilhøva var for mange av husstandane i Kautokeino på 1960-talet, var det ikkje nok med enkelttiltak. Dei overordna styresmaktene prøvde først å løysa vanskan ved å yta enkeltbidrag til dei huseigarane som trong særskild støtte til utbetring av bustaden sin. Men vanskan viste seg å vera større og meir uoversiktlege enn styresmaktene først hadde rekna med. Det var nødvendig å skaffa seg eit *samla* oversyn over bustads situasjonen, og til det trongst hjelp frå fagfolk. Institutt for anvendt sosialvitenskaplig forskning ved universitetet i Oslo vart engasjert av kommunaldepartementet for å ”foreta en undersøkelse av boligsituasjonen m.v. for samene i Kautokeino kommune, herunder boligsituasjonen både på vinter- og sommerbostedene” (Mathiesen 1974:3). Norsk byggforskningsinstitutt gjennomførte den tekniske undersøkinga av bustadmassen og kom med framlegg til utbetring og nybygging. Undersøkingane gjekk i hovudsak føre seg i tidsrommet 1969-1970, med evaluering av dei gjennomførte byggetiltaka i 1975-76.

Allereie før denne undersøkinga starta, fekk dei ansvarlege for bustadreisinga ei påminning om kor dårleg det stod til då dei lokale styresmaktene i Kautokeino ikkje ville peika ut hus der det var nødvendig med utbetringstiltak, men meinte at ”det var like galt over alt.” Fagfolka måtte gje dei lokale styresmaktene rett i deira vurdering; ”Det holdt dessverre stikk” var Norsk byggforskningsinstitutt sin konklusjon etter å ha undersøkt den tekniske tilstanden til eit utval av bustadhusa (Isaksen 1970:I/0-2585).

Ei oversikt viste at storparten av bustadhusa i kommunen trong utbetring eller burde sanerast. I 1969 vart i alt 24 av desse dårlege bustadene i Kautokeino grundig undersøkt. Resultatet var nedslåande:

Husene gir stort sett inntrykk av å være hardt brukt og dårlig vedlikeholdt. Årsaken ligger i ukyndighet, fattigdom, stadig fravær og i flere tilfeller: Følelsen av å være snytt fordi huset allerede den første vinteren viste seg å være kaldt, kjelleren ubrukbar og vannforsyningen elendig. (...) Følelsen av å være snytt har dessverre en reell bakgrunn: De undersøkte hus er dårlig oppsatt, noe som senere skal vises (Isaksen 1970:1).

Planløsning og utstyr i husa var einsarta, og gav ikkje rom til dei mange ulike funksjonane som skulle gå føre seg i bustadene. Folk som er vane med å bu i telt vinterstid, veit å kle seg og ordna seg etter det leveviset. Når mange nå i den tidlege etterkrigstida flytte inn i trehus, opplevde dei ofte desse som kalde og trekkfulle. Dermed vart ventilane tetta igjen, og fukt- og kondensskader oppstod. Husa vart hardt brukte, med det resultatet at dei var nedslitne lenge før ein skulle venta det. Men den harde bruken var berre *ei* forklaring på dei nedslitne husa. Like viktig var det faktum at husa allereie før dei vart tekne i bruk, var mangelfulle, materiala var dårlege, dei tekniske løysingane var ikkje tilpassa klimaet husa vart bygde i, og i altfor mange tilfelle vart det slurva ved bygginga (Isaksen 1970).

Ei av årsakene til den harde bruken var at det budde altfor mange menneske på eit lite areal. At husa var for små for dei mange store familiane, var ikkje noko nytt. Dette hadde vore påpeika allereie før krigen (Vreim 1945). Husa vart rett nok romslegare på slutten av gjenreisningstida, men det gjekk seint framover. Registreringar i samband med bustadaksjonane i 1969-70 kunne påvisa at det gjennomsnittleg budde 7 menneske i kvart husvære, og desse husa var gjerne mellom 50 og 60 m². Dei same registreringane kunne òg påvisa stendig fleire husvære med to familiar. Utviklinga var ikkje "naturleg" eller ynskjeleg for dei det galdt, skriv Mathiesen frå Institutt for anvendt samfunnsforskning i Oslo, men denne praksisen passa inn i styresmaktene og dei framande besøkande sine førestellingar om den samiske storfamilien som budde samla (Mathiesen 1974).


Bustadundersøkinga i Kautokeino viste seg etterkvart å få eit mykje større omfang enn først tenkt, og enda til slutt opp i eit omfattande program for sanering av bustader. Prosjektet dreidde seg ikkje lenger berre om bruksareal og teknisk standard. Diskusjon om etnisitet, samiske kultur og samiske verdiar skulle bli vesentlege tema i rapporten som vart lagd fram ved avslutting av programmet.

2.4.5 Stortingsmelding om bustadtilhøva

Tilbakemeldingane frå dei ulike faggruppene som var involverte i arbeidet med å undersøkje bustadtilhøva i samiske strøk i indre Finnmark, i tillegg til signal frå den politiske leiinga i dei aktuelle kommunane, resulterte i ei stortingsmelding om temaet: Stortingsmelding nr. 99 (1969/70): "Om tiltak for å bedre boligforholdene i Indre Finnmark". Meldinga slo fast at:

Boligforholdene blant samene er så påtrengende at tiltak for å rette på manglene ikke bør utsettes i påvente av at forskjellige økonomiske tiltak, lokaliseringsspørsmål m.v. skal bli avklart, og en har derfor funnet å burde ta opp disse nå som særskilt sak. (Stort.meld. 99 -1969/70:1)

Målsetjinga for dei statlege bustadtiltaka i indre Finnmark vart skissert i denne meldinga. Gjennom ekstraordinære tilskot og løyvingar skulle staten bringa bustadstandarden i dei fire kommunane Kautokeino, Karasjok, Tana og Nesseby "opp på et rimelig nivå." For å nå dette målet var staten nøydd til å gå inn med tiltak som ville omfatta bygging av 5-600 bustader. Behovet var størst i Kautokeino. I tid vart desse tiltaka rekna å vara minimum 5-6 år.



Figur 2.11 *Det regulerte Kautokeino veks fram.*

Kartskissa viser reguleringsplanen for eit av dei første, store bustadfelt i bygda Kautokeino. Planen vart arbeidd ut i samband med dei statlege bustadtiltaka, og vart stadfesta i 1971

Tiltaka staten sette inn, var å yta rente- og avdragsfrie lån både til utbetring og bygging av nye, private bustader, og dermed dekkja eigenkapitaldelen av byggeutgiftene. I tillegg vart rettleiingstenesta i kvar av kommunane styrkt med ein til to statleg lønna bustadrettleiarar i kvar kommune. Oppgåva deira var å gje rettleiing og hjelpa til med planlegging- og gjennomføring av bustadsakene som hørte inn under den statlege tiltaksordninga.

I tillegg til at staten gjekk aktivt inn både når det galdt utforming og finansiering av bustadbygga, hadde styresmaktene òg ei svært sentral rolle med å leggja til rette nye bustadtomter i kommunane som kom inn under ordninga med bustadtiltaka. I Kautokeino skjedde dette ved at Fylkesmannens utbyggingsavdeling gjorde det praktiske arbeidet med planlegging av ei rekkje bustadfelt både i tettbygdene og i tilknytning til smågrendene i kommunen. Utbygginga av bustadområda vart finansiert av staten. Ei rekkje regulerte bustadfelt vart bygde ut i løpet av tida bustadtiltaka varte.

Grunnlaget for denne detaljplanlegginga og utbygginga vart lagt i generalplanen for Kautokeino, ein plan som var utarbeidd lokalt, men også denne med sterke statlege føringar. Generalplanen var laga etter lovverket og departementet sine retningslinjer for denne plantypen. Den vart vedteken i 1978, og galdt for perioden 1977-1988. Planen var omfattande i form, optimistisk med tanke på vekst, men ikkje juridisk bindande for arealbruken. At oversiktsplanlegging var naudsynleg, vart sterkt understreka i fleire notat frå bustadaksjonen.

Tal frå Finnmark fylkeskommune sine byggestatistikkar frå 1970-åra gjev oversyn over samla bustadmasse teken i bruk frå 1945 til 1982, då bustadtiltaka vart avslutta. Statistikkane gjev ikkje tilstrekkeleg grunnlag til å seia nøyaktig kor mange bustader det var i Kautokeino ved oppstart av bustadtiltaka, men med visse atterhald kan dette talet setjast til å vera rundt 550 bustader¹². I løpet av dei første fem åra bustadtiltaka vart drivne, stod dette statlege prosjektet for bygging av 17-20 hus i Kautokeino kvart år. Dette utgjorde femti prosent av den samla bustadbygginga i kommunen i same tidsrom (Generalplan 1977-88). Dette høge nivået heldt seg til slutten av 1970-talet, då mindre behov og minkande statlege løyvingar førte til reduksjon i bustadbygginga.

Dei såkalla ”bustadtiltaka” vart i løpet av tida dei verka, utvida til å omfatta bygging og istandsetjing av bustader for store delar av folkesetnaden. I 1976 gjennomførte Statens byggforskningsinstitutt ei evaluering av bustadene som var bygde i den siste aksjonen. Det vart særleg lagt vekt på tekniske tilhøve, slik som isolasjon, ventilasjon, fukt i bygga og liknande.

Kommunal- og arbeidsdepartementet ba tidleg i 1978 fylkesmannen i Finnmark om å koma med ein avviklingsplan for bustadtiltaka. Planen vart laga i samarbeid med dei aktuelle kommunane, der det vart gjort eit omfattande registreringsarbeid av bustadstandard og behov for nye hus. Fylkesmannen såg gjerne dei lokale behova klarare enn dei statlege styresmaktene, og føreslo at *fleire* kommunar skulle koma inn under desse tiltaka, og at ordninga skulle forlengjast fram til 1987. Departementet såg det annleis, og resultatet av dette vart at bustadtiltaka i dei fem kommunane vart forlenga fram til 1983. Det geografiske virkeområdet i

¹² Utbyggingsavdelinga hos fylkesmannen i Finnmark oppgjev talet på ”familjar” i Kautokeino pr. 01.07.68 å vera 559. Det er noko uklårt kva dette omgrepet viser tilbake til. Dersom det er snakk om sjølvforsørgjande einingar, vil ikkje dette talet samsvara med talet på husvære. Dette må reknast å vera noko lågare. Går ein derimot ut frå byggestatistikken, der tala frå 1975 og utover er heilt eksakte, og brukar desse til å rekna seg bakover, vil eit samla bustadtal på rundt 550 i 1969 synast rimeleg. Flytting av ansvaret for bustadbygginga i den aktuelle perioden frå ulike instansar som fylkesforsyningsnemnda, utbyggingsavdelinga hos fylkesmannen og til sist til fylkeskommunen, har gjort det vanskeleg å skaffa fram tilstrekkeleg statistikkgrunnlag.

Finnmark vart ikkje utvida. Departementet råde til at 150-200 nye bustader skulle bli omfatta av denne utvidinga (St.meld. 13-1979/80).

I løpet av dei 13 åra frå 1969-83, som bustadtiltaka varte, vart det i indre Finnmark oppført om lag 680 nye bustader innanfor dette programmet. Kautokeino kommune var den kommunen som samla sett fekk flest nye bygg, til saman 244. Bustadtiltaka oppfylte dermed departementet si lågaste målsetjing, 650 nye bustader, men låg langt tilbake for dei ynskjemåla kommunane og fylkesmannen hadde skissert.

Den statlege tilskotsordninga til bustadreising vart seinare lagt inn under Husbanken, som eit etablerings*stilskott* til folk som hadde vanskar med finansiering av eigen bustad. Tidleg på 80-talet vart dette endra til etablerings*lån*. Ordninga galdt enno ved utgangen av 1990-åra, men midlane Husbanken disponerte til dette tiltaket var så vidt små at svært få husbyggjarar kom inn under den på det tidspunktet.

2.4.6 Kunnskap om og ansvar for bustaden

Ein viktig føresetnad for å få ein bustad som er tilpassa egne behov og eigen bruk, er at brukarane tek del i planleggingsfasen, og gjerne er med ved oppføring av huset. I oppbygginga av Kautokeino skjedde ikkje dette. Offentlege styresmakter overtok rolla som byggherre, og førte opp husa på vegner av dei som skulle bu i husa. Dei framtidige eigarane var gjerne borte frå bygda, på sommarbuplassen, i den best eigna byggeperioden (Dancke 1969). Slik vart det ofte reindriftssamane som i minst grad deltok i planlegging av eigen bustad:

Familiefedrene er tilsynelatende meget bundet av sitt yrke, - de må følge reinen. De har etter eget utsagn derfor hatt liten eller ingen anledning til å delta i planlegging og oppførelse av huset, - de har overtatt det med nøkkelen i døra. De har, etter det jeg skjønner, liten greie på husbygging og finansiering av huset. De har fått hva man har gjort ferdig for dem (Isaksen 1970:1).


Denne oppsummeringa er gjord av arkitekt Trygve Isaksen etter at han i 1969 etter oppdrag frå fylkesmannen i Finnmark gjennomførte ei undersøking og laga ein tilstandsrapport¹³ over ei rekkje gjenreisingsbustader i indre Finnmark. Isaksen etterlyste *kunnskap*, både kunnskap hos planleggjarane om folk sine behov for spesielle bustadtypar, og kunnskap blant dei lokale husbyggjarane om det å bu i og ta vare på husa.

Å bu i trehus måtte *lærast*, det var ein av konklusjonane etter dei mislykka freistnadene med bustadaksjonar på 1950- og 60-talet. Kravet om opplæring kom både frå lokalt og sentralt hald. Representanten Unneberg uttrykt det slik i Stortingsdebatten i 1971:

¹³:Isaksen, Trygve (1969): *Rapport til herr Fylkesmannen i Finnmark om fattige mennesker og dårlige hus i indre Finnmark*, Trondheim 16 september 1969, og *Rapport 2 til herr Fylkesmannen i Finnmark om dårlige hus i indre Finnmark*, NBI-rapport, oppdrag 0-2585, Trondheim 10 februar 1970.

En kan selvsagt synes at boligaksjonen blir kostbar for samfunnet. Jeg tror ikke vi her heller kan bruke våre vanlige dimensjonsbegrep, for det som her egentlig skjer, er at en gruppe nordmenn er under opplæring i det å bo – og fritt undervisningsmaterieell har jo hevd i vårt offentlige hushold.” (Stortingsprotokoll, 1971:1875).

Kva det vil seia å bu, vart ikkje diskutert her, den sjølvsgde buforma var det den dei nye hustypane frå ulike ferdighusfirma tilboud, og som i denne tida vart sett opp over heile landet. Resultatet av opplæringstanken vart at det for samiske strøk i Finnmark blei trykt opp informasjon og rettleiing i bruk og stell av det nye huset med tanke på å unngå unødige slitasje og feil bruk (Dreier, udatert/1977).



Figur 2.12 Bustad og læring

Skisser frå informasjonsbrosjyren "Må vieso doallat årdnegis/Hvordan holde boligen vedlike", laga av Carsten Dreier, Norsk Byggforskningsinstitutt (udatert).

Kven som skulle lærast opp i å ta vare på det nye huset vart heller ikkje diskutert. Arkitektar som arbeidde i regionen, både i gjenreisingstida og seinare under bustadaksjonen, fekk innsyn i den lokale situasjonen, og såg gjerne klarast kven som burde vera dei næraste til å få opplæring i stell av huset og dermed ta ansvar for det. Arkitekt Trygve Isaksen konkluderte med at "Så lenge mannen i huset stadig er opptatt med reinen, må det først og fremst være kona man kan spørre til råds, og det er kanskje hun som må stå for vedlikeholdet også," (Isaksen 1970: 3/0-2585). Allereie tidleg i gjenreisingsperioden hadde arkitekt Kirsten Sand kome til same resultatet. Kvinnene sitt syn på husbygging var viktig, men kvinnene var ofte fråverande i plan- og byggeprosessen:

Men framfor alt er det etter min mening nødvendig endelig en gang aa faa anledning til aa diskutere sakene med husmødrene. Hittil har vi bare faat kontakt med husfedrene som er kommet til kontoret til konferanse og for aa ta ut tegninger (Sand 1949, i Hage 1999:155).

Hustellnemnda i Kautokeino, med ei kvinne som leiar, peika seg elles ut som ein av dei få uttalepartane som kom med konkrete framlegg til utforming av dei nye bustadene.

2.4.7 Sosial bustadbygging med sterk statleg styring

I løpet av gjenreisinga, og seinare gjennom tre bustadaksjonar som i praksis varte til utpå 80-talet, hadde det offentlege i uvanleg sterk grad styring over bustadforming og arealbruk i Kautokeino kommune. Dei offentlege styresmaktene i denne samanhengen var statlege organ. Den tredelinga av ansvar som kjenneteiknar sosial bustadbygging i Noreg, med staten som hovudansvarleg for overordna lovverk og finansiering, kommunen som tilretteleggjar av utbyggingsområde og private eller korporative utbyggjarar, er ikkje heilt atkjeleg i bustadtiltaka i indre Finnmark (Brantenberg 1996 a og b). Alle dei tre partane deltok, men i ulik grad og med svært ulik innsats i arbeidsoppgåvene og fordeling av ansvar. Det tradisjonelle offentlege ansvaret vart i stor grad samla på *ei* hand, hos staten. Departementet utforma rammer og planar. Gjennom sin lokale representant, fylkesmannen, stod staten også for tilrettelegging og gjennomføring lokalt. Ein viktig føresetnad i Stortingsmelding nr. 99: 1969-70 var rett nok at kommunane skulle ha ei aktiv rolle i gjennomføringa av bustadtiltaka, men det vart ikkje gjort greie for på kva måte det praktisk skulle gå føre seg, anna enn at dei skulle ta ansvaret for å prioritera mellom dei bustadsøkjande.

Administrasjonane i desse fire aktuelle kommunane, Kautokeino, Karasjok, Tana og Porsanger, var dårleg utbygde, og dei var heller ikkje særleg interesserte i å engasjera seg for sterkt i dette arbeidet. Dette vart forklart som eit svar på at kommunane i liten grad var med og la premissane for bustadtiltaka. Kommunane var i tillegg godt kjende med resultatata frå tidlegare statleg innsats i bustadreisninga i samiske strøk, og ynskte ikkje å bli identifisert med denne feilslåtte politikken (Mathiesen 1974):

De personer som primært arbeidet med forberedelsene var sendt til kommunene fra departementet og fylkesmannen. Lokale medarbeidere og lokal kunnskap og erfaringer ble brukt i mindre grad enn fagfolk utenfra. "Boligaksjonen" kan allerede på det tidspunkt ha fått et preg av et opplegg ovenfra og utenfra der både enkeltpersoner og kommunale etater følte seg tilsidesatt og maktesløse (Finnmark fylkesmannsembete, utb.avd. 1973:26).

Med ein svak kommuneadministrasjon, saman med store slekter og ofte tette band mellom dei lokale styresmaktene og dei bustadsøkjande, var prioritering av buplass, lån og tilskott ikkje eit ansvar dei lokale politikarane og sakshandsamarane gjerne tok på seg. Resultatet av dette vart at staten sine lokale representantar, fylkesmannen og i siste instans bustadrettleiaren overtok det meste

av ansvaret med å førebu og gjennomføra heile byggesaka. Slik vart bustadrettleiaren også ståande med det meste av kritikken.

Frå mange kantar kom kritikk om at byggherren var passiv, og deltok lite både i planleggings- og byggprosessen. I ei oppsummering av arbeidet så langt skreiv fylkesmannens utbyggingsavdeling i 1973:

Byggherrens deltagelse i byggearbeidene forekommer i liten grad, i alle fall deltagelse av noe særlig omfang. Dette skjer til tross for at mange ikke har fast arbeid eller på annen måte er bundet i arbeidstider, og til tross for at mange også har helse og evner for øvrig til å delta i arbeidet. (Finnmark fylkesmannsembete, utb. avd., 1973:37)

Retningslinene for rente- og avdragsfrie lån i bustadfondet førte dessutan til at den som gjorde lite, fekk mest, ”mens en aktiv og arbeidsom familie ”straffes” med lavere støtte” (same referat). Det manglande engasjementet i plan- og byggearbeidet førte ofte til at den hussøkjande ikkje kjende bygget ho eller han skulle flytta inn i, heller ikkje dei økonomiske pliktene familien hadde teke på seg.

Gjennom lovverk, retningsliner, økonomiske verkemiddel – og også som representant for byggherrane på byggeplassane, fekk staten hand om heile planleggings- og byggeprosessen. Den einskilde familie fekk i praksis overlevert eit stykke hus, klart til innflytting. Dette kunne vera familien sitt første trehus. Deira levevis og behov hadde i liten eller ingen grad vore avgjerande for utforminga av huset. Deira kunnskap om bruk og vedlikehald av hus var ofte liten. Tradisjonen med å byggja sin eigen buplass, med å ta del i det som gjerne hadde vore ein skapande prosess i kvardagen, var broten.

Arkitekt Kjell Borgen, som gjennom mange år har arbeidt med samisk byggeskikk, hevdar at det sterke statlege engasjementet innan bustadreiseinga i samiske strøk gjorde folk til passive mottakarar og at ”det behov et hvert menneske har for delaktighet og kontroll av den skapande prosess er helt satt til side i denne prosessen” (Borgen 1995:54). Slike synspunkt som Borgen her målber, har prega haldninga til byråkratar og enkelte andre fagfolk med ansvar for bustadbygging i samiske strøk.

Andre undersøkingar viser eit meir samansett bilete, der ansvar og omsorg for huset også er til stades (Dalaker 1976). Arbeidet mitt her byggjer opp under dette siste synet.

2.4.8 Bustadpolitikk og minoritetspolitikk

I utgangspunktet vart dei statlege bustadtiltaka i samiske strøk sette i verk for å skaffa betre bustader for grupper innan reindriftsmiljøet som i løpet av gjenreiseingstida ikkje hadde greidd å skaffa seg tilfredsstillande hus. Men det viste seg snart at bustadtilhøva generelt var verre enn styresmaktene var klar over, og etterkvart fekk desse tiltaka eit omfang som gjer det vanskeleg å skilja ut spesielle grupper av folkesetnaden som målgruppe.



Figur 2.13 Kartskisse over Kautokeino som viser busetnadsmonsteret i kommunen ved inngangen av 1970-talet.

Bustadtiltaka for indre Finnmark var ikkje eit eingongsengasjement frå dei offentlege styresmaktene for å lyfta bustandarden opp på nasjonalt nivå, men eit ledd i ei lang rekkje tiltak som avslørte bustadnaud og fattigdom i desse områda. Frå lokalt haldt kunne tiltaka dei sentrale styresmaktene gjekk inn med, opplevast som mangelfulle. Dei ansvarleg for dei ulike bustadreisingstiltaka kjende i for liten grad til lokale behov og føresetnader. Tiltaka viste vidare at den sosiale utjammingspolitikken ikkje heilt hadde nådd Sameland – men at viljen til å innlemma denne etniske gruppa i velferdsstaten var til stades. Haldningane som rådde og midlane som vart brukte, synte likevel at storsamfunnet la premissane og i stor grad forma politikken.

Den norske stat sin bustadpolitikk i Sápmi¹⁴ skifte etter som synet på denne folkegruppa skifte. I den tidlege gjenreisinga etter krigen fekk kvar enkelt byggherre erstatning etter kva som var tapt. Det nye huset var av standard type, med lite rom for lokale tilpassingar. Den samiske folkesetnaden vart ikkje sett på som ei gruppe med særlege behov, men vart handsama som ein del av det *norske* Finnmark


Ved den såkalla teltaksjonen i 1958 såg me ei endring i synet på samane. Bustadene som vart sett opp var *under* gjeldande Husbankstandard. På bakgrunn av dette kan det vera god grunn for å hevda at ein eigen *samisk* standard med dette tiltaket vart innført. Grunngevinga var at dei nye husa ikkje i for stor grad skulle avvika frå dei samane var vane med. reindriftssamane vart dermed sett utanfor den allmenne velstandsauken, og tilpassinga vart her tilpassing til ein lågare bustandard enn den generelle standarden elles i landet.

Først med 1970- bustadtiltaka vart også samiske strøk omfatta av den norske velferdspolitikken på dette området. Husa som då vart bygde, var i samsvar med gjeldande Husbankstandard. Men innlemming i velferdssamfunnet medførte også modernisering og sentralisering – sjølv om styresmaktene til ein viss grad var villige til å sjå det særmerkte busetnadsmønsteret i indre Finnmark, og til dømes leggja eit anna innhald i viktige velferdsomgrep her enn i meir sentrale strøk (Stortingsprotokoll 1971:1969). Men enno var velviljen større enn kunnskapen om og innsikta i dei særlege samiske tilhøva. Og politikken vart utforma i Oslo, ikkje i Sápmi. Slik vart styresmaktene sin velvillige politikk av enkelte grupper lokalt opplevd både som sentralisering og fornorsking.

2.5 Endringar i bygge- og buskikken

Overgangen frå telt til hus representerte ei endring i buskikken for mange reindriftsfamiliar i den nære etterkrigstida. Det same gjorde dei statlege bustadtiltaka og møtet med kataloghusa eit par tiår seinare for ei endå større gruppe av folkesetnaden i Kautokeino. Slik blir historia om velferdsbygging og sosial bustadreising i samiske strøk frå 1970-talet og utover samstundes ei historie om modernisering og endring.

¹⁴ Sápmi, samisk namn på det geografiske området Sameland, det vil seia landområda i Nord-Noreg, Nord-Sverige og Nord-Finland i tillegg til Kola i Russland, der det samiske folket tradisjonelt har vore busett.



Figur 2.14 Den faste busetnaden i Kautokeino var småbruk med mjølkeproduksjon og ulike former for utmarksnæring.

Skissa er henta frå Eilif Bjørge og Kari Kjøde (1970): *Kautokeino 1970, del 1-2, diplomoppgåve ved Arkitektthøgskolen i Oslo.*

Endringar i buskikken heng saman med andre endringar i samfunnet. I Kautokeino kan desse endringane knytast til endingane i livsform, med overgang frå nomadisk til fastbuande liv i bygda for folk som høyrde til i reindrifta¹⁵, med endringar i byggeskikken med overgang til kataloghus marknadførte over heile landet, og med ein generell sterkare vektlegging av privatlivet. Innføring av elektrisk straum og dermed ei rekkje hushaldningsutstyr var også ein viktig del av denne endringsprosessen. I tillegg fekk huset etterkvart ein større symbolverdi enn det hadde hatt i den nomadiske kulturen.


2.5.1 Bustadtiltaka og moderne buskikk

Møtet med etterkrigsbustaden og dei seinare statlege tiltaka for bustadreising i samiske strøk var for mange i desse områda det første møtet med det som vert kalla *moderne* eller borgarleg buskikk.¹⁶ Meir sentrale og økonomisk betre stilte

¹⁵ Bygging av hus i bygda, på vinterbuplassen, var ein del av ei meir omfattande endring i dagleglivet for dei fleste reindriftsutøverane. Frå nå av vart det berre dei som hadde ansvaret for å gjeta flokken, gjerne familiefaren og eldre søner, som følgde flokken på beitet. Resten av familien vart bufaste i bygda vinterstid. Sommarstid følgde også dei med til beitelandet på kysten. På beiteområdet på vidda og ved kysten vart det så bygd gjetarhytter eller såkalla sekundærbustader. Parallelt med endringane som har skjedd med bustadhuset i bygda, har også sekundærbustaden endra seg frå ei enkel hytte til eit meir velutstyrt hus. Ein analyse av dette huset ville vore interessant i denne samanhengen, men ville samstundes sprengd rammene for dette arbeidet.

¹⁶ Innan kulturfaga, mellom anna etnologi, blir omgrepa *tradisjonell*, eller *førmoderne*, *moderne* og *hypermoderne* buskikk brukt. I den førmoderne buskikken var det ikkje skilje mellom private

område i Noreg hadde møtt denne nye buskikken langt tidlegare. Frå slutten av 1800-talet tok den til å gli inn i bygdene i Skandinavia, først og mest omfattande blant borgarskapet og dei mest velstående bøndene, og fortrengde den folkelege eller førmoderne buskikken der folk levde livet nærast for open scene. Dyrking av individet og privatlivet prega denne nye buskikken sterkt. ”Det är nu man på allvar börjar stänga dörren om sig,” skriv den svenske etnologen Orvar Löfgren (Frykman og Löfgren 1979) om denne nye buskikken. Det er nå det blir muleg å ”dra seg tilbake” og vera i fred inne i bustadhuset.



Figur 2.15 Plan av hustypen "Akkanas" 79-38,

Hustypen "Akkanas" var ein lokalt tilpassa hustype, teikna av arkitektkontoret "Råd og Vink A.S." i Kautokeino (arkitekt Gunnar Stumo). Tankegangen var å laga hus tilpassa den lokale livsforma. Kjelde: "Typehus 1980, as Finnmarksbygg".

Å stengja døra etter seg krev at ein *har* ei dør å lukka. Den vesle tre-romsstova eller gammen i samiske strøk i nord hadde ikkje så mange dører som kunne lukkast, eller rom som kunne stengjast av for privat bruk. Dei nye etterkrigsbustadene hadde dette skiljet, dei var større i areal og var planlagde ut

og offentlege område eller rom i heimen. Kwart rom hadde gjerne fleire funksjonar. Omsynet til enkeltindividet var underordna familien. Moderne buskikk innførte eit skilje mellom det private og det offentlege, saman med eit skilje mellom ulike funksjonar, og mellom ulike grupper av dei som budde i huset. Den nye bustadideologien frå 1920-30 åra, med vekt på praktisk og funksjonalistisk utforming og bruk av bustaden, blir av enkelte kalla hypermoderne (Bing 1996). Sjå elles Vold Halvorsen (1998).

frå ein tankegang om å skilja mellom funksjonar, mellom arbeid og kvile, dag og natt og mellom rom som var for privat bruk og rom for å ta mot folk som ikkje hørde den nære familien til. Denne endringa hadde samanheng med betre økonomi, og ikkje minst med tekniske nyvinningar. Elektrisk straum som tilleggsoppvarming og med det innføring av ei rekkje nytt hushaldningsutstyr gjorde det praktisk muleg å utvida det daglege buarealet.



Figur 2.16 *Hustype 1222C+, utarbeidd av det statlege bustaddirektoratet. Teikningane er henta frå bygningsarkivet i Kautokeino kommune.*

Dei første gjenreisingshusa var rett nok så små, og skulle hysa så mange, at skilje mellom det private og det allmenne i liten grad let seg gjennomføra. Slik dei i praksis vart brukte, representerte husa stort sett ein førmoderne buskikk, og braut såleis lite med dei som hadde vore før krigen. Kjøkkenet var det største rommet i huset, og samstundes det som vart oppfatta som det viktigaste rommet. Rommet gav plass for ulike arbeidsoppgåver og var på ei og same tid plass for opphald og kvile både for familien og gjester. Kjøkkenet var eit *fleirbruksrom*, tilsvarande det etnologen Vold Halvorsen (1998) skriv om stova i førkrigshusa på vestnorske gardstun. Kjøkkenet var det sentrale rommet i huset, dei andre romma var som tilleggssrom for det viktige fleirbruksrommet, med soveplassar for unge og eldre familiemedlemmer. Desse romma hadde elles liten innverknad på hovudmønsteret i bustaden. Var familien stor, vart alle romma brukte som soveplass. Skilje mellom private og offentlege soner var eit skilje i tid, mellom dag og natt – ikkje eit skilje i rom. Det nye huset frå bustadtiltaka frå slutten av 1960-talet og utover var såleis det første *reelle* møtet med den moderne buskikken for mange i samiske område i Indre Finnmark.

I diskusjonen som vart ført lokalt i samband med dei statlege bustadtiltaka på 1970-talet og utover eit par tiår, vart sambandet mellom arkitektur og livsform trekt fram for første gong. Det var dei lokale byråkratane med ansvar for desse tiltaka som tok spørsmålet opp til diskusjon. Fleire av desse var leiande innan den samepolitiske rørsla, og dei retta sterk kritikk mot styresmaktene si haldning under gjenreisninga av Finnmark. Den samiske bustaden burde og skulle bli ulik den norske, fordi den skulle løysa andre behov – men òg fordi den skulle signalisera tilknytning til eigen kultur. Ein slik aktiv vilje til å markera eigen identitet gjennom buform kan sjølvstarktast som ei praktisk tilnærming, men òg som teikn på større kulturell sjølvhevdning frå samisk side. Slik fekk huset ein symbolverdi det tidlegare ikkje hadde hatt. Gjenreisninga og fornorskingstida var over, nå var tida mogen for å ta utgangspunkt i eiga historie og egne behov.

Den offentlege diskusjonen om livsform og arkitektur avgrensa seg ofte til å gjelda berre sjølve huset. Den store buplassen, eller *bustaden* vart gløymd. Dei viktige spørsmåla vart korleis huset reint funksjonelt skulle utformast for å vera eit godt svar på dei ulike behova dei skulle gje rom for. Denne konsentreringa om innerrommet med flytting av fleire og fleire arbeids- og lagringsoppgåver frå uterommet eller uthuset inn i bustadhuset førte til at det ideelle bustadhuset voks seg stort og dyrt. Dette var òg eit syn som prega byggeskikken som var rådande i denne tida, dei nye ferdighusa. Dette var hus som gav rom for kvile, sosialt samver og fritid, i mindre grad for arbeid og produksjon. Bustadtiltaka skulle gje folk betre hus, dei skulle føra til ein høgare bustandard, men samstundes var det eit ynskje frå enkelte lokale byråkratar om at dei nye husa i større grad skulle spegla den lokale kulturen.

I valet mellom tradisjon og modernitet er det vesentleg å gjera klart for seg kva trekk frå fortida som er ynskelege og naudsynte å ta med, og kva trekk frå den nye tida som vil styrkja den lokale kulturen. Dette vart ikkje i tilstrekkeleg grad konkretisert av dei som lokalt var ansvarlege for bustadtiltaka i dei samiske strøka i nord. Resultatet vart ferdighus som signaliserte ”norsk” tilknytning. Det som

framleis signaliserte samisk tilhøyrlighet, var utforminga og bruken av uterommet. Men frå styresmaktene si side var dette utilsikta signal.



Figur 2.17 Perspektivskisse av hustypen "Joatka" 79-42, frå "Typehus 1980", as Finnmarksbygg.

2.5.2 Ei forbetring for dei fleste

Dei fleste som bygde nye hus i perioden medan bustadtiltaka galdt, var likevel nøgde med resultatet. I ei evaluering gjennomført av Noregs byggforskningsinstitutt i 1976 svarte 18 av 27 spurde at dei var svært nøgde, eller stort sett nøgde med huset. Dei fleste trekte fram at huset var "godt og varmt." Rett nok kunne det vera plager med trekk og golvkulde, men storparten av huseigarane opplevde ikkje det som noko vesentleg problem. Ein tredjepart av huseigarane var misnøgde. Misnøya skreiv seg ofte frå detaljar; utette konstruksjonar og elles dårleg handverk. Ein del av klagene gjekk på tilhøve som heilt klart *ikkje* skreiv seg frå byggeprosessen, men som hadde samanheng med manglande vedlikehald og omsorg for huset. Enkelte av tilbakemeldingane frå evalueringa i 1976 kunne òg tyda på at også her var det folk som føretrakte direkte hjelp framføre hjelp til sjølvhjelp, og såleis hadde lita interesse av å sjølv yta ein innsats i å skaffa seg sin eigen bustad. Tankegangen er kjend frå mange prosjekt der offentlege styresmakter går inn med stor innsats i bustadsektoren (Hamdi 1995).

At folk stort sett er nøgde med dei nye husa dei får, er ei erfaring planleggjarar ikkje berre i samiske strøk har gjort seg. For enkelte er det viktig å forsvare det omfattande valet dei har vore med på, for andre er det snakk om smidig tilpassing. Planlegging av hus utan tilstrekkeleg kunnskap om livsforma til brukarane, blir sjeldan vellykka, skriv Oliver (1987), men *folk tilpassar seg* dei nye fysiske rammene – ofte med svært kreative, uventa løysingar.

2.6 Oppsummering

Bustadtilhøva i Kautokeino viste store variasjonar i tida fram mot sist verdskrig. Om lag halvparten av folkesetnaden i kommunen hadde på denne tida ikkje ein

fast bustad i bygda. Dette var i hovudsak reindriftssamar som levde nomadisk, med flytting mellom kysten og vidda. Vinterbustaden i Kautokeino var telt eller rom til leige hos verdefamilien. Denne situasjonen, saman med brenninga i 1944, førte til stor bustadnaud etter krigen.

Gjenreisinga trekte ut i tid, mellom anna på grunn av dårleg organisering, manglande kunnskap frå sentrale styresmakter og vanskar med å skaffa byggemateriale til vegars. Bustadene som vart bygde, var små i areal og av dårleg teknisk standard, og dei representerte for mange såleis ikkje ei forbetring i butilhøva. Ei følgje av dette var stor misnøye lokalt, noko som igjen resulterte i fleire og langvarige bustadprogram, dei såkalte "Boligtiltakene for Indre Finnmark," som i praksis varte til byrjinga av 1980-talet. Også denne bustadreisinga vart i stor grad styrd av sentrale styresmakter. Møte med desse statlege bustadtiltaka var for mange i Kautokeino det første møtet med ein moderne buskikk.

Bustadtiltaka resulterte i eit kraftig lyft av bustandarden frå 1970-talet og utover, men òg i ein diskusjon om samanhengen mellom arkitektur, etnisitet og livsform. Kritikkk mot bustadtiltaka vart formulert som ein kritikkk mot storsamfunnet si einsretting i møte med ein framand kultur (Mathiesen 1974, Butenschøn 1980). Men denne kritikken stod ikkje åleine, lokalt understreka dei fleste som flytte inn i nye hus at dei opplevde skiftet som ein overgang til ein bustandard dei var nøgde med og som dei tilpassa seg til.

3 Kautokeino på 1990-talet

By- og stedsplanene våre var preget av de nye tanker som etter krigen strømmet inn over landet vestfra. Hovedidéen bak denne planlegging var å skille mellom bolig – arbeide – fritid, og gi hvert av disse elementer plass i planen. ... Det er beklagelig å observere at disse grunnleggende prinsipper er forlatt. Byer og tettsteder sprer seg planløst utover med boliger, butikker, kontorer, verksteder og kulturbygg om hverandre, uten en ordnende hånd. Jeg har nettopp sett denne utvikling i Kautokeino, Karasjok, Tana bru og Vadsø. (Dancke 1986:354)

Kapitlet som følgjer, handlar om viktige trekk i utviklinga i Kautokeino i tiårsperioden 1990 til 2000. Perioden var prega av vekst - og av tilbakegang i folketal og bustadbygging, av store endringar og omstillingar i næringsstrukturen, av omfattande kommunal planlegging og utbygging, og av stor privat deltaking og engasjement i husbygging.

Framstillinga her gjev ikkje noko fullstendig oversyn over Kautokeino-samfunnet på 1990-talet, men er konsentrert om ein del sentrale og lokale trekk som gav rammer og vilkår for bustadplanlegging og bygging i dette tiåret.

Framstillinga byggjer på arkivstudiar, på intervju med folk som på ulike måtar deltok i arbeidet med planlegging og utvikling av Kautokeinosamfunnet i denne perioden, og på eiga erfaring frå arbeidet som arealplanleggjar i kommunen i heile dette tiåret.

3.1 Folkesetnad og levekår på 1990-talet

Perioden frå 1990 til 2000 var for Kautokeino ei tid med store endringar i mange av dei viktige lokale næringane. Kommunen møtte tiåret med stor mangel på overordna planar, både når det gjaldt planar for den allmenne utviklinga i kommunen, og for arealbruken. Ein ung og veksande folkesetnad førte til stort press på bustadmarknaden i første delen av dette tiåret. Seinare kom nedgangen både i folketallet og i bustadbygginga.

Den lokale politiske situasjonen var i heile tiåret prega av ei kommuneleiing med mange små grupperingar utan noko klart fleirtal i viktige politiske organ.¹⁷ Ein

¹⁷ I perioden 1995 – 1998 var elleve politiske grupperingar representerte i kommunestyret, i perioden 1999 – 2003 var ni grupperingar representerte. I tillegg til lokallag av landsomfattande politiske parti, stilte ei rekkje lokale grupperingar til val. Fleire av desse var representerte i kommunale styre og utval. Kommunestyret i Kautokeino har nitten representantar.

uklar og skiftande politisk leiing i kommunen skapte i enkelte høve uklare rammer for bustadplanlegginga lokalt.


3.1.1 Vekst – og nedgang i folketalet

Folketal i Kautokeino											
Folketal pr. 1.1.											
Årstal	1990	1991	1992	1993	1994	1995	1996	1997	1998	1999	2000
Kautokeino	2953	2963	3011	3080	3110	3141	3162	3176	3140	3121	3068
Kautokeino tettstad		1386				1456			1814	1084	1320

(endring i avgrensingsmetoden av tettstad i 1999)

Figur 3.1 *Folketalsutvikling i Kautokeino på 1990-talet. Kjelde: www.ssb.no*


Ved inngangen av 1990-talet hadde Kautokeino 2953 innbyggjarar. Ti år seinare var talet stige til 3068. Veksten skjedde i første halvdel av tiåret, med ein auke på 188 personar. Biletet for siste halvdel av 1990-talet var motsett, med ein nedgang i folketalet på 79 personar. Kommunen hadde i heile dette tiåret ein svært ung folkesetnad. I 1990 var 68 prosent av innbyggjarane under 40 år. Ti år seinare var prosentdelen av folk under 40 år sokke til 62, men framleis var dette talet høgt samanlikna med landsgjennomsnittet som låg på i underkant av 55 prosent. Den unge folkesetnaden i kommunen kan forklara ein del av den store etterspørselen etter bustader i tiåret 1990-2000.



Figur 3.2 *Ein ung folkesetnad. Kjelde: SSB: Aldersfordeling pr. 1.1.2001*

Talet på kvinner i høve til menn i Kautokeino var lågare enn både for Finnmark og for landet samla sett. Dette kunne tyda på at kvinner i større grad enn menn

flytte frå kommunen. I aldersgruppa 16-39 år utgjorde kvinnene i underkant av 48 prosent av den samla folkesetnaden i Kautokeino.¹⁸



Figur 3.3 Aldersfordeling i Kautokeino. Kjelde: SSB: Aldersfordeling pr. 3.11.1990 og 1.1.2001.

Statistikkgrunnlaget viste vidare at kvinnene som vart att i kommunen, i større grad enn mennene tok del i arbeidslivet.

	År	Kautokeino	Finnmark	Landet
Bruttoinntekt pr. innbyggjar				
17 år +	2000	161 555	204 869	237 284
Menn	2000	156 745	233 279	300 662
Kvinner	2000	166 666	175 472	176 310

Figur 3.4 Inntektsnivå. Kjelde: SSB: Bruttoinntekt pr. innbyggjar over 17 år, år 2000.

Kvinnene som var i bygda, hadde i tillegg høgare utdanning enn mennene, og også høgare gjennomsnittsinntekt. Men gjennomsnittleg inntekt var låg, både i høve til regionen og til landet elles. Som statistikken frå SSB viste, var gjennomsnittleg årleg inntekt for kvinner i 2000 på kr. 166.666, for menn om lag ti tusen kroner mindre i året. Gjennomsnittleg inntekt for kvinner heile landet under eitt låg dette året på kr. 176.310,- altså knapt ti tusen høgare enn i Kautokeino. Den store inntektsskilnaden var det mennene som stod for, med ei Kautokeino. Den store inntektsskilnaden var det *mennene* i Kautokeino som stod for, med ei gjennomsnittleg årsløn som utgjorde om lag halvparten av det som var snitt for landet som heilskap.

¹⁸ Kjelder: SSB: Folkemengde pr. 3. november 1990 og 1. januar 2001, og SSB: Aldersfordeling pr. 1. januar 2001.

3.1.2 Omstilling og endring i næringsstrukturen

I tillegg til reindrift hadde tre store verksemdar prega Kautokeino på 1970- og 80-talet, Luftforsvaret sin stasjon i bygda, reinslakteriet og Biedjovággi gruver som tok ut malm på vidda i grenseområdet mot Troms. Ved inngangen til 1990-åra gjekk alle desse verksemdene mot nedlegging. Frå å sysselsetja 120 personar i 1987, vart talet på tilsette ved Luftforsvaret sin stasjon gradvis minka til det ved inngangen av 1995 var på fjorten personar. I same perioden opphøyrd drifta ved Biedjovággi gruver totalt. Førte arbeidsplassar gjekk tapt ved denne nedlegginga. Ved utgangen av tiåret la så ei tredje viktig bedrift ned drifta. Det lokale slakteriet, Reinprodukter a/s, gjekk konkurs og førte årsverk, eller totalt mellom femti og seksti personar miste arbeidsplassane sine.

Reiselivsnæringa opplevde stor nedgang i besøkstala. I byrjinga av 1990-talet hadde den største sølvsmia i bygda, Juhls sølvsmie, over 90 000 besøkande. På slutten av tiåret var dette talet redusert til om lag 36 000 i perioden juni til september.

Nedlegginga av viktige bedrifter og reduksjon i talet på sysselsette hadde store ringverknader for arbeidslivet elles. Det same hadde omstruktureringa i primærnæringane som skjedde i dette tiåret. Reindriffta både var, og er den viktigaste næringa i kommunen. Frå 1989 til 2000 minka talet på driftseiningar frå omlag 400 til 220. Nedgangen hadde samanheng med *omstillingsprosessen* næringa var inne i på denne tida. På grunn av eit høgt reintal i høve til beiteressursane, sette styresmaktene krav om reduksjon i det samla reintalet. Viktige verkemiddel i denne endringsprosessen var å yta avviklingslønn¹⁹ eller omstillingslønn²⁰ for folk som frivillig gjekk ut av næringa.

Sjølv med nedgang i driftseiningane i reindriffta, saman med nedgang i jordbrukseigedomar i drift i same tidsrommet, var delen av sysselsette innan primærnæringane høgare enn i nabokommunane elles i Indre Finnmark. Ved tusenårsskiftet var nitten prosent av dei yrkesaktive sysselsette i primærnæringane i Kautokeino. Det tilsvarende gjennomsnittstalet for landet var fire prosent.²¹

Talet på sysselsette i kommunen gjekk opp på 1990-talet. Dette skjedde på trass av nedlegging og reduksjon i viktige arbeidsplassar samtidig med at talet på innbyggjarar i arbeidsfør alder vaks. Bakgrunnen for dette var oppretting av nye statlege arbeidsplassar i skuleverket og i ulike rådgjevingstenester, i tillegg til private nyetableringar i tenesteytande næringar.

Talet på arbeidsledige var likevel høgt, og låg i heile tiårsperioden på over ti prosent. Enkelte år var det heilt opp mot 22 prosent ledige i kommunen.²² Menn

¹⁹ Forskrift for avviklingslønn i reindrifftsnæringa. Gjeve av Landbruksdepartementet den 27.01.88, med endring av 29.08.89.

²⁰ Forskrift for omstillingslønn for reindrifftsutøvere i Øst- og Vest-Finnmark som frivillig avvikler sin reindrift. Gjeve av Landbruksdepartementet 03.05.93, med heimel i statsbudsjettet for 1993 og reindrifftavtalene for 1993-94, med endring av 01.10.94.

²¹ Kjelde: FFD-4/01: *Finnmarksstatistikk 2000*

²² I dette talet er det medrekna personar som gjekk på ulike arbeidsmarknadstiltak. Kjelde: Kautokeino kommune, næringskontoret: *Notat januar 2002. Omstillingssøknad*

mellom 30-55 år med låg utdanning og lita yrkeserfaring dominerte statistikken over arbeidsledige, både når det galdt det samla talet på ledige og når det galdt talet på langtidsledige. I tillegg til høg arbeidsløyse var Kautokeino mellom dei kommunane som kom dårlegast ut når det galdt levekår. På trass av dette var det lite utflytting frå kommunen, og delen av ungdom var høg. Kommuneleiinga tolka dette som at det fanst kvalitetar ved Kautokeino som ikkje kom fram av levekårsindikatorane som Statistisk sentralbyrå rekna med. Ein levande kultur med samisk som daglegspråk for dei fleste innbyggjarane, nære slektsband, lett tilgang til vidde og vatn med rike utmarksressursar saman med stor grad av naturalhushald og bytesarbeid var noko av forklaringa på kvifor folket her var så knytte til bygda.²³

3.1.3 Variert næringsliv og senterfunksjonar

Medan fleire av dei tradisjonelle produksjons- og primærnæringane opplevde tilbakegang og endring på 1990-talet, skjedde det omfattande nyetableringar og styrking innanfor delar av dei tenesteytande næringane som utdanning, forskning og kultur. Desse nyetableringane var med og danna grunnlaget for kommunen si stilling som eit *samisk senter*. Fleire politiske dokument understreka kommunen si rolle som eit kulturelt sentrum i Sápmi, som her i den skriftlege delen av kommunedelplanen for Kautokeino som vart politisk godkjend i 1993:

Kautokeino har som målsetting å videreutvikle sin funksjon som et samisk senter. Reindrift er, og skal være en viktig næringsveg i kommunen. Kultur, utdanning og forskning skal være hovedsatningsområder, sammen med reiseliv. (Kommunedelplan for Kautokeino – Planbeskrivelse 1993)

Synet på Kautokeino som eit kulturelt og administrativt sentrum i Sápmi var ikkje utan rot i faktiske tilhøve. Med eit stort fleirtal av samisktalande innbyggjarar, ei sterk reindriftsnæring og eit høgt tal nye arbeidsplassar innanfor samisk kultur, utdanning og forskning hadde Kautokeino visse senterfunksjonar som ein tilsvarande bygdekommune på denne storleiken sjeldan har.

Reindrifta var på 1990-talet framleis den største enkeltnæringa i kommunen, med om lag 400 årsverk. I tillegg til desse årsverka kom den store gruppa folk med *tilknytning*²⁴ til reindrifta. Reindrift i samiske strøk er ikkje berre ei inntektskjelde. Både næringa sjølv, og Kautokeino kommune som den største reindriftskommunen i landet, såg på reindrifta som ein viktig *kulturberar*. Slik hadde reindrifta ein status få andre næringar kunne seiast å ha.

I reindriftsavtalen²⁵ frå 1976 mellom staten og reindriftssamane, representert ved næringsorganisasjonen deira, Norske Reindriftssamers landsforbund (NRL), var

²³ Kjelde: Kautokeino kommune, næringskontoret: *Notat januar 2002. Omstillingssøknad*

²⁴ I følgje paragraf fire i Lov om reindrift blir *tilknytning til reindrifta* definert som dei som står i reindriftsmeldinga. Det er såleis til ei viss grad opp til det enkelte reinbeitedistrikt kven som blir medrekna her. Eit høgt tal tyder på sterk kulturell og sosial tilknytning til næringa.

²⁵ Reindriftsavtalen, også kalla *Hovudavtale for reindriften*, er ein avtale mellom Staten ved Landbruksdepartementet og Norske Reindriftssamers Landsforbund/Norgga Boazosápmela aid Riikasearvi der partane forpliktar seg til å føra forhandlingar for å sikra reindriftsnæringa ei utvikling som er i samsvar med vedtekne politiske mål og retningslinjer. Tiltaka partane forhandlar

kulturmålet formulert som eit av tre hovudmål.²⁶ Avtalen vart følgd opp med økonomiske verkemiddel, og to år etter med ei reindrifsløvslov som òg understreka kulturmålet som viktig.

Kommunen si satsing på å bli eit sentrum i Sápmi gav seg vidare konkrete utslag i form av vekst og auka sysselsetjing innanfor sektorar som kultur, utdanning, forskning og statleg tenesteyting. I Kautokeino var allereie fleire samiske kulturinstitusjonar etablerte frå 1970-talet og utover. Fleire nye kom til på 1990-talet.

Ein nordisk forskingsinstitusjon, Nordisk Samisk Institutt, har vore lokalisert i kommunen sidan institusjonen vart oppretta i 1973. I hovudsak er arbeidsplassane her finansiert av Nordisk Ministerråd. I løpet av 1990-talet gjekk institusjonen gjennom ei omfattande omstilling som mellom anna resulterte i ei spesialisering med vekt på forskning for å styrkja og utvikla samisk språk, kultur og samfunnsliv. Talet på tilsette var på slutten av 1990-talet sett saman av ein fast administrasjon på fem til seks personar, medan talet på forskarar varierte i takt med ekstern finansiering. Ved utgangen av 1999 var dette talet på om lag tjue.

Det samiske teateret, Beaivváš, vart etablert som eit frittstående teater med sete i Kautokeino i 1980. Frå 1987 fekk teateret faste løyvingar over statsbudsjettet. Ved utgangen av 1990-talet hadde Beaivváš 15-18 årsverk. Med utgangspunkt i Kautokeino produserte dei samiske teaterframsyningar og turnerte med desse over heile Sápmi.

Sametinget, som vart etablert i Karasjok i 1989, lokaliserte delar av sin administrasjon, med blant anna utdanningsavdeling og avdeling for språk, i Kautokeino. Til saman utgjorde dette i overkant av 30 arbeidsplassar ved slutten av 1990-talet. Det offentlege var såleis ein viktig arbeidsgjevar i kommunen i dette tiåret, ein arbeidsgjevar som i stor grad etterspurde arbeidstakarar med høgare utdanning.

I 1989 vart Samisk høgskule etablert som eigen institusjon med lokalisering i Kautokeino. Skulen utdannar allmennlærarar, førskulelærarar, journalistar og gjev dessutan ei rekkje etterutdanningstilbod, i tillegg til at dei driv ulike kortare prosjekt. Talet på tilsette i faste stillingar og på ulike, kortare prosjekt var ved utgangen av 1999 i overkant av femti.

om skal omfatta økonomiske verkemidlar, men partane kan òg krevja forhandlingar om faglege, sosiale, organisasjonsmessige og andre spørsmål som er vesentlege for å utvikla næringa mot vedtekne mål. Kjelde: <http://www.reindrift/hovedavtale> for reindriften

²⁶ Avtalen frå 1976 hadde tre hovudmål: i) eit *produksjonsmål* om å nytta beiteressursane til optimal kjøttproduksjon utan at beiteressursane skulle bli forringa, ii) eit *inntektsmål* om å sikra utøvarane inntekt og levekår på line med andre yrkesutøvarar, og samtidig fordela dei samla inntektene i næringa på ein slik måte at dei skulle gje økonomisk berekraftige brukseiningar, og iii) eit *kulturmål* om å sikra reindriften si stilling i arbeidet med å ta vare på samisk kultur. Dei seinare årlege forhandlingane mellom staten og NRL har følgd opp desse hovudmåla (Landbruksdep./St.prp. 2. Grunnlaget for reindriftsforhandlingene 2000 <http://www.odin.dep.no>).

I kommunen finst elles produksjonsverksemder av ein viss storleik, slik som Venor, med ti sysselsette, og Juhls sølvsmie med atten årsverk. Venor framstiller lávvuar og anna utmarksutstyr, medan Juhls sølvsmie, saman med andre, mindre sølvsmier er viktige for reiselivssatsinga i bygda. Produksjonsverksemdene elles er små, med ein eller nokre få tilsette.

Vekst i arbeidsplassar som kravde høgare utdanning var noko av bakgrunnen for den senterfunksjonen Kautokeino fekk i Sápmi på 1990-talet. Parallelt med denne veksten skjedde ein tilbakegang i produksjonsarbeidsplassar og i primærnæringane, noko som kunne forklara den store arbeidsløysa i kommunen gjennom heile tiåret.

3.2 Plangrunnlag ved inngangen av tiåret

Kommuneplanlegging etter den nye plan- og bygningslova av 1985 kom seint i gang i Kautokeino. Ved inngangen til 1990-talet stod kommunen utan godkjende overordna arealplanar, både på kommune- og på delplannivå. Mangel på detalj- og utbyggingsplanar var like tydeleg, det same var den store mangelen på ledige bustadtomter. Dette fall saman med ein periode med vekst og tilsvarande etterspørsel etter byggjeklare bustadtomter.

Arealdelen til kommuneplanen for Kautokeino vart godkjend i 1992, kommunedelplanen for Kautokeino tettstad eitt år seinare. I dei følgjande åra vart så fleire regulerings- og bebyggelsesplanar for bustadområde godkjende og utbygde. På få år vart tomtesituasjonen radikalt endra, frå tomtemangel til eit stort utval ledige bustadtomter. Folk med byggjeplanar kunne nå setja desse ut i livet. Resultatet vart at det frå 1994 og utover mot slutten av 1990-talet vart oppført bustadhus i ei mengd som langt overskreid det talet dei lokale planstyresmaktene venta. Denne tendensen avveik sterkt frå den sentrale tendensen når det galdt bustadbygging. Bustadproduksjonen i landet var i fleire av desse åra så låg at staten gjekk inn med ekstraordinære verkemiddel for å stimulera bygging av husvære (Jørgensen og Martens 1996).

3.2.1 Eigedomstilhøve

Rundt rekna 96 prosent av arealet i Finnmark er statsgrunn, forvalta av Finnmark jordsalskontor.²⁷ Eit samla oversyn over fordelinga mellom statsgrunn og privat areal i Kautokeino kommune finst ikkje, men truleg er innslaget av privat eigedom lågare enn gjennomsnittet for fylket.

²⁷ Forvaltning av statens grunn i Finnmark er underlagt lov om statens umatrikulerte grunn i Finnmark, til dagleg kalla jordsalslova. Forvaltning etter lova blir utøvd av Finnmark jordsalskontor, som er ein del av Statskog Finnmark. Jordsalskontoret forvalta i 2000 over 12 000 festetilhøve i fylket. Kjelde: <http://www.statskog.no>



Figur 3.5 *Vekst og utbygging i Kautokeino. Skissa viser ei langstrekkt bygd der elvbreidda ikkje lenger er det viktigaste busetnadsområdet.*

Dei private eigedomane i kommunen finst i bygda Kautokeino, i Máze og i andre mindre bygder og grender. Dette er i hovudsak eldre jordbrukseigedomar, tun, bøar og beitemarker i bygdene og slåttemarker lenger unna. Dei fleste av desse private eigedomane ligg langs Kautokeinoelva, og sideelvar til denne. Folk lokaliserte gardane der det var mest lettdriven og næringsrik jord, på plassar som samstundes hadde nær tilgang til den viktigaste ferdavegen mellom bygdene, elva. Lokaliseringa på elvebreidda var ei ideell lokalisering for gardsbruka før vegar og maskinar gjorde frakting og dyrking enklare. Samstundes er denne lokaliseringa i dag til ei viss grad eit vern mot utbygging av dette arealet. Plassering i flaumsona langs elva gjer mykje av dette gamle jordbrukslandet ueigna som utbyggingsareal for bustader.

Utbygging av bustadområde i bygda Kautokeino skjedde i hovudsak på statsgrunn, både på 1990-talet og tidlegare. Fire bustadfelt og ein del mindre bustadgrupper vart planlagde og bygde ut på 1990-talet. Av dei fire største områda, som det alle vart arbeidd ut regulerings- eller bebyggelsesplanar for, låg tre på statsgrunn. Det fjerde området låg dels på statsgrunn, dels på privat grunn. Dette arealet vart kjøpt av kommunen før utbygginga tok til. Utbygging av privat grunn elles skjedde berre etter ynske frå grunneigarane, men også då i relativ liten utstrekning. Jordlova vart heller strengt handheva.

Innslaget av privat grunn innanfor områda regulerte til bustadføremål var slik sett lite. Dette var dels eit resultat av terrengtilhøve og lokalisering, men også eit resultat av ein medviten politikk. Dei lokale styresmaktene ynskte i størst muleg grad å arbeida for jordvern og å hindra inngrep i privat jordeigedom.

3.2.2 Ansvar for planarbeidet

Så godt som all arealplanlegging i Kautokeino på 1990-talet vart gjort i kommunal regi. Dette gjaldt både dei overordna arealplanane, som arealdelen til kommuneplanen og kommunedelplanar for dei største bygdene i kommunen, Kautokeino og Máze, i tillegg til detaljplanar som regulerings- og bebyggelsesplanar. Alle detaljplanane var oppfølging av overordna planar.

For alle planprosessane, både på overordna nivå og for detaljplanane, la kommunen til rette for deltaking og medverknad²⁸ frå bygdefolket. Interesse for deltaking var ikkje stor frå privatpersonar, med unntak av nokre få aktive som gjennom konkrete framlegg var med å påverka planutforminga i vesentleg grad. Dei aller fleste av tomtesøkjarane i denne perioden møtte kommunen sine planar,

²⁸ I arbeidet med arealdelen til kommuneplanen og med kommunedelplanane for Kautokeino kirkested og Máze gjennomførte kommunen ei rekkje opne møte i dei aktuelle bygdene og grendene. Her hadde folk høve til å bli kjend med dei ulike planframlegga, bli presentert for kommunen sitt syn, og å møte aktuelle politikarar. Møta var samstundes eit godt høve både for politikarane og planadministrasjonen å bli kjend med folk sine synspunkt og ynske. Det var ikkje knytt eit spesielt budsjett til gjennomføring av dei ulike planane. Dette var med og reduserte medverknaden frå folk. Medverknaden i planprosessane kan såleis i større grad kallast informasjon frå kommunen enn aktiv deltaking frå dei planen gjaldt. I heile denne perioden var eg tilsett i kommunen som arealplanleggjar og var såleis med og arrangerte desse møta.

og dermed kommunen sin tomtepolitikk først den dagen dei hadde aktuelle byggeplanar.

Kommunen stod likevel ikkje heilt åleine for arealplanarbeidet i denne perioden. Andre offentlege instansar, som Statens vegkontor og Finnmark jordsalskontor, arbeidde ut planforslag for vegar, rasteplassar og hytteområde. Private planforslag var derimot unntaket. For bustadområde vart det i det heile ikkje laga private planar. Tomtesøkjarane i Kautokeino var såleis avhengige av å søkja tomter i kommunalt planlagde og tilrettelagde bustadfelt, eller, som fleire gjorde, søkja tomt utanfor regulerte strøk.

3.2.3 Stor vekst – og så stillstand

I perioden 1990 og fram til midten av dette tiåret voks folketalet i Kautokeino, for deretter å gå tilbake. Denne veksten hadde samanheng med eit stort fødselsoverskot, ikkje med innflytting frå andre kommunar. Berre i ein kort periode i byrjinga av 1990-talet, i samband med etableringa av Samisk høgskole, hadde kommunen nettoinnflytting. Bustadbygginga var svært høg på midten av denne perioden, men viste ein klar nedgang mot slutten av tiåret.

Kautokeino skilde seg ut også i Finnmarkssamanhang. Berre nokre få andre kommunar, som Vadsø og Kirkenes, saman med vekstsenteret i vest, Alta, kunne skilta med auke i folketal og bustadbygging i delar av dette tiåret. I fleire år låg veksten i bustadbygging i Kautokeino på topp i heile fylket.

Byggestatistikk Kautokeino 1990 – 2000											
	1990	1991	1992	1993	1994	1995	1996	1997	1998	1999	2000
Antal igangsette bustader	35	25	51	30	47	54	32	26	27	7	7
Fullførte bustader	15	35	57	21	21	83	44	19	38	13	9

Figur 3.6 *Byggestatistikk 1990-2000. Kjelde: www.ssb.no*

For å forklara den lokale situasjonen som i så sterk grad skilde seg frå tendensen elles i landet, treng me sjå både på historiske og demografiske trekk i Kautokeinosamfunnet. Ved inngangen til 1990-talet sleit Kautokeino enno med eit etterslep i bustadproduksjonen. Gjennom heile 1970- og 80-talet var rett nok talet på nyoppførte hus høgt. Men berre delar av denne nyproduksjonen gjekk til nye søkjarar i bustadmarknaden, medan ein viktig del enno gjekk til fornying og utskifting av ein dårleg bustadmasse frå gjenreisingstida. Kommunen kunne også visa til eit stort innslag av overfylte hus, eller det som Husbanken definerte som ”å bu trongt,”²⁹ sjølv om mykje hadde skjedd på 1980-talet som betra bustadsituasjonen radikalt. Restar etter ein dårleg bustadsituasjon, saman med ein

²⁹ Å bu trongt, eller ”trangboddhet,” definerer Husbanken som eit husvære der det er mindre enn eitt opphaldsrom pr. person. Som opphaldsrom reknar Husbanken stove, kjøkken og soverom. Denne definisjonen blir brukt saman med Husbanken sin generelle definisjon for arealutrekning. Til saman styrer desse definisjonane maksimalt areal og planutforming. Kjelde: Lene Edvardsen, Husbanken i Hammerfest

ung og veksande folkesetnad, skapte større etterspørsel etter nye hus enn det ein kunne venta seg ut frå det samla folketalet i kommunen.

Rundt rekna 80 prosent av bustadbygginga i denne perioden gjekk føre seg i kommunesenteret. Storparten av dette innanfor regulerte område, resten etter innvilga dispensasjonar utanfor planlagde byggeområde.



Figur 3.7 Forenkla framstilling av kommunedelplanen for Kautokeino tettstad. Skissa viser utbygde område i Kautokeino på slutten av 1990-talet.

Bustadfeltene som vart lagt til rette i kommunesenteret på 1990-talet, var alle plasserte nord og nordvest i bygda, på motsett side av det som hadde vore det viktigaste utbyggingsområdet på slutten av 1980-åra. Som dei fleste bygder og byar har Kautokeino også område som er "rett" og "feil" side av bygda. Rett og feil side er ikkje noko absolutt, men avheng kva side tomteskjaren kjem frå eller har sterkast tilknytning til. Bustadutbygginga i siste halvdel av 1980-talet hadde i hovudtrekk gått føre seg på sørsida av bygda. Når nå dei nye tomtene kom på motsett side, viste det seg snart at mange tomteskjarar hadde venta på akkurat denne lokaliseringa.

I tillegg til at storparten av bustadfeltene som vart gjort byggjeklare i dette tiåret, vart utbygde, hadde kommunen også ein liten reserve frå tidlegare felt å tilby, i tillegg til ein romsleg dispensasjonspraksis som gav rom for utbygging utanfor planlagde felt. Den samla bustadbygginga for perioden 1990 til og med 1999 vart dermed på 346 bueiningar³⁰. Under arbeidet med arealdelen til kommuneplanen, som starta i 1990, la dei lokale styresmaktene til grunn eit utbyggingstal på 12-15 bustader årleg.


3.3 Arealplanlegging på vidda

Det opne viddelandskapet i Kautokeino ber i seg spor etter busetnad og kultivering, svake spor frå tidlegare tider, kraftigare og sterkare etterkvart. Spor av samisk reindrift og haustingsjordbruk er for det urøynde auge knapt leseleg i landskapet. Tydelegare og sterkare er spora etter nyare tids bruk og busetnad. Det planlagde og regulerte etterkrigssamfunnet viser seg i det bygde landskapet, først som spreidde gjenreisingshus, deretter som større bustadfelt i ei bygd som etterkvart har vorte meir og meir langstrakt.

Det bygde landskapet i Kautokeino er slik dels forma av medviten styring gjennom arealplanlegging, dels av enkeltfolk sine ynskje gjennom endringar av og dispensasjonar frå planane. Både dei lokale planstyresmaktene og tomteskjarane har sett på Kautokeino som ei *bygd* der avstand og rom mellom bustadene er noko udelt positivt. Denne haldninga har vore avgjerande for utvikling av busetnadsstrukturen, og har gjeve bygda den opne, spreidde karakteren ho har i dag.

³⁰ Talmaterialet er henta frå Statens kartverk, Fylkeskartkontoret i Finnmark: Statistikk over boligbygging i Finnmark (1990-1999). Fylkeskartkontoret arbeider ut bustadstatistikken på grunnlag av materiale innsendt av dei ulike kommunane. *Bueining* blir i denne samanhengen definert som leilegheit/hybelleilegheit, eller hybel.

3.3.1 Som øyar i eit ope landskap



Figur 3.8 *Grøntstruktur i tettstaden. Kartskissa viser gjennomgåande grøntdrag som alle har samband med utmark og vidde.*

Bygda Kautokeino ligg i ein open, vid elvedal. Store delar av dalføret er kledd med småvaksen bjørkeskog. Bjørkeskogen, saman med den spreidde busetnaden som ligg som øyar i det vide landskapet, er med og skaper inntrykket av ei ”grøn” bygd med eit ope preg. Eit hovudpoeng for arealdisponeringa i Kautokeino på 1990-talet var å ta vare på eit stort, samanhengande grøntbelte gjennom heile bygda, i tillegg til å verna det som enno ikkje er bygt ut av elvbreidda. Dette vart uttrykt i planarbeidet, både i utforminga av plankarta og i skriftleg form blant

anna i samband med kommunedelplanen for bygda som vart godkjend i 1993. Enkelte av høyringsinstansane kommenterte dette standpunktet og sette det i samband med den lokale *kulturen*:

Det norske tettstedet kalles av enkelte det norske spredtstedet. Når detaljplanbeskrivelse behandlar temaet stedsidentitet vises det til at det åpne, spredtbygde preget er noe som er særprega for Kautokeino. Dersom vi forstår framstillingen rett, kan man se på det åpne preget som noe som er kulturbetinga. Utfordringen er derfor å bevare den spredtbygde karakteren samtidig som man får til en klar avgrensing og en nødvendig fortetting. (Finnmark fylkeskommune, planavdelinga 24.05.93)³¹

Tanken bak arealdisponeringa var å gje rom for ski- og skuterløyper, gangstiar og leikeområde i eit naturleg terreng. Grøntbeltet går sør-nord gjennom heile busetnaden i bygda, med avstikkarar på tvers av dette beltet. Etablering og sikring av ei slik grøntsone har gjort det lett for folk å koma ut til elva eller vidda, utan å kryssa privat eigedom. Samstundes har det ført til at terrenget og vegetasjonen dominerer bygda i større grad enn det husa gjer. Vegetasjonen var såpass kraftig at det vart den som vart oppfatta som samanhengande, medan busetnaden i stor grad vart oppfatta som spreidde enkeltbygg.


Dette grønne preget som friluftsområdet gav, blei forsterka av utbyggings- og tomtepolitikken. Store, private tomter på ein dekar og oppover, mange av dei med belte av friområde mellom seg inne i bustadområda, var med og understreka det sterke inntrykket av vegetasjon i bustadområda.

Regulering av store privattomter vart ikkje primært gjort med bakgrunn i å gje bygda eit grønt preg. Siktemålet var først og fremst å gje dei enkelte husbyggjarane rom for å leva i tråd med den lokale tradisjonen. Å bu på ei romsleg tomt langt frå grannen var ein del av dette biletet. I tillegg kom dei praktiske behova som ulike næringstilpassingar førte med seg. Reindrift, hausting på vidda og eit stort innslag av naturalhushald kravde utstyr og arbeidsplass ved bustaden, og dermed større tomter enn det som kommuneøkonomien åleine ville tilrådd. Lokalt i Kautokeino har tomter på rundt ein dekar ikkje blitt sedde på som store, heller som eit minimum for det ei bustadtomt bør vera.

Store grøntbelte sentralt i bygda, store tomter og ein spreidd busetnad gav Kautokeino eit ope og grønt preg med plass for store private areal, for friluftsliv og leik. Dette var kvalitetar ved bygdesamfunnet dei fleste sette pris på. Ei anna følgje av dette planprinsippet var at det førte til lange avstandar mellom enkelttomtene og mellom bustadgruppene i bygda. Lange avstandar betyr auka trafikk.

Bygda Kautokeino var bygd opp om og var avhengig av bilen, både på sommars- og vinterstid, noko som kom tydeleg til syne i det lokale vegnettet. I tillegg til eit utstrekt nett av offentlege regulerte kjørevegar, skjedde det nærast ei fordobling av dei motoriserte ferdavegane vinterstid når skuterløypene blei tekne i bruk.

³¹ Uttalelsen er gjeve i samband med den offentlege høyringa av kommunedelplanen for Kautokeino tettstad.



Figur 3.9 *Skuterløypenettet i bygda. Tankegangen bak dette løypenettet var at alle skulle ha lett tilgang til vidda og elva, som var ein viktig ferdaveg vinterstid.*

I tillegg til eit godt utbygd løypenett i bygda, galdt også ein generell regel om rett til å køyra frå eige hus til næraste løype.

Løypenettet i bygda vart oppretta etter framlegg frå den lokale administrasjonen og godkjent av kommunestyret. Fylkesmannen si miljøvernavdeling og fylkeskommunen hadde heile tida innvendingar til løypenettet, og peika mellom anna på konflikten mellom dette og kommunen si målsetjing om å skapa gode og trygge oppvekstvilkår for born og ungdom. Dei overordna styresmaktene sin motstand var òg grunngeven ut frå omsyn til støy og til den generelle trafikktryggleiken.

Kautokeino var på 1990-talet og utover eit sterkt motorisert samfunn. Statistikk frå Statens vegvesen viste at pr. 31.12.2001 disponerte dei rundt 3000 innbyggjarane i kommunen til saman 4109 kjøretøy. Av dette var 1094 personbilar og 1128 snøskuterar. Resten var lastebilar, traktorar, motorsyklar og mopedar.

3.3.2 Kommunedelplan og detaljplanar

Kautokeino kommune godkjende i 1993 arealdelen for tettstaden Kautokeino. Denne planen avklara lokalisering av ei rekkje nye utbyggingsområde og var dermed det grunnlaget kommunen trong for å gå vidare med detaljplanlegging og utbygging av bustadområde.

Siktemålet med kommunedelplanen var å avklara overordna arealspørsmål og å gje grunnlag for vidare detaljplanlegging. Lokalisering og omfang av nye bustadområde var her eit viktig spørsmål, likeins lokalisering av ulike sentrumsfunksjonar og sikring av friområde i og i nærleiken av busetnaden i bygda.

Arealplanlegginga i kommunen skjedde etter nasjonal standard. Plan- og bygningslova, saman med anna lovverk som regulerer arealbruk og ressursutnytting lokalt var viktige styringsreiskapar.

Kommunedelplanen for Kautokeino var ein førstegenerasjons-plan, laga med sikte på rask utbygging. Både arealdisponeringa og planføresegnene var prega av dette. Arealdisponeringa var svært grovmaska og føresegnene få og romslege. Dette gav tilsvarande større rom for lokal tilpassing ved utforming av detaljplanane som følgde opp dei overordna arealplanane.

3.3.3 Utbyggingsplanar på 1990-talet


I kommunedelplanen for Kautokeino var det sett av ei rekkje utbyggingsområde, både for bustader åleine, og for bustader i kombinasjon med andre føremål. Kommunedelplanen viste også prioritert rekkefølge for utbygging av desse områda. Mest alle bustadområda som var prioritert utbygde på 1990-talet, låg sentralt til i bygda. I grunngevinga for planutforminga vart dette forklart med ynske om å redusera trafikken lokalt i bygda. Ei anna viktig årsak var å skaffa tomtetilbod i ein del av bygda som lenge hadde vore utan ledige bustadtomter.

Reguleringsplanane for dei nye bustadområda vart utforma dels etter kjende planprinsipp, etter sentrale retningsliner gjevne i lovverk og rettleiarar frå styresmaktene – men òg med visse lokale tilpassingar. Omsyn til eksisterande terreng og til bygda sitt særpreg var viktig. Utbyggingsplanane følgde opp dei overordna signala i kommunedelplanen med å ta vare på viktige høgdedrag, særtrekk i landskapet og vegetasjonen. Ei økonomisk og effektiv vegføring internt i bustadområda var elles styrande for den endelege utforminga av byggefelta. Vegane vart i hovudtrekk lagde parallelt med terrengkotane for slik å unngå store sår i landskapet. Byggegrunnen var for det meste sandhaldig jord, og såleis ein grunn der det ikkje var trong for sprenging eller større inngrep. Men stor telefare og dermed djupe grøfter for vatn og avløp førte til breie leidningstraséar og stygge sår i landskapet.

Reguleringsføresegnene knytte til dei ulike planområda var romslege og gav få detaljerte tilvisingar for plassering og utforming av bustadene. I enkelte planområde vart likevel dette gjort, mellom anna ved å krevja detaljert tomteplan før utbygging. Men her gjorde ikkje kommunen jobben med dette, og følgde dermed ikkje opp eigne planvedtak ved utbygging av områda.

3.3.4 Eit variert tomtetilbod

Eit utsnitt av reguleringsplanar for dei siste utbygde bustadfelta i Kautokeino på 1990-talet gjev eit godt bilete av arealplanlegging i ei bygd med ein variert folkesetnad, og næringsstruktur med ei blanding av tradisjonelle primærnæringar og nye tenesteytande yrke. I alle dei tre største bustadfelta som vart bygde ut i denne perioden, vart det regulert inn ulike typar bustadtomter, i kombinasjon med andre byggeføremål. I to av desse områda vart det regulert inn tomter for kombinasjon av bustad og reindrift, i det siste bustadtomter kombinert med nærings- eller forretningsføremål, i tillegg til flateregulerte område der tomtesøkjjarane til ei viss grad kunne tilpassa området etter eigne ynske.



Figur 3.10 Reguleringsplan for Nuortamanmaras

Nuortamanmaras vart planlagd for bustadbygging. Tomtene var ei blanding av ordinære bustadtomter på rundt ein dekar og større tomter som gav rom for kombinasjon av bustad og næring, i dette tilfellet reindrift.

Bustadfeltene som vart bygde ut på 1990-talet, var av ulike storleik, utforma som små tomtefordelings- eller bebyggelsesplanar med fire til fem tomter, til større felt opp mot 40 bustadtomter. Tomtefordelingsplanane viste større variasjon enn tidlegare. Standardtomta frå ein til ein og ein halv dekar var ikkje lenger einrådande, men

var nå eitt av fleire alternativ. Fordelinga av tomter i dei to største områda, Gáhkko orru og Allaeanan, som vart bygde ut i denne perioden viser tydeleg viljen til tilpassing. I det første av desse områda var bortimot 60 prosent av bustadarealet brukt til tilpassa tomter, i det siste området var det tilsvarande talet vel 40 prosent. Av det samla arealet kommunen la til rette for bustadbygging på 1990-talet var i overkant av 50 prosent brukt til tilpassa tomter.³²

Standardtomtene låg ofte på rekkje langs interne kjørevegar, berre avbrotne av ein leikeplass, ein gangsti eller opne passasjar til eit friområde, medan dei tilpassa tomtene var plasserte i mindre grupper i utkanten av bustadfeltet, nært viktige kjørevegar eller med direkte tilgang til større friområde. Alle områda som vart bygde ut i dette tiåret, hadde innslag av alle desse tomtetypane.

Tilpassa næringstomter

Dei tilpassa tomtene var av ulik storleik, alt etter kva tilpassingane galdt. Tilpassingane av tomtene var av ulikt slag, men tre typar gjekk igjen. Dei to første av desse var tilpassing mellom bustad og næring. Næringsverksemda kunne vera mindre forretningsdrift, handverk eller ulike former for entreprenørverksemdar, i tillegg til reindrift. Den tredje forma for tilpassing vart gjort ved å flateregulera avgrensa areal i bustadfeltet. Desse områda gav så rom for til dømes utbygging av slektsgrupper eller andre former for tilpassa bustadtomter.

I dei overordna arealplanane for i Kautokeino vart tradisjonen med å bu og arbeida på same plassen diskutert, og understreka som viktig, som den elles har vore i Bygde-Noreg. Dette prinsippet vart ført vidare i alle utbyggingsplanane på 1990-talet.


Reindriftstomter

Dei såkalla reindriftstomtene som fanst i fleire av bustadområda frå denne perioden, kan kallast ein lokal variant av tilpassing mellom bustad og næring. Dette var tomter som var langt større enn standard bustadtomter, opp mot 3-4 dekar. I tillegg til større areal var det også teke særskilt omsyn til plassering av tomtene i bustadområdet. Tomtene låg i ytterkanten av busetnaden, med lett tilgang til vidda. Poenget var å skaffa tilkomst med skuter eller andre kjøretøy mellom bustaden og beiteområdet på vidda utan å uroa naboane i for stor grad. Til desse tomtene var det knytt krav om disponering av arealet, for slik å sikra plass til neste generasjon.

Å regulera inn tilpassa tomter for reindrifta var ikkje nytt i det lokale arealplanarbeidet i Kautokeino. Også i tidlegare planområde hadde denne gruppa av bygdefolket fått tilpassa tomter etter eigne behov. Det nye på 1990-talet var

³² Oversynet byggjer på ein gjennomgang av følgjande arealplanar: reguleringsplan for Gáhkko orru, godkjend 29.06.93, bebyggelsesplan for Davviluohkká, godkjend 05.07.94, tomtedelingsplanar for områda Ájastealli (12.07.94), Beazedievvá nord (01.02.94) og Sökkisletta (1995), bebyggelsesplan for Nuortamanmaras, godkjend 24.10.95 og bebyggelsesplan for Allaeanan, godkjend 22.06.98. Dette utvalet representerer berre ein del av det samla talet av regulerings- og bebyggelsesplanar som vart godkjende i tiåret 1990-2000. Årsaka til denne avgrensinga er at dei nemnde planane inneheld storparten av regulerte bustadtomter i bygda i denne perioden, medan dei øvrige planane berre i liten grad inneheld areal til bustadføremål.

heller det at dette vart systematisert og klårare uttrykt enn før, og at det var eit reelt tilbod til dei fleste søkjarane som tilhørde næringa. Tidlegare kunne det sjå ut som mange innan reindriftsnæringa vart plasserte på standardtomter i bustadfelt, uansett om dei ynskte det eller ikkje. Tilbodet på tilpassa tomter til deira føremål var i tal ikkje for lite, men desse tomtene var gjerne ikkje lokaliserte der folk ynskte å busetja seg.



Figur 3.11 *Illustrasjonsplan over Nuortamanmaras bustadområde.*

Tomtene er tosidig lokaliserte langs ein blindveg, med standardtomtene nærast avkjørselen og reindriftstomtene lengst inne i feltet. For reindriftstomtene er første generasjons utbygging vist. I tillegg til bustadtomtene, er det regulert inn ein romsleg nærleikeplass og ein felles hundegard. Området vart godkjend i 1995, og bygd ut i dei følgjande åra - med unntak av fellesområda.

Slektstun

Den tredje gruppa av tilpassa tomter var flateregulerte område med krav om vidare detaljplan før utbygging. Desse områda opna for at familiegrupper kunne søkja samla om tildeling av alle tomtene. Dette var svaret på eit anna viktig ynske lokalt i Kautokeino, ynsket om å velja sine egne naboar og å bu i nærleiken av slekta.

Bustadtomtene innanfor dei regulerte områda utgjorde storparten av tomtene som vart utbygde i tiåret 1990-2000. Men i tillegg til dette gav kommunen løyve til frådelling av tomter og bygging av bustader utanfor det arealet som var planlagt til byggeområde. Desse tildelingane skjedde dels ved dispensasjon frå vedtekne planar og dels ved bygging innanfor område som i overordna planar var avsette som område med positiv haldning til enkeltfrådelling.³³ Grunngevinga for å dispensera frå egne planar var omsynet til søkjarane. Søkjarane hadde tilknytning til plassen, var oppvaksne der eller hadde nær familie der, eller det kunne vera fordi den søkte tomta var spesielt eigna til det føremålet husbyggjaren søkte om.

Desse tomtene låg såleis spreidde, gjerne i yttergrensa av bygda eller i tilknytning til smågrendene i nærleiken av bygda. Kommunen hadde, med ein slik dispensasjonspraksis, lita overordna styring med desse tomtene. I løpet av dei fem første åra etter godkjenning av arealdelen til kommuneplanen gav kommunen dispensasjon frå planen så ofte og i så stort omfang at fylkesmannen fann grunn til å reagere og be kommunen laga retningslinjer for vidare dispensasjons-handsaming.³⁴

Lokalisering av tomtene som vart frådelt etter dispensasjonshandsaming, vart til ei viss grad styrd av søknadene som kom inn. Det same vart omfanget av tomtene. Sidan kommunen heller ikkje stilte krav til disponering av tomtearealet eller til utforming av husa, vart både tekniske og estetiske vurderingar overlatne til husbyggjarane åleine.

³³ I arealdelen til kommuneplanen frå 1992 var det sett av ei rekkje såkalla "JA-soner" innanfor område planlagde for landbruk-, natur- og friluftsmål (LNF-område). I utgangspunktet var bygging innanfor LNF-områda ikkje tillate (med unntak av bygging i tilknytning til landbruk), men slik plan- og bygningslova var utforma då, kunne kommunen gje føresegnar om lokalisering og utbygging av spreidd bustadbygging, erverv- og fritidsbygging innanfor dette området. Med heimel i § 20-4 i plan- og bygningslova vart LNF-områda så delte inn i tre soner. Desse sonene signaliserte ulike haldningar til spreidd utbygging. I dei såkalla "JA-sonene," eller sone A på plankartet, kunne spreidd bustadbygging tillatast, etter at nokre få, sentrale sektorstyresmakter hadde uttalt seg til søknadene. Kjelde: *Kommuneplanens arealdel, Utfyllende bestemmelser til arealdelen*, godkjend 28.10.1992.

³⁴ Frå 1993 til 1997 vart det handsama vel 100 ulike arealplansaker i planutvalet og teknisk styre i Kautokeino. Dei fleste av desse var dispensasjonssaker. Kommunen fann det likevel vanskeleg å laga retningslinjer for handsaming av slike saker, men foreslo i den reviderte arealdelen at alle dispensasjonssøknader skulle handsamast av det øvste politiske organet i kommunen, kommunestyret, og ikkje delegerast nedover i systemet slik det tidlegare hadde vore gjort. Tankegangen var at kommunestyret slik ville få eit samla oversyn over arealdisponeringa i kommunen.

Bustadfelt og grenseliner

Bustadområda i Kautokeino var i liten grad prega av gjerde eller andre markeringar av dei private tomtegrensene. Dette var særleg tydeleg i dei eldre bustadfelta frå tidleg på 1970-talet. Det kunne synast som om ei endring var på gang på 1990-talet, med sterkare markering av eiga tomt i dei nye felta, men også her var det vanleg å la vera å setja opp gjerde mot naboane. Det store innslaget av offentleg grunn i heile bygda var truleg ei av årsakene til dette. Ei anna forklaring kan vera den korte tradisjonen med å bu fast og eiga jord.

Kva som var privat festetomt og kva som var staten si matrikulerte jord, var avgjerande for plassering av husa, men mindre viktig når det galdt dagleg bruk av uterommet. Å setja opp gjerde mot den offentlege grunnen førte i mange høve til at bruken av dette fellesområdet vart vanskelegare.

Den same praktiske haldninga til bruks- og eigedomsretten kunne lesast i bruken av gangstiar inne i tomteområda. Stiane låg gjerne der dei gjekk før bustadene kom, på tvers av tomteområde og privat eigedom. Den praktiske plasseringa avgjorde, eigedomsretten var i mindre grad styrande.

3.3.5 Med rett til tilpassa tomt

Standardtomta i Kautokeino på 1990-talet var om lag ein dekar. Tomta låg sentralt plassert i bygda, men likevel med god tilgang til friområde. Med ein god byggegrunn var ho i tillegg enkel å byggja ut. På trass av desse kvalitetane var etterspørselen etter tilpassa tomter stor, og større enn tilbodet var. Slike tilpassa tomter var avgrensa til eit utval av søkjarane som tilfredsstilte spesielle krav. Tilknytning til reindrift eller anna spesiell næring, slekt og oppvekstplass var dei viktigaste grunngevingane for å få tildelt ei tilpassa tomt. Det var særleg det første av desse kriteria, næringstilknytning, som gav høve til ei større tomt, medan dei andre heller gav rom for ei spesiell *lokalisering* i bygda.

Når etterspørselen etter tilpassa tomter var så vidt stor, var det fordi desse tomtene som oftast var eit mykje betre tilbod enn ei standardtomt – utan at dei kosta meir for tomtesøkjarane. Fleire av dei tilpassa tomtene var to til tre gonger større i utstrekning enn standardtomtene, og dei låg gjerne meir skjerna i høve til anna busetnad enn det dei vanlege tomtene gjorde.

Dei samla tomtekostnadene for husbyggjaren i Kautokeino på 1990-talet var låge i høve til andre kommunar. Prisen på grunnen var uinteressant, dette fordi alle bustadtomtene kommunen planla og bygde ut på 1990-talet, var bygsletomter på statsgrunn. Det husbyggjarane måtte dekkja av kostnader, var dei kommunale tilknytingsavgiftene for veg, vatn og avløp. I dette tiåret låg desse på mellom seksti og sekstifem tusen kroner for kvar tomt, uavhengig av storleiken på tomta.³⁵ I og med at kommunen rekna tilknytingsavgift pr. tomt, ikkje ut frå arealet, vart storleiken på tomta dermed ikkje noko som sette grense for den enkelte husbyggjaren.

³⁵ Det som kunne spela inn ved vurdering av tomtestorleiken, var den årlege festeavgifta til staten. Denne auka med auka areal.

Når kostnadsspørsmålet ikkje var avgjerande for valet mellom standardtomt eller ei større tomt, vart kommunen sine tildelingskriterium for dei tilpassa tomtene viktige. Å høyra til innan reindrifta, eller driva ulike former for næring som føresette lokalisering i samband med bustaden, vart eit fortrinn i konkurransen om den beste tomta.

Også tomtene som gav rom for næring og bustad, var etterspurde, men kanskje ikkje i same grad som reindriftstomtene. Årsaka til det kan vera at sjølv om dette var tomter som var klart større enn ei standard bustadtomt, var dei gjerne ikkje så store som reindriftstomtene. Dei låg dessutan ofte sentralt i bustadområda, gjerne ut mot viktige kjørevegar. Mange som søkte tilpassa tomter, ynskte plassering i ytterkanten av busetnaden, gjerne med friområde som næraste nabo.

I kommunen sitt arbeid med å leggja til rette eit tilpassa tomtetilbod for reindriftsutøvarane var kriteria for tildeling av desse tomtene eit viktig spørsmål. I og med at definisjonen på reindriftsutøvar var vid og omfatta folk med svært ulik tilknytning til næringa, fann kommunen grunn til å ta inn eit krav om behovsprøving for å vera med i konkurransen om desse tomtene. I reguleringsføresegnene til eit av dei aktuelle planområda med tilpassa reindriftstomter var dette kravet formulert slik:

Tomtene (....) skal tildeles aktive reindriftssamer som kan vise til et spesielt behov for større tomter. Ved bygging her tillates kun halve tomta bebygd av første generasjons beboere. Situasjonsplanen skal ved byggemelding av bolig 1, vise mulighet for fradeling av en ny boligtomt på et senere tidspunkt, herunder vise atkomstmuligheter for tomt nummer 2. (Bestemmelser i tilknytning til bebyggelsesplan for området Allaeanan, Guovdageainnu suohkan/Kautokeino kommune, datert 08.12.97)

Liknande krav vart stilte også i samband med tilsvarande tomter i andre område bygde ut i same tiåret. Kommunen planla, og tildelte alle bustadtomtene på statsgrunn, men avgjorde ikkje kven som kunne reknast som ”aktiv reindriftssame.” For å avgjera dette spørsmålet gjekk kommunen til den lokale fagstyresmakta, reindriftskontoret for Vest-Finnmark, og bad om hjelp til å definera dei ulike kategoriane. Resultatet av dette vart i praksis inga avgrensing. Reindriftskontoret stilte krav om at søkjarar til slike tomter skulle stå i reindriftsmeldinga. Når gruppa som var registrert i denne matrikkelen, så omfatta alle som hadde ”tilknytning ” til reindrifta, vart kravet til aktivitet og spesielle behov, slik det vart formulert i planføresegnene, oversett. Følgjene av denne avgjerdsla vart at mange av dei tilpassa reindriftstomtene vart tildelte familiar der begge vaksne hadde fulltidsarbeid og inntekt frå heilt andre yrke enn reindrifta, men der ein eller begge hadde den nødvendige ”tilknytninga” til reindriftsnæringa. Lokalt i bygda skapte dette tidvis diskusjon om næringstilknytning og særrettar for ein avgrensa del av folkesetnaden.

3.4 Arkitektonisk kvalitet i bustadfelta frå 1990-talet

Gjennom arealplanlegging styrde kommunen utforminga av bustadområda i store trekk. Utforminga av dei enkelte tomtene, og ikkje minst bustadene på tomtene,

hadde kommunen i praksis mykje mindre styring med. Få og lite detaljerte reguleringsføresegner og ei romsleg praktisering av desse, saman med manglande vilje til detaljstyring, særleg i estetiske spørsmål, gjorde at viktige vurderingar vart overlatne til husbyggjarane og husleverandørane åleine.

3.4.1 Med ansvar for rettleiing

Dei kommunale bygningsstyresmaktene saman med den viktigaste finansieringskjelda, Husbanken, og husleverandørane var dei tre partane som hadde mest å seia når det gjaldt bustadbygginga i Kautokeino på 1990-talet. På sett og vis såg det ut som desse tre partane delte ansvaret seg i mellom. Dei vart såleis sitjande med kvar sin del av avgjerdslene i byggeprosessen, utan at nokon av dei hadde det fulle oversynet.

Synet på kommunen si rolle i diskusjonen om arkitektur, arealdisponering og estetikk kan til dels lesast ut frå planvedtak og reguleringsføresegner, dels frå sakshandsaming av både planar og enkeltsaker. Kautokeino kommune var aktiv, særleg når det gjaldt å arbeida ut overordna planar på 1990-talet. I desse planane vart også estetiske spørsmål diskuterte, til dømes i samband med analysane av dei to tettstadene i kommunen, Kautokeino og Máze. Men desse analysane var på eit overordna nivå, og hadde eit for generelt preg for å vera effektive styringsreiskap. At dei ikkje eigna seg som styringsreiskapar på alle område i den daglege sakshandsaminga, skulle snart syna seg i praksis. Manglane kom tydelegast til syne i estetiske spørsmål, til dømes når det gjaldt tilhøvet mellom bygg og landskap. Kommunen tok denne kritikken på alvor og gjorde i seinare planar freistnader på å gje visse overordna reglar for styring av den private husbygginga. Krav om stikningsplan før utbygging av enkelttomtene i bustadområdet, eller krav om tomteplanar og gruppevis utbygging var praktiske eksempel på slike styringsverkemiddel. I planføresegnene var det stilt detaljerte krav til utforming av desse planane, der mellom anna disponering av uterommet, terrengforming og arkitektonisk form skulle vurderast.

Kravet om ein samla stikningsplan var eit krav kommunen stilte til seg sjølv, medan krav til situasjonsplan for enkelttomter eller for tomtegrupper var stilt til dei enkelte husbyggjarane. På trass av desse beskjedne forsøka på styring, viste det seg vanskeleg å setja desse krava ut i livet. Kommunen sjølv var den første som braut føresegnene, og gav løyve til privatpersonar om å starta bygging utan at dei overordna, estetiske vurderingane vart gjorde. Med å oversjå eigne planvedtak på denne måten, gjorde kommunen det samstundes vanskeleg å stilla krav til dei andre deltakarane i plan- og byggeprosessen.

Kommunen hadde i tillegg liten eller ingen praksis med rettleiing i estetiske spørsmål og såg gjerne ikkje fullt ut kva ansvar dei hadde på dette området.

Som den viktigaste bustadfinansieringsbanken, og mest einerådande i Kautokeino kommune, møtte Husbanken dei aller fleste husbyggjarane på 1990-talet. I og med at dei fleste husa som vart bygde, var kataloghus som var godkjende på førehand, dreia deira sakshandsaming ved enkeltøknader seg mest om arealreglar og økonomiske spørsmål. Husbanken gav elles ut skriftlege rettleiarar både med

tanke på den private husbyggjaren og for kommunen sitt planarbeid. Gjennom økonomiske verkemiddel signaliserte dei ein politikk som viste at dei tok ansvar for heile plan- og byggeprosessen, frå overordna arealplan til det enkelte huset. Husbanken kom såleis inn som høyringspart ved kommunal tomteplanlegging og fekk dermed betre høve til påverknad enn dei før hadde hatt.

I 1999 overtok dei ulike avdelingskontora til Husbanken rundt om i landet oppgåvene til det tidlegare statlege byggjeskikkutvalet og skulle nå vera pådrivar i arbeidet med styrkja og utvikla ”nasjonal og lokal bevisstgjøring” på området. Avdelingskontoret i Hammerfest fekk dermed ansvar for dette arbeidet i dei nordlegaste fylka. Arbeidet med å gjera synleg og vidareutvikla den lokale bygge- og buskikken i samiske område var ein del av dette ansvaret.

I og med at dette arbeidet ikkje kom i gang før på slutten 1990-talet, hadde det såleis lite å seia for den rettleiinga Husbanken gav overfor kommunane i det samiske området den perioden som dette arbeidet omfattar.

3.4.2 Personleg smak i det offentlege rommet

Enkeltvis framstår 1990-tals bustadene i Kautokeino som hus av høgare kvalitet og som meir gjennomarbeidde enn det som vart bygt til dømes tjuve år tidlegare. Dette galdt særleg dei tekniske og funksjonelle sidene ved huset. Arkitektonisk kvalitet syntest derimot å vera lagd mindre vekt på. Det meste som vart bygt i dette tiåret, var kataloghus utan spesiell lokal forankring og i praksis med få tilpassingar til dei enkelte husbyggjarane sine egne behov. Husa var i ulik ”stil,” med formelement frå ulike periodar og kulturar blanda saman i eitt og same bygg. Lite eller ingenting var gjort for å tilpassa dei nye og store husa til den enkle, beskjedne byggeskikken frå den tidlege etterkrigstida eller til å finna fram til eit eige lokalt svar som kunne kallast ein samisk byggeskikk. Tilpassingane som skjedde, var tilpassingar til ei *tid* og eit regelverk utforma av Husbanken. Husfirma fanga opp straumdrag i tida, plukka ut slåande element og innordna dette til Husbanken sitt regelverk.

Når desse ulike hustypene vart kombinerte med få styrande reguleringsføresegner og lite blick for estetisk rettleiing frå kommunen, kunne resultatet tidvis verka kaotisk. Hovudinntrykket av det bygde landskapet frå 1990-talet er manglande omsorg for det felles uterommet. Årsakene til dette kan vera fleire. Kommunen, som planstyresmakt har heilt klårt eit ansvar både gjennom planutforming og ved seinare godkjenning av byggesaker. Husleverandørane, som i dei fleste tilfella har vore såkalla ferdighusleverandørar, har eit ansvar for å følgja opp dei gjevne føresegnene og retningslinene. Dei private husbyggjarane kan heller ikkje fri seg frå plikta til å tilpassa og innordna sine egne ynske til fellesskapet.

Tradisjonen og forståing for at kommunen eller andre offentlege styresmakter skulle gripa inn med streng regulering i bustadbygginga, var lite innarbeidd. At dei estetiske sidene ved huset var ei privatsak, syntest å vera ei sterkt utbreidd haldning både hjå husbyggjarane og lokalpolitikarane. Det same synet var gjerne også forklaringa på kvifor kommunen ikkje hadde laga estetiske retningsliner for

handsaming av byggesaker og i svært liten grad gav slik rettleiing i samband med byggesakshandsaminga.

3.5 Oppsummering

Bygda Kautokeino opplevde stor vekst innan bustadbygginga i første halvdel av 1990-talet. Denne veksten skjedde som ei utviding av bygda i fleire retningar, ikkje som ei fortetting innanfor eksisterande grenser. Busetnaden hadde framleis ein open karakter, og låg spreidd utover i den vide elvedalen. Det grøne preget var såleis framleis sterkt. Bakgrunnen for denne utbyggingsmåten var dels eit ynskje om å ta vare på det opphavlege landskapet, men også eit ynskje om å gje folk tilgang til store tomter og lett tilgang til vidda. Dette vart gjort ved å setja av romsleg med friområde som leia frå bustadområda ut til utmarka.

Planlegging og tilrettelegging for bustadbygginga i Kautokeino var på 1990-talet eit reint kommunalt ansvar. Det private ansvaret avgrensa seg til å gjelda arbeidet på eiga tomt og med eige hus. I større grad enn tidlegare såg kommunen at ulike grupper av tomtesøkjjarar hadde ulike behov, og planla etter dette. Tilbodet på ulike tilpassa tomter var like stort som tilbodet på standardtomter. Eit planverk med lite detaljerte føresegner og ein romsleg dispensasjonspraksis gav stort spelerom for den private husbyggjaren.

Frå Husbanken kom det også nye signal. Overgangen frå arealstyring og detaljføresegner til basislån og premiering for ulike miljøkvalitetar viste banken si aukande interesse for heile bustadmiljøet, ikkje berre for det enkelte huset. Diskusjonen om samisk buform og buskikk var ein del av dette biletet.

Bak alle desse endringane låg ei endring i synet på det offentlege si rolle i bustadplanlegginga. Både endringane i lovverket som regulerte planlegginga og bustadbygginga, kommunen si praktisering av desse lovene og Husbanken sine retningslinjer viste ein veg bort frå detaljstyring og til meir overordna rammer som gav rom for større tilpassing til ein samansett søkjarmasse.

Tilboda frå husfirma var av høg teknisk kvalitet og viste større variasjon enn på 1970-talet. På trass av enkelte innslag av meir påkosta hus med ulike takformer, karnapp og verandaer på ulike nivå, var det samla biletet av det bygde 1990-tals landskapet i Kautokeino heller nøktern.

Ytre og overflatisk sett representerte busetnaden som vart oppført i Kautokeino på 1990-talet eit kjend ideal, idealet om ein småborgarleg villabusetnad. Husbanken følgde delvis opp dette. Gjennom tillegglåna sine signaliserte dei eit ynske om ein miljømessig betre bustad, men premierte samstundes ein typisk bustadfelt- eller ”forstad-bustad” der hovudsiktemålet var å leggja rammer for opphald, kvile og sosialt samver – i mindre grad for arbeid og produksjon.

4 Folkearkitektur og ferdighus – teori og tradisjon

*Nytt,
av kvit gran
den gong huset –
levande med mjuk kvae,
talar gjennom natta,
kring bjelkar og brett smyg
draumane, på mjuke venger
under granene, ljodlaust,
flaug uglene.*

Frå diktet ”Trehus” av Johs. Bobrowski (1984).

I dette kapittelet vil eg gjera greie for det teoretiske grunnlaget for studie av det bygde landskapet i samiske strøk på 1990-talet. Framstillinga er delt i tre hovudemne. Den første delen, som utgjer hovuddelen i kapittelet, er ein kort diskusjon om arkitektur som forskingsemne og om framveksten og definisjonen av fagfeltet folkearkitektur. Oversynet er nødvendig for å setja emnet for avhandlinga inn i eit større perspektiv.

Studie av folkearkitektur høyrer inn under det tverrfaglege forskingsfeltet ”Environment and Behavior Studies,” eller det som på norsk har blitt kalla forskning på *relasjonar mellom menneske og bygde omgjevnader*, forkorta til RMB (Støa 1995:21). Forskingsfeltet voks fram i USA på 1960-talet, og omfatta antropologi, geografi, psykologi, sosiologi, arkitektur og andre fag. Felles for denne nye forskingsretninga var ei kritisk haldning til den tradisjonelt strenge grensedraginga mellom ulike fagtradisjonar. Forskarar som arbeidde innanfor denne nye retninga var opptekne av å sjå samanhengen mellom fysisk miljø og individuell åtferd, sosiale spelereglar og kulturelle verdiar (Werne 1987, Rapoport 1982/1990). Drøfting av nemningsbruk er ein viktig del av dette oversynet, slik det til dømes går fram seinare i dette kapittelet (sjå mellom anna punkt 4.1.2).

I framhaldet av dette oversynet gjev eg så eit kort oversyn over teoriar om etnisitet og etniske grensemarkørar. Emnet har interesse fordi det i samiske område har vorte trekt fram i samband med diskusjonen om grensedraging mellom eigen og nabokulturane sin arkitektur. Også på 1990-talet var dette ein del av diskusjonen om samisk byggeskikk.

I den andre delen av kapittelet presenterer eg nokre sentrale døme på forskingsarbeid i denne tradisjonen som i engelskspråkleg faglitteratur blir kalla *vernacular architecture*. Få av dei som har skriva innanfor fagemnet, har tilført

faget ny teori. Dei fleste arbeida er studiar av enkelttilfelle. Som dette har dei likevel stor verdi generelt, og i denne framstillinga spesielt for å sjå parallellar til samiske tilhøve. Arbeida eg trekkjer fram her, er frå ulike kulturkrinsar, med eksempel frå nomadisk tradisjon, urfolk i Alaska, ny masseprodusert kvardagsarkitektur i USA og frå norsk folkearkitektur i eldre og nyare tid. Ein kort diskusjonen om samisk bustadforming avsluttar denne delen av framstillinga.

I den tredje delen av kapittelet diskuterer eg grensedraginga mellom dagens bygde landskap og det som tradisjonelt blir rekna å tilhøyra folkearkitekturen i dei ulike tradisjonane innanfor fagfeltet.

4.1 Folkearkitektur som forskningsemne

Den svenske arkitekturteoretikaren Finn Werne (1987) skisserer i boka si ”Den osynliga arkitekturen” tre ulike tradisjonar innan vestlege arkitekturteoriar. Dei eldste arkitekturteoriane, seier Werne, er alle kjenneteikna av ein nesten påfallande statisk tilnæringsmåte. Bygg og rom blir sett på som meir eller mindre permanente ytringar. Teoriane innan denne tradisjonen har som regel hatt til siktemål å gje verktøy for å beskriva og tolka enkeltbygg. Det viktige blir tolkaren sitt møte med og oppleving av bygget. Slik blir tidsdimensjonen og den historiske samanhengen bygget går inn i, mest fråverande. Teoriar som dette kan vera gode verktøy for arkitektar og byggherrar som ynskjer å kontrollera eller forutsjå visse effektar som dei strevar etter å oppnå i bygg som *skal* oppførast, skriv Werne vidare.

På slutten av 1700-talet og utover på 1800-talet voks det fram nye arkitekturteoriar som først og fremst ville forstå og forklara det som *var* bygt. Interesse var som regel fokusert på framståande arkitektur og arkitektar, på avantgarden sine problemstillingar. Det var den søkjande, fornyande og kunstnarleg utforma arkitekturen som var i sentrum for interessa her. Også her var interessa først og fremst vend mot bygget, for å tolka og datera dette som eit frittstående objekt. Analysereiskapane var i stor grad henta frå teoriar om estetikk og kunst. Store delar av den kunstvitskaplege skulen kan plasserast innanfor denne tradisjonen, frå Wøfflin på 1800-talet til Tafuri på 1980-talet (Werne 1987).

Vil me forstå meisteren sitt verk, kan me koma ein bit på vegen gjennom å lesa og tilpassa dei kunstvitskaplege teoriane, skriv Werne. Vil me derimot forstå vår eigen situasjon i den røyndomen me sjølve lever i akkurat nå, må me gå andre vegar, og ta i bruk teoriar som har til siktemål å forstå og forklara relasjonane mellom mennesket og dei bygde omgjevnadene. Sentrale spørsmål her er korleis og kvifor arkitekturen får verdi eller noko å seia for menneska i kvardagslege samanhengar. Til skilnad frå dei andre tradisjonane for tolking av arkitektur, er siktemålet her ikkje berre å *forstå*. Perspektivet er dynamisk, der innsikt i og forståing av arkitekturen også kan tena som utgangspunkt for *endring*. Werne plasserer ei rekkje forskarar som Heidegger, Satre, Rapoport, Habermas, og Österberg inn i denne tradisjonen. Blant desse er Amos Rapoport den einaste med bakgrunn frå arkitekturfaget. Arkitekturteoriane står altså ikkje åleine her, men låner ofte analysemodellar frå andre fag, som sosiologi, etnologi sosialantropologi

eller historie. Den nære slektskapen mellom arkitekturfaget og desse andre faga gjer det naturleg å låna teoretisk grunnlag og metode frå desse andre faga, slik mellom anna Hage (1999) har funne nyttig.

I boka "Den osynliga arkitekturen" presenterer Werne (1987) vidare ei rekkje teoriar om tilhøvet mellom mennesket og bygde omgjevnader, der også tidsdimensjonen har ein viktig plass. Presentasjonen er til dels usystematisk, men gjev likevel eit godt oversyn over mangfaldet og breidda innan fagfeltet. Werne deler teoriane inn i fire ulike kategoriar. 1) teoriar som fokuserer på samanhengen mellom arkitektur og livsform, 2) teoriar som legg vekt på dei meiningsberande sidene ved arkitekturen og ser arkitekturen som uttrykk for ein kultur som kommuniserer ulike verdiar og haldningar 3) teoriar som gjerne tek utgangspunkt i psykologiske tankegang, og legg vekt på tilhøvet mellom individ og arkitektur. Den fjerde og siste av desse kategoriane legg vekt på samspelet mellom arkitektur og sosiale, økonomiske og politiske tilhøve innan det samfunnet som arkitekturen er ein del av.

4.1.1 Eit nytt fagfelt veks fram

Hus har mange og vidt forskjellige oppgåver. Dei skal vera ly for ver og vind, gje rom for arbeid og kvile og vera symbol for mening, trygghet og tilhøyrighet i tilværet. Arkitekturen *speglar* kulturen, eller livsforma, seier Rapoport (1969). Arkitekturen viser såleis på ein handfast og klår måte folk sine ulike livsvilkår og kvardag:

The folk tradition, on the other hand, is the direct and unself-conscious translation into physical form of a culture, its need and values – as well as the desires, dreams, and passions of a people. It is the world view writ small, the "ideal" environment of a people expressed in buildings and settlements, with no designer, artist or architect with an axe to grind (although to what extent the designer is really a form giver is a moot point). The folk tradition is much more closely related to the culture of the majority and life as it really lived than is the grand design tradition, which represent the culture of the elite. (Rapoport 1969:2).

Framveksten av nye arkitekturteoriar og eit nytt syn på arkitekturen skjedde ikkje uavhengig av andre endringar i samfunnet. Den generelle politiske radikaliseringa i Vest-Europa og USA på 1960-talet førte til eit nytt syn på den allmenne historia, og dermed også på bygningshistoria. Interesse vart flytt frå dei kjende prestisjebygga til den meir anonyme folkearkitekturen som prega storparten av det bygde landskapet.

Kritikken mot dei rådande arkitekturteoriane kom frå mange hald. Eit hovudankepunkt var at definisjonen på og avgrensinga av kva som vart rekna for arkitektur, var for snever. Det tidlegare synet på arkitektur hadde i stor grad vore eit syn som avgrensa arkitekturen til berre å omfatta monumentalbygg eller bygningar skapte på grunnlag av teoretiske studiar (Pevsner 1943). Eit slikt syn førte til at storparten av det bygde miljøet ikkje vart omfatta av historieskrivinga (Oliver 1969, 1987). Tilhengarar av det nye arkitektursynet hevda sterkt at arkitektur ikkje er forma berre av estetiske teoriar, men også av praktiske og

funksjonelle behov og av lokale haldningar og verdisyn. Det nye studiet av anonym arkitektur vart dermed ei utviding av både *arkitektur-* og *estetikkomgrepet*.

Kritikarane av dei tradisjonelle arkitekturteoriane såg desse teoriane som mangelfulle for å forstå kva bygg hadde å seia i ein samfunnsmessig samanheng. Med utgangspunkt i den kunsthistoriske tradisjonen vart byggverk tolka som eit estetisk produkt, som eit bilete. Samspelet mellom bygg og brukar, og bygg og samfunn vart dermed ikkje gjenstand for tolking.

Kritikken gjekk også på at teorien og tolkingsreiskapane som vart brukte, var lite eigna for å forklara og forstå den store mengda av bygg som ikkje på ein fullgod måte kan tolkast ut frå estetiske teoriar åleine. Likeså viktig som det var å utvida grensene for *kva* som kunne reknast som arkitektur, var det å finna fram til nye tilnæringsmåtar og verktøy for å tolka og forstå arkitekturen. Desse to siktemåla; ein ny definisjon på arkitektur og ein ny tilnæringsmåte for studien har vorte ståande som det dei nye teoriane om arkitektur tilførte faget. For mange av dei som forskar innan feltet vernakular arkitektur i dag, er spørsmålet ikkje først og fremst kva delar av arkitekturen som er av interesse, men kva slags *tilnæringsmåtar* som blir brukte for å studera desse bygga (Wells 1986:4).

Utviklinga av det nye studiefeltet var òg ein reaksjon på den rådande *stilen* innan arkitekturen i etterkrigstida. Modernismen med sin mangel på lokal tilpassing og med eit formuttrykk som av mange vart oppfatta som kaldt og uttrykkslaust, vart ikkje nokon populær stil hos det store fleirtalet. Ikkje berre stiluttrykket, men også *argumentasjonen* til dei "sjølvmedvitne" arkitektane, vart kritisert. (Norberg-Schulz 1967, Oliver 1969).

Men grunngevinga for å trekkja folkearkitekturen fram i lyset inneheldt ikkje berre argumentasjon *mot* manglar ved den rådande arkitekturen. Mange forskarar såg det slik at folkearkitekturen stod for noko positivt i seg sjølv, den hadde verdiar som annan arkitektur ikkje hadde. Arkitektar, historikarar og andre fagfolk trekte gjerne fram det *funksjonelle* i folkearkitekturen (Oliver 1969, Berg 1968), og framførde med det ein indirekte kritikk mot den rådande funksjonalismen. Andre såg det sterke *lokale, sosiokulturelle* preget som kunne lesast som eit uttrykk for folk sine ulike liv og levekår (Rapoport 1969). Folkearkitekturen var slik eit autentisk uttrykk for den folkelege kulturen. Arkitekturen uttrykte tilknytning til ei bestemt livsform, men kunne òg signalisera skilnader og markera tilknytning til ulike nasjonale- eller etniske grupper:

The creation of local identity through the architectural evocation of the vernacular has at times served a variety of social goals. In the 19th century, establishing an ethnic group identity became a part of the growing ideology of nation states in Europe. All realms of folk culture expression, including folk architecture, were investigated in search of an expression for national identity. Regional architectural typologies were constructed in the belief that vernacular architecture reflects the character and soul of a group people (Pavlidis 1997:12).

1960-talet var òg ei tid for meir kontakt med delar av verda som før hadde vore sedde på som eksotiske og framande. Med denne kontakten kom kunnskap om

framand folkearkitektur, ein kunnskap som gav inspirasjon til eit nytt syn på eigen arkitektur (Norberg Schulz 1967, Oliver 1969).

Studie av folkearkitektur eller anonym arkitektur er også studie av livsformer og av samspelet mellom bygg og kultur. Folkearkitektur er i mange høve anonym i den forstand at skaparane av denne arkitekturen sjeldan kan identifiserast og knytast til namngjevne personar. Vidare er det slik at folk som byggjer og bruker denne arkitekturen, også er tilsvarande anonyme for allmenta. Slik kan arbeid innan fagfeltet bli ein studie av såkalla vanlege folk sine liv og livsvilkår. Me kan seia at eit slikt skifte av interessefelt også til ein viss grad seier noko om *verdisynet* hos dei som forskar. Men interesse for det eine treng naturlegvis ikkje utelukka interesse for det andre.

4.1.2 Termen for fagfeltet

Folkearkitektur, kvardagsarkitektur, anonym arkitektur, arkitektur utan arkitektar er alle nemningar som er tekne i bruk for å skildra denne delen av arkitekturen. Dei er mange, og peikar til dels i ulike retningar. I engelskspråkleg samanheng blir denne delen av arkitekturen gjerne kalla *vernacular achitecture*. *Vernaculus* kjem frå latin, og tyder opphavleg ”innfødd.” I samband med den store mengda folkeleg byggeskikk er altså omgrepet *vernakular* rimeleg å bruka. Større vanskar skaper bruken av *arkitektur*, skriv Paul Oliver (1969). Arkitekt er avleia frå det greske ordet *arkitekton*, *arkhi* – som tyder meister, sjef eller leiar, og *tekton* – byggjar. Til saman blir dette *sjefsbyggjar* eller *byggmeister*. Oppfatninga av arkitekten som den leiande byggmeisteren er gjerne bakgrunnen for den sterke tradisjonen for å sjå på arkitektur som skapt av yrkesgruppa arkitektar.

Ut frå dette synspunktet kan ikkje folkelege eller vernakulare bygningsformer oppfattast som arkitektur. Bernard Rudofsky (1965) løyste dette definisjonsproblemet greitt ved å kalla den folkelege byggeskikken *Architecture without architects*, eller på norsk; arkitektur utan bruk av arkitektar. Siktemålet hans var å utvida definisjonen på arkitektur, å skapa eit omgrep som femnde om større delar av det bygde landskapet enn tidlegare:

Architecture without architects tries to break down our narrow concepts of the art of building by introducing the unfamiliar world of non-pedigreed architecture. It is so little known that we don't even have a name for it. For want of a generic label, we shall call it vernacular, anonymous, spontaneous, indigenous, rural, as the case may be (Rudofsky 1965:frå føreordet).

Omgrepet *vernacular* blir ofte brukt i samband med språk, og tyder då folkemål, dialekt, landet eller distriktet sitt eige språk. Men også i samband med musikk, song og andre kulturuttrykk blir *vernacular* brukt. Med utgangspunkt i denne definisjonen kan *vernacular achitecture* også omsetjast med *folkeleg* eller *lokal byggeskikk*. Her er det altså uinteressant *kven* som har skapt arkitekturen. Andre omgrep er òg brukte i norsk litteratur, til dømes *anonym arkitektur* og *kvardagsarkitektur* (Støa 1995). Oliver (1997) avviser alle omgrepa med unntak av *vernacular*, med å visa til at dei andre på ulike måtar er utilstrekkelege eller kan gje grunn til mistydingar.

I norsk samanheng er det ikkje innarbeidd *eitt* allment godkjent omgrep. Mange omgrep er i bruk, alt etter kven som skriv. I denne oppgåva vel eg i hovudsak å bruka omgrepet *folkearkitektur*, som er ei direkte omsetjing av det engelskspråklege vernacular achitecture. Dette valet gjer eg sjølv om eg innser at omgrepet folkearkitektur tradisjonelt har vore brukt for å beskriva *eldre* anonym arkitektur, og såleis av mange blir knytt først og fremst til eldre bygningsformer. Forstavinga *folk-* viser derimot på ein klar måte kva og kven som er i sentrum for denne arkitekturen. Termen viser kven som skapte, skaper og bruker desse bygga. Samspelet mellom folk og dei bygde strukturane har vore, og er i sentrum for interessa innan det nye fagfeltet. Omgrepet folkearkitektur omfattar dermed alle slags vanlege bygg, og alle slags vanlege brukarar (Wells 1986). Omgrepet kvardagsarkitektur er også dekkjande for den arkitekturen eg studerer. Når eg ikkje vel å ta i bruk dette omgrepet er det fordi sjølve ordet er tyngre, samstundes som det er eit relativt framandt omgrep for ein kjend del av arkitekturen.

4.1.3 Med interesse for det fjerne i tid og rom

Folkearkitekturen vart skild ut som eige fagfelt tidleg på 1960-talet. Dette skjedde i forskingsmiljøet i USA, men også i Europa vart arkitektar og andre fagfolk opptekne av denne ”nyoppdaga” arkitekturen. Som eit interesseområde innanfor faget arkitekturhistorie er studiet av folkearkitekturen derimot mykje eldre.

Studiet av folkearkitekturen voks fram parallelt med ei generell interesse for folkekunst og handverk på slutten av 1800-talet i Europa. I Norden og delar av Vest-Europa var denne interessa knytt til Art and Craft-rørsla, ei rørsle som starta som ein protest mot den forflatinga som industrialiseringa og masseproduksjonen førte med seg:

The Art and Crafts movement had begun as a form of protest, chiefly among artists and social critics, against the ugliness and injustices of industrial civilization, as well as against the decline of the handicrafts that industrialization had brought about. The decline had had two unhappy results; tastelessness and poor quality in most of the manufactured products and frustration and alienation among the workers (Jackson 1984:115).

Også i Amerika fekk denne rørsle stor innverknad rundt det førre hundreårsskiftet, sjølv om ho aldri fekk same sterke stilling som i Europa. Handverket vart trekt fram og sett på som grunnlaget for all kunst. Sjølv om mange av leiarane i denne rørsle var opptekne av sosiale endringar, var det først og fremst hus og heim som var i sentrum for interessa. Innanfor arkitekturen var målsetjinga deira å forma nøkterne og enkle hus bygde i lokale materiale (Jackson 1984).

Kjende arkitektar frå 1900-talet, som Lloyd Wright, Aalto og i Noreg, Knut Knutsen og Bjørn Simønnæs tok i bruk formuttrykk frå den gamle folkearkitekturen, noko som i stor grad var med og styrkte interessa for eldre og lokalt utforma bygg. Bernard Rudofsky si bok, *Architecture without Architects. A Short Introduction to Non-Pedigreed Architecture*, som vart utgjeven i 1965, kom til å påverka arkitektane si interesse for folkearkitektur frå ulike kulturar. Boka la vekt på å presentera ”arkitektur utan stamtavle,” og signaliserte allereie i tittelen at det var den kollektivt skapte byggeskikken med historiske tradisjonar som var av

interesse. Blikket vart flytt frå det praktfulle enkeltbygget, utforma med utgangspunkt i strenge estetiske reglar, til den store mengda av tilsynelatande tilfeldig forma bygg som utgjorde samfunnet rundt ein, og som i dei aller fleste tilfella var det ein kalla anonym arkitektur.

Både innanfor Art and Craft-rørsla, og i seinare handverk- og folkekunstrørsler har det vore ein sterk tendens til å sjå bakover og til ein viss grad romantisera fortida. Tidlegare livsformer vart sedde på som meir *ekte*, og livsformer som gav rom for kreativitet og utfordringar i kvardagen. Det å byggja sitt eige hus, følgja denne prosessen frå å skaffa material, finna ein høveleg buplass og så setja opp huset vart sett på som ein verdi som det moderne mennesket hadde mist.

Med den nye interessa for folkelege bygningsformer og framande kulturar, kom ein innan fagfeltet til å produsera analysar av alt frå norske tømmerhus, busetnadsformer i indiske ørkenområde, adobe- og trearkitektur i Arizona til nomadearkitektur frå ulike kontinent, både i arktiske strøk og i ørkenområda i sør. Studiet av såkalla primitive samfunn skjedde i førstninga ut frå ei noko etnosentrisk haldning til framande kulturar – ei haldning som viste at ein først og fremst la vekt på det *ein sjølv* såg som estetiske kvalitetar i desse samfunna.

To a considerable extent published writings on the subject have been confined to those buildings which are considered as having "quality" as architecture; those that have little aesthetic appeal to the Western eye are rarely given serious consideration. But though many demotic buildings strike an immediate response through their harmony and congruity, vernacular shelter is not per se, beautiful. Indigenous communities do not, by definition, produce buildings of immediate aesthetic "quality" any more than they do, by definition, produce buildings which are totally functional in the sense of the term as applied in the Modern Movement (Oliver 1969:28).

Etter kvart vart kravet til estetisk kvalitet redusert. Slik kom vernakular arkitektur til å bli eit svært samansett fagområdet med emne frå ulike kulturar, tider og estetikkar. Det er ikkje alltid så lett å sjå kva som bind dette fagfeltet saman. Ein måte å systematisera desse arbeida på kan vera å gruppera dei etter i) studie av historiske bygningsformer i eigen kultur, og ii) studiar av folkearkitektur frå framande kulturar.

4.1.4 To hovudretningar veks fram

Utvidinga av emneområda for kvardagsarkitekturen var ikkje like tydeleg over alt. Ei todeling oppstod, med ei europeisk retning med hovudvekt på historiske bygg på den eine sida og ei meir altomfattande amerikansk retning på den andre sida.

Historisk orientert - europeisk

I delar av Europa, då særleg England og Frankrike, utvikla studiet av folkearkitektur seg til å konsentrerer seg om *fortida* sin bygningskultur, til førindustrielle buformer og byggeskikk på landsbygda. Den sterke historiske orienteringa innanfor studiet av folkearkitektur i England og Frankrike var samanfallande med tilsvarande sterk interesse for lokalhistorie, kultur- og

handverkstradisjonar. Art and Craft-rørsla frå tidleg på 1800-talet, utløyste på mange måtar interessa for folkearkitekturen, men òg nye fag som etnologi og folkloristikk som vart utvikla på denne tida, hadde sitt å seia for utvikling av fagemnet (Oliver 1997). Noreg, med sine nære band til England, skulle òg koma til å utvikla same sterke lokalhistoriske tradisjon, ein tradisjon som var levande enno på 1990-talet. Den sterke historiske orienteringa prega lenge studiane av folkearkitektur i Noreg. I dag er dette preget svekt, og studiefeltet omfattar også ny arkitektur (Støa 1995).

Regionalt orientert - nordamerikansk

I USA og Canada utvikla dette fagområdet seg til å femna mykje vidare enn i Europa, og omfatta etter kvart vanlege bygg og landskapsområde frå alle historiske periodar.

.. the American version of vernacular architecture study is quite different from the British model. The tendency in the United States and Canada is towards the inclusion of all sorts of buildings, from military camp huts to automobile garages; the result was a definition of vernacular architecture research as "studies of buildings which can, for the most part, be defined as built without benefit of an architect (Carter & Herman 1985:51).

Den ulike retninga dette fagområdet tek i Nord-Amerika og Canada kan ha samanheng med ulik bygningshistorisk utvikling i desse landa. Den store innvandringa til Amerika frå midten av 1800-talet og utover førte ulike kulturar og ulike byggeskikkar inn i landet. Det Europa desse innvandarane kom frå, var eit Europa i *endring*, på veg frå bondesamfunnet inn i tidleg industrialisering. Dette avspeglar seg i byggeskikken. Slik var det ei blanding av ny og gammal teknikk og formgjeving dei tok med seg over havet. I Amerika var det rikeleg med tre til byggemateriale, land til å byggja på, og ein ung og rask veksande folkesetnad. Dette, kombinert med mangel på fagfolk, skapte den amerikanske folkearkitekturen, seier Jackson (1984):

Out of this combination of Old World and New World factors came a vernacular style characterized by short-lived or temporary dwellings focused on the family and distinct from the place of work, dwellings largely independent of the traditional community constraints and institutions, dwellings using new construction techniques, and with a new relationship to the environment. (Jackson 1984:86).

Den amerikanske tradisjonen synes òg å leggja større vekt på å *inkludera* enn å avgrensa omfanget av folkeleg arkitektur. Folkearkitektur blir her brukt for å namngje det bygde landskapet som omgjev dei fleste av oss. Samtidig peikar omgrepet vernakular tilbake både på eit *fagområde*, og på ein *tilnæringsmåte* (Collins Cromley & Hudgins 1995).

Interessa for og studiet av folkearkitektur i USA var på 1990-talet for ein stor del knytt til gruppa *Vernacular Architecture Forum*. Gruppa vart grunnlagd i 1980, og har sidan stått bak ei rekkje konferansar om emnet og gjeve ut publikasjonar der folkearkitekturen blir presentert ut frå ulike synsvinklar. Også innanfor denne forskingsgruppa var interessa i utgangspunktet konsentrert om eldre arkitektur på landsbygda. Etterkvart såg me ei større spreing i tema. Bustadområde i byane,

fabrikkar og forretningsbygg, stabbur, uthus og ulike lagerbygg var emne for forskingsoppgåver om folkearkitektur (Jennings 1995, Fair 1997). I tillegg var den innfødde arkitekturen i USA, indianarane og inuitane sin byggeskikk trekt fram i lyset (Nabokov & Easton 1989). Til saman gav dette eit bilete av det breie interessefeltet som prega det amerikanske studiet av folkearkitektur i tiåret frå 1990 til tusenårsskiftet.

4.2 Vegar fram til den nye folkearkitekturen

Som innanfor alle nye fagfelt har det også innanfor temaet folkearkitektur blitt brukt mykje tid på å definera og avgrensa det i høve til resten av arkitekturen og til andre tilgrensande fagfelt.

Utvidinga av interessefeltet for folkearkitekturen, som etterkvart kom å omfatta ”alt som ikkje er teikna av arkitektar” (Carter & Herman 1985), har ført til stadig nye freistnader på å formulera ein klar definisjon på fagområdet. Mange av dei har femna *for* vidt. Eit omgrep som er så vidt at det i praksis omfattar all *regional* eller *lokal* arkitektur, er ikkje brukbart for klassifisering av den arkitekturen det i utgangspunktet er meint å skildra, seier Rapoport (1990a). Ein må utvikla klare kriterium for å skilja denne arkitekturen frå annan arkitektur.

Ei tidlegare utbreidd oppfatning om folkearkitektur var at dette var noko som var heimesneka og lite urbant; ”countrified, homemade, traditional” (Jackson 1984). Vegen frå denne noko avgrensa definisjonen, til ein meir inkluderande definisjon slik oversiktsverket *Encyclopedia of Vernacular Architecture of the World* (1997) opererer med, kan synast lang:

Vernacular architecture comprises the dwellings and all other buildings of the people. Related to their environmental contexts and available resources, they are customarily owner – or community-built, utilizing traditional technologies. All forms of vernacular architecture are built to meet specific needs, accomodating the values, economies and ways of living of the cultures that produce them (Oliver 1997:xxiii).

Men den nyare populærarkitekturen, som i dag gjerne er arkitekturen for folk flest, høyrer likevel ikkje inn under denne definisjonen, understrekar Oliver (1997).

4.2.1 Karakteristiske trekk ved folkearkitekturen

Ei rekkje skjema for klassifisering av arkitektur er forsøkt laga. Det tilsynelatande enklast av desse er det som berre opererer med eitt omgrep der alt som er bygt, blir kalla arkitektur (Norberg-Schulz 1971). Brunskill (1970) deler arkitekturen inn i to, og skil såleis mellom ”vernacular” og ”polite” (Brunskill 1970, her referert frå Rapoport 1990a). Tankegangen bak må vera eit ynske om å skilja den arkitekturen som er formgjeven av arkitektar, frå den store massen av anonym arkitektur. Edwards (1979) opererer med ei tredeling av arkitekturen, folkeleg byggeskikk, vernakular og ”polite,” medan Rapoport sjølv organiserer arkitekturen i fire grupper (Rapoport 1969,1990a). Inndeling av arkitekturen i

ulike grupper er til ei viss grad bygd på *intuisjon* og kjensler hos dei som kategoriserer:

(...) most, if not all people feel intuitivly that there is a domain of built environment that is quite different to what architects do; for one thing it looks and feels different. (Rapoport 1990a:75).

Norberg-Schulz (1971) sin definisjon på arkitektur, der han grupperer alt innanfor *ei* gruppe, vekkjer difor sterke reaksjonar hos Rapoport (1990a). Arkitektur *er* ulik, utan eit slikt utgangspunkt vil ein analyse av dei ulike bygde formene vanskeleg lata seg gjera.

Inndelinga i ulike grupper tek ofte utgangspunkt i formgjevaren sin *identitet*, og stiller spørsmål ved kven dette er. Vidare er den bygde forma og samspelet mellom forma og det miljøet den inngår i, av interesse. Slik er også Rapoport (1990a) si inndeling. I utgangspunktet skisserer han opp eit skjema med ei lang rekkje kjenneteikn som skal hjelpa oss å gruppera dei ulike typane av arkitektur. Dei fire hovudgruppene kallar han så primitiv, vernakular, populær og til sist "high-style," profesjonell, stor, eller monumental arkitektur. Klassifiseringa tek utgangspunkt i *idealtypar*, modellar som kan brukast som markørar for dei ulike gruppene. Desse modellane gjev ikkje noko fullgodt svar på *kva* vernakular formgjeving er, men fortel mest kva det *ikkje* er.

Formingsfaktorar

Klassifiseringa må skje etter *fleire* ulike kriteria. Den første, gjerne reint intuitive, oppfatninga er ofte viktigast, og skil klare eksempel frå dei mindre klare. Som ei vidare hjelp har så Rapoport (1990a) laga to lister med kjenneteikn knytte til *formingsprosessen* og til det ferdige *produktet*. Listene er lange, til saman på 17 og 20 punkt. Ikkje noko bygg vil svara til alle desse kriteria, og listene er heller ikkje meint for å rangera bygg, men er laga for å letta systematiseringsarbeidet, understrekar Rapoport.

Rapoport si klassifisering dreiar seg i hovudsak om tre tilhøve; i) trekk ved formgjevaren, ii) trekk ved forma eller det bygde landskapet og iii) tilhøvet mellom dei skapte formene og miljøet rundt. Desse tre sidene ved det bygde landskapet må analyserast, og i denne analysen må ein skilja mellom prosessen og det ferdige produktet.

I framstillinga mi nedanfor byggjer eg på Rapoport (1990a) sin definisjon av vernakular arkitektur. Bakgrunnen for å velja hans definisjon framfor andre, er at han i større grad enn andre forskarar presenterer ein både *konkret* og *detaljert* definisjon. Så omfattande er definisjonen hans at den for mykje av arbeidet innan dette fagfeltet gjerne femner *for* vidt. Men det at han samstundes peikar på konkrete trekk som let seg undersøka i praksis, gjer det særleg fruktbart å sjå nærare på denne definisjonen.

4.2.2 Formgjevar og handverkar

At *planleggings-* og *byggeprosessen* for vernakular arkitektur er prega av å vera uformell, er eit av utgangspunkta til Rapoport (1969). Formgjevaren sin identitet

er lite eller ikkje kjend. Me har å gjera med ein arkitektur som følgjer uskrivne lover som er grunna på kollektiv kunnskap i miljøet. Formgjevaren kan vera brukaren, men ofte er det lokale handverkarar eller andre bygningskyndige.

Føremålet til formgjevaren er ikkje eiga markering, det er ikkje å laga minnesmerke, men å føra vidare ei *felles* form. Handverkaren kan tilpassa forma for den spesielle situasjonen, men ikkje bryta radikalt med forma. Handverkaren ser gjerne ikkje seg sjølv som *formgjevar*, men som ein som forvaltar ein felles kunnskap og fører denne vidare innanfor det samfunnet den høyrer heime i.

4.2.3 Forma og formingsfaktorar

Ein eller nokre få modellar er eit viktig kjenneteikn i folkearkitekturen. Desse modellane blir så i formingsprosessen sette saman og kombinert, på ulike måtar. Slik kan forma kallast open og additiv. Desse kombinasjonane gjev bygg av ulik storleik og til ulike funksjonar. Kjenneteiknet er fleksibilitet og stor tilpassingsdyktighet. Karakteristisk for folkearkitekturen er vidare at denne grunnforma gjerne går igjen i ulike miljø, med visse endringar i utforminga. Innanfor eitt og same miljø skjer endringane i langsamt tempo.

Med ei fleksibel form som utgangspunkt blir den bygde forma eller det ferdige produktet også fleksibelt. Dette får vesentlege sosiale og økonomiske følgjer. Det fører til eit samansett og frodig miljø, og samstundes eit miljø som toler store ytre påverknader utan å bryta saman. Det ferdige produktet er gjerne prega av ei planform eller organisering av rom og funksjonar som kan nyttast til det kulturområdet den er plassert i. Likeins har materialbruk og detaljering lokal tilknytning.

Grunnforma som finst i folkearkitekturen, kan ein innanfor same miljø finna igjen i til dømes arkitektteikna bygg. Dette trekket viser at det ikkje finst tette skott mellom dei ulike typane av arkitektur.

Innanfor den tradisjonelle folkearkitekturen er vidare hovudvekta lagd på faste element, *fixed-feature*, medan flyttbare, *semi-fixed*, element spelar ei mindre viktig rolle. Skal ein derimot studera *buplassen*, ikkje berre huset, og bruken av buplassen, blir dei lause bruksgjenstandane viktige å sjå på (Rapport 1990a og b).

4.2.4 Samspel mellom form og miljø

I prosessen med å forma kvardagsarkitekturen finst få eller ingen formaliserte reglar. Formgjevinga er ikkje teoretisk basert, men byggjer på kollektivt kjende og godtekne reglar for kvalitet og estetikk som ligg som underforstått kunnskap i samfunnet. Slik finn me eit tett samsvar mellom formuttrykk eller modell og gjeldande *ideal* i samfunnet. Arkitekturen stadfestar lokale verdier, den står ikkje som ein manifestasjon av seg sjølv, og kan dermed ikkje oppfattast som "sjølvmedviten" (Rapport 1990a).

Folkearkitekturen speglar den folkelege kulturen, og omvendt. Men ikkje alle sider av kulturen er like viktige for forming av arkitekturen. Lokale, naturgjevne

faktorar verkar inn, men er sjeldan avgjerande, berre *modifiserande* for utforming av bygg og omgjevnader (Rapoport 1969).

Klima er den faktoren i det fysiske miljøet som spelar mest avgjerande rolle for folk sine ulike levekår (Oliver 1997). Ei rekkje studiar innanfor emnet folkearkitektur har teke utgangspunkt i samspelet mellom klima, arkitektoniske former og materialbruk (Cook 1997). Folkearkitekturen viser ofte ei god tilpassing til klimaet, men heller ikkje vêrlaget og tilpassinga til det er avgjerande for forma. Den store variasjonen i former innanfor same klimaområde, viser at andre tilhøve enn klimaet gjerne spelar ei viktigare rolle for formuttrykket (Rapoport 1990a).

Måten den anonyme arkitekturen er lokalisert i *landskapet* og på *tomta* kan lesast som eit direkte uttrykk for folk sitt daglegliv. Samstundes kan dette bygde landskapet uttrykkja djupare meining og fortelja ei historie om bu- og levekår gjennom ulike tider, og ei historie om korleis folk til ulike tider har svart på dei føresetnadene naturen har gjeve (Høyem 1997).

Avgjerande for plasseringa av hus i landskapet og på tomte er mellom anna kvaliteten på byggegrunnen, økonomi, forsvar og sosiale tilhøve. Når plassering er valt, påverkar denne situasjonen bygget på to måtar, med topografiske trekk og symbolske assosiasjonar. I den folkelege arkitekturtradisjonen legg ein gjerne vekt på å plassera bygg i naturen på ein måte som blir opplevd som harmonisk.

Tilgang på *material, ressursar og teknologi* i seg sjølv synest ikkje å vera det som avgjer forma, men er ofte trekk som på ein illustrativ måte fortel om geografisk og kulturell tilknytning. *Sosiokulturelle faktorar* spelar kanskje den viktigaste rolla for utforming av hus, seier Rapoport (1969), og har gjennom ei rekkje studiar vist akkurat dette:

A cross-cultural study of such material suggests that generally, for any given situation, climate, site and constraints of material and technology will modify, but not determine, the form of the dwelling. The form will be primarily the result of a choice among possible alternatives. This choice reflects an image of an ideal life expressed through socio-cultural forces in the broadest sense, which are, therefore, far more important than physical forces in the generation of form (Rapoport 1969:66).

Slik blir huset oftare eit svar på ei *førestilling* om ei ideell buform, og i mindre grad eit svar på eins eigne, praktiske behov. Sagt med andre ord, det som arkitektar med eit funksjonelt syn på bygg kan oppfattast som eit upraktisk og lite tilpassa hus, kan for huseigaren vera svar på hennar behov, behov som ikkje berre er av praktisk art. For reindriftskvinna kan til dømes ei stor stove vera viktigare enn eit godt arbeidsrom, sjølv om det siste burde vore prioritert ut frå funksjonelle omsyn.

Folkearkitekturen er lite brukt for å uttrykka status eller markera andre *symbolske funksjonar* seier Rapoport (1997) vidare:

In vernacular environments, unlike contemporary industrialized ones, middle-level meanings such as status, wealth and group membership or identity are generally less important. This is because such attributes are

much more fixed and they tend to be known rather than indicated through environmental cues, partly because there are many other ways of indicating such attributes, for example clothing, facial markings and hairstyles. (Rapoport 1997:93)


Men kven kan seia at til dømes stabbura i Telemark berre har ein lagerfunksjon? Og er det likegyldig kor mange vindauge trønderlåna har, eller korleis glasverandaen på sveitserhuset er utforma? Signaliserer ikkje desse, og andre bygg som gjerne blir rekna inn under den tradisjonelle folkearkitekturen, også status og rikdom? I tillegg til å signalisera eigaren sin status, er bygga også viktige for å kasta *ære* over byggherre eller handverkar, eller over bygda og tradisjonane der. Desse høgreiste stabbura og staselege lånene er gjerne ikkje typiske for folkearkitekturen, men dei er, saman med andre symbolsterke bygg, mange nok til at dei må takast med i analysearbeidet.

4.2.5 Arkitektur og teoriar om etnisitet

Ein viktig symbolfunksjon som bygg kan ha, er å markera eigen etnisitet. Slike *etniske markørar* eller *grensemarkørar*, seier Barth (1995), er kulturtrekk som kan brukast til å skilja ein kultur frå ein nabokultur. Diskusjonen om symbolfunksjonen til dei tradisjonelle samiske bygga, gamme, låvvu og det vesle stabburet er ein del av diskusjonen om etnisitet og grensemarkering. Det same kan seiast om dei ulike forsøka på å skapa nye bygg med utgangspunkt i former frå det som blir oppfatta som spesielt samisk tradisjon. Storparten av desse forsøka er gjorde ved bygging av offentlege institusjonar. *Bustadbygg* i slikt formspråk finst òg, men eksempla er få.

Gruppedanning og grensemarkørar

Grupper av folk kan prinsipielt organiserast på mange ulike grunnlag. Slike grunnlag kan vera yrke, sosial klasse, geografisk tilhøyrigheit og anna. Etniske grupper, seier Barth, er grupper som er organiserte på grunnlag av *kulturelle ulikskapar*. I studiet av etnisitet blir det då desse *ulikskapane* som det blir viktig å studera. Me må retta søkjelyset mot rekrutteringsprosessane og grenseprosessane, ikkje mot alt det kulturelle stoffet som finst innanfor grensene for den etniske gruppa. Visse samhandlingsmessige, historiske, økonomiske og politiske omstende lagar dei prosessane som held oppe grensene. Det er med andre ord dei lokale tilhøva som avgjer kva faktorar som blir viktige for å halda ved like dei etniske grensene. Slike faktorar er ikkje noko som i utgangspunktet er gjeve, slik mange synest å ha gått ut frå.



Figur 4.1 *Frå norsk nasjonal gjenreisning til samisk markering i arkitekturen.*

Framlegg til utviding av kommunehuset i Kautokeino med blant anna kommunestyresal i eit låvvuforma bygg og kontorlokale i gammelforma utbygg i betong. Utvidinga er teikna av arkitekt MNAL Einar Krøg Grimsgaard (1987). Kommunehuset vart utvida på slutten av 1990-talet, då i eit enkelt bygg i to høgder med saltak.

Dette vil igjen seia at etniske grensemarkørar og identitetsmerke ikkje treng å vera dei mest opphavlege eller dei mest utbreidde kulturtrekka innanfor den etniske gruppa. Sett på spissen kan me seia at det er tilfeldig kva kulturtrekk som blir gjorde til etniske identitetsmerke. Men etnisk tilhøyrighet har med identitet å gjera, så medlemskap i ei etnisk gruppe må såleis byggja på både eiga og andre si identifisering av ein person. Folk har visse kulturelle standardar som dei dømmer etnisk tilhøyrighet etter, og desse standardane må vera felles slik at folk spelar det same spelet, som Barth seier. Slik sett kan ikkje kva som helst gjerast til etnisk grensemarkør og identitetsmerke.

Barth legg vidare vekt på det han kallar ”entreprenørar” i etnopolitikken. Desse aktivistane er i dag gjerne politisk radikale, i motsetnad til dei som målbar slike krav tidlegare. Etniske entreprenørar, seier Barth, har ein politikk dei vil fremja, og dei mobiliserer etniske grupper for denne politikken. Det er ikkje nødvendigvis slik at entreprenørane sin politikk i utgangspunktet er, eller var, uttrykk for den kulturelle ideologien eller folkeviljen innanfor den etniske gruppa. Mange samfunnsforskarar har ein tendens til berre å studera entreprenørane når dei skal forska innanfor etnisitet. Dermed har dei ofte oversett det samansette i etniske grupper sin situasjon. Barth argumentere for at det er nødvendig å skilja klårt mellom eit makronivå, eit mellomnivå og eit mikronivå. Dei etnopolitiske entreprenørane utgjer då mellomnivået. Statar og religiøse toppleiarar utgjer makronivået, medan den vanlege gruppemedlemmen utgjer mikronivået.

Barth sin måte å sjå dette på føreset at ein ser på kultur som noko samanhengande, eit kontinuum. Det kan vera store kulturforskjellar mellom folkegrupper som tradisjonelt har levd langt frå kvarandre, men grupper som har levd nær kvarandre, har ofte mykje felles kulturelt sett. Kultur er då ikkje noko som er på *ein* måte innanfor eit ”samfunn” og på ein heilt *annan* måte innanfor eit anna ”samfunn”. Kva ein forstår som eit ”eige samfunn” og kva ein forstår som ein ”eigen kultur”, blir då avhengig av kva ein vel å leggja *vekt* på innanfor eit

kontinuum. Det heile blir endå meir uoversiktleg ved at same korleis me avgrensar ein folkesetnad og ein kultur, vil me finna at kulturen endrar seg heile tida, at idear og førestellingar ofte er sjølvmotseiande og usystematiske, og at dei er ulikt fordelte blant personar avhengig av kva posisjonar dei har.

Kontinuum og uklare grenser

Synssettet som Barth legg fram her kan vera til hjelp for å skilja mellom dei ulike gruppene av arkitektur, frå primitiv til profesjonell arkitektur. Mellom desse gruppene finst ingen klare grenser, berre glidande overgangar. Slik vil ein kunna finna trekk av primitiv arkitektur eller populærarkitektur i folkearkitekturen eller trekk av folkearkitekturen i den profesjonelt utforma arkitekturen. Kontakt mellom desse ulike miljø har alltid funnest, noko eksempel frå ulike samfunn viser (Oliver 1997).

Eit slik syn føreset at ein ser på arkitektur som noko samanhengande, eit *kontinuum* (Rapoport 1990a). Det kan vera store ulikskapar mellom arkitektur som tradisjonelt har lege langt frå kvarandre eller høyrte til ulike sosiale miljø, mens arkitektur som lever side ved side, ofte har mykje til felles. Arkitektur er ikkje noko som er utforma på *ein* måte når det kallast vernakular, og på ein heilt annan måte når det får namnet ”primitiv” eller ”populær.” Kva ein forstår som ”vernakular,” og kva ein forstår som ”primitiv” eller ”populær,” blir då heilt avhengig av kva ein vel å leggja *vekt* på innanfor eit kontinuum. Studiet av vernakular arkitektur kan difor ikkje gjerast isolert, denne arkitekturen må analyserast i høve til dei andre rådande gruppene eller trendane (Adams & McMurry 1997).

Teorien om etniske markørar og kulturelt kontinuum kan òg vera nyttig i samband med diskusjonen om samisk byggeskikk i høve til nabokulturane sin byggeskikk. Ikkje all slags arkitektur kan fungera som slike markørar. I dag er det i første grad definerte *samiske* bygg som kan brukast som etniske markørar, sidan begge gruppene byggjer ”norske” hus. Desse husa blir, etter Barth sin tankegang, av mange oppfatta som meir felles, og dermed mindre etnisk markerte enn dei samiske bygga. Torvgammen og det samiske stabburet skulle etter ein slik tankegang vera godt eigna som grensemarkørar, sidan dette er bygg som i vesentleg grad skil seg ut frå grannekulturane sin byggeskikk, eller, med Barth sine omgrep, skaper diskontinuitet i eit kulturelt kontinuum. Me ser då òg at gammen, låvvuen og stabburet blir brukte som element i den moderne samiske nasjonsbygginga.³⁶

4.3 Enkeltstudiar frå ulike område

Sentrale forskarar innanfor emnet folkearkitektur peikar på sosiokulturelle tilhøve som eit sterkt formingskriterium. Eksempel på denne tilnæringsmåten er ein

³⁶ Formelement frå gammen og låvvuen er til dømes brukt i ei rekkje offentlege bygg som både tener som hovudsete og symbol for det offentlege Sápmi. Eksempel på dette er kulturhuset i Kautokeino (ferdigstilt 1988), kultursenteret Árran på Drag i Tysfjord (ferdigstilt 1999) og Sametinget sitt administrasjonsbygg og plenumssal i Karasjok (ferdigstilt 2000).

kjend studie frå indianarsamfunn i Amerika, som eg presenterer som den første av eit utval eksempl. Dei neste eksempla som eg trekkjer fram her, studie av masseframstilte kataloghus og studie av norsk kvardagsarkitektur, har også stor relevans for mitt eige arbeid. Det same er tilfelle for diskusjonen om arkitektur som symbol og markør.

4.3.1 Folkearkitektur i framandt landskap


Eit tidleg eksempel på studie av folkearkitekturen, som i dag er å rekna for ein klassikar innan området, er ein analyse av to indianarsamfunn i USA. Studien, *The pueblo and the hogan. A cross-cultural comparison of two responses to an environment*, er gjort av Amos Rapoport (1969). Med denne studien viser han på ein illustrativ måte korleis arkitekturen blir forma av folk sine ulike *val*, og at naturgjevne føresetnader ikkje er av dei mest avgjerande formingsfaktorane her. Det som avgjer desse vala er førestellingar om eit idealliv; ”an image of an ideal life expressed through sosio-cultural forces in the broadest sense” (Rapoport 1969:66).

Rapoport har konkret sett på utforming av dei bygde omgjevnadene hos pueblo- og navajoindeanarane på høgslettene i det sørvestlege USA. Desse to folka lever under same fysiske vilkår. Det økonomiske og teknologiske grunnlaget er likt. I hundrevis av år har desse to gruppene vore i kontakt med kvarandre og med spanske og amerikanske tilflyttarar. Men på trass av denne lange og nære kontakten er byggeskikken deira svært ulik, så ulik at det ikkje kan forklarast på andre måtar enn at folk medvite bruker ei form for å signalisera ein bodskap til omverda:

..... the key to the great differences is choice – and that this choice depends on what people regard as important, that is, on the world view expressed in social organization, religion and ritual (Rapoport 1969:77).

Desse kulturforskjellane skildrar så Rapoport på ein omfattande måte. Som det ofte er å sjå i tilsvarande framstillingar av folkearkitektur frå fjerne eller ikkje-vestlege kulturar, er stor vekt lagd på å skildra tru og førestellinga, det kognitive systemet, hos dei to folkegruppene som er emne for studien. Skildringa av dei bygde formene blir berre ein del av den samla framstillinga.

Studien syner på ein klar måte kor viktig folk sine *førestellingar* om den gode bustaden er, og at desse førestellingane er grunna på val mellom mange, ikkje-funksjonelle faktorar. Slik sett har studien relevans for arbeidet mitt med 1990-tals samiske bustader. Også desse bustadene er eit møte med folk sine bilete eller førestellingar av det gode, moderne samiske huset, og ikkje nødvendigvis eit møte med funksjonsanalysar og teknisk kunnskap om husbygging.



Figur 4.2 To ulike arkitektoniske svar på same behov.

Øvst oppe er det vist snitt gjennom pueblo (spansk for by), den store, kompakte bustadstrukturen som gav rom for mange familiar. Nederst er vist ulike typar hogan, det enkle teltet som lett let seg flytta i landskapet. Skissene er henta frå Rapoport (1969).

4.3.2 Gammal form og ny meining

Sambandet mellom etnisitet og bygd form har vore diskutert frå tid til annan innanfor folkearkitekturen. Definerer me etnisitet som "sosial organisering av kulturforskjellar," slik Barth (1995) gjer, vil det då vera desse kulturforskjellane

som må analyserast for å få ei forståing av arkitekturen. Dette er utgangspunktet for den følgjande drøftinga av stabburet si historie, sin funksjon og symbolverdi. Frå Alaska skriv Susan Fair (1997) om korleis gamle former blir tekne i bruk, og gjevne ny funksjon og ny meining. Artikkelen hennar, *Story, Storage and Symbol: Functional Cache Architecture, Cache Narratives, and Roadside Attraction*, fortel historia om stabburet si utvikling og plass i dagens Alaska. Dette stabburet, eit lite lagerrom på få kvadratmeter, er vanlegvis sett opp på stolpar for å halda rovdyr og andre tjuvar unna. Det er ein slektning av den samiske stabburstypen, njalla, som kom til Alaska med reingjetarar frå Finnmark på slutten av 1800-talet. Stabburet har fått ein viktig plass i den innfødde kulturen i Nord-Amerika, både som bygd form i landskapet og som noko som går igjen i historier og legender som symbol for kulturell identitet, tryggleik og ei raus haldning. Samstundes er stabburet eit teikn på at ein klarar seg under barske tilhøve i nord.

Etterkommarane av innvandrarar av euroamerikansk opphav har også teke i bruk dette bygget, både i og utanfor strøk der det før hørde heime. Også for denne gruppa tener det som symbol, og no som symbol for tilhøyrighet og *identitet* som ”alaskaværing.” Etterkvart har den nye bruken teke ulike vegar, også kommersielle. I reklame, turist- og salsverksemdar blir dette huset stendig brukt som symbol for det ”ekte” Alaska.



Figur 4.3 *Skisse av ein utvandra slektning av det samiske stabburet, njalla.*

Denne typen stabbur er utbreidd i store delar av Alaska, og blir brukt både som praktisk lagerbu og som symbol for tilknytning til nordområdet. Frå Fair (1997).

Historiene og legendene om stabburet sin plass i Alaska er bundne til ei viss form for romantisering av fortida. Stabburet fortel ikkje berre ei historie om kven ein er og var, men òg om kven ein ville ha vore. Slik knyter myten om stabburet band mellom fortid og framtid, mellom kvardag og draum:

Cache miniatures, models, and images serve as mediators between nature – the Alaskan wilderness – and culture, they stand between the contemporary architecture of the houses, corporations, and commercial structures upon which they comment and the tiny logs from which they are constructed. There is no doubt that they are at once sign, symbol, and sentiment (Fair 1997:177).

Dette arbeidet viser til fulle at føresetnaden for å kunna skildra eit bygg så vidt detaljert, både med omsyn til funksjon og symbolverdi, krev grundig kjennskap til lokal kultur og historie. Forfattaren har vidare arbeidd fagovergripande, og gjort bruk av ulike kjelder frå historie, skjønnlitteratur, folkeleg forteljetradisjon, målarkunst og byggekunst, saman med eigne, detaljerte observasjonar.

Både emnet for studien, det vesle bygget som i form skil seg ut som ein kulturell grensemarkør, og måten forfattaren har arbeidd på har gjeve meg inspirasjon til arbeidet mitt med samiske bustader.

4.3.3 Masseframstilling og marknadsføring av folkearkitekturen


Den masseframstilte bustaden vart introdusert i USA på slutten av 1800-talet. I artikkelen *Cheap and Tasteful Dwellings in Popular Architecture* skriv Jan Jennings (1995) om det amerikanske tidsskriftet *Carpentry and Building* si rolle i formidling av ”smakfull,” arkitektur til den nye og veksande middelklassen. I løpet av den tida dette tidsskriftet eksisterte, frå 1879 til 1930, knytte det til seg over 1000 arkitektar som ein eller fleire gonger presenterte huseikningar kostnadsfritt i bladet. Bakgrunnen for at dei gjorde dette, var dels ideell, dei ynskte å formidla god arkitektur til den store massen av folk som ikkje hadde råd til å leiga arkitekt til byggeoppdraget, og dels gjorde desse arkitektane dette gratisarbeidet som ei form for eigenreklame.

Bygga som vart presenterte i dette tidsskriftet, var nye både med omsyn til formgjeving, framstilling og marknadsføring. Tidlegare hadde kopiering av lokale former vore den vanlegaste måten å byggja hus på. Ein røynd tømrrar kunne med utgangspunkt i sin fagtradisjon kopiera frå andre hus lokalt eller frå bilete av hus. Desse kopiane vart aldri ei direkte gjengjeving, men ei fortolking der handverkaren sin medverknad tydeleg kom til syne. Slik kunne ein kjenna att dei lokale trekka også i nye bygg. Gjennom tidsskrift som *Carpentry and Building*, katalogar og ulike blad vart no kunnskap om aktuell byggeskikk og bustadtilbod for det breie lag av folket formidla. Marknadsføring og reklame overtok der lokale variantar før hadde vore einerådande. Masseproduksjon overtok for mykje av handarbeidet, og grensene mellom arkitektteikna bygg og den såkalla populærarkitekturen vart utydelege. Skilje mellom det som vart bygd på landsbygda og i byane, vart til ein viss grad viska ut. Forstadene og dei nye villastrøka i utkantane av byane hadde kvalitetar både frå byen og frå landsens bustadforming.

Dette var dei tidlege typehusa. Allereie i 1879, i første årgangen av tidsskriftet, vart det formulert ei programerklæring om å formidla ”praktiske” hus. Dette skulle vera arkitektur tilpassa det breie lag av folket. Det vart gjort lite for å gje bygga lokale særtrekk. Planen vart forma på grunnlag av funksjonsanalysar, og med ei uttalt målsetjing om å spara plass.

Arkitekten skulle ha husmora og arbeidet hennar i tankane ved utforming av bygget. Dette praktiske synet, ”convenient arrangement” (Jennings 1995:135), fekk mykje å seia ved utforming av den nye byggeskikken. Kvinnelege arkitektar fekk, sannsynlegvis av denne årsaka, uvanleg stor plass mellom *Building and Carpentry* sine bidragsytarar. Like uvanleg var det at desse kvinnene vart sedde på som likestilte med sine mannlege kollegaer. Det nære og gode samarbeidet mellom tidsskriftet, arkitektane og lesarane gjorde at bladet sin politikk vart endra etter innspel frå lesarane. Slik vart målsetjinga om ”praktiske” hus med tida endra til ”billege og smakfulle” hus. Innhaldet i desse omgrepa kunne vera både uavklara og mangtydig, noko Jennings (1995) drøftar i artikkelen sin.

Jennings analyserer først og fremst korleis tidsskriftet *Building and Carpentry* argumenter for den nye arkitekturen, korleis desse argumenta blir endra med tida og korleis dei vert mottekne av lesarane. Dei nye hustypene blir presenterte, men har ein mindre viktig plass i framstillinga. Her er det ikkje den nye arkitekturen, men argumentasjonen bak denne, som har hovudinteresse. Kataloghuset si tidlege historie har interesse i samband med forskning på vår tids masseframstilte hus, både med tanke på arkitektane sitt tilhøve til denne arkitekturen, men også med tanke på marknadsføring og sal. Bustadene i samiske strøk frå 1990-talet fell naturleg inn i denne tradisjonen.



Figur 4.4 Masseframstilt folkearkitektur


Eksempel på innleverte framlegg i arkitektkonkurransen "Cheap Dwelling Design" frå 1879, presentert i tidsskriftet "Building and Carpentry". Teikningane viser 4. prisvinnaren. Skissa er frå Jennings (1995).

4.3.4 Den norske tradisjonen

Den norske tradisjonen for forskning på folkearkitekturen er viktige av fleire grunnar. Det er ein tradisjon med fleire og ulike røter. Dei to første arbeida eg presenterer, skil seg ut frå resten, Peter Dass sitt tilfang i *form*, medan Eilert Sundt først og fremst viser ei anna *haldning* til folkearkitekturen enn det samtidige forskarar hadde. Dei neste arbeida diskuterer folkearkitekturen som ein del av den norske nasjonsbygginga, der særleg det ”gamle og vakre” har vorte trekt fram. Til sist gjev eg eit kort oversyn over forskingsarbeid med den nye folkearkitekturen som utgangspunkt.

Interessa for folkearkitektur i Noreg har ei lang historie. Men det som pregar denne historia, er ikkje eit fagfelt med *samanhengande* tradisjon. Det er dei mange spreidde enkeltstudiar som fortel om interesse for emnet langt tilbake. Heilt fram til midten av 1800-talet var det i hovudsak embetsstanden og reisande, dei tidlege turistane med interesse for den lokale folkekulturen, som skreiv. Det var dei framande som skreiv om ein kvardag dei i liten grad kjende, og om tilhøve dei ofte såg som eksotiske og som noko som høyrde til ei verd dei berre ein sjeldan gong fekk eit glimt av. I tråd med det nasjonalromantiske synet som rådde utover på 1800-talet, representerte Bygde-Noreg og den norske bondestanden det *eigentlege* Noreg. Dei stod for kontinuiteten, spor av det 400-år gamle danske innslaget var gjerne sett på som eit framandelement som fortast muleg måtte fjernast. Den framande reisande var på leit etter eiga historie og *ekte* uttrykk for det norske. Med eit slikt utgangspunkt var det lett å romantisera bygdene og livet der, og berre sjå det vakre, det ville og det gamle.

Eit tidleg eksempel på ei *ikkje*-romantisierende skildring av denne byggeskikken finn me hos diktarpresten Petter Dass som levde og forkynte i Nordlands amt i siste halvdel av 1600-talet. Boka hans, ”Nordlands Trompet,” vart utgjeven over 30 år etter at han døydde, i 1739. I eit frodig og folkeleg språk, prega av si tid, barokken, skildra han det materielle grunnlaget for busetnad og levekår i nord. Byggeskikken til det samiske folket var ein del av dette.



Figur 4.5 Bustadgamme frå Ifjord i Lebesby 1928). Teikninga er henta frå Nesheim og Nielsen, vol. IV (1979).

Hvad Huse, Paladser og Bygning angaaer,
 Af sex eller otte smaa Kieppe bestaaer
 Al Findens Pauluner og Boelig;
 Han binder de Kieppe tilsammen i Ring,
 Og lader et Dække der kastes omkring,
 Hvor inden han hviler sig roelig.
 Han lever og er med sin Gamme tilfreds,
 Ja om han end eyed' al Persiske Kreds,
 Var han ikke bedre fornøyet:
 Thi Huset det følger med Manden afsted,
 Hvor Manden henvandrer, did vandrer det med
 Gjør dog ikke Manden bemøyet:
 Til Gulv og til Benker han andet ey har
 End Qvister af Træerne, Greener og Bar
 Det bliver hans Bolster og Leye,
 Hans Hynde, og Dynner, hans Lagen og Seng,
 Det er hans Høy-Sæde for Hosbond og Dreng,
 Hans Huus-Geraad han monne eye.

(Dass 1974:60-61)

Petter Dass viser her stor innsikt i bu- og levekår for dei samiske sokneborna sine. Framstillinga hans er prega av vilje til å forstå ei framand livsform. Den samiske livsforma og det samiske folket var på den tida sett på som meir likeverdige med det norske enn kva som tilfelle var seinare. Utpå 1800-talet, med sosialdarwinisme og imperialismen som rådande ideologi i Europa, vart samefolket av mange sett på som mindreverdige. Eit resultat av dette er at seinare embetsmenn og reisande i nordområda ikkje alltid har vist like open haldning og forståing for det framande som Dass gjorde.

Mindre poetiske i form, men likeså klare og detaljerte er skildringane til ein seinare kollega, presten og folkelivsgranskaren Eilert Sundt (1862). Eilert Sundt, som gjerne vert kalla den første norske sosiologen, reiste i siste halvdel av 1800-talet rundt omkring i Noreg for *”at studere seg ind i almuens kaar og sæder.”* Emne for det han studerte, spente frå levekår på bygdene, reinsemd og fattigvesen til tunskipnad og byggeskikk. I studie av den folkelege byggeskikken på landsbygda var han ein føregangsmann. Han såg særtekka, og var i stand til å analysere desse, og han såg eit mønster – noko han kalla byggeskikk i tuna han studerte:

Efter som jeg gik ut og ind paa flere og flere gaarde, var det mig, som om uregelmessigheden veg noget tilside for blikket saa jeg fikk skimte lidt af en oprindelig regel og enhed i grunden. Og det forekom mig, at hin uregelmessighedens eiendommelige skjønhed heller blev skjønnere, jo bedre jeg blev øvet i at øine den regel og orden som ligger halvt skjult derunder. Og det kunde vistnok være et øiebliks moro at betragte blandingens forvirring; men er man først kommen ind paa den tanke, at disse bygde-skikkens uligheder kanske kunde forfølges helt opp til en lands-skikkens enhed, som de ere udsprungne af, saa kan betragtningen skjænke underholdning og nydelse i timevis (Sundt 1862:1-2).

Som bygningsforskar med ein sosiologisk innfallsvinkel var han langt framme i si samtid i Europa. Om lag samstundes uttalte den leiande osloarkitekten Grosch seg om den folkelege byggeskikken her til lands. Det er ikkje smak som pregar denne, heller ”mangel på bygningsmessig smak, der i det hele land har frembrakt den store masse av heslige og uhensiktsmessige privathus, der dessuten gjennom store strøk er støpt aldeles i samme form” (Grosch, ca. 1830, her sitert frå Brochmann 1981-2:36).³⁷ Ser ein då Sundt i lys av slike utsegner, kjem den analytiske og fordomsfrie haldninga hans endå sterkare fram.

Så sterkt kom arbeidet hans til å prega seinare forskning på dette feltet, at enkelte kunne oppleve dei mest som ei tvangstrøye (Brekke 1993). Andre forskarar, særleg innanfor fagfeltet folkearkitektur understrekar likevel at arbeida til Sundt har stor verdi også i dag når dei blir brukte med kritisk distanse (Lloyd 1969).

³⁷ Brochmann viser her til ei utsegn Grosch kom med i samband med diskusjonen om organisering av tilsynet med staten sine bygningar på 1830-talet. Til dette vart det oppretta ein komite som skulle koma med framlegg om ei landsomfattande løysing for bygging og vedlikehald av kyrkjer, embetsmannsgardar og andre offentlege bygg. Komiteen kom med framlegg om å oppretta distriktswise bygningsinspektørar for heile landet .I tillegg til å ha ansvar for offentlege byggesaker, skulle desse inspektørane hjelpe folk med ”å bygge pent og forstandig.” (Brochmann 1981-2:36).

4.3.5 Godt handverk og stabile formuttrykk

Det norske laftehuset har gjennom mange år vore eit interessant studieobjekt for forskarar med ulik bakgrunn. Historikarar, etnologar og arkitektar har med utgangspunkt i kvar sine fagtradisjonar studert desse bygga. Arkitektane har gjerne vore opptekne av den funksjonelle og fint utforma konstruksjonen, ”its simplicity and perfection in its use of materials” (Oliver 1969:31). Men utan at det er eksplisitt uttalt, har det gjerne vore den *vakre* byggeskikken, slik den var før ”forfall og forflating” som har vore, og enno er, interessant som studieobjekt også for studiet av folkearkitektur. Lloyd, som har studert det norske laftehuset, er inne på dette i sin studie av dei gamle husa på Maihaugen på Lillehammer. Løkestua, som han skriv om, er frå ei tid der den gamle estetikken enno er levande:

It was built in 1764, when new ideas and influences were already at work changing the medieval tradition into a new language, one which itself had only a short life before it suffered the breakdown of the homogeneity of style, and the loss of the firm aesthetic grip which had marked both periods (Lloyd 1969:34).

Tankar om ein tidlegare gullalder med ein kollektiv estetisk sans fargar til dels denne og mange andre forskarar si framstilling av den gamle norske laftekunsten.

Ei av årsakene til at dei norske laftehusa er så interessante studieobjekt, er at dei er så godt dokumenterte. Det er teke vare på fleire tømra hus frå mellomalderen i Noreg enn i noko anna land i Europa (Visted og Stigum 1952). Ei av årsakene til dette var dårlege økonomiske kår i landet. Ei langvarig nedgangstid med stor nedgang i folketalet etter Svartedauden på midten av 1300-talet førte til at Noreg vart isolert frå resten av Europa. Den 400 år lange dansketida styrkte denne isolasjonen. Kontakten mellom Europa og Noreg gjekk i stor grad gjennom dansk adel og danske embetsmenn. Slik kom Noreg til å leva utanom mange av dei europeiske straumdraga. I arkitekturen kom dette til syne ved at dei utvikla hustypane heldt seg svært *stabile* i form og arkitektonisk uttrykk.

Bustadhusa på dei norske bygdene hadde heilt fram til 1800-talet til dømes ei planform som skreiv seg tilbake til 1200-talet, då det var eit skifte frå langhus til to- og tre-romshus (Lloyd 1969, Visted og Stigum 1952). Tunet var ei samling av mange små hus bygde over *ei* form med ulike variasjonar, slik ein finn i mange andre rurale kulturar under ulike himmelstrøk (Rapoport 1990).

Tømrarhandverket var høgt utvikla, og handverkarane førte på denne tida opp laftehus og stavbygg som har vorte ståande som mønster for godt handverk og god byggeskikk.

4.3.6 Norsk folkearkitektur – nasjonsbygging og grensemarkering

På midten av 1800-talet vart Foreningen til norske fortidsminnesmerkes bevaring skipa med det føremålet å ta vare på kulturminna i landet. Bak denne organiseringa stod stort sett kunstnarar og enkelte akademikarar. Det dei ville ta vare på, var i mange høve bygg frå mellomalderen. Seinare kom interessa til også å femna om ”nyare” bygg frå 17-1800-talet. Noreg var på denne tida ein ung nasjon som berre for få år sidan var blitt fri frå dansk herredøme. Eit nytt og *norsk*

fellesskap skulle byggast. Denne nye fellesskapen trong symbol som viste einskap. Den tradisjonelle trebyggeskikken var tenleg som nasjonal markør:

Det å bygge opp nasjonalfølelse og nasjonal identitet var et hovedprosjekt for mennene fra 1814. De visste at kunst og kultur spilte en betydelig rolle i denne sammenhengen. Det særpreget norske måtte defineres. Nasjonalfølelsen måtte styrkes gjennom kunnskap om storslagne minnesmerker fra en svunnen norsk storhetstid. Det norske folk måtte bli stolt av sin nasjonale kultur og sin egenart (Forseth 1994:12).

Stav- og steinkyrkjer frå mellomalderen, bur og loft og tømra stover var umiskjenneleg *norske*. Det var trebygg av høg kvalitet, bygd i lokale materiale. Det var mørke og lukka hus, lokaliserte i fjerne bygder, nær til naturen, og slik sett hadde dei trekk som mange såg på som typisk norske. Denne byggeskikken var noko særprega, noko Noreg var åleine om – slik ein til dømes lenge trudde om dei gamle stavkyrkjene. Og sjølv om seinare forskning har vist at dette ikkje er tilfelle, dei er del av ein samanhengande europeisk tradisjon, blir dei ikkje mindre norske av den grunn (Hauglid 1976). Men draumen om gullalder og stordomstid i ei fjern fortid var ein viktig grunnlag for bygging av nasjonalkjensle og styrking av eigen kultur.

Interessa for bygningsvern og kulturminne heldt seg nokolunde stabil i mange år, inntil den fekk ein kraftig oppsving på 1970-talet og utover, både i Noreg, som andre land i den vestlege verda. Interessa skreiv seg frå ein reaksjon på den raske moderniseringa og det ein opplevde som forflating og tap av særpreg i etterkrigstida. Samtidig var landet rikt nok til å ta fram i lyset si eiga fattige fortid og sjå verdiane i den. Også i dag er interessa for den gamle byggeskikken knytt til verdien av ei felles historie og ein felles kultur:

Norske bygninger betyr mer for oss enn andre. Det er de bygningene som definerer vår kulturs særpreg, de som representerer vår felles nasjonale kulturarv og derfor tilhører oss som nasjon (Forseth 1994:9).

Slik har mykje av interessa for byggeskikken og kulturarven kanskje like mykje vore ei søking etter symbol for eiga tilhøyrrighet som det har vore ei rein interesse for byggeskikk, stiluttrykk og konstruktive detaljar.

4.3.7 Nyare norsk folkearkitektur

Interessa for nyare norsk folkearkitektur var på 1990-talet knytt til nokre få faggrupper. Samfunnsvitarar og arkitektur er dei som har vist størst interesse for forskning på bustadkultur og bustadforming. Særleg har den frittliggjande einebustaden og dei verdiane og haldningane som er knytte til den, vore av interesse for forskning. I mindre omfang har landskapsarkitektur og kunsthistorikarar publisert avhandlingar innanfor dette emnet.

Arkitektane har gjerne vore opptekne av å få fram kunnskap som kan få *praktisk nytte* for framtidig planlegging, utforming og forbetring av bustadområda. Einebustaden og ferdighuset som buform saman med tette utbyggingsformer har vore tema for fleire forskingsoppgåver (Haveraaen 1993, Sørby 1992). Samband

mellom kultur og bustadform har vore diskutert med utgangspunkt i nyare einbustadstrøk (Støa 1995).

Sams for desse undersøkingane er at dei hentar empirien frå *urbane* strøk. Og miljøa som blir undersøkte, tilhøyrer den nordiske majoritetskulturen. Interesse for bustaden både som ei praktisk ramme rundt folk sitt liv, og som status- og identitetssymbol stod sterkt i desse miljøa. Antropologen Marianne Gullestad (1984, 1989) var særleg oppteken av den sentrale plassen hus og heim hadde fått i vår kultur.

I *samiske* område er bygningsforskninga i mykje sterkare grad knytt til eldre arkitektur. Den tradisjonelle samiske byggemåten som me finn i gammar, stabbur og andre mindre bygg på det samiske gardstunet, er undersøkt av fleire. Delar av desse forskingsarbeida har gjerne eit historisk tilsnitt, og er konsentrert om det bygningstekniske (Vreim 1945). I enkelte av arbeida er det også lagt vekt på å analysa funksjon og bruk av bygga (Borgen 1995, Bjøru 1994, De Coninck 1993-94, Sjølie 1995). Gjenreisingsarkitekturen, dei bygga som vart sette opp etter at Finnmark og delar av Nord-Troms vart brend under krigen, har vore emne for ei doktorgradsavhandling (Hage 1999). Enkeltbygg og tun har vore presenterte i ulike arbeid av mindre omfang (Borgen 1954).

4.4 Hus på vandring

Diskusjonen om nomadearkitekturen sine særtrekk og funksjonar er spesielt viktig i det vidare arbeidet mitt som handlar om ei bygd der store delar av folkesetnaden enno lever eit liv i ei viss form for nomadisme. Emnet har difor fått eit eige avsnitt i denne framstillinga. Nomadekulturane sin byggeskikk viser eit eige uttrykk, men kan samstundes plasserast som ein del av folkearkitekturen. Byggeskikken er gjerne minimalistisk. Tak over hovudet og ly for ver og vind er hovudfunksjonane for desse bygga. I liten grad er det knytt symbolfunksjonar til desse bygga, nomadefolka markerer oftast symboluttrykk gjennom andre gjenstandar enn bygg. Vakre klede og utstyr, smykke og dekorasjonsgjenstander eller eit fargerikt seletøy for trekkdyret ber gjerne i seg eit rikare symbolinnhald enn bustaden.

Eksempel frå Afrika, Australia og Sameland viser det store spennet innanfor fagemnet folkearkitektur, og viser samstundes at å byggja avgrensingar, rom og landemerke ikkje alltid er ein handfast, *fysisk* prosess.

Arkitektur kan brukast for å skilja mellom kulturar som lever nært kvarandre. Slike skilje, eller etniske markørar kan ikkje vera kva som helst bygg, men former som skil seg frå det nabokulturen har. Til sist i dette kapitlet vil eg med utgangspunkt i den samiske byggekikken i nord diskutera symbolinnhald i bygg, og bruk av bygg som etniske markørar.

4.4.1 Landskapsrom og flyttevegar

Studiar av nomadisk byggeskikk, av dei flyttbare bygga, har ført til ei ny forståing av omgrepet arkitektur. Innanfor fagtradisjonen folkearkitektur går enkelte så

langt at dei hevdar at arkitektur ikkje berre er bygde strukturar, det er òg landskapsrom, flyttevegar, rasteplassar og naturformasjonar. Det er minnelandskap, skapt av folk sin bruk, livssyn og førestellingar. Folks nærver har gjeve landskapet ei historie. Med dette som utgangspunkt blir skiljet mellom arkitekturen og kulturlandskapet flytande.

Dei bygde strukturane blir gjerne brukte som målestokk for å slå fast kor høgt utvikla ein kultur er. Studiar av fangst- og jaktfolk sin kultur, viser at dette kan gje eit svært skeivt bilete av situasjonen. Dei fysiske strukturane kjem gjerne i etterkant av at høgt utvikla sosiale og rituelle system er utvikla, slik mellom anna Rapoport (1975) viser i sin studie av urfolk i Australia sitt syn på landskap og naturformasjonar. Desse folkegruppene, som er samlar- og jegerfolk, vandrar over større eller mindre landområde for å skaffa mat. Dei har ingen faste buplassar, og legg så lite vekt på å byggja hus eller andre fysiske strukturar, at det blir interessant å undersøkje kva denne manglande interessa skuldast, skriv Rapoport (1975). Innanfor landskapet der dei vandrar, skaper dei seg sine egne grenser, rom, landemerke og heilage plassar – utan fysiske byggverk:

It thus seems clear that the Australian aborigines were most definitely able to establish a sense of place which was independent of any buildings which they might have constructed. This suggests that in the larger sense the establishment of place is a symbolic process. The use of physical barriers is only one way of achieving this – although, apparently, an essential one in our culture and context (Rapoport 1975:50).

Dei australske urfolka skaper sine omgjevnader gjennom mytar og forteljingar, ved overføring av munnleg tradisjonsstoff frå generasjon til generasjon. Slik blir landskapet levande på historie, det blir noko ein identifiserer seg med, og dermed kan orientera seg i. I tillegg til dette er det knytt åndelege dimensjonar til visse landskapsformasjonar.

Eit slikt nært tilhøve til eit landskap som er personifisert, er avhengig av at ein ferdast der ofte, og har tid og overskot til å bruka det. Enkelte av desse trekka som Rapoport skildrar frå dei australske urfolka, ville ikkje vore heilt uråd å kjenna igjen for sauebonden på Vestlandet eller reingjetaren på Finnmarksvidda, særleg dersom ein gjekk nokre år tilbake i tida.

Labelle Prussin (1995) skriv om nomadefolk i Afrika og deira måte å byggja og avgrensa rom på. Å skapa rom på den store vidda er ein *estetisk* prosess, hevdar Prussin, der det vakre ligg i dei motsetnadene som trer fram når teltet kjem opp. Den sterke kontrasten mellom ute og inne, mellom det endelausa landskapet og det lune teltet, viser til fulle kva arkitektur er; å skilja mellom det opne og lukka, å setja grenser mellom det som er trygt og det utrygge, mellom det som er vår plass i verda og det store, grenselausa landskapet:

Mobility in space necessitates a set of architectural transformations that enhance and hone spatial awareness. When a nomadic family arrives at a new site with loaded camels, there is no human imprint on the bare landscape. The house that arrives is one form, folded flat and fanlike on a camel's back, is transformed into another, a volumetric form. Space is transformed and retransformed with each move. (Prussin 1995:188).

I tilknytning til dei skiftande buplassane etablerer folk rom og avgrensingar ved hjelp av menneskelege handlingsmønster, ulik oppførsel, rituelle og symbolske handlingar. Kropp og åtferdsmønster erstattar fysiske grenser.

4.4.2 Nomadearkitektur i nord – funksjon og symbolverdi

Studiet av samisk byggeskikk har i stor grad dreidd seg om dei tradisjonelle gamle- og teltkonstruksjonane. Desse byggverka, i tillegg til dei små stabbura, er gjerne dei bygningsformene som klart kan kallast *samiske*. Når det gjeld bustadhus, blir det ofte diskusjon om trekk ved desse som kan plassera dei som samiske eller norske (Sjølie 1995, Samisk kulturminneråd 1998).

Stabburet er først og fremst eit funksjonelt bygg, ein lagringsplass for mat, utstyr, klede og reiskapar – men det viser i tillegg både geografisk og etnisk tilhøyrlighet. Og det er eit band til fortida der rekkjer av slike bygg symboliserte tryggleik, velstand og gode tilhøve mellom dei fastbuande og reindriftssamane.

Lávvu med ny funksjon

Lávvu vert først og fremst brukt i si opphavlege form som eit enkelt telt. Han er i bruk som flyttbar buplass, som røykjehus for kjøt og fisk, eller som gjeste- eller leikerom i hagen. I tillegg til dette har han fått nye funksjonar, då særleg i samband med turistnæringa. I denne næringa blir han nytta som salsbu langs vegane og som serverings- og overnattingsplass, eller som reint symbol der det er viktig å signalisera tilknytning til naturen, til vidda og den samiske kulturen.

Institusjonar som marknadsfører og sel Sápmi, anten det er i form av kultur eller natur, bruker ofte teltet og bålplassen som eit gjennomgangsmotiv. Kautokeino kommune har lávvu som symbol i kommunevåpenet. Slik blir lávvu ei bygningsform med rikt innhald, ei form som bind saman den gamle og nye tida i samisk bygningshistorie og ei bygningsform som skaper samband mellom natur og kultur.

Gamme i ny form

I det bygde landskapet i Sápmi i dag er det vanskeleg å finna *nye* bustadbygg som i vesentleg grad skil seg ut frå bygningsmiljøet i norske bygder. Men, som i den gamle samiske byggeskikken, er det ikkje alltid den store bygningsforma som skil seg ut frå grannekulturane sine bygg, men heller dei små detaljane. Slike detaljar kan ofte tolkast som ei praktisk tilrettelegging av bustaden, men òg som ei markering av etnisk tilhøyrlighet.

Nokre få døme på nye bustadhus i ”moderne samisk stil” (Stordahl 1996) finst likevel. Desse hentar formelement frå gammal samisk byggeskikk, og då gjerne frå gammen. Men dei bryt ofte radikalt med den gamle byggeskikken når det gjeld dimensjon og utstyr. Husa var store i areal og rikt utstyrte. Dette, saman med at det gjerne var den akademiske, og til dels økonomiske eliten i bygda som oppførte slike hus, gjorde det vanskeleg for mange å sjå dei som ”samiske.” Frå Karasjok skriv Stordahl (1996):

Argumentet om at man her ville bygge hus i ”moderne samisk stil” ble avvist som tøys, for det fantes ikke noen samisk hustradisjon. Teltet var den opprinnelige samiske boformen. Den bostilen gruppen bak dette boligfeltet representerte var noe middelklassenorsk, ble det sagt (Stordahl 1996:110).



Figur 4.6 *Lávruen som inspirasjon for nye, offentlege bygg. Museumsbygget i Kautokeino, teikna av ark. MNAL Kjell Borgen.*



Figur 4.7 *Kommunalt utleigebygg i Kautokeino(LES-bygget), teikna av arkitektkontoret BOARCH.*

Vigdis Stordahl tolka dette som ein lokal reaksjon på ei ny sosial lagdeling. Bustadfeltet vart eit fysisk symbol på den nye sosiale gruppa i bygda, samiske akademikarar. Dette var ei gruppe som hadde status, men som lokalt òg vart oppfatta som ein *trussel* mot den tradisjonelle samiske kulturen og mot likskapen i bygdesamfunnet. Dei nye husa var innlegg i diskusjonen om samisk kulturmarkering. Men som *etniske* markørar fungerte dei ikkje; diskusjonen i bygda viste at dette ikkje var element som ålmenta kunne einast om som uttrykk for noko som hørde til det samiske samfunnet på 1980- og 90-talet.

4.4.3 Samisk bustadforming?

I diskusjonen om byggeskikk og etnisitet har det på ulikt vis vore prøvd å knytta ein samisk merkelapp til ulike typar bygg både av gamal og ny dato. Eit utgangspunkt har vore å lokalisere samiske bygg ut frå *konstruktive* særtrekk, ein annan tilnæringsmåte har vore å spørja kven som *bygde* og *brukte* husa. Men ofte kan det vera vanskeleg å slå fast snikkaren sitt opphav, og brukarane kan ha vore mange – og med ulik etnisk bakgrunn. Torvgammen med sin særprega konstruksjon, og det vesle tømra stabburet er dei bygningsformene som er lettast å identifisera som samiske. Organisering av gardstun og byggverka der har òg vore trekt fram som noko særmerkt samisk (Samisk kulturminneråd 1998). Sams for desse kjenneteikna er at dei i mange høve er hefta med stor usikkerhet. Særprega er ikkje store og slåande, men heller summen av mange små detaljar. Kulturminnerådet (1998:8) nemner mellom anna desse kjenneteikna som viktig å vurdera når ein skal identifisera samiske bygningar:

- ⌘ dei geografiske variasjonane har ofte ein parallellitet i nabofolket sin bygningskultur
- ⌘ den einskilde samiske bygningen er ikkje eit statussymbol
- ⌘ ein finn sjeldan dekorativ utsmykking på husa
- ⌘ samiske byggeskikk vert ikkje nødvendigvis uttrykt i arkaiske bygningsformer eller i bygningar oppført i ubearbeidde naturmaterial. Den samiske tradisjonen er i like stor grad å innpassa nye bygningsformer, nye og tenlege material og tidsaktuell bruk av bygningane.

Arkitektur kan brukast som etnisk markør, men husformer som ikkje skil seg ut som spesielle, men som tvert i mot er nærmast identiske med dei som nabogruppa byggjer, kan ikkje tena eit slik føremål (Barth 1969). Storparten av byggeskikken i Sápmi er folkearkitektur som vanskeleg let seg skilja ut frå det nabofolket byggjer:

De kulturelle trekkene som får betydning for etnisitet, er de som skiller ulike grupper fra hverandre, særlig når folk selv bruker trekkene som tegn på forskjeller. De er viktige fordi de er grensemarkører og identitetsmerker, ikke fordi de er mest karakteristiske eller mest opprinnelige for den kulturen det dreier seg om (Barth 1995: 195).

Ser me på arkitekturen *berre* som ein slik grensemarkør, vil ein lett koma til å overfokusera på ulikskapar og berre sjå dei få, særprega detaljane. Desse blir det samiske innslaget, alt det som er likt med nabokulturen, blir norsk. Søkinga etter dei store, slåande ulikskapane kan òg hindra ein i å sjå alle lokale tilpassingar som også i dag gjer kvardagsarkitekturen til noko eige, som gjerne kan kallast samisk.

I forarbeidet til verne- og forvaltingsplan for samiske bygg er dette synspunktet diskutert:

Gjør signaler om forskjell/likhet eventuelt en forskjell i forhold til objektet verneverdi? Selv om bygninger ikke markerer forskjellighet, kan de være viktige å ta vare på. Samer, som andre folk, har andre ting fore enn til enhver tid å markere forskjellighet. Objektene dokumenterer måter å forholde seg til omgivelsene på. Dersom vi overfokuserer på etniske markører kan vi komme til å overse andre ting (Samisk kulturminneråd 1998:19).

Arkitekturen *kan* såleis vera ein etnisk markør, men den har òg ei rekkje andre funksjonar – og oftast er desse andre funksjonane sjølvsagt viktigare enn markørfunksjonen.

4.5 Vår tids folkearkitektur

Vår tids folkearkitektur bryt på mange område med det som leiande forskarar innan fagfeltet reknar som ”skikkeleg” folkearkitektur (Oliver 1997). Dagens bygde landskap er prega av ulike typar såkalte ferdighus med lite eller ikkje noko lokalt uttrykk. Den nye bustadarkitekturen frå 1970-talet og utover har i stor grad viska ut forskjellane mellom landsdelane. Slike hus dominerte bygdene også på 1990-talet, både talmessig og i storleik.

Paul Oliver (1997) plasserer bygga frå slutten av 1900-talet inn under det han kallar populærarkitektur. Dette er *spekulativ* utbygging seier Oliver, arkitektur som har lite til felles med folkearkitekturen; ”a broad distinction between such popular architecture and the vernacular,” skriv Oliver (1997:xxii), men vedgår samstundes at det er vanskeleg å trekkja opp klare og dekkjande grenseliner mellom desse to gruppene. Andre forskarar, som Wells (1986) og Collins Cromley og Hudgins (1995) legg meir vekt på utviklinga innanfor fagfeltet vernakular arkitektur, og ser analysereiskapane her som eigna også for å studera nyare arkitektur.

I arbeidet her har eg sett det som viktig å diskutera trekk ved denne nye byggeskikken som gjer at den både samsvarar og bryt med den ”historiske” folkearkitekturen. Det er heller ikkje så stort poeng *kor* dagens bustadarkitektur blir plassert, det interessante i denne samanhengen er å sjå slektskap mellom det som folk byggjer i dag i høve til det som vart bygd før byggeprosessen vart offentleg regulert og formalisert.

4.5.1 Trekk som viser slektskap med den tradisjonelle folkearkitekturen

Eit trekk ved den norske bustadarkitekturen utanfor tettstader i dag er *formgjevarane sin ”anonymitet.”* Hus blir formidla gjennom leverandørane sine produktkatalogar. Arkitekt eller formgjevar kan vera nemnd, men om så er tilfelle, er huset ikkje marknadsført som arkitekten sitt produkt – det er firmaet sitt produkt. For huskjøpar og byggjar er ikkje namnet noko vesentleg poeng.

Formspråket er tilsynelatande variert, men det blanda utvalet viser seg ved nærmare undersøking å vera mindre variert enn det ein først får inntrykk av (Gullestad 1989, Støa 1995). Det er snakk om eit kollektivt godkjent formspråk, men med tilsynelatande stort rom for individualisme.

Trekk som tydelegast viser slektskap med folkearkitekturen, finn me i *prosessen*, det vil seia i oppføring og i *bruk* av huset. Hovudforma til huset er bestemt av andre enn byggherren, men endringar og tilpassingar kan gjerast undervegs. Desse endringane er ofte grunnjevne med praktisk nytte og speglar slik den lokale kulturen og det særskilde behovet til byggherren. Endringane kan gjelda utforming av tomt, plassering av hus og endring av huseikningane, av materialbruk og detaljering. Alle desse tilpassingane viser at byggherre og brukar ikkje er heilt utan kontroll over byggeprosessen, sjølv om denne kontrollen er sterkt avgrensa i høve til tider med ein meir uformell prosess. Aktiv påverknad under byggeprosessen, som vist her, let seg lettast gjera når utbygginga skjer i privat regi, slik tilfellet var for hovudmengda av bustadutbygging i samiske strøk i den perioden dette arbeidet omfattar. Større samla utbygging, styrd av bustadkorporasjonar eller private utbyggjarar, gjev ikkje same rom for deltaking frå dei som skal bu i huset.

På same måte syner lokal kreativitet og tilpassing seg i måten folk tek i *bruk* bygg og uterom på. I samiske strøk kjem dette gjerne til syne ved at ein byggjer små uthus, stabbur og torvgammar eller andre lokale lagerkonstruksjonar. Desse bygga er eit symbolsk uttrykk for ei faren tid, eit signal om å høyra til ei spesiell etnisk gruppe, og samstundes er det i den lokale situasjonen eit praktisk bygg for bruk i vår tid (Fair 1997).

Størst rom for tilpassing til eigen bruk har ein ved den innvendige handsaminga av huset. Gjennom val av material, fargebruk og utstyr kjem eigen kreativitet til syne. Tilpassingar skjer ofte gjennom bruk. Praktisk erfaring, meir enn planlegging på førehand, tilpassar rom og utforming til eigen bruk.

Det er ikkje dei store, slåande trekka som viser kor denne nye byggeskikken skal plasserast, heller summen av mange små detaljar. Og desse detaljane er vanskeleg å få auge på utan grundig registreringsarbeid og samtalar med byggherre og brukarar.

4.5.2 Nye trekk ved vår tids folkearkitektur

Dagens *byggeprosess*, både for småhus og større bygg, er sterkt formalisert og regulert. Offentleg lovverk, planar og tekniske regelverk saman med detaljerte føresegner frå den viktigaste finansieringsinstitusjonen for småhus, Husbanken, fører til ein både lang og omfattande planprosess der byggherre og brukar ofte opplever seg sjølv som fjern medspelar. Dette bryt sterkt med den folkelege tradisjonen der byggeprosessen var eit lokalt føretak.

Utbyggingsforma er styrd av landsdekkjande firma som tilbyr typeløysingar utan noka form for lokal tilpassing. Sjølvbygging eksisterer i svært liten grad mellom anna som følgje av offentlege godkjenningskrav til handverkarar og andre ansvarlege i byggeprosessen. Den auka spesialiseringa saman med tidspress frå

finansieringsinstitusjonane, gjer byggeprosessen til ein rein profesjonell prosess. Eigeninnsats og dugnadsarbeid blir borte, bygging er ikkje lenger eit kollektivt ansvar i lokalsamfunnet, men ei privatsak for den enkelte. Og *kunnskap* om bygging og formgjeving er i liten grad ein kunnskap som finst fordelt mellom medlemmer i lokalsamfunnet. Ei gruppe spesialistar som opererer i ein større marknad, har overteke denne kunnskapen.

Ny teknologi og nye material har langt på veg ført til at det ikkje er nødvendig å ta omsyn til lokale, naturgjevne føresetnader. Tilpassing til landskap, klima og lokal materialtilgang er dermed brote. Med minkande avhengighet av lokale fysiske føresetnader, synest også forståinga for eit harmonisk samspel mellom bygg og landskapet å ha vorte svekt.

I større grad enn før synest det som om hus i dag er *status*. Dette trekket er gjerne lettast å sjå i miljø der bustaden tradisjonelt har hatt liten status, slik det til dømes har vore i nomadiske kulturar (Prussin 1995). Men i dag ser meir enn før at bustad og buplass kan vera ein plass å markera status, personleg smak og tilhøyricghet (Andreassen 1993, Stordahl 1996). Symbolfunksjonen er knytt til huset, men òg i stor grad til lause ting, *semi-fixed* (Rapoport 1990), ein motsetnad til kvardagsarkitekturen der slike gjenstandar hadde mindre å seia.

4.6 Oppsummering

Arkitekturfaget blir av mange kritisert for eit svakt teoretisk grunnlag (Rapoport 1990a). Mangelen på teori gjeld faget generelt, og ikkje minst den delen av faget som er oppteken av den folkelege byggeskikken. Fagemnet folkearkitektur, eller på engelsk, vernacular architecture, er ikkje nytt, noko tidlege studiar av norsk folkearkitektur viser (Sundt 1862). Som *eige* fagfelt derimot, oppstod det på 1960-talet, som ei følge av ei veksande interesse for gamle handverkstradisjonar, for tradisjonelle bygningsformer og for framande kulturar. Men denne interessa oppstod også som ein motstand mot den tids rådande arkitektur, som av mange vart oppfatta som industriell og preglaus. Fagfeltet utvikla seg i to ulike retningar. Den eine retninga, som gjerne blir kalla europeisk eller historisk orientert, la vekt på eldre, folkeleg bustadbygging, gjerne også bygg med høg, estetisk kvalitet. Hovudinteressa for denne retningar vart dermed studie av bygg frå kulturar som låg fjernt i tid eller i geografi. Den andre retninga, den amerikanske, hadde eit breiare interessefelt og produserte forskingsarbeid av all slags bygg, frå bensinstasjonar til stabbur, forretningsbygg og nye ferdighus.

Studiet av folkearkitektur gjekk inn i eit tverrfagleg arbeid, Environment and Behavior Studies, ei retning som femna om ulike fag som antropologi, etnologi, geografi og psykologi. Felles for denne retninga var at dei sette samspelet mellom mennesket og miljøet i sentrum. Det tverrfaglege samarbeidet førte også til teori- og metodeutvikling over faggrensene.

Den aukande interessa for folkearkitekturen har naturleg nok ført til utvikling av teori og metode tilpassa fagemnet. Leiande her har vore amerikanske og engelske forskarar som Rapoport, Oliver, Carter og Jackson. Eg har hatt stor nytte av

arbeida deira. I tillegg har enkeltstudiar av ei rekkje forskarar, med arbeid frå mest heile verda, vore med og gjeve viktig empiri og metode til faget. I framstillinga her har eg presentert ein del slike enkeltstudiar som har hatt spesiell interesse for mitt eige arbeid. Som oversynet viser, er dette eit ungt fagfelt, som ser arkitekturen på ein dynamisk måte. Samstundes er det eit fagfelt i endring. Framstillinga her har såleis til ei viss grad blitt ei framstilling av eit fagfelt sin vekst og utvikling.

Teoriar om etnisitet og om nasjonsbygging er ikkje noko som i seg sjølv er eigna for å analysa dagens kvardags- eller folkearkitektur. Når eg likevel tek med dette, er det fordi eg opplever at ei viss innsikt i slike teoriar er viktig for å tolka og forstå delar av argumentasjonen i samisk miljø. Vidare har eg teke med eit kort oversyn over særtrekk ved den nomadiske butradisjonen, i tillegg til å presentera ein aktuell diskusjon om samisk buform og byggeskikk. Også dette må vera med for å gje bakgrunn for å forstå arkitekturen i samiske område i nord på 1990-talet. Kapitlet avsluttar med eit kort oversyn over diskusjonen om vår tids folkearkitektur, og nye trekk ved den. Hovudinteressa er ikkje lenger knytt til formgjeving og bygging av sjølve huset, men heller til detaljar og lause gjenstandar. Vidare er diskusjonen om bruk, tilpassing og omforming viktig når det gjeld denne arkitekturen, og dermed også viktig i det vidare arbeidet mitt her.

5 Metode og informantar

Eit ord

ein stein i ei kald elv.

Ein stein til

Eg må ha fleire steinar

skal eg koma over.

Olav H. Hauge (1966)

Det bygde landskapet fortel ei historie som kan tolkast på ulike måtar, avhengig av kva måte tolkaren møter dette på. Val av metode er viktig her. I kapittelet som følger, presenterer eg mitt eige val av metodar og grunngjev kvifor eg valde å nytta meg av både ein verbal og ein ikkje-verbal metode. Vidare diskuterer eg utval og gjennomføring av datainnsamlinga. Hovudvekta her er lagt på spørsmål om representativitet og validitet. Vanskar eg møtte undervegs og avvegingar som følgde av dei, er ein naturleg del av denne diskusjonen.

Til sist gjev eg ein kort presentasjon av eigen bakgrunn og eigne føresetnader for å gjera dette arbeidet.

5.1 Metodar

Problemstillingane i og siktemålet med arbeidet avgjer i stor grad kva metode som er mest høveleg å arbeida etter. I dette arbeidet ynskte eg å få innsikt i dei faktorane som forma det bygde landskapet – og eg ynskte å forstå dette innifrå. For å nå fram til denne forståinga nytta eg kvalitative metodar. Generelt kan det seiast at kvalitative metodar er best eigna når me har med ei undersøking med få einingar der me ynskjer ei heilskapleg forståing av ein samansett situasjon.

I tillegg til å bruka ei form for kvalitativ metode, eksempelstudie eller *fallstudie*,³⁸ har eg òg hatt stor nytte av den ikkje-verbale tolkingsmodellen som mellom anna arkitekturteoretikaren Amos Rapoport (1982/1990) har stått som eksponent for innan studiet av folkearkitektur. Utgangspunktet mitt var at eg såg det slik at eg kunne få tak i verdifull informasjon *både* ved å lesa bygg som meningsfulle fenomen, og gjennom samtalar med dei som bur i og bruker dei bygde miljøa.

³⁸ Omgrepet *fallstudie* hentar eg frå svensk forskingstradisjon. I norsk tradisjon er det engelskspråklege case study ofte nytta utan freistnader på omsetjing. Substantivet *fall* har ei rekkje ulike tydingar på norsk, ei av desse er *tilfelle*. Kjelde: Hovdenak, Killingbergtrø, Lauvhjell m. fl (1986): *Nynorskordboka*, Oslo: Det norske samlaget

5.1.1 Arkitektur og tolking

Arkitekturen kan tolkast som ein modell av kulturen (Bourdieu, Rapoport, Gullestad) og kan såleis gje nyttig kunnskap om det samfunnet den er ein del av. For forskarar innanfor ein samfunnsfagleg tradisjon er denne kunnskapen ofte det som har størst interesse når det gjeld arkitekturen (Gilje & Grimen 1993), medan forskarar med ein arkitektfagleg bagrunn heller legg vekt på å forstå bygget i seg sjølv. Men også her er det skilnader. Den kunsthistoriske tolkingstradisjonen ser arkitekturen først og fremst som ein gjenstand, eit frittstående enkeltobjekt. Det sentrale er heile tida føremålet. Tilhøvet mellom gjenstanden, arkitekturen og mennesket blir trekt fram berre når dette kan kasta eit klårare lys over gjenstanden som skal tolkast. Denne tilnæringsmåten har sine avgrensingar, seier den svenske arkitekturteoretikaren Finn Werne (1987), den hindrar eit heilskapleg syn: "De kunsthistoriska metodernas fokusering på föremålet har emellertid inom arkitekturen hindrat ett helhetstänkande som ställt relationen mellan människan och bebyggelsen i centrum" (Werne 1987:26).

I boka "Den osynliga arkitekturen" peikar Werne på ein annan tradisjon for tolking av arkitektur, ei retning som Rapoport har stått som eksponent for, og som har sett det som si oppgåve å vera eit verkty i ein endringsprosess. Det sentrale her er å forstå, gripa og forklara røyndomen, for så å kunna endra den. Utgangspunktet er å sjå bygget i det miljøet det er ein del av. Dette miljøet kan så tolkast som berarar av ein *bodskap* som fortel både om formgjevarane og brukarane si haldning til, og syn på bygg og omgjevnader. Den meininga som er nedfelt i det bygde landskapet er altså det som er interessant å analysa – både for å forstå arkitekturen som eit estetisk produkt, men òg for å forstå korleis arkitekturen på same tid skaper mulighet og set grenser for handling og liv i desse romma:

From our perspective here, however, a more important consequence of the congruence of, and relation between, patterns of behavior and those artifacts called built environment is that the latter guide the former; they remind people how to act, how to co-act, what to do. They guide, constrain, and limit behavior without being determining. (Rapoport 1982/1990:83).

I arbeidet med å tolka samspelet mellom menneske og det bygde miljøet står ikkje arkitekturforskinga åleine. Innanfor den tverrfagleg forskingsretninga, *Environmental and behavior studies* har sentrale spørsmål heile tida vore å forstå samspelet mellom menneske og miljø, eller med Werne sine ord, å prøva å forstå "hur och varför arkitekturen får betydelse eller värde i vardagliga sammanhang." (Werne 1987:21). Store delar av forskingsprosessen både i arkitekturfaget, samfunnsfag og i andre fag kan oppfattast som ein *fortolkingsprosess*. Freistnadene på å klargjera kva forståing og fortolking er, korleis forståing er muleg, og kva særskilde vanskar tolking av meningsfulle fenomen reiser, går under namnet hermeneutikk. Hermeneutikk kjem frå gresk og betyr utleggingskunst eller forklaringskunst. Hermeneutikk i moderne variantar består av freistnader både på å laga ei *metodelære* for fortolking av meningsfulle fenomen, og på å beskriva *vilkåra* for at forståing av meining skal vera muleg (Gilje & Grimen 1993, Kjørup 1999).

5.1.2 Forteljekraftig arkitektur

Kunnskapen arkitekturen kan gje om samfunnet han er ein del av, blir ofte trekt fram som det vesentlege av mange samfunnsforskarar (Gilje & Grimen 1993). Rapoport (1987, 1982/1990) utvidar dette synet og viser at den meininga som ligg i det bygde landskapet er kommunikativ også i høve til brukarane. Bygg og rom har noko å seia den som *bruker* desse bygga. Denne budskapet, eller meininga, vil ein kunna lesa ved bruk av eit ikkje-verbalt språk. Å skapa meining innan arkitekturen, seier Rapoport, er å gjera det til sitt eige, ta bygg og rom i bruk og setja sitt eige personlege preg på omgjevnadene.

I arkitekturen er form og funksjon vesentleg, held Rapoport fram, men kan ikkje skiljast frå spørsmålet om *meining*; kva meining bygg og landskap representerer for brukarane.

This suggest that meaning is not something apart from function, but is itself a most important aspect of function. In fact, the meaning aspects of the environment are critical and central, so that the physical environment – clothes, furnishings, buildings, gardens, streets, neighborhoods, and so on – is used in the presentation of self, in establishing group identity, and in the enculturation of children (Rapoport 1982/1990:15).

Rapoport var, som tidlegare nemnt, ein av føregangsmennene i studiet av kvardagsarkitektur. I fleire bøker, mellom anna ”The Meaning of the Built Environment” (1982, 1990) og ”House, Form and Culture” (1969) diskuterer han arkitektur og meining. Rapoport introduserte her ein metode for å tolka arkitektur, den han kalla *ikkje-verbal kommunikasjon*.

I utgangspunktet brukte Rapoport omgrepet meining i ei vid og noko uklår tyding. Det vesentlegaste synest å vera sentrert om kva arkitekturen fortel oss om grenser, status og statusforskjellar. I liten grad tok han omsyn til kva kultur³⁹ og kulturforskjellar har å seia for tolking av meining. Definisjonen hans vart med det for uklår til å kunna brukast på ein tenleg måte, slik kritikarane hans såg det (Werne 1987).

5.1.3 Meining på ulike nivå

I 1990-utgåva av boka ”The Meaning of the Built Environment”, med eit nytt etterord, diskuterer Rapoport kritikken mot den ikkje-verbale tolkingsmodellen og synet på arkitektur som eit meningsfylt fenomen. Boka, og dei teoriane han la fram i henne, har overlevd, seier han, med få justeringar. Den ikkje-verbale tolkingsmodellen er veileigna, hevdar Rapoport, og trekkjer særleg fram kor enkel den er i bruk, særleg når han samanliknar med andre tolkingsmåtar, som semiotikken,⁴⁰ som er ”essentially unusable and is almost impossible to

³⁹ Kultur blir brukt i fleire ulike tydingar, og kan difor gjerne kallast eit ”sekkeomgrep” slik antropologen Marianne Gullestad (1989) gjer. Det kan likevel vera fruktbart å skilja mellom tre ulike tydingar, 1) kultur som sektor i samfunnet, 2) kultur som kognitiv kode og livsform og 3) kultur som handlingsskjema. Denne inndelinga er henta frå Gullestad (1989) og Klausen (1992). I framstillinga her brukar eg omgrepet kultur i tydinga kognitiv kode.

⁴⁰ Semiotikk, lære om teikn.

understand” (Rapoport 1982/1990:221). Som så ofte før; Rapoport framfører synspunkta sine svært engasjert - og kanskje også litt unyansert.

Omgrepet *meaning* må utdjupast og definerast klårare for å brukast i tolking av det bygde landskapet, skriv Rapoport. I seg sjølv er det for generelt. *Meaning* er ikkje eit globalt, eintydig omgrep. Det må sjåast i ein kontekst, omgrepet er heilt klart kultur- og tidsavhengig. Kva *meaning* dei ulike elementa i arkitekturen signaliserer, er også avhengig av samanhengen dei står i, kva dei enkelte elementa signaliserer i seg sjølve, og kva samanstillinga betyr. Det bygde landskapet og dei materielle kulturgjenstandane inneheld heller ikkje berre *ei* *meaning*, men eit sett ulike *meanings* som alle må tolkast for å få ei fullstendig forståing av gjenstanden eller bygget. For å gjera den ikkje-verbale tolkingsmodellen klårare, innfører så Rapoport tre ulike *nivå* av *meaning*:

- ## Det første nivået, nivå 1, eller det Rapoport kallar *high-level*, omfattar *meaning* på kosmisk nivå, kulturelle skjema, filosofiske tanke-system og det som blir rekna som sakralt eller heilag.
- ## Nivå 2, *middle-level*, omfattar trekk i dei bygde omgjevnadene som kommuniserer underliggjande *meaning*, slik som identitet, etnisitet, tilhøyrighet, status, rikdom og makt.
- ## Nivå 3, *low-level*, omfattar daglegdags og instrumentell *meaning*. Dette er ”hugsereglar” for bruk av og orientering i landskap og bygg. Desse trekka i det bygde miljøet gjer brukarane i stand til å opptre og handla fornuftig og forutseibart, og slik gjera samhandling muleg.

Men, understrekar Rapoport, det er ingen klare grenser mellom desse tre nivå, heller ein glidande overgang mellom dei. Eit bygg vil heller ikkje alltid kommunisera *meaning* på alle desse tre nivåa. I dag synest situasjonen å vera den at det først og fremst er nivå to og tre som er viktig å studera. Kommunikasjon av *meaning* på nivå ein, slik som kommunikasjon av kulturelle skjema og filosofiske tanke-system i det bygde landskapet, har blitt mindre viktig ettersom andre symbolsystem, ikkje minst skriftspråket, har teke over den rolla.

Nivå to er vorte tilsvarende viktigare på grunn av mangel på felles reglar og normer i samfunn med heterogen folkesetnad, ulike kulturar og tradisjonar. Nivå tre har innanfor enkelte miljø, som det amerikanske middelklassemiljøet (Rapoport 1990a) og truleg også i norske bustadfelt, fått meir å seia. Med bortfall av felles normer og kodar blir kravet til arkitekturen som rettesnor for åtferd større. Bustadbygg og andre bygg som fell inn under det me kallar folkearkitektur vil gjerne berre kommunisera *meaning* på nivå to og tre, stundom berre på eitt av desse nivåa.

Tolkinga skjer i fleire trinn: oppfatning, dekoding og tilskrivning av *meaning*. *Meaning* blir skapt ved å sjå den nye situasjonen som noko som allereie er kjent. Det trena auget ser likskapen mellom den kjende og den ukjende situasjonen. Nye situasjonar blir dermed sett på bakgrunn av ein mønstersituasjon eller urtype (Molander 1996).


Å tolka meining i miljøet kan vera med å kategorisera folk, å lokalisera dei i ei eiga gruppe, for slik å kunna samhandla. I små, oversiktlege samfunn med kjende statusforskjellar er denne tolkingsprosessen lite viktig. Det viktigaste her er å tolka den enkelte situasjonen, og ikkje i same grad leggja vekt på forskjellar og ulike kategoriar i miljøet.

I samfunn der andre kodar er i aktiv bruk, slik som streng sosial lagdeling, språk- og dialektforskjellar, klesdrakt eller andre "klansymbol," vil ikkje arkitekturen åleine vera avgjerande for tolking av meining i miljøet. Men tendensen i dag er at mange av desse teikna på gruppetilhøyrighet forsvinn, dei lokale skilnadene blir viska ut og erstatta med regionale eller nasjonale trekk, slik me ser til dømes i dialektbruken og i byggeskikken. Bortfall av lett synlege, lokale trekk i byggeskikken betyr derimot ikkje at arkitekturen ikkje lenger formidlar meining. Meir enn før trengst det eit skikkeleg tolkingsapparat for å få tak i denne meininga. Her er den ikkje-verbale modellen til Rapoport ikkje tilstrekkeleg åleine. Munnleg samtale mellom forskaren og brukarane vil vera eit nyttig tillegg til Rapoport sin metode.

5.1.4 Rapoport i Kautokeino

Bustaden i Sápmi har først og fremst hatt, og har, ein klar praktisk funksjon som ly for ver og vind. Dette har likevel ikkje vore den einaste funksjonen til bustaden. Det flyttbare teltet og gammen er begge enkle bygningsformer med ei streng indre organisering. Denne indre organiseringa har klare parallellar til kosmologien i den samiske, førkristne kulturen.

Ein overraskande stor del av det som er skrive om tradisjonell samisk buform, har lagt stor vekt på å studera og tolka nettopp den romlege organiseringa i teltet på dette nivået, altså det som Rapoport kallar nivå éin.



Figur 5.1 *Tolking av bustaden som eit bilete på kosmologien.*

Til venstre den samiske gammen eller teltet, tolka av Timothy Yates (1989), til høgre den norske treroms-stova, tolka av Dennis Doxtater (1990).

Enkelte forskingsarbeid har også lagt vekt på å trekkja fram natur- og menneskesynet som gjer seg gjeldande i denne arkitekturen, i materialbruk, terrengtilpassing og beskjedne inngrep i naturen. Dette er alle trekk som også uttrykkjer meining på nivå éin (Borgen 1995, Sjøli 1995).

I studie av *dagens* folkearkitektur i Sápmi vil me, som Rapoport hevdar, i svært liten grad finna at arkitekturen kommuniserer meining på nivå ein. Derimot er kommunisering av meining på nivå to blitt viktigare også i samisk samanheng. Den nomadiske buforma i reindriftskulturen er stort sett borte. Buplassen er blitt fast, og kommuniserer i større grad enn før status, personleg smak og tilhøyrrighet, både geografisk og etnisk tilhøyrrighet (Skålnes 2000).

I oppbygginga og styrkinga av samisk identitet har også buforma blitt trekt inn som ein markør på eiga, særprega livsform. I skriftleg og munnleg argumentasjon med styresmaktene eller andre viktige instansar innan bustadbygginga, har me til dømes kunna sjå at folk i samiske område som har søkt om endringar eller spesielle løysingar på vedtekne arealplanar, ofte har nemnt livsforma som grunngeving for spesialtilpassingar av hus eller uterom. Konkret kunne dette gje seg utslag i ynske om større tomter som kunne gje plass for storfamilien og for næringsutøving, saman med ei plassering som gav lett tilgang til vidda. Tilpassingane til livsforma er ikkje alltid like lett å sjå i husa som vert oppførte, derimot kan *bruken* av dei, og omformingane som etterkvart blir gjorde, fortelja om ein særprega kvardag med sterke band til primærhushaldninga. Uterommet, tomta kommuniserer i endå sterkare grad desse banda.

Dagens bustad i samiske strøk kan lesast som ei tilpassing til "det norske", men like gjerne som eit teikn på å lykkast, eit signal om at brukarane taklar den moderne tida, og lykkast *både* som same og som moderne borgar i Noreg. Å lykkast, eller å forstå si eiga tid, gjev seg ulike utslag. "Bestefar var så redd for å skilja seg ut," fortalde ein informant meg. "Han ville at alt i huset hans skulle vera som hos naboane." Å ha det som alle andre var eit teikn på at han hadde forstått kva eit skikkeleg hus var. For barnebarnet var det motsett, ho undrast på kvifor folk var så redde for å skilja seg ut, velja personlege løysingar. For henne var det nettopp det å markera personleg smak som var å vera moderne, å forstå si tid. Arkitekturen viser seg slik i ulike former, men kommuniserer den same meininga.

Nivå tre som omfattar instrumentell meining, hugsereglar for oppførsel og bruk, er viktigare i dagens bustadbygging også i Sápmi. Buforma er blitt meir variert, samfunnet mindre homogent. Slik blir reglane for åtferd fleire, og sjansane for kollisjon mellom dei som forstår og ikkje forstår fleire. Inne i huset kan dette vera skilje mellom arbeid og stasrom eller mellom privat- og fellesrom. "Mor mi var ofte sint på bestemor," fortalde ein ung informant, "ho drog alltid syarbeidet inn i stova. Det vart så mykje rot av det, skinn og reinhår og slikt – men bestemor ville ikkje sitja åleine på arbeidsrommet, ho ville vera der andre folk var."

Overgang frå primærnæringane til eit større innslag av tenesteytande næringar har ført til andre behov for utforming av hus og uterom. Ei ny livsform krev nye reglar for åtferd og fører til endra haldningar til det å bu. Uterommet er til dømes ikkje lenger berre ein arbeids- og lagerplass, men skal gje plass for andre og nye behov. Einebustaden og tomta fokuserer sterkare på privatrom og privat eigedom, noko som igjen kan kollidera med tradisjonell bruk av og syn på omgjevnadene. Fri ferdsel overalt i bustadområda blir ikkje alltid tolerert, tomtegrunnen blir privatisert og grensene markerte med gjerde. Når felles føresetnader og fortoltingsgrunnlag i samfunnet forsvinn, treng den nye arkitekturen klare markørar for å styra brukarane sine handlingar. Ved å identifisera og tolka desse markørane kan me få ei større forståing av den samansette bodskapen som dagens folkearkitektur sender ut.

5.1.5 Den gode samtalen – kvalitative intervju

Den konkrete metoden eg nytta meg av i dette arbeidet, var *kvalitative intervju*. I eit arbeid som dette ville det også vore naturleg å velja feltarbeid, deltakande observasjon eller intervju – eksempelstudie.

Utgangspunktet mitt var at eg til ein viss grad kjende samfunnet eg forska i; eg hadde budd og arbeidd med bustad- og arealspørsmål her i ei årrekkje. Samstundes som denne erfaringa hadde gjeve meg innsikt i mange tilhøve lokalt i bygda, hadde den i ein del situasjonar gjort det vanskeleg å koma som ein framand forskar på feltarbeid. Folk som visste eg budde her og arbeidde på teknisk kontor, rekna – med rette - det som sjølv sagt at eg kjende til ein del om hus og husbygging, og at denne kunnskapen var stor nok til at eg ikkje trong leva innpå dei for å læra det. Både for dei og for meg ville det truleg ha kjentest kunstig om eg skulle ha flytt inn i ein familie for å observera og delta i kvardagslivet der – sjølv om eg innser at dette kunne vore både interessant og

gjeve meir detaljert informasjon enn det nokre timars samtale gjev. I høve til problemstillinga i avhandlinga ser eg likevel intervju som eit fullgodt alternativ for datainnsamling. Intervjua står heller ikkje åleine. Arbeid med planskisser, kart, foto og andre ikkje-verbale registreringar i bustadområda kom som tillegg til samtalanane.

Ei viktig årsak til at eg til sist valde den munnlege forma, og dermed det kvalitative intervjuet, var den sterke stillinga samtalen, forteljinga og den munnlege kommunikasjonen har i det samiske samfunnet. Skriftradisjonen er relativt kort, medan forteljekunsten er høgt verdsett. Å senda ut spørjeskjema vurderte eg også som lite tenleg. Store grupper innanfor samiske bygder blir, og har i ei årrekke blitt nytta som informantar i ulike undersøkingar og forskingsprosjekt. Dette kan ha ført til ein viss slitasje, og følgjande lita interesse for å svara på slike skjema. Eit spørjeskjema om bustadtilhøve måtte i tillegg vore svært detaljert på ein del område der daglegspråket gjerne ikkje er så nyansert, noko som kunne skapt vanskar ved utfylling av dei ulike svaralternativa. Personleg møte med informantane gav derimot rom for å leita seg fram til eit språk som skildra deira syn på og erfaring med å byggja og bu. Samstundes var denne situasjonen eit godt høve til å kombinera munnleg samtale med den ikkje-verbale modellen for tolking av hus og uterom.

Før eg starta intervjuarbeidet, laga eg ein enkel rettleiar⁴¹ der eg tematisk ordna dei ulike punkta eg ynskte å få fram gjennom samtalanane eg skulle gjennomføra med utvalet av husbyggjarar eg hadde sett meg ut. Samstundes gjorde eg meg opp ei mening om kva plangrunnlag og biletmateriale det var viktig å få med frå kvar einskild situasjon.

Spørsmåla i rettleiaren grupperte seg om desse tema:

- ☞ tomtetilhøve, lokalisering, utforming og bruk
- ☞ utforming og bruk av husa
- ☞ hus og tilknytning til kultur og næring
- ☞ medverknad og deltaking i bygge- og i seinare endringsprosessar
- ☞ møtet med det offentlege systemet, i hovudsak plan- og byggesakssystemet
- ☞ I tillegg til dette tok eg opp eit siste emne som gjekk på hus, identitet og etnisitet. Her prøvde eg å få fram syn på hus, eventuelle endringar i dette synet og verdien av hus i høve til andre, meir vanleg brukte etniske markørar.

Rettleiaren var forma som stikkord og ordna tematisk. Slik gav den rom for å formulera og tilpassa spørsmåla i kvar enkelt intervjusituasjon, og førte til at denne situasjonen fekk meir eit preg av ein samtale enn ei utspørjing. Informantane gjorde i mange høve sitt til å skapa dette jamlike samtalepreget, ofte ved å spørja meg ut om mitt butilhøve og om mitt syn på fargebruk, innreiing eller det siste på gardinfronten – eller om heilt andre emne som låg langt utanfor det intervjurettleiaren min inneheldt.

Det tredje tema, hus og tilknytning til kultur og næring, erfarte eg tidleg i innsamlingsarbeidet at eg dels dekte i dei to første tema. Rettleiaren vart difor

⁴¹ Intervjurettleiaren følgjer avhandlinga som vedlegg 1.

tilpassa og endra undervegs i arbeidet. Det var ein naturleg del av den fleksibiliteten ei slik arbeidsform har.

Kjennskapen eg hadde til Kautokeino og samiske strøk på førehand, var ein klår føremon i arbeidet med å laga intervjuettleiaren, og gjorde at eg før innsamlinga av datamaterialet kunne velja ut visse sider av problemstillinga eg ville leggja særleg vekt på, og lettare gå forbi andre sider.

5.1.6 Andre kjelder

I studiar av hus er bruk av teikningar, plangrunnlag, kart og foto ein viktig del av det samla datagrunnlaget. Ved sida av data innsamla gjennom intervju.

Å skildra og forstå 1990-tals bygde miljø i Kautokeino er uråd utan å kjenna fortida. Den historiske analysen baserer eg i hovudtrekk på andre sine framstillingar, både av fagleg art (Borgen 1993, Dancke 1986, Hage 1999) og av reiseskildringar, ulike årbøker og skjønnlitterære arbeid. Offentlege dokument, som stortingsmeldingar, offentlege utgreiingar, planar, årsmeldingar og ulike møtebøker gav meg mykje data. Kjennskap til Kautokeino kommune sitt plan- og bygningsarkiv, i tillegg til lett tilgang til Samisk Arkiv, gjorde delar av dette innsamlingsarbeidet enklare enn det ville vore om eg møtte som heilt framand. I tillegg stødde eg meg til eiga erfaring og arbeid som planleggjar, innbyggjar og forskar i samiske strøk.

Utgangspunktet mitt var at alt er data. Eg brukte den kunnskapen eg hadde fått ved å vera til stades, bu her, observera, snakka med folk og ha delteke i ulike arbeidsoppgåver.

5.2 Utval

Det bygde miljøet, dei fysiske strukturane og forminga av desse var hovudsaka i dette arbeidet. Val av informantar vart gjort ut frå dette perspektivet. Det var altså tomtesituasjonen og husa som var utgangspunktet for val av intervjuobjekt, ikkje dei personane som budde i og brukte desse husa.

Dei 21 husstandane fordelte seg på tre ulike tomtetypar. Atten av desse husstandane bygde hus på 1990-talet, dei tre siste på 1970-talet.

5.2.1 Dei tre tomtetypane

Om lag åtti prosent av all bustadbygging i perioden 1990-2000 i Kautokeino kommune skjedde på regulerte tomter i kommunesenteret. Av desse igjen var om lag halvparten såkalla *standardtomter*, tomter på rundt ein dekar utan særskilde tilpassingar av noko slag. Dei *tilpassa* tomtene var såleis ei forholdsvis stor gruppe av den samla utbygginga. Eg valde å dela gruppa av tilpassa tomter i to, ved å skilja mellom tilpassa tomter i og utanfor regulerte strøk. Denne inndelinga gjorde eg for å få fram ulike former for tilpassing, og dermed få fram dei ulike grunngevingar for slike tilpassingar. Samla sett representerte desse tre gruppene

variasjon i tomtevalet. Utvalet informantar var såleis delt likt med seks på kvar av dei følgjande tomtetypane:


1. standardtomt i regulerte felt
2. tilpassa tomt i regulerte felt
3. tomt utanfor regulerte område.

Utvalet representerer såleis tre typiske undersøkingseiningar. Dei tre valde tomtetypane likna på andre eg kunne ha valt. Alle var lokaliserte innanfor eit fysisk avgrensa område med mange fellestrekk, dei var bygde innanfor ein og same tidsperiode, av folk med nokolunde lik bakgrunn. I tillegg var alle husa, med eitt unntak, finansiert gjennom same institusjon, den statlege husbanken. Til saman gjorde dette at eg ut frå utvalet kunne generalisera for heile gruppa av tomter som vart bygd ut innanfor den perioden eg arbeidde (Denscombe 2000).

I løpet av datainnsamlingsperioden kom eg fram til at materialet eg arbeidde med, ville koma klårare fram dersom det vart stilt opp mot ein bakgrunn frå ei anna tid eller ein annan plass. Skilnader som er avhengige av tid, til dømes endringar i hustypar, storleik, endringar i haldningar til og synet på hus kjem klarast fram med å velja eit samanlikningsgrunnlag frå Kautokeino, eit grunnlag som ligg år tilbake i tid. Til dette valde eg tre bustader som vart utbygde på 1970-talet. Slik fekk eg med to generasjonsrekker, og kunna følgja utviklinga 30-35 år tilbake i tid.


5.2.2 Bustadeksempel

Valet av informantar vart gjort ut frå tomtetypane dei budde på. Desse tomtene var spreidde utover i alle bustadfelta som vart planlagde og bygde ut på 1990-talet. I dette tiåret skjedde også ein del utbygging på ledige tomter innanfor område som var regulerte tidlegare. Dette var område som var utbygde i siste halvdel av 1980-talet og som først i overgangen til 1990-talet vart ferdig utbygde. I tillegg vart eit større område som vart bygt ut på 1970-talet, omregulert nå på 1990-talet, med det resultatet at det også der vart ledige byggetomter. Også frå desse områda valde eg ut delar av informantane.



Figur 5.2 *Lokalisering av informantane.*


15 av i alt 21 informanthusstandar er busette innafor dei skraverte områda som er vist på skissa. Årstalet viser til tiåret då reguleringsplanane for byggefelta vart godkjende. Dei siste 6 husstandane eg intervjuar var busette like utanfor tettstadsgrensa.



Figur 5.3 Utsnitt av kommunedelplan for Kautokeino tettstad, godkjend 1993.

Informantane som hadde bygd utanfor regulerte område, kan delast i to grupper; dei som hadde bygd på privat grunn i bygda, og dei som bygde på statsgrunn i ytterkanten av bygda eller i tilknytning til små grender nær til bygda Kautokeino. Lokalisering av desse informantane er ikkje gjort på kartet, dette på bakgrunn av eit ynske om å anonymisera informantane i størst muleg grad.

Kommunedelplanen viser store område som vart lagde ut til utbygging på 1990-talet. Eit vel så viktig trekk er det sterke innslaget av areal til friluftsføremål eller andre grøntområde. Gjennom dispensasjonar og omreguleringar gav desse rom for tomter utanfor regulerte felt.




Figur 5.4 Utsnitt av bebyggelsesplan/illustrasjonsplan for Allaeenan.

Utsnittet av planområdet ovanfor viser ei typisk fordeling av ulike tomtevariantar. Tre ulike typar bustadtomter er lokaliserte innanfor dette planområdet. Langs tilkomstvegen ligg ei rekkje tomter der det er gjeve rom for å kombinera bustad og forretningsverksemd. Lenger inne i området er dei tradisjonelle einbustadtomtene lokaliserte, og øvst oppe i feltet, med grense til utmarka eller vidda, er det planlagt ei rekkje reindriftstomter.




Figur 5.5 *Tomteeksempel 1, – standardtomt i regulert område.*

Standardtomta gjennom heile 1990-talet var ei romsleg tomt på mellom 1 – 1,5 dekar. Ei så stor tomt gav god plass til det som syntest å vera viktigast i planleggingsfasen, ei god orientering av hus og uthus på tomta, lett tilkomst frå kjøreveg og godt med sol og utsyn frå opphaldsdelen av huset.



Figur 5.6 *Tomteeksempel 2, - tilpassa tomt innanfor regulert område. Tomta er dobbel så stor som standardtomta og har plass for arbeid og for neste generasjon.*

Dei tilpassa tomtene var mest utan unntak større enn standardtomtene. Tomter tilpassa reindriftsnæringa var gjerne mellom to og ein halv og opp til fire dekar. Ved tildeling av så stort areal vart det innanfor planlagde område stilt krav til at tomta skulle disponerast med tanke på framtidig frådelling til neste generasjon.



Figur 5.7 Tomtetype 3, - tilpassa tomt utanfor regulert område.

Slike tomter vart tildelte etter dispensasjon. Søkjaren la då gjerne fram eit materiale som dette: eit kart som viste ynskt tomtelokalisering, og ei enkel situasjonsskisse.

Grenseområdet mellom bygd og vidde, mellom område regulert til utbygging og område som i overordna plan var sett av til landbruk-, natur- og friluftsføremål, var av dei mest etterspurde områda for lokalisering av tilpassa enkelttomter. Denne lokaliseringa gav på ei og same tid grei tilgang til vidda, samstundes som avstanden til sentrumsfunksjonar i bygda ikkje vart urimeleg lang.

I planprosessen for den enkelte søkjar syntest to spørsmål vera viktige – lokalisering av tomte og storleik. Detaljplanlegging og disponering av tomtegrunnen var sjeldan gjort i søknadsfasen, som her på det viste eksemplet.

5.2.3 Informantane

Utvalet av informantar var sett saman av 21 husstandar der til saman 35 vaksne personar deltok på intervju. ⁴²

Informantane fann eg fram til ved å gå gjennom kommunen sitt bygningsarkiv for 1990-talet, og velja ut etter tomtetypar. For alle dei tre kategoriane tomter hadde eg høve til å velja mellom fleire informantar. Eg prøvde då å velja som ein arkitekt, ut frå tomt og frå kvalitetar ved tomta, altså ut frå fysiske tilhøve. I tillegg til at tomtene var av ulike typar, standard tomt i bustadfelt, og tilpassa tomter i og utanfor regulerte strøk, prøvde eg å spreia desse tomtene ut over bygda. Utgangspunktet her var at eg ynskte informantar busette i alle delar av bygda, ikkje konsentrerte til eitt eller eit par bustadfelt. Ved å spreia tomtene geografisk, fekk eg automatisk spreing i tid, i og med at dei aktuelle bustadfelta var bygde ut på ulike tidspunkt på 1990-talet. Eg valde ikkje ut alle informantane før eg starta intervjuarbeidet, men tok kontakt etter som arbeidet skreid fram. Etterkvart såg eg då til at eg fekk ei viss variasjon i alder, yrke og familiesamansetjing.

Familiesamansetjing og alder

Fjorten av husstandane, som hadde bygt hus på 1990-talet, var kjernefamiliar med to vaksne og born. Borna var frå nokre veker til 36 år gamle. I to av husstandane var alle borna flytte heimanfrå. Husstandane talde til saman trettién vaksne personar. Gjennomsnittsalder på dei vaksne då dei bygde hus var 35 år, men variasjonane var store her, frå den yngste husbyggjaren på 21 år til den eldste på 54 år. Dei fleste av husbyggjarane, tjue av dei, var under 35 år då dei bygde. Det som drog opp gjennomsnittsalderen, var at ein del av husbyggjarane i utvalet hadde bygt i førtiårsalderen.

Seks av husstandane var samansette av einslege kvinner, to av desse med små born, to med kvar sin vaksne son buande heime. Ei leigde ut eit rom til ein yngre slektning, og den siste budde åleine. ⁴³ Av desse seks einslege kvinnene var fire enkjer. To av desse var eldre, over 80 år. Begge høyrer med til dei av informantane som bygde hus på 1970-talet. Ein husstand bestod av ein einsleg mann med ein vaksen son buande heime.

Bakgrunn

Av dei 35 vaksne personane eg intervju, var 29 frå Kautokeino kommune, det vil seia at dei var fødte og oppvaksne her. Dei siste seks var innflyttarar. To kom frå andre kommunar i Finnmark, dei fire andre frå kommunar i Nord-Noreg og Nord-

⁴² Ein kort presentasjon av informantane følgjer avhandlinga som vedlegg 2.

⁴³ Innslaget av einslege mødre er høgt i Kautokeino. Ved utgangen av 1999 var talet på einslege stønadmottakarar for barnetrygd 37 prosent av alle stønadmottakarar. Dette talet plasserte kommunen på topp av denne statistikken i Finnmark. Det tilsvarande talet for heile landet var på same tidspunkt 18,7 prosent. Kjelde: Sosial- og helsedirektoratet (2002): *Sammenligningstall for kommunene 2002, nøkkeltall 2: Enslige forsørgere*.

I følgje fylkestyrygdekontoret i Finnmark viser alle erfaringstal at rundt rekna 95 prosent av alle einslege forsørgjarar er kvinner. Desse kvinnene var i større grad enn einslege, unge menn representerte blant husbyggjarane på 1990-talet.

Sverige. Av dei 29 frå Kautokeino kommune oppgav 22 at dei var innflyttarar til kommunesenteret. Å vera innflyttar i deira forståing var å ha flytt som barn eller ungdom frå andre bygder eller grender i kommunen inn til kommunesenteret. Denne flyttinga hadde for dei fleste gått føre seg på 1970-talet.

Ingen av informantane var ute på bustadmarknaden for første gong. Dei hadde tidlegare budd i leigde husvære, anten i kommunale hus eller i private. To av husstandane flytte frå eigne hus inn i dei nye bustadene.

Yrke

Tjueni av dei vaksne personane eg snakka med, hadde fast inntekt, ein var student og fem var trygda. Av dei trygda hadde tre alderstrygd, dei to siste hadde enkepensjon. Eg spurde ikkje om samla inntekt i husstanden.

Å byggja hus krev ei rimeleg bra innkome. Kautokeino hadde i fleire av åra på 1990-talet opp mot 20 prosent arbeidsløyse. Dei ledige var stort sett menn mellom 20 og 50 år, altså ei gruppe som under andre økonomiske omstende ville høyrte til blant husbyggjarane. Eit typisk gjennomsnitt av folkesetnaden i Kautokeino finn me knapt ved å plukka ut ei gruppe som har bygt hus innanfor ein tidsperiode. Det viser blant anna det at ingen av mine informantar var arbeidsledige. Informantane mine kan snarare plasserast inn i ei gruppe som kan kallast den lokale middelklassen. Slik sett gjenspeglar informantane truleg eit representativt utsnitt av den lokale gruppa av husbyggjarar.

5.2.4 Handsaming av data

Da eg starta å samla inn data, hadde eg ikkje klare tankar om kor mange informantar eg trong. Eg starta med eit enkelt, klassisk utgangspunkt; eg skulle intervjuar inntil eg ikkje fekk fram nye opplysningar. Det vart atten intervju frå 1990-talssituasjonen, i tillegg til dei tre frå 1970-talet. Det som pregar informantutvalet i ei kvalitativ undersøking, er at det er snakk om eit lite utval. Tjueein husstandar med til saman trettifem informantar vil av enkelte bli oppfatta som eit stort tal. Det er rett og slett for mange å handtera, og intervjuar blir tilsvarende overflatiske (McCracken 1988, Denscombe 2000).

Å samla inn og bearbeida data frå så vidt mange husstandar var eit omfattande arbeid, men grunnen til at eg likevel valde å ta med så mange, var at eg byrja å skriva medan eg var halvveges i innsamlingsarbeidet. Eit punkt som straks vart klart for meg då, var at eg ikkje kunne presentera data som dei samanhengande forteljingane eg i utgangspunktet hadde ynskt. Av respekt for informantane mine og deira ynske, ville eg gjera det eg kunne for å verna om deira anonymitet. Å presentera deira fullstendige forteljingar om det å bu vart umuleg lokalt. Svaret vart då å bryta opp forteljingane og setja dei saman på nye måtar. Til dette var eit relativt stort intervju-utval godt å ha. For meg vart det eit hinder for å bruka datamaterialet slik eg hadde ynskt, men det låg likevel gode muligheter i materialet til å få fram det som var siktemålet med arbeidet: ei framstilling av viktige faktorar for forming av det bygde landskapet i samiske bygder på 1990-talet. Handsaming av data slik eg gjorde, inneber ein risiko for at informantane si framstilling blir dekontekstualisert eller lyft ut av samanhengen (Denscombe

2000). Samanhengen er viktig ved kvalitativ datainnsamling, det gjeld både situasjonen intervju omhandlar og orda som blei brukte i denne intervjusituasjonen. Samanhengen er viktig for å forstå at dette er samansette situasjonar der mange og ulike bodskapar bli formidla. Eg prøvde dels å motverka denne oppbrytinga av samanhengen ved å trekkja ut nokre få situasjonar som eg skildra meir inngåande, dels ved å skildra det umiddelbare inntrykket, eller *stemninga* eg opplevde i møte med informantane. I desse framstillingane har bruk av språket spelt ei viktig rolle. Eg har lagt vekt på å bruka eit munnleg språk, forma av det språket informantane møtte meg med.

Ikkje alle intervju gav like stor datamengde gjennom samtalen, ikkje alle intervjusituasjonar gav den innsikta og det materialet eg hadde forventa. Eg opplevde i eit par tilfelle å sitja igjen med berre 5-6 sider handskrivne notatar etter eit par timar – og hadde likevel ikkje meir å spørja om. Eg vil ikkje i slike høve skulda informantane mine for å vera dårlege informantar. Kanskje var det samspelet mellom oss som ikkje fungerte like godt i alle høve, eller det kunne like gjerne vera det at informantane ikkje hadde den interessa for bustadspørsmål som eg venta meg. Eit slikt svar er også eit godt svar – sjølv om det gjerne gjev færre sider i notatboka enn eit intervju med ein interessert, talefør husbyggjar gjev. Eg såg ikkje dette biletet heilt klårt under innsamlingstida, men var meir oppteken av den vesle mengda informasjon eg stod att med. Erfaringane med desse korte intervjuar var såleis også ei medverkande årsak til at eg utvida informantmengda.

5.2.5 Andre kriterium for val av eksempel

I storleik, utstyr og formuttrykk var det svært liten skilnad på bustadene som vart bygde på 1990-talet. Viktige årsaker til dette var at så godt som alle var såkalla *kataloghus* eller *ferdighus*, som vart finansierte gjennom den statlege husbanken. Omgrepa kataloghus og ferdighus bruker eg om kvarandre. Omgrepet *ferdighus*⁴⁴ har tradisjonelt vore brukt om meir eller mindre prefabrikkerte hus, marknadsførte gjennom huskatalogar. I dag er det små skilnader mellom det desse omgrepa dekkjer. Graden av prefabrikasjon av dei enkelte delane i huset er minka. Marknadsføring og leveringsvilkår er meir dominerande fellestrekk enn produksjonsmåten, skriv kunsthistorikaren Hild Sørby (1992) i sitt arbeid om det norske ferdighuset si historie.

Omgrepet kataloghus er etterkvart like utbreidd som omgrepet ferdighus. Dei fleste husa i utvalet mitt var kataloghus, til ein viss grad katalogteikningar med personlege endringar. Såleis var dette eit utval nøkterne hus i eit enkelt formspråk, prega av det dei lokale husleverandørane hadde å tilby gjennom dette tiåret.

⁴⁴ I *Arkitekturleksikon* (Gunnarsjaa 1999:237) er ferdighus definert slik; ”fellesbetegnelse på hus forhåndsfremstilt håndverksmessig eller industrielt (fabrikkfremstilt hus) for salg, transport og oppføring på forskjellige steder.”

Brattset ved SINTEF i Trondheim kom i 1974 fram til følgjande definisjon på ferdighus: ”Ferdighus er hus som marknadsføres med forhåndsprosjekterte og prissatte hustyper som leverandørane kan oppføre etter byggesaksuavhengige tegningar og beskrivelser. (Brattset 1974:9).

Det var altså ingen ytre trekk ved bygga som avgjorde valet i dei tilfella det stod mellom fleire tomter innanfor same gruppe. I slike tilfelle spelte andre tilhøve som tidspunkt for bygging inn. Eg prøvde å få ei jamn spreining av byggetidspunkta ut over heile tiåret.

5.2.6 Med nye namn

Gjennom heile arbeidet prøvde eg så godt det let seg gjera å anonymisera informantane. Alle informantane har fått nye namn i samband med dette arbeidet. Under intervju spurde eg alle om dei hadde noko i mot at deira opplysningar vart brukte i det vidare arbeidet mitt. Det galdt både opplysningar dei gav meg i samtalanane me hadde og bilete eg tok undervegs. Alle samtykte i dette, under føresetnad av at dei ikkje skulle bli presenterte med eigne namn.

Namn til informantane fann eg ved å bruka eit kjent prinsipp, brukt i ulike forskingsprosjekt (Støa 1995). Kvar par fekk namn med same førebokstav. Eitt poeng ved desse nye namna var at dei skulle ha rot i den lokale tradisjonen. For å få til dette, brukte eg telefonkatalogen, og valde blant abonnentane i Kautokeino. Vidare prøvde eg å gjera det til eit prinsipp at samiske informantar skulle ha samiske namn, det vil seia personnamn som tradisjonelt har vore og vert brukte lokalt i bygda. Informantar med etnisk, norsk bakgrunn fekk på tilsvarande måte personnamn henta frå norsk namnetradisjon. Desse to prinsippa; parvis same førebokstav, og lokale namn i samsvar med etnisk tilknytning, var ikkje heilt enkle å gjennomføra. Kautokeino-samfunnet følgjer ei heller streng praktisering av samisk namnetradisjon. Eit viktig prinsipp her er oppkalling, altså å gje barnet namn etter ein eldre slektning, gjerne bestemor eller bestefar. Ein gjennomført bruk av dette systemet fører på sikt til bruk av relativt få personnamn, noko eg raskt fann ut då eg sjølv prøvde meg på å finna nye namn. I tillegg til dette er det i Kautokeino vanleg å bruka to eller tre førenamn. I arbeidet med å finna nye namn til informantane, prøvde eg sjølvsagt heile tida å unngå å bruka nokon av informantane sine eigne førenamna som det nye informant-namnet, eit prinsipp som skapte ekstra vanskar i leitinga etter nye namn.

Anonymisering i ei lita, oversiktleg bygd der dei fleste kjenner kvarandre, familietilhøve og hus, let seg ikkje gjera fullt ut. Folk lokalt som måtte lesa min presentasjon av datamaterialet, kan, dersom interessa er stor nok, på ein enkel måte kombinera ulike opplysningar og slik identifisera informantane. Dette var alle informantane klar over, men såg ingen problem med det. Opplysningane informantane gav, og som var brukte i det vidare arbeidet, er då heller ikkje sensitive opplysningar om dei det gjeld.

5.3 Intervju og analyse

Undersøkinga er bygd opp på grunnlag av intervju med 21 husstandar. Intervjua var strukturerte meir som ein samtale mellom to likeverdige partar enn som eit intervju der en eine parten styrde det heile. Vide, opne spørsmål prega samtalanane,

saman med stor fleksibilitet både i det einskilde intervjuet og i datainnsamlinga som heilskap. I tillegg var det lite tidspress, og såleis rom for å snakka om meir enn det som var tema for intervjuet. Dette siste var særst viktig for å gjera intervjusituasjonen avslappa og trygg.

5.3.1 Kontakt med informantane

Informantane kontakta eg direkte, anten ved at eg møtte dei på butikken, posten eller ute i bygda, eller at eg ringde dei og avtalte møte. I eit par av tilfella møtte eg opp på trappa utan avtale på førehand. Dette var hos dei to eldste informantane. Eg vurderte det slik at eg enklare kunne forklara ærendet mitt gjennom direkte oppmøte og samtale, enn det eg hadde kunna gjera i ein telefonsamtale.

Ikkje i nokon av tilfella sende eg ut brev eller annan skriftleg informasjon om arbeidet og mi eiga rolle i det på førehand. Mange opplever det som om postkassen flyt over av skriftleg informasjon, spørjeskjema og brev som alle ber om merksemd for si sak. Slik ville lett eit informasjonsbrev forsvinna i mengda, og vanskeleg ha vore eit godt utgangspunkt for vidare kontakt. Direkte kontakt og samtale er også den naturlege omgangsforma i Kautokeino. Bygda er så lita at i alle fall dei som er her i frå, kjenner eller veit om dei fleste andre. Mange visste om meg, visste kor eg arbeidde og budde, og kunne dermed utan vidare forstå interessa mi for hus og for busituasjonen til folk. Dette, saman den store interessa husbyggjarar generelt har for hus og innreing, gjorde at eg lett fekk kontakt med folk.

I utgangspunktet var eg medviten om å ikkje velja folk eg kjende eller hadde kontakt med privat. Slik ville eg unngå vanskar med nødvendig kritisk avstand. Av dei 35 informantane mine hadde eg sjølv sagt møtt mange frå før, gjennom arbeidet mitt, gjennom skule, barnehage eller deltaking i aktivitetar i bygda. Anna kontakt enn gjennom slike offentlege møteplassar hadde eg derimot ikkje hatt med nokon av informantane før eg starta med den første intervjurunden, med eitt unntak.

Dette unntaket var familien der eg tidlegare hadde vore kollega med ein av dei vaksne. Ein gong før hadde eg vitja denne familien. Dei budde då i eit anna hus enn det som var tema for samtalen mellom oss. I utgangspunktet hadde eg ikkje tenkt å intervjuar desse, eg var i tvil om eg hadde nok avstand til dei, men valde til slutt å gjera det – mykje på grunn av at dei nærast ba meg om det. Dei hadde bygt nytt hus og hadde lyst til å visa det fram og fortelja om planleggings- og byggeprosessen – og eg hadde lyst å høyra om deira erfaringar. I ettertid skulle desse to visa seg å bli svært aktive og interessante informantar.

Alle som eg spurde om å få intervjuar, med eitt unntak, sa ja til dette spørsmålet. Den familien som sa nei, grunn gav det med at det ikkje passte, dei hadde ikkje tid. Familien er ikkje med i lista over informantane. Elles var informantane overraskande positive til å delta med opplysningar.

5.3.2 Samtalar om å bu

Intervjua vart gjennomførte på norsk eller samisk, etter kva informanten ynskte. Av 35 informantar var 5 anten einspråkleg norske, eller hadde norsk som førstespråk. Resten hadde samisk som førstespråk. Alle hadde gode norskkunnskapar. Fire-fem av intervjua vart gjennomførte på samisk, resten på norsk. Men sjeldan var intervjua gjennomførte berre på eitt språk heile vegen. Både informantane og eg skifte mellom dei to språka og leita etter dei mest høvelege orda etter kva som kjendest naturleg, etter kva emne me snakka om, slik det gjerne blir gjort i tospråklege miljø.

Eg brukte ikkje lydband under samtalanene, men noterte ivrig undervegs, og la vekt på å få med mest muleg munnleg, direkte tale. Erfaring som referent frå tallause møte har gjeve meg ei viss trening i å notera fort. I utgangspunktet vurderte eg likevel å bruka lydband. Det ville gjeve meir direkte tale, det ville frigjort meg frå å notera samtalen, og slik gjeve meir tid til å observera og notera data som ikkje vart uttrykt gjennom ord. Samstundes rekna eg med at bruk av lydband ville ha skapt ein meir uhandterleg samtalsituasjon der kanskje mange av informantane ville vegra seg mot å snakka så ope som dei kunne gjera når berre eg med notatboka mi var til stades. I tillegg måtte eg vurdere sjølve intervjusituasjonen. Me starta gjerne på kjøkkenet, men flytte oss ofte rundt i huset, det var ungar i ulike aldrar til stades, stundom stod fjernsyn eller dataspel på – alt dette skapte rammer som ikkje gav den roa eit intervju ved bruk av lydband treng.

Råd frå andre som hadde gjennomført intervju i bygda her i nær fortid, var også med på å avgjera av eg ikkje brukte lydband. Bruk av skriftlege notatar undervegs reduserte truleg ikkje den samla datamengda, men førte til meir tidsbruk i sjølve intervjusituasjonane - og tilsvarande mindre tid for utskriving av samtalanene etterpå.

5.3.3 Tillit og tid

Dei første samtalanene med informantane tok frå to inntil fire timar. Den varierende lengda var til dels avhengig av tidlegare kontakt med informanten, dels av kor ivrige folk var etter å snakka. I møte med ukjende folk var ein grundig presentasjon av meg sjølv og ærendet mitt eit viktig første steg. Kven var denne kvinna, kvifor kom eg for å sjå på buplassen og husa deira? Var dette interessant, det var då eit heilt vanleg hus? Og ikkje minst, kven var eg, var eg gift, kor mange ungar hadde eg, kvifor budde eg her i Kautokeino?

Presentasjonsrunden tok tid, men var samstundes avgjerande for å skapa tillit og dermed eit godt grunnlag for resten av intervjuet.

Eg vitja alle informantane minst to gonger. Først gongen samtala me, neste gong tok eg bilete og tilføyde eventuelle opplysningar eg hadde gløymt. Grunnen til at eg ikkje fotograferte første gongen, var dels at mange av intervjua vart gjennomførte i mørketida, men like viktig var det at eg ynskte å koma tilbake. Ved å skulla fotografera hadde eg ein god grunn til det. I det andre besøket kunne eg, forutan å fotografera, ta opp uklære punkt eller gå vidare på emne eg hadde

funne interessante i utskrivinga av det første intervjuet. Avstanden i tid gav rom for ein byrjande analyse, og eit kritisk blikk på det første intervjuet.

Der informantane ikkje var heime under fotograferinga, tok eg ein tredje tur. I slike tilfelle hadde eg med bileta av husa. Ved å gå gjennom desse i lag med informanten, kunne nye, og til dels uventa, opplysningar koma fram.

5.3.4 Analyse

Samtalen, notatboka og fotoapparatet var dei viktigaste hjelpemidla under datainnsamlinga og seinare i analysearbeidet. Etter intervjua reinskreiv eg alle notatane straks eg kunne. Denne skriveprosessen, og tidspunktet den vart gjort på, var viktig, både for å få med mest muleg av datamaterialet, men òg for å starta analysen i nær tilknytning til innsamlingsarbeidet. Det meste av opplysningane fekk eg notert undervegs, men delar av notane var ufullstendige og rotete. Reinskriving etterpå var difor heilt nødvendig. Ei rotet notatbok full av stikkord og med delvis munnlege utsegner, var greitt for meg sjølv å tolka same dagen, og kanskje nokre dagar etterpå. Seinare visste eg, av trasig erfaring, at også eg ville oppleve mykje av dette som uforstålege forkortingar og utsegner utan samanheng. I reinskrivingsprosessen kunne eg organisera stoffet tematisk, kommentera utsegn og stilla nye spørsmål – til meg sjølv, og i neste omgang til dei komande informantane, til fagfolk eller til sambygdingar med spesiell interesse for bustadspørsmål. Å skriva intervjua to gonger var i tillegg ei god hjelp for minnet. Det gjorde at eg hugsar store delar av samtalane, og særleg det at eg kunne knytte opplysningane til dei personane eg hadde snakka med. Det var såleis aldri vanskeleg å skilja dei ulike informantane frå einannan.

Det vidare analysearbeidet var mange og grundige gjennomgangar av datamaterialet, leit etter fellestrekk for å kategorisera opplysningane, og tilsvarande leit etter avvik. Spørsmålsstillinga var heile vegen: Korleis stod desse opplysningane i høve til det som var utgangspunktet for arbeidet? Kva faktorar var det som forma 1990-tals bustaden i Kautokeino? Arbeidet skulle gje svar på desse spørsmåla, på same måten som det skulle gje svar på andre og underordna spørsmål. I tillegg til å gje svar på spørsmål som kunne vera viktige for å tolka det bygde landskapet, såg eg det sjølvsagt som vesentleg å lyfta stoffet opp på eit meir allmenngyldig plan som kunne ha interesse også utanfor området eg henta datagrunnlaget frå.

5.3.5 Tema

Under arbeidet med empirien utkrystalliserte følgjande tema seg:

- ☞ lokalisering av tomt i høve til oppvekstplass og familie (slektning og granne)
- ☞ utforming og bruk av tomt og uterom (bustad og beiteland)
- ☞ utforming og bruk av huset (det samiske huset)
- ☞ ansvar og deltaking

Desse ulike tema har fått kvar sitt kapittel, kapitla seks til ni. Er dette så dekkjande for det folk var interessert i? Tema er dekkjande for det som syntest

vera hovudsakene og det samlande for informantane, men dei dekkjer sjølvsagt ikkje alle dei vala desse husbyggjarane hadde gjort undervegs fram mot den bustaden dei møtte meg i. Det første tema, lokalisering i høve til oppvekstplass eller bakgrunn, overraska meg. Frå arbeidet mitt på teknisk kontor visste eg sjølvsagt at dette var viktig – det eg ikkje visste, var i kor stor grad folk hadde lykkast med å få dette ynskemalet gjennomført i praksis.

Kapittel sju som heiter ”Bustad og beiteland,” drøftar bruk og utforming av tomt og uterom. Dette er eit av hovudkapitla i avhandlinga. Her presenterer eg dei ulike buplassane og ser på korleis dei var utforma og på kva måte dei blei brukte. Svaret eg kom fram til, fortel om fleire og ulike måtar å forma buplassen på, om stor grad av tilpassing både frå kommunale styresmakter og frå dei einskilte husbyggjarane si side, og det fortel om endring i synet på det å bu.

Utforming og bruk av *huset*, som er neste kapittel i avhandlinga, handlar i stor grad om kreativitet og eiga tilpassing, om endring i buskikken, men òg om eit sterkt ynske om å knyta band tilbake til det vesle gjenreisingshuset og minnet om det romslege kjøkkenet der som hadde plass for alt og alle.

I det siste av empirikapitla diskuterer eg ansvar og medverknad i plan- og byggeprosessen. Kven deltek, når planleggings- og byggeprosessen skjer deltakinga, og på kva område skjer denne innsatsen, er alle viktige spørsmål her.

5.4 Metodiske utfordringar

Spørsmålet om representativitet og om høve til å etterprøva resultatet, er sentrale spørsmål i kvalitativ forskning. Spørsmålet om korleis ein kan gå frå ei skildring av ein eller nokre få konkrete, oversiktlege situasjonar til kunnskap som kan vera av generell verdi, er diskutert av mange som har vore interessert i metodeutvikling (Geertz 1973, Denscombe 2000).

Eit anna metodisk problem er knytt til spørsmålet om validitet. Spørsmålet dreiar seg både om mi rolle som forskar og spørsmålsstillar i den aktuelle intervjusituasjonen, og om den bakgrunnen og dei haldningane eg møtte med. Spørsmål om truverde galdt også informantane, kva dei hugsa – og ville fortelja, kva dei redigerte bort og korleis dei valde å framstilla si forteljing om bustaden i Kautokeino.

5.4.1 Bilete av fortida

Samtalane med dei som hadde bygt hus seint på 1990-talet, og dei som hadde bygt ved byrjinga av tiåret, viste seg å bli ulike. I endå tydelegare grad kom denne skilnaden fram i møte med informantane som bygde på 1970-talet. Kva me minnest, er avhengig av tida, men like viktig er gjerne kva interesse folk har hatt for emnet. Var til dømes dei gamle kvinnene – av dei eldste informantane var alle kvinner - eg snakka med interesserte i hus og byggeprosess? Kunne dei lesa husteikningar, og fekk dei hjelp til å forstå dette materialet? Var det valet mellom hustypar dei mintest, eller var det tanken på den usikre situasjonen som oppstod

då dei måtte ta lån som sat igjen som det klaraste minnet frå denne tida? Eller var det overgangen frå det vesle gjenreisingshuset til nytt hus folk hugsar best? ”Når vi husker fortida, rekonstruerer vi den i samsvar med våre nåværende idéer om hva som er viktig og hva som ikke er så viktig,” seier Berger (1963:65), og hevdar at slik har me like mange liv som me har meiningar, me omredigerer minna etter kva historie me ynskjer skal bli ståande. Som eit svar på denne kritikken, rår samfunnsforskarer Ottar Brox (1989) til at ein ved bruk av livsløpsstudiar i forskningssamanheng stiller store krav til *styring* av intervjusituasjonen, i tillegg til at det empiriske materialet frå slike intervju alltid bør samanhaldast med anna materiale og andre kjelder.

Ei av dei eldre kvinnene blant informantane mine, Kátri mintest først og fremst *folk* ho hadde møtt i tida då dei sette bu, og hendingar knytte til desse folka. For meg vart møtet med Kátri eit møte med ei bustadhistorie som strekte seg frå gammen til ferdighuset, men også eit møte som sette mine eigne metodar – og tankar om styring av intervjusituasjonen, på prøve:

Møte med Kátri

Det er tidleg på føremiddagen, ein tirsdag i april. Klokka er ti. Eg står på trappa til Kátri og ventar på at nokon skal koma og opna for meg. Eg gjer noko eg sjeldan har mot til i kvardagen, eg møter opp på trappa til eit framandt menneske og nærmast ber meg inn sjølv. Men nå er eg på arbeid, nå har eg eit ærend, og nå har eg mot.

Eg håpar ho er heime. På førehand har eg forvissa meg om at aktivitetssenteret for eldre ikkje er ope i dag (eg har bomma på dei dagane før), og så må eg berre håpa ho ikkje har heimehjelp eller andre avtalar.

Ho er heime. Men det er ikkje ho som opnar for meg. Ein mann i førti-femtiåra kjem ut. Han ser litt undrande på meg, kan ikkje utan vidare plassera meg. Eg klarar heller ikkje plassera han, eg trudde Kátri budde åleine. Eg presenterer meg med namn, fortel kva ærendet mitt er. Det vil seia, eg byrjar å fortelja, men blir avbroten. Frå stova ropar Kátri – kvifor blir de ståande ute på trappa, kvifor kjem eg ikkje inn?

Vel inne må eg først plasserast i det sosiale landskapet. Kátri meiner å ha sett meg før. Ved nærare ettertanke viser dette seg å stemma, me var begge gjester i same selskapet ein gong i vinter, utan at me snakka saman då. Ho hugsar meg, og eg hugsar henne av utsjånad. Men kven er eg? – Rivgu⁴⁵ i Kautokeino er sjølvklart, det treng ho ikkje eingong spørja om. Er eg gift – med ein herfrå? Gift er eg, men ikkje med ein frå bygda. Mannen min er dáža,⁴⁶ ein søring. Kven er så han? Er han lærar? Kor mange born har me? Kor lenge har me budd her? Eg svarar på alt dette.

Kátri plasserer meg i høve til mannen min. Han har ho høyrte om før, han er kollega med ein av sønene hennar. Den sida er grei. Ærendet mitt er meir uforståeleg. Kvifor kjem eg, er eg ei slik ei som hjelper gamle folk? Nei, ikkje

⁴⁵ Rivgu (sam.), ikkje-samisk kvinne

⁴⁶ Dáža (sam.), ikkje-samisk mann

akkurat, svarar eg. Før arbeidde eg på teknisk kontor, nå skriv eg om hus. – Det er hus og husbygging eg vil snakka om nå. Kátri kan fortelja, men først må ho visa meg badet sitt. Det er lite og fuktskadd, ho skulle ha gjort noko med det -, kanskje eg, sidan eg arbeider på teknisk kontor, veit råd for det -?

Døropnaren min, ein yngre slektning av henne, blir sendt heim nå. Han var på veg å dra tidlegare, då dei såg meg koma, fortel Kátri nå. Ho ville han skulle venta. Ho rekna med å ha bruk for tolk i møte med rivgu. Nå har ho funne ut at ho ikkje treng det – moai birgejetne bures,⁴⁷ seier ho. Ja, me greier oss godt, og du treng slett ingen tolk, tenkjer eg, det måtte det heller vera eg som hadde tronge. Nå må eg klara meg på eiga hand med det eg kan av samisk.

Kátri veit det meste om det å bu i hus i Kautokeino. Ho har opplevd alle endringane, frå gamle før krigen, til det vesle gjenreisingshuset og husbankhuset frå 1970-talet. Her sit ho med materiale nok til å skriva Kautokeino si bustadhistorie. Men korleis skal eg få del i denne kunnskapen? Hugs store, opne spørsmål seier læreboka. Eg tek fatt. Å bu i gamle, korleis var det? Gamme er gamle, seier Kátri – og så seier ho ikkje meir om det.

Eg prøver igjen, med det første huset: De bygde eige hus i 1956, spør eg prøvande, og let resten liggja ope. Ja, svarar Kátri, då fekk me nytt hus og nye møblar. Det er møblane ho er mest oppteken av. Møblar hadde dei ikkje hatt før. Det var rasjonering og streng kontroll med kva den enkelte familie fekk. På kontoret i bygda møtte Kátri øvrigheta, i form av ein velvaksen, norsk mann. Det er dette Kátri hugsar; den store dážaen med ørnenase. Ho skildrar levande den kraftige, krumme nasa; Eg var mest redd han, seier ho leande og teiknar med hendene i lufta den store nasa hans.

Det første møbelet, den grønne kommoden, har ho enno. Nå står han ikkje lenger på kjøkkenet, men har fått plass på soverommet hennar. Eg får fotografera henne der; Kátri og den grønne kommoden.

Etter denne samtalen tenkjer eg at dette var ein fin start. Rett nok fekk eg ikkje så mykje kunnskap om hus og butilhøve, men det var ein fin samtale – noko å gå vidare med. Neste gong veit ho kven eg er og kva eg vil, neste gong snakkar me om hus, tenkjer eg optimistisk.

Etter neste møte, som òg var svært hyggeleg, har eg notert i boka mi: Kva snakka me eigentleg om?

5.4.2 Kautokeino som forskingsfelt

Visse miljø i Kautokeino har gjennom ei årrekkje vore ”brukt” i ulike undersøkingar av forskarar frå inn- og utland. Det er særleg fagfolk med bakgrunn i fag som antropologi, språk, reindrift og rettslære som har vore aktive her. Dette har ført til at enkelte av bygdefolket har gått trøytt av spørjeskjema og intervju, av alle spørsmåla dei ikkje ser den direkte nytten av. Forskarar som berre har hatt overflatisk kjennskap til bygda, har gjerne hatt ein tendens til å velja informantar

⁴⁷ *Moai birgejetne bures* (sam.), me (to) greier oss fint

som er synlege i det offentlege landskapet, som ytrar seg og markerer standpunkt i ulike offentlege samanhengar. Informantar som blir brukte gjentekne gonger, blir naturleg nok erfarne informantar og såleis lette å intervju, men ikkje nødvendigvis dei som gjev det sannaste bilete av bygda.

I utvalet mitt var tomtesituasjonen avgjerande for *val* av informantane, og bustadsituasjonen for den enkelte var hovudinteresse for intervjuet. Det var altså ikkje biletet av det ”typisk” samiske, av historia, språket, reindrifta og rettssystemet som skulle teiknast, men heller biletet av kvardagslivet for såkalla vanlege folk. Dette utgangspunktet utelukka i seg sjølv ei opphoping av ”erfarne,” eller mykje brukte, informantar.

Forsking på hus og dei nære omgjevnadene er nytt. Interesse for folkearkitekturen er generelt lita i Norden. Den er på ingen måte større i samiske strøk, kanskje fordi denne byggeskikken og buforma bryt med forventningane om ein særprega og eigen ”samisk” arkitektur. Folk som byggjer og bur i denne kvardagsarkitekturen, møter den med eit anna syn og ei anna interesse enn det dei fleste fagfolk gjer. Informantane mine var stort sett veldig opptekne av husa sine, og delte gjerne synspunkta med meg. Denne interessa hadde to årsaker; nye husbyggjarar er generelt interesserte i å snakka om huset sitt, i tillegg til at mange av dei eg møtte hadde eit meir overordna ærend å bera fram. Å fortelja om eigen busituasjon var viktig, men like viktig var det at deira erfaringar skulle kunna skapa betre vilkår for husbyggjarar som kom etter dei. Eitt område der endring var nødvendig, var Husbanken sitt lånesystem. Eit anna var til dømes det å oppnå større forståing hos offentlege planstyresmakter om at ein buplass også kan vera ein arbeidsplass eller ein plass der heile slekta samlast.

Slik opplevde eg å bli sett på som ein bodbringer mellom husbyggjaren og dei styrande, ei rolle eg tolka som tillit, men samstundes som ei forplikting. I møte med informantane understreka eg heile tida at mi rolle først og fremst var å undersøka og formidla, dei politiske avgjerdsleane låg hos andre. Det siste hadde eg neppe tronge fortalt, folk flest veit å identifisera makta. Men på trass av at eg peika på desse avgrensingane, hende likevel det uventa at folk fleire gonger etter intervjua *takka* meg for å ha kome, og for interessa eg med det hadde vist.

5.4.3 Språk mellom brukar og tolkar

Arkitekturen og den meininga som ligg i det bygde landskapet kan ikkje fullt ut forståast utan å kjenna brukarane sin handlingssituasjon, slik Skjervheim (1993) uttrykkjer det. Det handlingsrommet folk har, er bestemt av ytre tilhøve; lover, reglar og økonomiske verkemiddel, saman med den bakgrunnen og det oversynet den enkelte aktør har til rådvelde. Som tolkarar av folkearkitekturen må me kunna skilja og sjå føresetnadene som formar handlingssituasjonen, og samstundes forstå omgrepa som aktørane bruker for å skildra desse handlingssituasjonane.

Å forstå dagens arkitektur i Kautokeino og den situasjonen denne blir forma ut frå, er òg å forstå møtet mellom gamal og ny tid, mellom eldre og nyare bygningsformer. Å forstå og ta alvorleg folk sine utsegner og *val*, er også å sjå dei

som ansvarlege aktørar, ikkje som offer. Dei har stått overfor val, dei har avgjort ut frå den situasjonen dei var i – og har teke ansvar for desse vala.

Ei eldre kvinne som voks opp i ein reindriftsfamilie, fortalde om vegen bort frå reindriften, og om flytting inn i eit nytt hus på 1970-talet. Huset beskriv ho som stort og varmt, og siterte far sin som sa det var stort som beitehagen (dego gárdin). Det var eit godt skifte frå eit overfylt og trekkfullt gammalt hus, og det var eit val dei sjølve gjorde, understreka ho, ikkje utan humor. Men eit spor av vemod kunne skimtast i det ho fortalde om hunden sitt møte med det nye huset: ”Hunden vart først ikkje med til det nye huset. Han vart buande i dagevis i det gamle. Og då han endeleg kom, var det berre så vidt han våga seg inn. Han gjekk forsiktig, lyfta potane høgt og var redd for å gli på det nylakka golvet,” sa ho, og teikna hunden sine rørsler med hendene.

Den gamle kona fortalde to historier, ei historie om å finna seg til rette i den nye tida, ei om lengt tilbake til det som ein gong var. Desse historiene kan ikkje tolkast og forståast utan å kjenna hennar måte å bruka språket på, hennar omgrep for positivt og negativt, for sorg og glede. Eksempelet viser med det kor viktig det er å møtast med ei sams forståingsrame. Samstundes viser det òg at Rapoport sin ikkje-verbale tolkingsmodell i slike høve er utilstrekkeleg. Ved bruk av Rapoport sin modell ville ikkje informantene sine synspunkt kome fram. Som arkitekt kunne eg ha tolka dei bygde strukturane, og sett klart skilnadene mellom dei, sett kva som var estetisk, funksjonelt og teknisk best bygg – men eg ville ikkje fått med hennar vurderingar, som i mange tilfelle ville vore eit korrektiv til mine. Slik fekk bruk av ein verbal modell fram ny og viktig kunnskap. Men også denne kunnskapen måtte vurderast kritisk, noko som igjen stilte krav til innsikt hos forskaren.

Kunnskap om språkbruk på ulike nivå er avgjerande kunnskap for forskaren. I arbeidet mitt her innebar ein tilstrekkeleg språkbakgrunn også innsikt i samisk, som var førstespråket for dei aller fleste av informantane mine. Å kunna *intervjua* på samisk var kanskje ikkje avgjerande. Med unge informantar var det stort sett likegyldig kva språk eg intervjuar på, dei litt eldre føretrekte gjerne samisk. Og i alle tilfelle var ein viss samiskkunnskap ein dørøpnar, noko som gjerne skapte eit positivt utgangspunkt for intervjusituasjonen. Kravet til å *forstå* samisk var derimot større enn kravet til å bruka det. Igjen var det Skjervheim si oppmoding om å forstå den handlande gjennom hennar språkbruk som sette krav til innsikt hos forskaren.

5.4.4 Deltaking og kjønn

Kvinnene i husstandane deltok aktivt i alle intervjuar. Mennene si interesse for og deltaking i samtalan var meir skiftande. Av dei 14 para eg hadde valt ut som informantar, deltok berre halvparten av mennene i første intervjuet. I tre av desse samtalan deltok ikkje mennene i det heile teke, sjølv om avtalen var å møta også dei. I dei andre tilfella var mannen til stades, men var meir passiv enn kona i intervjusituasjonen, dreiv med anna arbeid i huset, såg fjernsyn eller trekte seg litt unna og kom berre med enkeltkommentarar. Borna deltok i svært liten grad i samtalan. Borna som var heime under intervjuar, var i all hovudsak små born, dei

fleste under skulealder. Eg gjorde ingen freistnader med å få til reell deltaking frå dei.

Det generelle inntrykket var at kvinnene var klart mest aktive i intervjusituasjonen. Dei hadde mykje å fortelja, og dei ville gjerne fortelja og dela sine erfaringar med meg. I mange av desse samtalanene kjende eg meg mest som ein etterlengta person, endeleg ei som var interessert i hus og hage – ei som såg deira store interesse for og, ikkje minst, innsats i bustaden. Den engasjerte kvinna var hovudinstrykket blant informantane – men også her fanst skilnader og ulike interessefelt. Nokre av kvinnene, men dette var få, understreka at dei på ingen måte var interesserte i hus og bustadspørsmål. Slik dei uttrykte seg, var hus nærast noko dei hadde måtta engasjert seg i fordi dei, som alle andre, trong ein plass å bu. Kvinnene si generelt store interesse for bustaden kan tilskrivast det faktum at huset har vore, og framleis på 1990-talet var deira domene, i større grad enn det var for mannen.

Ei anna årsak til at det først og fremst var kvinnene som var dei mest villige til å fortelja, kan vera møtet med ei medsystem. Også eg møtte ei medsystem, og kanskje, umedvite, vende eg meg først og fremst til henne – fordi eg ynskte å skapa ei god ramme rundt dette møtet, og fordi eg gjerne bar med meg eit inntrykk og erfaringar frå den tidlegare arbeidsplassen min i Kautokeino som verka styrande på møtet med informantane. Erfaring frå mange års arbeid på teknisk kontor fortalde meg at kvinnene gjerne var dei mest aktive i spørsmålet om hus, dei hadde størst krav til husa og klarast uttalte meiningar om eigne ynske og behov. – Var det då denne aktive kvinna eg først og fremst vende meg til, var det frå henne eg venta å få svar på spørsmåla mine?

5.5 Mitt eige utgangspunkt

Ei kvar tolking er nødvendigvis ei tolking ut frå gjevne føresetnader. Desse føresetnadene, eller ”for-forståingar” som filosofen Gadamer (1960/1975) kallar dei, er ikkje til hinder for sann forskning, men noko som gjev arbeidet retning og perspektiv. Utan dette utgangspunktet ville me ha vanskar med å vita kva me skulle retta merksemda mot. Språk, omgrep, trusoppfatningar og personlege erfaringar er viktige delar av denne forforståinga. Eit kritisk og reflekterande blick på desse elementa må liggja til grunn for tolking av meningsfulle fenomen. Kravet om refleksivitet, eller ”tolking av tolkinga” er mykje diskutert innanfor forskning ved bruka av kvalitative metodar (Alvesson og Sköldberg 1994). Kravet gjeld ikkje berre datainnsamlinga, men bør omfatta så mange delar av forskingsprosessen som råd er. Det er viktig å vita mest muleg om kva som får ein forskar til å stilla bestemte spørsmål, og arbeida med bestemte typar materiale. Dette gjer ikkje funna meir relative. Tvert imot vil det å knytta funna til eit bestemt utgangspunkt gjera dei meir objektive, og slik gje forskaren mulighet til systematisk og kritisk arbeid (Gullestad 1996).

Det er mange måtar å møta kravet om refleksivitet på. I dette arbeidet har eg valt å gjera greie for den tidlegare arbeidssituasjonen min i Kautokeino, fordi eg meiner tiltak eg har vore med på her, og kunnskap eg har oppnådd gjennom denne

stillinga, har sitt å seia for korleis eg har gjennomført arbeidet med avhandlinga. Det viktigaste er likevel ikkje kva og kor mykje eg fortel om meg sjølv – men korleis eg framstiller informantane sine historier. Gjennom framstillinga av dei, vil lesaren sjølv kunna vurdera mi rolle, mitt syn og mine haldningar. Eg har såleis ikkje noko eige kapittel eller avsnitt om min eigen person, men overlet til teksten sjølv å tala.

5.5.1 Samanheng daglegliv og forskning

Samfunnsvitskapen pregar forskning også innanfor arkitektur og butilhøve. I denne fagtradisjonen er trongen til å avsløra sterk:

Det er et poeng, så å si, å ta den såkalte informanten med buksene nede. Jeg anser denne intellektuelle interessen for å avsløre og demaskerer andre mennesker som en måte å skape økt avstand mellom ”ekspertene” og ”vanlige folk” på, og dermed også en måte å skjule sammenhengene mellom dagligliv og forskning på. (Gullestad 1996:41)

I sin kritikk mot samfunnsvitskapen sin mistenksomheit og analytiske avstand trekkjer Gullestad linene tilbake til sosialpsykologen Erving Goffman (1959) som framstilte menneske som *strategiske aktørar* som kalkulerte tap og vinning. Ein slik tankegang kan absolutt vera dekkjande for enkelte situasjonar i livet. Men å forklara alle menneskelege handlingar ut frå ein slik strategisk tilnærming er å redusera menneska som tenkjande og medlevande vesen.

Avstanden mellom informantane mine og eg som forskar var reell. Me møtte med ulik bakgrunn, ulike erfaringar og gjerne ulike haldningar. I tillegg forma og ofte forsterka sjølve intervjusituasjonen denne mangelen på likevekt. Men det å vera ulik er ikkje nødvendigvis det same som å mistru kvarandre. I møte med informantane opplevde eg det sjeldan som ei ulempe at me var ulike. At eg var framand, kunne òg opna dører som elles ville vore stengde. At eg ikkje hadde ei lang historie og ei stor slekt her i bygda, gjorde til dømes at eg var hefta med færre hinder, folk hadde ikkje mi rolle som slektning å ta omsyn til. Rolla som framand gjorde det også lettare å rapportera og analysera, eg kunne sjå den nye situasjonen med eit utanfrå-blikk. Tuan (1974) diskuterer skilnaden mellom det framande og det kjente auge, og hevdar at den framande legg hovudvekta på utsjånad, på det estetiske; ”The outsider judges by appearance, by some formal canon of beauty. A special effort is required to empathize with the lives and values of the inhabitants” (Tuan 1974:64). Det er altså ikkje nok å sjå situasjonen som ein framand, innsikt i dei lokale tilhøva må til. Samstundes fører deltaking i og kjennskap til det lokale til eit mindre skjerpa blikk:

Obviously the visitor’s judgement is often valid. His main contribution is the fresh perspective. The human being is exceptionally adaptable. Beauty or ugliness – each tends to sink into the subconscious mind as he learns to live in the world. The visitor is often able to perceive merits and defects in an environment that are no longer visible to the resident. (Tuan 1974:65)

Kva var så eg – framand eller ein deltakande innbyggjar? Begge delar, etter kven som såg og dømde om det. Eg avgrensar meg til mitt eige fagfelt. På dette

området, arealplanlegging og husbygging, hadde arbeidsåra mine i Kautokeino gjeve meg erfaring og kunnskap til å forstå dei lokale føresetnadene. Denne kunnskapen hadde også gjort meg nyfiken. Kva låg til dømes bak dei korte, ofte kodeprega søknadene om tomt, om endring av plangrunnlag eller løyve til å setja opp hus og andre byggverk. Grunngevinga som vart formulerte i søknader og brev, gav eit glimt inn i folk sin tankegang og argumentasjon, men løynde gjerne meir enn dei fortalde. ”Samisk tradisjon,” ”siida” dei lite tilpassa ”norske” husa – kva var det eigentleg som var meint med slike utsegner?

Og kvifor syntest det stundom som om det var misstilhøve mellom denne argumentasjonen og det fysiske resultatet, byggverket som blei sett opp? Slike spørsmål ville eg gjerne ha svar på, og ikkje eitt, men mange svar. Eg var nyfiken på korleis folk bygde og budde, korleis dei reint praktisk ordna seg, og kva val dei gjorde. Og eg ynskte å høyra dei forklara desse vala med eigne ord. Interesse omfatta samanhengen mellom det bygde uttrykket og dei munnlege forklaringane. Eg ville kunna gje ei framstilling som forklara og kasta lys over folk sine val - ikkje vurderte dei. Waltzer (1987) sine teoriar om den deltakande og medlevande kritikaren, ”connected critic” var eit sympatisk, men også svært krevjande førebilete.

5.5.2 Rollebyte

Informantane som kjende meg frå før, plasserte meg som kommunebyråkrat, som ei med spesiell interesse for hus. Dei andre plasserte meg utan vidare som rivgu, ikkje-samisk kvinne. Kvifor var eg interessert i deira butilhøve, var første spørsmålet etter at eg var plassert sosialt i bygda.

Arkitekt på vidda

Den faglege bakgrunnen min som arkitekt hadde lite å seia for folk sitt bilete av meg. Også på 1990-talet var det langt mellom arkitektane i Finnmark. Som faggruppe vart arkitektane dermed lite synleg, og heller ikkje noko sjølvstøtt val når folk flest skulle byggja hus. Dei fleste eg snakka med i samband med datainnsamlinga, visste heller ikkje at eg var utdanna arkitekt. Eg nemnde det i alle samtalane, med det vart sjeldan kommentert. Og vart det kommentert, vart det avgrensa til arealplanlegging, eller meir avgrensa, til planlegging av bustadområde og kommunen sin tomtepolitikk. Det siste var gjerne ikkje så uventa, i og med at eg hadde arbeidd mykje med slike spørsmål i Kautokeino, men også fordi dette var spørsmål folk som nyleg hadde vore gjennom ein byggeprosess, var interesserte i.

Som oftast vart eg likevel plassert som ei som arbeidde på teknisk kontor – som eg òg hadde gjort – utan at nokon viste særleg interesse for *kva* eg dreiv med. Denne likesæla til arkitektfaget kunne opplevast trist for ei som hadde investert mykje i det å tileigna seg fagkunnskap på eit spesielt område. Samstundes hadde det sine absolutte føremoner i innsamlingsarbeidet mitt. Informantane mine møtte meg meir som likeverdige også på ”emnet hus”, dei tilla meg sjeldan eit synspunkt på bygg forma av fagbakgrunnen min, og hadde dermed ingen grunn for å forsvara eigne val i møte med ein normativ fagperson (Støa 1995).

Arkitektrolla var også berre *ei* av fleire roller eg stilte med i møte med informantane. Andre erfaringar, annan kunnskap og haldningar enn dei eg har fått gjennom fagutdanninga, var også ein del av den samla forforståinga som danna grunnlag for tolking av informantane sitt budskap.

Frå byråkrat til forskar

I ei årrekke har eg arbeidd med planlegging og andre arkitektoppdrag i samiske strøk i Finnmark. Gjennom heile 1990-talet var arbeidsplassen min Kautokeino kommune. Her hadde eg ansvaret for å arbeida ut overordna planverk, slik som arealdelen til kommuneplanen, kommunedelplanar og reguleringsplanar. I tillegg hadde eg ansvaret for planendringar, dispensasjonssøknader og andre mindre arealsaker. I den tida eg arbeidde som arealplanleggjar i Kautokeino kommune, var eg åleine som fagperson på dette ansvarsområdet. Denne tiårsperioden var ei tid med sterk utbygging og stor trong for planlegging og rettleiing.

Det seier seg sjølv at eg gjennom arbeidssituasjonen min på ulike måtar hadde møtt mange av bygdefolket før eg starta med innsamling av data til denne avhandlinga. Det er likevel viktig å understreka at eg gjennom arbeidet mitt møtte eit visst utval av folket. Ei gruppe folk som var ivrige å vitja meg på kontoret, var dei som hadde byggjeplanar eller var i gang med husbygging, og som av ulike årsaker søkte endringar frå gjeldande planverk. Folk som hadde fått tildelt tomt og bygd hus i tråd med godkjende arealplanar, møtte sjeldnare opp. Så hadde eg gjennom møteverksemd og informasjon i samband med arealplanarbeidet møtt den delen av bygdefolket som hadde allmenn interesse for slikt arbeid. I tillegg hadde eg, som sakshandsamar for formannskap, kommunestyre og andre offentlege instansar, hatt jamleg kontakt med dei ulike politiske grupperingane i bygda. Desse to grupperingane av bygdefolket; tomtesøkjarane og politikarane var sjeldan dei same. Litt skjematisk kan det seiast at den første gruppa i hovudsak var kvinner, den siste var tilsvarande sterkt dominert av menn.

Som planleggjar eller offentlig byråkrat kan ein stundom bli tilskriven å inneha meir makt enn det tilfellet er. Makta byråkraten har, har ho eller han så lenge politikarane er samde i framlegga byråkraten legg fram. Slik sett er politikaren den rette adressaten å venda seg til dersom noko skal endrast eller gjennomførast. Veggen om planleggjaren er ein omveg når endeleg avgjerdsle skal takast. Dette var ingen ny kunnskap for tomtesøkjarane i Kautokeino på 1990-talet. Slik vart politikarane, særleg dei som sat sentralt til, gjerne dei som hadde mest kontakt med publikum når avgjerdsle i viktige saker skulle takast.

I hovudsak meiner eg at den tidlegare stillinga mi her i bygda var til hjelp for meg i arbeidet med denne avhandlinga, både når det galdt innsamling av data, men òg i analysefasen. Gjennom arbeidet med arealplanlegging hadde eg fått kunnskap om bygda som eg elles ville måtta brukt lang tid for å tileigna meg, eg hadde lært mange folk å kjenna, og eg hadde fått generell bakgrunnskunnskap og innsikt i den lokale kulturen. Slik kunne eg lettare velja ut studieområde eller eksempel, og eg fann lett fram til viktige kontaktpersonar. Kjennskap til bygda, folket og kulturen opplevde eg i særleg grad å vera ei føremon ved det første møtet med informantane. Det at eg hadde generell kjennskap til planleggingssituasjonen og byggehistoria i bygda, gjorde til dømes at eg lett kunne forstå informantane sine

referanserammer. I neste omgang førte det også til at eg lett kunne gå til andre kjelder og kryssjekka viktige opplysningar.

Det at eg ikkje berre hadde kjennskap *til* planleggingssituasjonen i bygda, men at eg òg, gjennom det tidlegare arbeidet mitt, hadde vore ein del *av* denne, var likevel ein situasjon eg måtte forhalda meg til. På trass av mangel på formell makt, og på trass av ei lite synleg stilling i det kommunale systemet, hadde eg gjennom arbeidet mitt naturleg nok opplevd å stå for synspunkt enkelte av bygdefolket var usamde i. Ein del slike kritiske røyster kjende eg til, andre ville sjølv sagt vera ukjende for meg. Dette var folk eg naturleg nok kunne koma til å møta igjen som informantar. Eg møtte også slike kritiske røyster, men opplevde aldri det som eit hinder for kontakt.

Vegvisarar

I arbeidet med å analysera data vart eg ofte ståande overfor spørsmålet: Er dette ei fornuftig tolking? Stemmer det med informanten sitt syn – eller er det i det minste attkjenneleg for informanten? Svaret på slike spørsmål vil vel aldri fullt ut vera ja. Materialet informantane gav meg, vart tolka og presentert av meg og er såleis farga av min bakgrunn og mine haldningar. Undervegs fann eg likevel stor hjelp i å presentera delar av tolkingane mine for folk lokalt. Dette gjorde eg for å høyra andre sine reaksjonar både på utval av stoff, på fokus og på eigne tolkingar. Eg venta ikkje at folk skulle vera fullt ut samde i mine tolkingar, men at tolkingane kunne framstå som rimelege i høve til det andre såg.

Hjelparar og vegvisarar i dette arbeidet var folk med ulik bakgrunn. Nokre av dei var forskarar, på heilt andre fagområde enn det eg arbeidde med, men med stor innsikt i samisk samfunnsliv og historie. Andre var venner og kollegaer frå teknisk kontor, med svært ulike arbeidserfaringar. Felles for dei var at dei hadde budd det meste av livet i Kautokeino – og at dei hadde ei viss interesse i emnet eg arbeidde med, og ikkje minst, glede av å kommentera det eg gjorde. Og kommenterte gjorde dei, gjerne på ein spøkefull og uhøgtideleg måte. Måten eg presenterte materialet på til denne gruppa, var at eg la fram enkelte konklusjonar, viste skisser eller bilete, for slik å starta ein uformell diskusjon i ein matpause eller ved besøk på kontora på den tidlegare arbeidsplassen min.

I tillegg til dette las tre-fire av informantane eitt eller fleire av empirikapitla, eller delar av desse undervegs. Dette var informantar som under heile innsamlingsperioden hadde synt spesiell interesse for arbeidet mitt, og som i tillegg var villige til å bruka tid på å lesa dette. Eit par av informantane hadde kome med noko som av enkelte kunne oppfattast som skarpe utsegner om eigen busituasjon. Også desse fekk lesa det eg siterte av slike utsegner. Ingen av dei fann grunn til å endra på det eg hadde skrive, og som dei sjølv altså hadde sagt. Det var elles vanskeleg å få folk til å lesa utdrag av arbeidet. Enkelte av dei eg spurde, og dette var folk som var erfarne lesarar, avslo spørsmålet med å visa til at det skulle dei gjera ”når alt var ferdig.”

Enkelte av bileta som er med i dette arbeidet, viser utsnitt av interiør eller uterom som ber preg av arbeid og aktivitet, og av det som informantane litt orsakande omtalte som ”rot.” Desse bileta synte eg dei aktuelle informantane på førehand,

for at dei skulle bli klar over at dei vart presenterte i arbeidet her. I samband med dette ba ein av informantane om at eg måtte forklara at biletet viste ein arbeidssituasjon – ikkje mangel på rydding. Slik viste hennar forståing av situasjonen seg å vera i tråd med mi tolking.

Reaksjonane frå dei som las, og dei eg diskutert med, var ikkje alltid klåre og eintydige, heller framført underfundig og med dobbel botn, og let meg igjen med større uvisse om kvaliteten på arbeidet mitt enn det eg hadde hatt før eg spurde. Slik måtte desse tolkingane av mine tolkingar også tolkast – . Eg endra aldri tolkingane mine i vesentleg grad ut frå desse reaksjonane, derimot fann eg fleire gonger grunn til å *nyansera* og uttrykkja visse utsegner på ein meir open måte enn det eg i utgangspunktet hadde gjort.

5.6 Oppsummering - å skriva om andre sine viktige val

Å gå inn i sambygdingane mine sine heimar, stilla spørsmål om folk sine val og prioriteringar i spørsmål som for mange galdt det største økonomiske lyftet dei nokon gong gjer – og så framstilla dette i ei form som i teorien er tilgjengeleg for alle, krev omtanke og respekt. Korleis skal eg kunna skriva om andre sine val ?

Å ha respekt for materialet er for meg ikkje først og fremst ein teknisk term. Det er uttrykk for at eg ser og kjenner materialet ikkje berre som noko som kan kategoriserast, vurderast, analyserast og presenterast i ein tekst, der eg har klar og stor avstand til framstillinga. Materialet er også uttrykk for ein draum og ei von om å skapa – ikkje draumehuset, men sin eigen, gode plass i verda. Det er mine eigne sambygdingar sine ynske, vilkår, draumar og tankar eg går inn i – og blir beden inn i. Empirien er ikkje berre sett saman av aktørane sine utsegner, haldningar og meiningar: I møte med informantane framstod dei som nokon som fortalde til meg, som delte sine røynsler og planar med meg. Dei viste meg tillit.

Ynsket mitt har vore å presentera materialet frå intervju, frå bilete, teikningar og kart, på ein måte som systematiserer, samstundes som dei som har gjeve meg dette datamaterialet, kjenner seg att i teksten. Den tredje parten i dette samspelet, lesaren, skal òg kunna få eit klart bilete av kva faktorar som har verka inn ved folk sine val og utforming av hus og tomt, og seinare ved bruk av bustaden. Forskaren si røyst vil her innebera at andre sine røyster må teia, som Alvesson og Sköldbberg uttrykkjer det.

I spørsmålet om dette er ei vitenskapleg framstilling, vil spørsmålet om representasjon og presentasjon vera avgjerande. Ved representasjonen prøvde eg å møta krav til gyldigheit gjennom det utvalet eg arbeidde med. I presentasjonsarbeidet kunne eg i større grad velja kva eg ville leggja vekt på, kva eg trekte fram og kva av datamaterialet som vart mindre viktig eller som eg ikkje i det heile tok med. Desse vala tok eg ut frå kva som peika seg ut som viktig, og såleis kva eg ville presentera av eit omfattande materiale om det å bu i Kautokeino på 1990-talet. I ulik grad har eg brukt sitat frå intervju og bilete og planskisser frå bustadtomtene som illustrasjonar på poeng eg har vilja få fram. Sitata, bileta og skissene er såleis ikkje valde ut frå at dei var gode eller mindre gode, men ut

frå at dei representerte noko som var gyldig for heile utvalet, eller for den tomtegruppa eg skreiv om.

6 Slektning og granne

Eg ville bu nært familien. Då eg søkte tomt her, fekk eg også tilbod om tomt i eit bustadfelt, men der ville eg ikkje byggja. Eg ville vera nært familien av praktiske årsaker – sånn der familieanliggende. Her er nært å gå heim viss det er noko. Og ungen kan gå åleine til besteforeldra. Det fungerer godt nå. (Elle)

Å byggja eige hus var for informantane mine ikkje eit spørsmål om *val*. Å byggja sitt eige hus stod som det einaste realistiske alternativet for folk som ynskte å finna ein varig bustad. Spørsmålet om *kor* denne bustaden skulle vera, var derimot eit spørsmål av stor interesse, og ei sak dei aller fleste engasjerte seg sterkt i.

Diskusjonen om lokalisering var ofte ein diskusjon om tilknytning til familien og det kjende oppvekstmiljøet. Bygda Kautokeino har dels vokse fram som ei samling av slektstun og grender.

”Folk frå Kautokeino vil helst byggja og bu på heimplassen,” sa Niillás, ein av informantane mine. Han understreka med det eit viktig synspunkt mange av informantane kom med. Sunná, ei anna av dei som hadde synspunkt på dette spørsmålet, var samd med Niillás, men i motsetnad til han, og dei fleste andre, avgrensa ikkje ho dette trekket til å vera noko som galdt berre i *samiske* samfunn. Dette var ikkje noko spesielt samisk, dette var eit allment trekk som Sunná fann heilt sjølvst: ”Det er vel ikkje noko rart med det. Slik er det vel der du er frå også?” spurde ho meg som tidleg flytte frå heimplassen.

Nei, det var ikkje noko rart med å busetja seg heime – for mange i utvalet her var dette det sjølvstgde valet. Men biletet var likevel ikkje eintydig. Dei ulike informantane sine tomteynske teiknar seg som fleire variantar. Opplevinga av å høyra til og kjenna seg att i landskapet var likevel eit fellestrekk for alle, uansett om dei ynskte å bu hjå mor eller i det ”framande” bustadfeltet. Diskusjonen om avstand og nærleik vart dermed ein viktig diskusjon.

6.1 Oppleving av avstand

Avstand og nærleik var sentrale omgrep for informantane mine i diskusjonen om lokalisering av tomtene. Avstand og nærleik blei først og fremst vurdert ut frå kva som var passe i høve til den næraste familien. I tillegg til dette kunne avstand til bygda, til arbeid, skule, barnehage, venner, treningslokale og andre viktige aktivitetar i kvardagen vera viktige – men aldri så viktige som familien var. For folk som dreiv aktiv reindrift, var avstanden mellom beitelandet, bustaden og sentrumsfunksjonane i bygda med og avgjorde plasseringa av bustaden.

Kva folk opplevde som stor, liten eller passe avstand, var ikkje konstant. Det skifte med tida, med livssituasjon og med alder. Foreldre med små born målte ofte avstand ut frå kva ungane greidde å handtera på eiga hand. I det daglege var avstand som tillet impulsiv kontakt, verdifull for mange, og blei gjerne sett som standard for kva som var passeleg. I krisetider i familiane blei denne avstanden mindre enn under normale tilhøve. Fleire av informantane nemnde at ved sjukdom i familien, eller dersom enkelte familiemedlemmer trong ekstra omsorg og støtte, var kort avstand mellom buplassane ein kvalitet dei sette ekstra stor pris på.

Men kontakten skulle vera frivillig, og avstanden skulle ikkje vera så liten at den førte til kontroll og lite privatliv. Ei av dei unge informantane, Elle, vurderte både føremoner og ulemper før ho valde plass for å busetja seg. At ho skulle busetja seg nært foreldra, var ikkje spørsmål for diskusjon. Det var her ho var van med å bu, her hadde ho budd i si eiga oppvekstid. Her rekna ho med å ha føremoner av å bu også i åra framover når hennar eigne born skulle veksa opp. Men heilt innpå foreldretomta skulle det ikkje vera:

Uff, nei, eg ville ikkje bu så nært dei – uff, man er under oppsikt heile tida. Dei vart jo så fornærma veit du, – men det hadde blitt altfor nært. Sånn praktisk sett hadde det blitt billigare. Me kunne hatt felles avkjørsel, eg hadde fått kortare veg, me kunne hatt felles vatn. – Men den prisen må ein betala for å vera litt uavhengig. (Elle)

Det kosta å vera uavhengig, å vera i fred. Elle valde å byggja med ein liten avstand til foreldretomta for å oppnå dette. Ho valde ei tomt som var plassert slik at det vart eit lite høgdedrag mellom hennar og foreldra sine tomter. Slik hindra ho at foreldra fekk direkte innsyn og kontroll med uteområdet hennar, og særleg med trafikken til og frå tomta. Det kosta i pengar, og det kosta i tilhøvet mellom henne og foreldra. Men desse negative erfaringane var fort gløymde då huset var kome opp og begge partar erfarte at Elle sitt lokaliseringsval fungerte godt.

6.1.1 På same tunet

Å bu på same tunet som næraste familie syntest vera førstevalet for mange av informantane mine. Med ei slik lokalisering kunne born og vaksne gå ut og inn i heimane til besteforeldre og tanter og onklar. Den daglege kontakten kunne skje utan noka form for planlegging eller tilrettelegging. Det var berre å smetta på seg skorne og traska over tunet.

Når det er slik at ein kan velja nært foreldra, er det ein kjempefordel. For han (den innflytte mannen, min merknad) var det ikkje så viktig, men hadde me fått tomt attved foreldra mine, ville eg ha bygd der. (Sunná)

Sunná og Sigbjørn budde i fleire år i eit lite hus tett opp til foreldra hennar. Dei ynskte å byggja nytt i same området. Etter ei reguleringsendring vart det i dette området lagt ut nokre få tomter for utbygging. Til desse meldte det seg fleire søkjarar enn forventta. Tomtene vart tildelte ved loddtrekning. Sunná og Sigbjørn var ikkje blant dei heldige som fekk tildelt tomt i denne prosessen.

Etter ein del vurdering att og fram valde dei å byggja i eit nytt bustadfelt i ein annan del av bygda. Det nye huset låg i overkant av ein kilometer unna

foreldretunet. Begge to opplevde denne nye avstanden mellom seg og foreldra hennar som lang og hemmande for den daglege, umiddelbare kontakten. Sigbjørn forklarte det slik: ”Her i Kautokeino er det slik at ein berre poppar innom og pratar litt. Det er blitt så mykje meir tungvint etter at me flytte hit.” Dei kunne heller ikkje berre kle på vesleguten og la han gå åleine over tunet til besteforeldra. Ein tur til bestemor blei ikkje lenger noko umiddelbart og impulsivt som barnet kunne gjera på eiga hand. Det vart eit prosjekt der dei vaksne måtte organisera det heile, og gjerne også delta på turen.

Men å bu på same tunet kunne bli for nært. Nærheten kunne føra til *mindre* kontakt, hevda Risten, som hadde erfart å bu i kort bilavstand til næraste familie, og som nå budde på same tunet som mange av dei næraste slektningane. Ho opplevde at kort avstand førte til mindre kontakt:

Nå er eg flytt heim. Men eg veit ikkje, eg føler meg ikkje alltid heime her. Det var betre då me budde lenger borte og kunne fara på besøk ein times tid eller så. Her sit me i kvar vårt hus. Me besøkjer ikkje kvarandre.
(Risten)

Risten opplevde at mor og søskena hennar i mindre grad enn før vitja henne, sjølv med kortare avstand mellom husa. Kontakten Risten hadde med eigne born og barneborn, var derimot tett, med jamne besøk som før.

6.1.2 Passe avstand

Bygda Kautokeino er langstrakt og spreitt busett. Slik blir avstanden mellom busetnaden nødvendigvis lang i mange høve. Elva går som eit skilje mellom busetnaden i søraust og nordvest. Elva blei ofte brukt som døme på ei absolutt grense for kor det var ynskeleg å byggja. Å kryssa elva, var å flytta langt unna: ”Eg ville bu på rett side av elva. Gartnetluohkká er for langt unna. Det blir for mykje kjøring,” var vanlege utsegn for å forklara kor langt folk kunne tenkja seg å flytta.

Káren og Klemet, unge husbyggjarar i 20-åra, valde å byggja med avstand både til hennar og til hans barndomsheim. Begge understreka at for dei var dette eit medvite val. På spørsmål om dei ikkje kunne ha tenkt seg ei plassering på eit av foreldretuna, svarte Káren:

NEI, Herregud! Der ville me ikkje byggja! Der har ein jo budd heile livet – nei, nei, nei! Trur verken han eller eg ynskte det. – Ja, ikkje det at me er uvenner med familien altså, me ville berre ha litt avstand. (Káren)

Men avstanden mellom foreldre, svigerforeldre og den unge familien var ikkje stor, 7-800 meter. Ein slik avstand var praktisk i den livsfasen dei var i, med born i barnehage og førsteklassen på grunnskulen. Káren såg det praktiske i at avstanden til besteforeldra ikkje var *for* lang. Det målte ho ut frå kva seksåringen greidde på eiga hand, kor langt han kunne gå utan at dei måtte følgja han: ”Sjølvsagt er det fint for ungane. Ser jo nå at eldstebarnet kan gå til alle besteforeldra. Det er jo lett vint.”

Elle, som var tidleg i 30-åra, hadde gjort som Káren, bygt nært foreldra, men ikkje på same tunet. Ho hadde heilt medvite valt å ha ein viss avstand mellom seg og barndomsheimen.

Både Káren og Elle, som òg budde i ”passe” avstand til foreldra sine, hadde born i førskulealder og i første klasse. Ut frå ein slik kvardag fann begge det naturleg å måla ”passeleg” avstand ut frå kva ungar i denne alderen klarte. Elle sa det slik: ”Det fungerer godt nå. Ungen kan gå dit etter skulen, eg treng ikkje plass til henne i SFO⁴⁸.”

Passe avstand blei med dette ein avstand som førsteklasingen som byrja å ferdast på eiga hand, takla. Samstundes var det ein avstand som gav dei unge foreldra ei viss skjerming frå *sine* foreldre i kvardagen. Og det var så nært at dei kunne få avlasting frå besteforeldra når det trongst.

Passe avstand var altså ikkje noko konstant, men varierte med livssituasjon, tid og familietilhøve. Passe avstand syntest likevel å vera gangavstand. Bruk av bil blei oppfatta som tungvint, som eit hinder for dagleg, uformell kontakt. For mykje køyring var ikkje eit argument berre i høve til borna, det hadde også ei økonomisk grunngeving. Sára fortalde at kort avstand til arbeid og andre sentrumsfunksjonar var viktig for dei, ikkje berre ut frå omsyn til familien sine skule- og arbeidsvegar, men også ut frå familie-økonomien: ”Nå bur me så nært at han kan gå til jobben, eg bruker bilen. Me treng ikkje ha to bilar. Det er så greitt”.

Passe avstand til familien kunne i mange høve føra til lenger avstand til sentrum, arbeid eller venner. Det som tyngde mest i slike situasjonar, var køyring av borna til ulike aktivitetar eller på besøk til venner etterkvart som dei voks til. Pia, Piera og familien budde slik til at bilen var i dagleg bruk. Pia fortalde at ho stundom hadde tenkt på om dei hadde gjort rett i høve til borna, om den lange avstanden hadde ført til mindre vennekontakt enn dei eigentleg ynskte: ”Då ungane var mindre, hende det eg angra. Det er langt til venner – men på den andre sida har dei alltid sagt det er greitt å bu slik. Og skal dei til bygda, kjører me dei.”

Passe avstand var stundom ei avveging mellom det å bu nært til sentrumsfunksjonar, og det å bu i utkanten, for seg sjølve i ro og fred. Begge delar hadde sine føremoner, både sosialt og økonomisk. Ei kritisk grense for mange var avstanden for å få gratis skuleskyss. Å skyssa borna til skulen sjølve, eller å betala på bussen, såg mange som ei tung plikt. Heldig var den som budde akkurat på grensa, som hadde både familie og den frededelege plassen for seg sjølv akkurat i ein avstand på fire kilometer⁴⁹ frå skulen. Máret og familien budde slik til. Ho syntest ho hadde oppnådd alt ho kunne ynskja seg ved val av tomt. Gratis skuleskyss var eit viktig argument her: ”Og det beste med det heile, her er det akkurat passe avstand til å få gratis skuleskyss. Det er så greitt, eg har sleppt å kjøra ungane. Men elles er det ikkje lenger enn at ungane kan sykla og gå.”

⁴⁸ SFO, den kommunale skulefritidsordninga. Eit tilbod kommunen hadde plikt til å gje alle elevvar frå første til og med fjerde klasse i grunnskulen.

⁴⁹ Grense for å få gratis skuleskyss var for elevane i andre til og med fjerde klasse i Kautokeino på 1990-talet fire kilometer. For elevane i første klasse var denne grensa to kilometer.

6.1.3 Den same synsranda

Heime er trygt, og tryggleiken er først og fremst knytt til *folk*, ikkje til eit landskap eller ein plass. Landskapet og synsranda var likevel ikkje uvesentleg for informantane i utvalet mitt. Tilflyttarane frå andre bygder i kommunen understreka dette. Når dei skulle busetja seg i kommunesenteret, var lokaliseringa i ”rett retning” av Kautokeino viktig. Det var viktig å kunna sjå dei kjende landskapsformasjonane, dei same fjella og synsranda slik dei mintest det frå barndommen.

Haldis var innflyttar frå ei lita grend i utkanten av kommunen. Etter utdanninga var det naturleg å busetja seg i bygda Kautokeino. I heimegrenda var det ikkje arbeid som passte for henne. Det fanst einast i sentrum av kommunen. ”Eg kunne ikkje byggja på heimlassen,” forklarte Haldis, ”det vart for lang avstand med arbeid i bygda. Men huset vårt ligg så høgt i terrenget at eg ser mot heimlassen min.” Slik ho budde, såg ho i den retninga barndomsheimen låg. Dette bandet til fortida og den kjende horisonten var for henne noko som knytte saman barndom på vidda og livet hennar som vaksen i bygda. Ho kunne la blikket kvila i den same synsranda som før. Det kunne ikkje den gamle naboen hennar:

Naboen min derimot, busette seg på motsett side av bygda. At du har bygt på heilt feil side av bygda, sa eg til han, korleis kunne du det? Han forstod argumentasjonen min; Ja, sa han, - når eg ser ut, ser eg berre framande fjell. – Men for han var lokalisering attmed dei utflytte søskena viktigare enn tilknytning til plassen. Du skjønar, han valde familien framfor utsikta? – Men hadde eg ikkje budd slik at eg såg så langt, i retning heimlassen min trur eg at eg hadde omkomme! (Haldis)

Ánne hadde litt av den same bakgrunnen og historia som Haldis. Også ho kom frå ei lita, fråflytta grend. Då ho og familien skulle setja bu, var heimlassen hennar ikkje noko realistisk alternativ. Men barndomsheimen spela likevel inn ved val av buplass i bygda. Sidan ho og mannen begge hadde tilknytning til same sida av bygda, og til elva, var det ingen diskusjon om *kor* i bygda dei skulle byggja.

Mannen til Ánne, Ánte, arva eit gammalt hus, men kunne ikkje tenkja seg å setja det i stand for å bu i det. ”Det ligg jo på feil side av elva,” var forklaringa hans på den avgjerda. Det låg ikkje for langt borte, men det låg i motsett himmelretning av der han og kona var oppvaksne. Ved å byggja der ville begge fått utsyn i feil retning.

6.2 Lokaliseringsynske og familiebakgrunn



Figur 6.1 "Slektskart" frå Kautokeino.

Skissa viser korleis sterke slektsband styrer lokaliseringa av bustadtomter. Dei nummererte gruppene omfattar to eller fleire bustader der nære slektingar samstundes også er næraste naboar. Oversynet byggjer på opplysningar gjeve av kollegaer på teknisk kontor, og er laga vinteren 2001.

Frå tidlegare kjennskap til Kautokeino visste eg at slekt var viktig for val av tomt, og at tradisjonen med at fleire søsken til dømes busette seg på same tunet eller i same området som foreldra, var vanleg. Denne tradisjonen, som ofte blir kalla ”samisk” eller ”siida-tradisjon,” vart av mange rekna for noko som var særprega for samiske strøk generelt og for Kautokeino spesielt. Kor sterk denne tradisjonen var, og kva følgjer dette hadde for tomteval, skulle det visa seg at eg ikkje var klar over.

Den sterke og utbreidde oppfatninga av å vera ”innflyttar” i Kautokeino synest også å vera avgjerande for lokalisering av eigen buplass. Omgrepet innflyttar femnde vidare og omfatta mange fleire enn det eg i utgangspunktet trudde. Slik sett erfarte eg gjennom møte med informantane mine at status som innflyttar var ein status eg delte med mange andre, men at det òg var store skilnader kva som låg i dette omgrepet.


6.2.1 Når familietunet flytter

I 1970 budde det 1100 menneske i Kautokeino tettstad eller Márkan. Det samla folketalet i heile kommunen var då på 2580 personar. Frå byrjinga av 1970-talet og utover voks talet på busette i sentrum år for år, samtidig som det minka i yttergrendene og småbygdene. Innflytting frå andre kommunar til Kautokeino skjedde berre i liten grad. Veksten i bygda Kautokeino skjedde som følge av flytting frå mindre sentrale plassar i kommunen. Denne flyttinga innanfor kommunegrensene gjekk også føre seg på 1990-talet. I dei åra var det særleg frå Máze, den nest største bygda i kommune, fråflyttinga gjekk.

Med eit slikt flyttemønster og ein vekst i sentrum av kommunen, var Kautokeino på 1990-talet i stor grad sett saman av folk som ”eigentleg var innflyttarar.” Storparten av informantane mine var såleis frå Kautokeino kommune, men ikkje frå *bygda* Kautokeino. Av familiane i utvalet var det berre fem av para der eine parten kom utanfrå kommunen. Av desse fem var to samiske innflyttarar frå andre kommunar i Finnmark. Tre var norske. Dei var alle frå kommunar i Nord-Noreg. Innflyttarar frå område lenger sør i landet var ei svært lita gruppe i Kautokeino, sjølv om dei var fleire enn det kunne synast ut frå den gruppa som bygde hus på 1990-talet. Mange av desse innflyttarane rakk aldri å bli så lenge at dei bygde hus.

Når folk som alltid hadde budd innanfor Kautokeino kommune, definerte seg som innflyttarar, hadde det ikkje alltid direkte samband med at dei sjølve hadde flytt i vaksen alder. Dei fleste av mine ”innflyttarar” kom til bygda Kautokeino som born, gjerne i samband med bustadtiltaka på 1970-talet, medan nokre hadde foreldre som flytte til bygda. Men det tok tid å kjenna seg heime i bygda, og forståinga av seg sjølv som innflyttar var sterk: ”Me er jo ikkje herfrå, me er eigentleg frå Suoššjávri, Áidejávri, frå Máze eller Láhpoluoppal,” var vanlege utsegner. Den nye heimen i Kautokeino blei for mange først og fremst knytt til *folk*, ikkje til ein gard, ein fast plass, eit tun eller ei grend. Heime var der den næraste familien var samla, der slekta var busett: ”Me er ikkje så veldig knytte til plassen, det er familien. Me er jo eigentleg *innflyttarar*,” slik sa Sunná det då eg

spurde kvifor ho så gjerne ville bu nær foreldra sjølv om dei aktuelle tomtene der på mange måtar var mindre attraktive enn i andre bustadfelt.



Figur 6.2 Frå bustadfelt til slektstun på 22 år.

Skissa viser korleis rikeleg tilgang på byggetomter, romsleg areal, lokal politisk velvilje og stor personleg innsats i arbeidet med å skaffa tomter gjev rom for å utvikla eit familietun innanfor eit regulert bustadfelt. Vinteren 2001/2002 budde seks husstandar med nære slektsband (foreldre, born, søsken) innanfor dette området.

Joavnná fortalde ei liknande historie om oppbrot frå heimlassen i Máze på 1970-talet, og flytting til bygda: ”Det var her me *landa* då me flytte til Kautokeino,” fortalde han. I utgangspunktet var det ein tilfeldig plass i bustadfeltet som akkurat då var ferdigstilt. Det tok tid å kjenna seg heime, verst var det for foreldra og særleg faren, fortalde Joavnná. Men etter nærare 25 år opplevde han ikkje plassen som tilfeldig lenger. Det var ikkje lenger ei samling tomter, men eit romsleg tun der store deler av familien var samla. Gjennom tildeling av kommunale tomter, deling av private tomter og omregulering hadde dei medvite bygd opp ei tomtegruppe der storparten av familien hadde kunna byggja.

Også for Joavnná hadde det vore svært viktig å sjølv kunna busetja seg her. Hovudgrunnen til det var folket som budde der, hans eiga slekt. I mindre grad var naturen, tomtetilhøve eller plassering i bygda avgjerande, sjølv om han absolutt såg føremoner med dette òg.

6.2.2 Familieband, kjønn og buplass

Sterke og tette familieband blir ofte trekte fram som noko særmerkt for samisk tradisjon. Tradisjonelle haldningar og plassering i familien er dermed medverkande for kor folk kan og vil lokalisera buplassen sin. Vidare har det i samisk tradisjon vore vanleg at når det unge paret gifte seg, busette dei seg attved mannen sine foreldre. Med eit utbyggingsmønster forma av offentleg lovverk og kommunal økonomi har dette mønsteret blitt endra. Men klare trekk av det levde framleis på 1990-talet. Sára som kom frå ein reindrifsfamilie, og gifte seg med ein aktiv reindrifsutøvar frå ein annan kant av bygda, vart mint på dette då ho og mannen valde å byggja i tilknytning til *hennar* familie: ”Eg har nå mange gonger fått høyra at eg var streng og standhaftig – *eg* bestemte at me skulle byggja her.”

”Me er litt gammaldags, me skal flytta dit mannen er frå,” var Pia si forklaring på at dei hadde bygd på mannen sin heimlass. Men lenger ute i samtalen modererte ho utsegna, og understreka at dei begge ynskte å busetja seg ein plass der det var ”fred og ro.” Og det var ikkje i byggefelta midt i bygda. For å få fred måtte dei bort frå sentrum. Sidan *hennar* heimlass låg for langt unna bygda og arbeidsplassane deira, vart hans heimlass sjølvsgd å velja. Slik understreka Pia at det var ei avgjerd begge var med på å ta, og begge var samde i.

Máret var oppvaksen i Kautokeino, som ei av fleire søsken. Saman med mannen sin, Mihkal, gjorde ho mange freistnader på overta barndomsheimen sin. Ho og mannen ynskte å busetja seg der. Dei ville byggja om og utvida huset for å få plass til to generasjonar; foreldra *hennar* og deira eigen familie. Dei snakka med foreldra *hennar* om det, men det vart ikkje noko resultat av den samtalen. Máret forklara dette slik: ”Pappa har desse gamle førestellingane - han har jo ein son, og ventar at han skal koma heim og overta.” Sonen, den mannlege arvingen skulle altså ha barndomsheimen, dottera måtte finna seg ein annan buplass.

6.3 Lokalisering av tomta

Lokalisering av bustaden skjedde med bakgrunn i ei rekkje ulike føresetnader. Ein kjend og trygg plass og ei praktisk plassering i høve til arbeid og fritid var viktig for dei fleste. Valet folk gjorde, vart ei avveging mellom den innsatsen dei måtte yta for å oppnå ei spesiell lokalisering, og det dei fekk att for denne plasseringa. Slik informantane mine i Kautokeino valde lokalisering, kunne dei delast inn i tre grupper. Desse tre gruppene gav eg så namn ut frå kva dei såg på som viktigast i diskusjonen om lokalisering.

Gruppene fekk følgjande namn:

☞ Hjä ho mor

☞ Mellom beitelandet og bygda

☞ Den beste lokaliseringa


For dei fleste av informantane mine i Kautokeino var spørsmålet kva som var praktisk og lettvindt både for den nære framtida, men òg med tanke på borna si framtid i bygda. For dei fleste informantane mine var dette eit spørsmål om kva som var trygt, om kor folk kjende seg heime og kor dei kunne halda fram med å bu i ei tradisjonell buform. Dei fleste kjende seg heime der næraste familien budde. Den klart største gruppa av informantane mine valde å lokalisera bustaden sin ut frå kor familien budde, dei ville bu ”hjä ho mor.”

Den andre gruppa hadde gjerne familien å ta omsyn til ved val av tomt, men i tillegg kom næringa. Dei fleste her var på ulike måtar knytte til reindriften, og hadde såleis bruk for tomter der dei på ein praktisk måte kunne samordna buplassen, arbeidsplassen og beitelandet. Naboskap, tomteutforming og tilgang ut til vidda var vesentlege spørsmål for denne tomteplasseringa. Slik var også tekniske tilhøve til ei viss grad med og avgjorde lokaliseringa av desse tomtene.

Den tredje gruppa hadde valt buplass tilsynelatande berre ut frå eitt kriterium - ut frå kva dei såg på som den beste tomta i bustadfeltet. Tomtestorleik, vegetasjon, sol- og lystilhøve, og ikkje minst, utsikt og plassering i landskapet var viktige spørsmål i diskusjonen om desse tomtene.

Blant informantane i alle desse gruppene var ynsket om ”fred og ro” noko som gjekk att, og denne freden var noko dei vona å oppnå gjennom ei god lokalisering av bustaden.

6.3.1 Hjà ho mor



Figur 6.3 *Det planlagde familietunet.*

Flateregulering gjev rom for planlegging og tildeling av eit større tomteområde til familiegrupper. Eksempelet er frå Gáhkko orru bustadfelt, som vart bygt ut frå 1996 og eit par år utover.

Familiebanda er sterke i den samiske tradisjonen. Den klårt største gruppa av informantane prioriterte nærleik til familien då tomtevalet skulle avgjerast. Over to tredjedeler hadde såleis bygt på tunet heime hjå foreldre og svigerforeldre, eller som nabo til søsken eller andre nære slektningar.

Jorunn og Joavnná hadde bygt på denne måten, innanfor eit familietun. Dette hadde ikkje skjedd utan det dei opplevde som motstand frå kommunale styresmakter. Dei unge husbyggjarane måtte arbeida lenge for å få den lokaliseringa av tomte som dei ynskte. I heile denne prosessen la begge vekt på dei sterke familiebanda dei ynskte å halda ved lag ved å busetja seg der foreldra og fleire av søskena til Joavnná budde. Joavnná tok ansvaret for å skaffa byggetomt. I søknaden til Statskog om feste av grunneigedom i området der foreldra og søskena allereie budde, la han vekt på tilhøvet til familien:


Jeg søker på den skisserte tomte fordi jeg har min nærmeste familie boende i de tre nærmeste husene. Vi har sterke familieband, og jeg synest det er viktig at barna mine får vokse opp sammen med den nærmeste slekta. (Søknad til Statskog, datert 23.08.94)

I seinare argumentasjon overfor kommunen understreka søkjaren denne grunngevinga, og peika på at dette var tradisjon i samiske samfunn. Kommunen hadde også før teke omsyn til slektskap, og som følgje av det gjeve nære slektningar høve til å busetja seg i mindre bustadgrupper i bygda. Dette har skjedd både ved å regulera inn tomter for små familiegrupper innanfor bustadfelta i bygda, og ved å gje dispensasjon på område som ikkje hadde vore regulert til utbygging.

Kvifor det var så viktig å byggja nært til familien, forklarte Joavnná ut frå omsynet til borna sine oppvekstvilkår. Borna skulle kunna ha dagleg og nær kontakt til besteforeldre, tanter, onklar og syskenbarn. Dei skulle kunna veksa opp blant "sine egne" i eit kjend miljø

Omsorg for foreldra

Kva det ville seia å bu blant "sine egne" utdjupa Risten i si historie. Hennar forteljing var ei historie der omsyn til heile familien var avgjerande for val av buplass. I Risten sitt tilfelle omfatta omsorga både foreldregenerasjonen hennar, og dei som kom etter henne sjølv. Risten bygde hus i godt vaksen alder, då ho sjølv allereie var bestemor. For henne var det dermed mange omsyn som avgjorde korleis ho kunne byggja. Lokaliseringa var likevel udiskutabel. Omsynet til familien avgjorde den. Foreldra "ba meg byggja her," fortalde ho, der ho sat i eit nytt hus på familietunet. Mora tenkte særleg på eigen alderdom og såg at ved å ha dottera nært, kunne ho få eit trygt tilvære også om ho skulle trenga hjelp i kvardagen. Lokalisering av hus innebar med det ikkje berre føremoner, men også det å ta på seg sin del av ansvaret for storfamilien i ulike fasar av livet.



Figur 6.4 Familietunet på privat grunn.

Familietunet på privat grunn kan veksa innanfor eige område, i tillegg kan det utvidast vidare på regulerte nabotomter og, – ved dispensasjon frå eller omregulering av godkjende planar, – på tilgrensa friluftareal.

Måret var inne på det same då ho fortalde om foreldra sin reaksjon på hennar og mannen sitt tomteval. Måret og familien hadde over fleire år budd i nærleiken av foreldra hennar, i leigd husvære. Dei såg ikkje på det husværet som nokon varig løysing. Dei ynskte seg eit større hus, eit som var deira eige. I årevis diskuterte dei

kor dette nye huset skulle liggja. Máret sa det slik: ”Eg trur me diskuterte absolutt alle andre alternativ enn det å byggja her heime.” Diskusjonen var vanskeleg, og dei ulike alternativa hadde på forskjellige måtar ei hake ved seg. Det var for langt til arbeidsplassen for han – eller for henne, dei måtte ha to bilar, ungane ville mista vennene sine, den aktuelle tomte var lita, myrlendt eller for bratt – det meste var gale. Dei hadde ein plass å bu, og kunne såleis vera kritiske og ta seg tid til å finna den rette tomte. Til slutt endte dei opp med ei tomt som grensa til foreldretomte. ”Eg trur foreldra mine roa seg veldig då dei høyrde me skulle byggja her attmed dei,” var Máret si oppsummering av denne prosessen.

Både Rávdná og Máret var kvinner midt i livet, med barn og barneborn. Kva borna ynskte var sjølv sagt med å avgjera kor dei skulle busetja seg, men det avgjerande argumentet var likevel omsynet til eigne foreldre.

Hjelp frå foreldre og svigerforeldre

Gruppa med *unge* husbyggjarar argumenterte også ut frå familien, eller eigne foreldre, då dei valde kor dei ville slå seg ned. Men for desse var ikkje tanken på omsorg for foreldra like sentral. Foreldra deira var heller ikkje gamle folk som trong omsorg. Tvert i mot, dei var ei gruppe som miljøet rundt forventa skulle *yta* omsorg.

Elle hadde vald å busetja seg nær foreldra av slike årsaker; ”Av praktiske grunnar. Sånn der familieanliggende.” Det var nær å gå heim ”viss det er noko,” var grunnen ho gav for tomtevalet. Det var nær å gå heim og få hjelp til barnepass og kuftesaum, det var nær for å låna lagringsplass for vinterutstyr og hagemøblar, og det var nær når ho trong hjelp med brødbaking, vasking eller snikring.

Jorunn, som var innflyttar frå ein annan kommune i Finnmark, fortalde om eit slik familietun der folk kjende ansvar for kvarandre, og ytte hjelp når det var trong for det. Ho som ytte mest hjelp, var svigermor. Svigermor var frisk og hadde god tid, og ikkje minst, ho hadde interesse av og omsorg for familien. Ho var ei ”ordentleg svigermor” som hjelpte alle:

Sånn som når eg er åleine, kjem ho ofte innom og hjelper til med han veslegut, tullar med han. Eg er ikkje åleine sjølv om han Joavnná er borte. ... Ho hjelper oss alle. Det merkar ein. Me kunne ikkje levd utan ho. Er me borte, kjem ho og vaskar golva for oss. Har ho baka ein dag, kjem ho med brød. Eg kjem så godt overeins med svigerfamilien. Det er sikkert derfor eg trivst så godt her. Svigermor er berre heilt fantastisk. Ho står for alt her, sjølv om ho er 67. Treng me noko, er det berre å ringja. ... Men eg får også vera mykje i fred. Det er ikkje sånn at ho renner oss ned, ho er her sånn passeleg. (Jorunn)

Dei unge foreldra og husbyggjarane fekk slik mykje praktisk hjelp i kvardagen. Det var likevel ikkje ut frå eigne behov dei argumenterte då dei nemnde det praktiske i det med å bu på heimetunet. Omsynet til eigne ungar, og til deira mulighet for kontakt med besteforeldra, var grunngevingar som oftare blei trekte fram. Elle forklarte tomtevalet slik: ”På grunn av ungen. Det er viktig at ho kan springa i mellom, til bestemor og andre i familien”

Omsyn til ungene var for mange den viktigaste årsaka til å flytta inn på familietunet. For enkelte var det også ei årsak til ikkje å flytta ut. Ein av familiane blant informantane mine hadde born i alderen 10- 15 og budde til leige i nær tilknytning til foreldra, då dei valde å byggja nytt hus. Kona fortalde at for dei var det avgjerande kva ungene meinte. Og borna valde det kjende, dei valde slekta og vennene. Slik vart denne familien buande på slektstunet også etter at dei fekk nytt hus.


Felles bakgrunn – felles normer

Å velja lokalisering i nærleiken av familien, var å velja det trygge og kjende. Det var å velja eit miljø med sams bakgrunn og haldningar. Slik blei det òg eit miljø der folk fungerte i lag etter uskrivne reglar. ”I bustadfelt er det så mange reglar, så mange ulike omsyn å ta,” var eit vanleg argument mot denne buforma i Kautokeino. ”Me er ikkje vane med at andre skal bestemma korleis me skal bu og leva i kvardagen.” Heime var folk sin eigen herre, der skulle ingen andre bestemma korleis dei skulle ordna seg eller kva dei skulle gjera. Samtidig var kontakt og samhandling i kvardagen lettare når alle dei andre på tunet kjende dei same reglane og handla etter desse, utan lange forklaringar og tilvisingar. Den sosiale tryggleiken dette gav, understreka Máhtte då han skildra korleis det var å bu i eit tett bustadfelt:

Der (i bustadfeltet) måtte me vera varsame kven me snakka med, og om kva. Me visste aldri kva som ville bli bore utover til folk som ikkje hadde noko med det. Og så var det ikkje kva som helst som gjekk an, eg kunne for eksempel ikkje hogga ved etter klokka 11 om kvelden. Det var alltid nokon som klaga på det. Her styrer eg sjølv kva eg vil gjera ute. (Máhtte, mi omsetjing frå samisk)

Etter at Máhtte og familien bygde nytt hus på slektstunet, var naboane på alle kantar nær familie. Máhtte kunne hogga ved kva tid på døgnet han måtte ynskja – i vissa om at det tidspunktet han fann som rimeleg for dette arbeidet, ville ha vore like rimeleg for ein av dei andre naboane å velja. Dei usagte grensene var dei same, og ikkje berre det; toleransen for kva som kunne tillatast var gjerne større når det var nær familie, ”Det er jo dine eigne,” som fleire sa det. Og skulle nokon i familien oppføra seg i strid med dei kjende reglane, eller oppføra seg vanskeleg, vart det i alle fall ikkje ei sak som andre enn familien fekk kjennskap til. Ein informant omtalte tilhøvet til broren – og naboen, slik: ”Sjølv om han synst eg er ein vrangpeis, ber han det i alle fall ikkje ut på bygda.”

6.3.2 Mellom beitelandet og bygda



Figur 6.5 *Praktisk lokalisering av eindriftstomt*

Lokalisering i grenseområdet mellom bygda og vidda var førstevalget for mange som dreiv aktiv reindrift. Skissa viser flytting ut frå bustadfeltet og etablering av familie- og siidagrupper med nær kontakt både til sentrumsfunksjonar og beiteområdet.

Av informantane i utvalet mitt var fire aktive reindriftsutøvarar. Alle desse var familiar med born. Alle desse hadde ei fast inntekt i familien, i tillegg til det reinflokken gav. Denne tilleggsinntekta⁵⁰ var det kvinnene som stod for. Kvinnene hadde teoretisk utdanning og arbeidde i skuleverket, på ulike offentlege kontor eller i andre tenesteytande næringar.

Mange og ulike interesser skulle slik avgjera lokaliseringa av bustaden til desse familiane. For reindrifta sin del hadde ei lokalisering utanfor bygda, på ein fredeleg plass gjerne vore det beste valet.

Áile og Áilu hadde i mange år budd i eit bustadfelt i bygda. Dei opplevde det som ei tett buform. Áile sa det slik om bustaden dei hadde hatt før; ”At den låg midt i

⁵⁰ Totalrekneskapet for reinbeiteområda i Noreg i år 2000 viser til dømes at resultatmåla for Vest-Finnmark beiteområde, altså Kautokeino, dette året var på kr. 18 553,- pr. årsverk, eller på kr. 33 916,- pr. driftseining. (Kjelde: *Totalrekneskap for reindriftnæringa. Økonomisk utvalg, desember 2001*. Utgjeve av reindriftsforvaltninga i Alta). Med så låg gjennomsnittleg lønnsemd i reindriftnæringa seier det seg sjølv at mange var avhengige av store tilleggsinntekter.

eit bustadfelt, var eit minus.” Plassering midt inne i eit bustadfelt var til ulempe både for å driva med rein og for nabolihøvet. Resultatet var å flytta til utkanten av bygda. Áile skulle gjerne ha flytt lenger bort, hadde ho berre skulla ta omsyn til reindriften; ”Når eg tenkjer på reindriften, hadde det vore ein føremon å bu enda lenger unna. Men så er det med skuleborna... .” For borna var skulevegen, avstand til fritidsaktivitetar, og til venner og siida-kameratar viktige spørsmål. Med tanke på borna tala mykje for å velja ei lokalisering i bygda, sjølv om det valet heller ikkje berre gav føremoner.

Reindriftskona med fast arbeid i bygda vil heller ikkje bu for langt unna sin eigen daglege arbeidsplass, sjølv om det kanskje hadde vore enklast ut frå driften. Enkelte av informantane nemnde at grendene utanfor Kautokeino, som Ávži eller Mierojávri var for langt unna. Å bu der ville vera å velja arbeidsvegar på 10-15 kilometer. Sárá og mannen Sámmol dreiv reindrift samstundes som ho hadde fast arbeid i bygda. Tidlegare hadde dei budd i ei av grendene utanfor bygda. Straks Sárá byrja å arbeida i bygda, fekk ho erfara at arbeidsvegen vart lang:

Eg såg det, då eg starta å arbeida i bygda, det vart så mykje køyring. Eg måtte stå opp minst ein og ein halv time før arbeidet starta. Og med ungane vart det enda meir. Når eg så kom heim om ettermiddagen - og kanskje hadde eg gløymt ein ting, så var det tilbake til bygda, 13 kilometer kvar veg. Det vart for slitsamt. (Sárá)

Det vart for mykje køyring å bu så langt frå bygda, særleg med tanke på at det ikkje berre var to gonger dagleg dei måtte reisa mellom bustaden og bygda. Det var ikkje berre når Sárá eller andre vaksne gløymde ting, at det vart ekstraturar til bygda. Med born i huset hadde fleire enn ho gjort den erfaringa at det ofte vart mange turar att og fram til venner, til trening eller andre fritidsaktivitetar.

Lokalisering like i yttergrensa av bygda skulle visa seg å vera det beste for Sárá og familien: ”Her er det ideelt. Ikkje for nært til naboar, og ikkje for langt til bygda.” Slik Sárá såg det, var hennar arbeidsreise viktigare enn arbeidsvegen til mannen. Han drog på fjellet og vart der gjerne eit par veker i strekk, og hadde deretter ein lengre periode heime. Ho, derimot, måtte dra på arbeidet kvar dag, heile året gjennom.

Buplass og siida

Me som bur her, tilhøyrrer det same distriktet. Me har mykje samarbeid på sommar- og haustbeitet - fellesordningar med gjeting og slikt. (Áile)

Reindrift er samarbeid, og mykje av dette samarbeidet går føre seg innanfor ei siida-gruppe. Storparten av mennene sine arbeidsoppgåver går føre seg på beitelandet på vidda og ved kysten. Arbeidet som skjer på buplassen, i og ved huset, blir i første rekkje gjort av kvinnene.⁵¹ Kontakten menn har og må ha med kvarandre på buplassen, gjeld difor sjeldan praktiske arbeidsoppgåver der, men heller kontakt for å få oversyn over og kunna planleggja arbeidet ute på beitelandet. Denne daglege kontakten er likevel ikkje uvesentleg. Sámmol, som

⁵¹ Dette var den tradisjonelle arbeidsfordelinga som både informantane og reindriftsadministrasjonen presenterte meg for.

arbeidde med reindrift på fjellet, såg verdien i det å bu i same område som siida-kameratane:

Det er praktisk å bu nært til dei ein arbeider med på fjellet. Ein finn dei alltid viss det er noko ein treng vita eller treng hjelp til. (Sámmol)

Sámmol sitt førsteval når det galdt tomt, var i nærleiken av siida-kameratane. Men sidan kona, Sárá, hadde fast arbeid i bygda, var omsynet til reindriffta ikkje åleine med på å avgjera tomtevalet til denne familien. Diskusjonen om kven sitt daglege arbeid som skulle avgjera lokaliseringa av bustaden, prega deira val. Sárá la ikkje like sterk vekt på samlokalisering med siida-gruppa som det mannen hennar gjorde. Den nye teknologien hadde etter hennar syn gjort behovet for å ha arbeidskameratane som naboar i bygda mindre: ”Men det er ikkje så farleg nå når alle har mobil. Det er ikkje lenger nødvendig å bu attved kvarandre,” var hennar svar på mannen sine innvendingar mot det å flytta frå den gamle buplassen. Så var det kanskje ikkje berre driftstilhøva Sámmol argumenterte ut frå:

Han meinte det vart verre for drifta. Men eg trur nå helst det var familien sin han ikkje ville flytta frå. Han snakka om det i førstninga, etter at me hadde flytt. - Men nå har eg ikkje høyrte klaging på fleire år. (Sárá)


Det vart Sárá som avgjorde valet. Familien bygde i tilknytning til barndomsheimen hennar. Denne plassen låg fleire kilometer unna Sámmol sin heimlass og buplassane til siida-kameratane hans.

Buplass og læring

Lokalisering i nærleiken av dei som dreiv i same siida-gruppe var eit viktig poeng av omsyn til kontakt og samarbeid mellom dei vaksne. Kjennskap til og god kontakt med framtidige arbeidskameratar var vesentleg også med tanke på borna som skulle overta drifta ein gong i framtida. Áile såg det positive med å ha folk frå same siida-gruppe som næraste granne: ”Og så er det jo ei føremon for borna, at dei lærer å kjenna kvarandre. Dei skal jo arbeida i lag når dei blir vaksne.”

Også andre informantar understreka kor viktig det var at ungane lærte å kjenna naboungane. Å bli kjende og å veksa opp i lag la grunnlaget for eit fellesskap også i vaksen alder.

6.3.3 Den beste lokaliseringa



Figur 6.6 "Den beste tomte."

"Den beste tomte" hadde mange og ulike kvalitetar. Dei skraverte tomtene her er tomter informantane såg på som "den beste tomte" i eit regulert bustadfelt. Eit fellestrekk syntest å vera lokalisering i tilknytning til friområde eller utmark. Slik bustadreguleringa vart gjort i Kautokeino gjennom heile 1990-talet, vart det dermed mange tomter som kunne kallast "den beste tomte" i feltet – slik skissa her viser.

Den beste tomte i bustadfeltet var for mange tomte som grensa opp til barndomsheimen. Ei lita, men kanskje veksande gruppe av husbyggjarane i Kautokeino la likevel vekt på heilt andre kriterium når dei trekte fram sider ved det dei meinte var den ideelle tomte. "Ekte" innflyttarar utan familieband i bygda, og enkelte unge husbyggjarar frå bygda, som opplevde det som ein fridom å koma vekk frå familien, såg på andre kvalitetar enn naboskap då dei søkte tomte.

Seks av informantane nemnde tomtetekvalitetar som avgjerande årsaker for val av buplass. Sol, utsikt og tomtestørleik avgjorde likevel ikkje åleine. Tett kontakt med familien var viktig også for enkelte av informantane i denne gruppa. Hadde dei hatt betre tid og kunne venta med å byggja og då kanskje fått ei tomte nærare familien – skulle dei gjerne det. Men dei hadde hatt det travelt med å få sett seg opp hus, og valde det dei synst var den beste tomte ut frå deira behov då. "Den beste lokaliseringa" var slik ikkje alltid førstevalet, men det beste valet i den situasjonen tomtesøkjjarane var. "Me hadde valet mellom denne tomte og ei lenger unna. Det er fint å bu i nærleiken av der ein har vakse opp, så då vart det denne," var I gá si forklaring på korleis ho avgjorde valet mellom to gode tomter.

For denne gruppa låg den finaste tomta i bygda i eit roleg område, fritt for gjennomgangstrafikk, laushundar, festglade ungarar eller studentar⁵² – og samstundes ein plass der det var fritt for mygg. Káren og Klemet hadde funne ei slik tomt, i det finaste bustadfeltet i heile bygda:

Eg trur me bur i det finaste bustadfeltet i bygda. Her er så stilt, ikkje hundar og ikkje festing. Gjennomgangstrafikk er det ikkje heller. ... Me var jo redd for festing og bråk. Hadde høyrte at studentane festa så mykje. Men det har aldri vore noko. Det er rolege, vaksne folk som bur der.
(Káren)

I tillegg var den beste tomta passe stor i utstrekning, med ei blanding av flate og kuperte område. Det var plass for uthus, garasje og leikeplass for ungane, gjerne også for næringsverksemd. Eit ekstra pluss var det dersom tomta grensa mot friområde. Det gav rom for "uformell" utviding av tomtearealet, samstundes som det gav lett tilgang til vidda. Avstanden til bygda og sentrumsfunksjonar burde heller ikkje vera for lang. Dette var kvalitetar dei fleste søkte, også dei som prioriterte familie og næring framføre tomtetekniske tilhøve.

Det som skilde desse søkjarane ut slik at det var grunnlag for å plassera dei i ei eiga gruppe, var den *vekta* tomtetekniske tilhøve fekk. Det var kvalitetar ved sjølve tomta og tilgrensa uterom som avgjorde, ikkje kven som budde i nabolaget. Søkjarane såg på tomta som eit uterom, og då ikkje berre eit bruks- og lagringsrom, men ein plass for opphald, rekreasjon og kvile. Sigbjørn nemnde uteplassen dei hadde laga til, som var "roleg og solfylt," og understreka samtidig kor heldige dei var med plasseringa av huset. Det låg ope til, dei hadde fin utsikt og det var heller ikkje planlagt andre hus sørvest for deira hus. Slik ville utsikta og lystilhøva bli verande som nå.

Ánte var inne på det same då han synt meg tomta deira, og med stolthet peika på den vide og vakre utsikta over bygda. "Er det ikkje fint her?" spurde han meg, men let det samstundes ikkje vera tvil om kva han sjølv meinte om det spørsmålet. Rett nok hadde han lagt vekt på storleik, på plassering av tomta og på mulighet for næringsutøving i tidlegare argumentasjon – likevel, utsikt og plassering i landskapet var vesentlege – eller kanskje avgjerande trekk for val av akkurat denne tomta.

I enkelte familiar med ein av ektefellane utanbygds frå kunne eg registrera ein viss skilnad i kva dei to ektefellane la mest vekt på i diskusjonen om lokalisering av tomta. Tendensen syntest å vera at di sterkare band folk hadde til ein bestemt plass – og familie, i bygda, di sterkare var ynsket om tomt akkurat i dette området. Det var altså ikkje innflyttarane som argumenterte mest for ei lokalisering tett opptil familien i bygda; men dei som var frå Kautokeino. Ved å byggja og busetja seg i Kautokeino ynskte dei å halda fast på det kjende og styrkja banda til familien. Dei færraste ynskte etablera seg på ein ny plass i bygda, sjølv om lokaliseringa var den beste.

⁵² I 1989 vart Sámi Allaskuvla/Samisk Høgskule etablert i Kautokeino. I samband med denne etableringa vart det bygt husvære for studentane. Desse bygga var i hovudsak mindre trehus med plass for 4 små leiligheter, i tillegg til eit større hybelbygg. Hybelbygget ligg relativt skjerna i høve til annan busetnad, medan dei andre husværa ligg i bustadfelta sentralt i bygda.

Over tid kunne den tilfeldige plasseringa i eit bustadfelt bli til ei familiegruppe. Ein av informantane opplevde dette. Mange år etter at dei busette seg på det som var ei tilfeldig valt tomt i eit bustadfelt, valde søster til informanten å kjøpa nabohuset. – ”Ho gjorde det fordi eg budde her,” sa Haldis. Men dette kjøpet fekk ho nær familie som naboar.

6.3.4 I fred og ro

Eit fellestrekk som gjekk igjen i alle dei tre gruppene av lokaliseringssynske, var eit uttalt ynske om å busetja seg ein plass der det var ”fred og ro”:

Eg hadde tenkt meg noko for meg sjølv, Ein plass utan naboar ville vore fint. Slike store bustadfelt hadde eg ikkje orka... . Folk må kunna få vera i fred, ikkje alltid bli følgd med. (Risten)

Å busetja seg på ein plass der det var ”fred,” der ein kunne sleppa innsyn og kontroll var eit ynske som gjekk att hos mange av informantane. Ingen hadde valt tomt berre ut frå kor dei kunne få det mest fredeleg, men dei fleste hadde hatt det med som eitt av fleire vilkår ved val av lokalisering. Å bu nær familien og samstundes på ein plass folk fekk vera ”i fred” med sitt – også i fred frå familien – framstod såleis som det beste valet.

Å ”vera i fred” kunne oppfattast på ulike måtar. Nokre understreka verdien av å vera i fred med arbeidet sitt, andre la meir vekt på det å sleppa sosial kontroll, medan andre igjen ville vera i fred for offentlege inngrep.

Ynsket om å vera i fred var for enkelte av informantane eit ynske om å sleppa unna ”bråket” i bygda. I bustadområde som låg sentralt i bygda, var det ikkje alltid så roleg som mange kunne ha tenkt seg. Niillás, som tidlegare hadde budd sentralt i bygda, sa det slik:

Eg treivst ikkje i bustadfelt. Huset mitt låg i eit trafikkert kryss, med veg på to sider. I tillegg var det mykje skutertrafikk der. Her eg bur nå, er folk profesjonelle; dei leikar seg ikkje med skuteren. – Og så måtte ein ha mest alt bak lås og slå. Det forsvann saker og ting. Og tomte var jo svært lita. Eg såg eg trong stabbur, men så var det det at det kom i vegen for utsikta til naboene – . Nei, det var eit sånn bymiljø, eg orka ikkje bu der lenger. (Niillás)

Niillás erfarte at tomte sentralt i bygda ikkje gav han den freden han søkte. Svaret for han var å flytta ut av bustadfeltet og inn på familietunet.

Arbeidsro

Informantane som brukte buplassen til omfattande arbeidsoppgåver, var sjølv sagt dei som i sterkast grad var opptekne av arbeidsro. Ynsket om arbeidsro var ikkje berre eit ynske om å kunna arbeida utan å bli uroa av andre. Det var like mykje eit ynske om å få ”vera i fred med rotet sitt.” Informantar som budde i bustadfelt sentralt i bygda og som samstundes dreiv aktiv reindrift eller ulike former for hausting og utmarksnæring, nemnde ofte at dei gjerne skulle hatt ein romslegare arbeidsplass og ein stad der dei kunne sleppa å skilja seg ut frå nabotomtene. Sára, som bygde utanom bustadfelte, hadde fått arbeidsro og fred på ein romsleg

buplass i ytterkanten av bygda: ”Her er det ideelt. Ikkje for nært til naboar, og ikkje for langt til bygda,” var hennar erfaring med den nye lokaliseringa.

Ánne og Ánte hadde bygt på ei romsleg tomt utanfor regulert område. Etter å ha erfart korleis det var å bu i eit ”tett” bustadfelt, sette Ánne stor pris på den nye lokaliseringa. Også mora gledde seg på vegner av dottera: ”Eg sa det til henne då eg høyrde dei hadde fått tomt her; nå kan du avhåra⁵³ skinn i fred.”

Dette å vera ”i fred,” å kunna arbeida ”i fred” og sleppa både å følgja med og bli følgd med av andre var viktig for mange. Framande folk, folk som ikkje høyrde til på tunet eller i familien, skulle ikkje kunna sjå på, og ikkje kunna kritisera. Ánne nemnde dette. Ho hadde budd i vanleg bustadområde før, og hadde opplevd korleis det kunne setja grenser for kva som passa seg å gjera ute. Nå budde ho i utkanten av bygda, på ei tomt som var over to mål. Nå kunne ho vera ”i fred ute med skinnarbeidet.”

Áile var ikkje så oppteken av å vera i fred medan ho *arbeidde*. Tvert imot syntest ho arbeidet og den felles interessa ho og grannane hadde av arbeidet dei driv med ute, var ein god grunn til å ta kontakt under arbeidet. ”Når ein er ute og arbeider, eller grannen er ute, har ein anledning til å gå over og spørja om ting, om korleis det går.” Dei budde i ei husklynge, og alle som budde der, tilhørte same siida-gruppe i reindriften. Slik hadde arbeidet Áile og familien gjorde, interesse for naboen. Og det naboen dreiv med, kunne ha sitt å seia for deira planar. Felles bakgrunn, samanfallande interesser og fellesskap i arbeidet skapte her trong for møteplassar ute.

Sára og fleire andre brukte også ungane sine behov som grunngeving for å ynskja ein fredeleg buplass. ”Det er praktisk her når ein har ungar, dei kan leika i fred,” var Sára si oppsummering av den nye buplassen.

I fred for sosial kontroll

Å vera i fred var for mange av informantane det å sleppa unna sosial kontroll, og komma vekk frå innsyn og bygdesladder i eit tett bustadfelt.

Ynsket om å vera i fred kunne mange gonger stå i motstrid til eit anna viktig ynske, det å ha nær kontakt med familien. Risten si tomt på familietunet var uvanleg lita, på godt og vel ein halv dekar. Ho fekk den som følgje av frådeling frå foreldra sin eigedom. Bygging på små tomter er gjerne meir krevjande enn å byggja på store tomter, i alle fall dersom skjerma, private uterom skal sikrast.

Risten hadde bygt nytt hus nært til foreldra sitt hus. Resultatet av dette var at ho ikkje hadde eit skjerma uterom, det var berre inne i huset ho syntest ho kunne vera i fred. Manglande privat uteopphaldsrom var likevel ikkje så stort problem. Det som derimot til tider kunne vera slitsamt i kvardagen, var at all trafikk til og frå henne vart kontrollert:

⁵³ Avhåra skinn, første delen av prosessen med å garva reinskinn. Prosessen krev tilgang til rikeleg med vatn, og fører med seg ein del ureining frå salt som blir brukt i garvinga, og frå reinhåra. Fleire informantar nemnde akkurat denne arbeidsprosessen som uhøveleg å driva med inne i eit bustadfelt.

Og så blir det – nei, eg veit ikkje... , eg likar ikkje heilt at dei følgjer så godt med, ser kven som kjem og går – kven som er på besøk hos meg. Så er det son min då, han har mange kompisar som stikk innom til alle tider... Ikkje det at dei seier noko, men eg veit nå ikkje kva dei tenkjer
(Risten)

Å følgja med på trafikk ut og inn av nabetunet var ikkje alltid noko folk ynskte å gjera, eller medvite gjorde. Biret, som også budde i eit familietun, opplevde også å leva under ei form for kontroll. Ho understreka likevel at verken ho sjølv eller naboane aktivt følgde med kven som ferdast ute i området, men det er nå slik at ”augene dregst mot dei bilane som kjem.” Det var ei velsigning når haustmørket kom.

Ingvald budde i eit bustadfelt – men denne lokaliseringa var ikkje førstevallet hans. Også han kunne tenkt seg større tomt på ein fredelegare plass:

Eg kunne ha god lyst til å selja tomta - flytta ut her i frå. Eg ville flytta utanom bygda, til eit område med færre hus, ein stad der det var godt med plass. Her er ikkje eingong plass til å gå ut og pissa. - Nei, ein må ha større armslag, større rom, minst halvanna mål tomt. (Ingvald)

Áile hadde stor tomt, 2,5 dekar, og var nøgd med det. I alle fall var ho det – inntil nabohuset kom opp. Då vart det ”for tett.” Ho var ikkje plaga med innsyn eller med trafikk og støy frå naboen – nei, det var det at ho sjølv så altfor lett kunne sjå kva som gjekk føre seg på nabetomta. Tomtene låg slik til at ho, utan den minste innsats, kunne følgja med det meste som gjekk føre seg ute på nabetomta. Ho ynskte ikkje det, ynskte ikkje å følgja med i andre sitt liv:

Ein skal ha litt privatliv. Det skal ikkje vera for tett. Hadde det vore ein større plass, hadde det ikkje gjort så mykje, der hadde ein forsvunne i mengda... . (Áile)

Det ho ynskte seg, var ein tett furuhekk mot naboane. ”Kvifor furu,” spurde eg, ”det er då eit sjeldan tre i Kautokeino?” Furu er grøn og tett heile året, slik ville ho hatt ein skjerm å gøyma seg bak, var forklaringa eg fekk. Men kven kan venta på at ein slik hekk skal veksa seg høg i Kautokeino? Og kven kan på førehand sjå korleis det romslege naturområdet blir eit tett og trengt bustadområde ettersom tomtene blir utbygde?

Rávdná hadde ikkje så mange løyndomar å skjula, det var ikkje difor ho ville ha ”fred” ute. Ho ville kunna hogga ved, rydda ute, eller rett og slett sitja på trappa og ta ein røyk utan at naboen eller andre skal kunna følgja med og kommentera det. Ho ville sleppa å forklara kva ho dreiv med og kvifor ho gjorde det ho gjorde.

Sára treivst godt på den nye buplassen sin, utan naboar tett inntil seg. Å bu slik var det beste for henne – og for naboane:

Det er ikkje det at me er folkesky, men eg trur det er mykje hyggelegare å få folk på besøk når dei kjem eit stykke unna frå. Bur ein tett, kjem naboen på besøk helst for å klaga. Eg hadde ikkje klart å bu i eit bustadfelt, eg trur det er mange som blir frustrerte av å bu i slike felt. (Sára)

I fred for offentlig regulering

Bak valet om lokalisering av bustaden kunne det for enkelte av informantane liggja eit ynske om å koma bort frå offentlig regulering og føresegner. Niillás hadde erfaring med å bu på ulike plasser, både i og utanfor Kautokeino. Nå var han flytt heim til tunet han var oppvaksen på. Her åtte han si eiga tomt, her fekk han vera i fred for kommunal regulering:

Det er ei god kjensle å bu på eigen eigedom. Her er ingen som plutselig kjem med nye krav og forordningar. (Niillás)

Nye krav og forordningar trong ikkje alltid vera så omfattande før dei vekte reaksjon. Krav om å plassera postkassen på ein bestemt stad, eller å ta omsyn til grannen når den nye garasjen skulle plasserast på tomta, kunne vera nok for å bli opplevd som utidig regulering.

6.4 Viktige trekk ved dei ulike lokaliseringssynska

Langt på veg hadde Niillás rett – alle ville bu heime. Alle ville bu der dei kjende seg att og kjende seg trygge. Å kjenna seg att kunne vera å busetja seg i det same landskapet folk hadde vandra i som born, eller å kunna sjå den same synsrande som før. Viktigare enn dette var likevel det å kunna setja opp huset sitt på heimetunet, med næraste slekt og familie som naboar. Slik vart spørsmål som tomtestørleik, byggegrunn, utsikt eller nærleik til sentrale tilbod eller til vidda mindre viktige - å få ei tomt plassert attved familien var viktigare enn alle andre tilhøve med tomta. Ein av informantane, Sunná gav tydeleg uttrykk for dette då ho på den eine sida skildra oppvekstområdet sitt som ”ein møkkaplass med massevis av laushundar og fyllikar,” og på den andre sida i fleire år prøvde aktivt å skaffa seg tomt i det same området. Å bu attmed foreldra og besteforeldra var for ho ein kvalitet som overskugga dei negative trekka i miljøet der.

Den tryggleiken folk leita etter, fanst i familien. Med eit slikt utgangspunkt valde dei fleste husbyggjarane i Kautokeino å busetja seg på tunet heime eller på nabotomta til foreldra. Dei ville bu så nært familien som råd var, dei vil kunna gå i tøflane over til foreldra i nabohuset, og dei ville planleggja slik at deira eigne born eller gamle foreldre i framtida kunne ta sokkeletasjen i huset i bruk.

Tomta heime hjå ho mor var førstevalet for fleirtalet av informantane i utvalet mitt. Dei som valde denne lokaliseringa, var folk som på ulike vis såg føremoner med å busetja seg på familietunet. To tredjepartar av informantane mine hadde valt lokalisering attved nære slektningar. I tillegg til dette sa dei fleste andre at dei gjerne skulle ha budd nært til slekta, dersom det hadde vore råd å få tomt der.

Kapitlet her handlar om alle desse tomtene som er lokaliserte inntil nær familie og til eit kjent område. Men det handlar også om *andre* lokaliseringalternativ. Ei mindre gruppe la meir vekt på kvaliteten ved sjølve tomta, og valde det dei kalla ”den beste tomta i feltet.” Den beste tomta i feltet kunne vera tomta som best gav rom for næringsverksemd, eller det kunne vera den romslege utsiktstomta høgast oppe i bustadfeltet.

6.4.1 Trygt og kjent

Å velja det trygge og kjende når bustadlokaliseringa skulle avgjerast, var eit val informantane mine delte med mange andre. Og det trygge var familien – i Kautokeino som det var ”alle andre stader.” Fleire studiar byggjer opp om dette synspunktet, alle i frå tettbygde strøk, og fleire av dei frå andre bustadformer enn det einebustaden representerer. Arkitekt Eli Støa (1995) skriv i si doktoravhandling om bustadfeltarkitekturen i Trondheim, og konkluderer der med at sosial tilknytning gjennom til dømes familie, er avgjerande i val av lokalisering. I ei større undersøking frå drabantbymiljøet i Bergen på 1980-talet kom antropologen Marianne Gullestad (1989) fram til liknande resultat. I Gullestad sitt undersøkingsområde budde folka i burettslag, i blokker. Med det regelverket som galdt for slike bustadkorporasjonar då, var muligheten til å skaffa seg husvære på ein bestemt plass sterkt avgrensa. Medlemskap i bustadbyggelag og ansiennitet avgjorde i stor grad lokaliseringa. På trass av dette viste det seg at familiane søkte saman, og dei greidde å gjera det. I ein seinare artikkel oppsummerte og utdjupa Gullestad (1989) funna ho gjorde, og understreka igjen at dette ikkje var snakk om *eitt*, men to ulike lokaliseringssynske:

1. bu i nærleiken av foreldregenerasjonen og eventuelt gamle venner
2. bu i kjente omgjevnader, fysisk og sosialt

Dei unge drabantbykvinnene i Bergen søkte lokalisering i eit kjent miljø, men søkte likevel ein viss avstand frå foreldra. Å bu *for* tett ville føra til kontroll og fare for konfliktar mellom dei ulike generasjonane. Slik opplevde dei etablerte unge kvinnene det på 1980-talet. *Morgondagens* unge distriktskvinner tenkjer ikkje på ulempene ved å bu tett – kanskje fordi det enno ligg så langt fram i tida. Dei søkjer det trygge og kjende når dei drøymmer om kor dei skal busetja seg når dei eingong skal etablera seg med eigne heimar. Trygge og kjende omgjevnader finn dei der dei har vakse opp, i hagen til foreldre eller svigerforeldre:

Barndomsvenner, slekt og familie og gode naboar er det som utgjer tryggheten i bygda, og som gjer at huset blir bygt i hagen til foreldra eller svigerforeldra, og at jobben blir tilpassa tilbodet på heimstaden. Og det er altså trygghet for barn, eit godt oppvekstmiljø og nærhet til besteforeldre som ofte blir trekt fram. (Skålnes 2001:66)

Desse studiane frå andre stader og miljø i landet gav Sunná rett; det var ikkje berre i Kautokeino at folk ville bu i kjende omgjevnader. Skilnadene mellom drabantbyen sør i landet og Finnmarksvidda kunne synast stor. Dei fysiske rammene var annleis, bustadområda si historie ulik, og dei bustadsøkjande møtte med ulik bakgrunn. Likevel såg me det same – folk ville bu der familien budde.

På eitt område fann me likevel felles trekk mellom dei bustadsøkjande i drabantbyane og nybyggjarane i Kautokeino. Dei hadde begge brote opp frå eit kjent miljø, anten dei sjølve eller foreldregenerasjonen, og var ikkje fullstendig etablerte i dei nye omgjevnadene sine. Dei hadde røtene sine ein annan plass, i eit anna miljø. I drabantbyane i Bergen var dette andre miljøet i eit anna geografisk område, dei var utflyttarar frå bygder rundt på Vestlandet. I Kautokeino var det i nærleiken, i same bygda eller i grender rundt omkring i kommunen. Men dei ytre

endringane var så store, og hadde skjedd på så kort tid, at folk kjende seg framande i eiga bygd. ”Kautokeino ser i det ytre så tilpassa og moderne ut, det verkar som me har greidd overgangen til det moderne så enkelt,” sa fleire av informantane, ”men me er ikkje så moderne, mentalt sett lever me i ei eldre tid.”

6.4.2 Stadsframand og substituerbar

Når så mange av informantane i Kautokeino identifiserte seg med bustaden i bustadfelt som i liten grad var forankra i lokal tradisjon, og opplevde at det var trygt og kjent å bu slik, var dette først og fremst på grunn av *folk*. Folka var ikkje likegyldige, det var dei næraste slektningane. Det er gjerne desse sterke sosiale banda enkelte forskarar overser når dei hevdar at bustadfeltet er eit likegyldig val og ein buplass det er lett å flytta til og frå. Samfunnsforskarane Hompland og Kjølrsrød (1983) diskuterer mellom anna dette, og endar med motsett konklusjon til min. Buforma som bustadfeltet og ferdighuset representerer, er så einerådande og dermed så lett atkjenneleg at den opphevar det geografiske skiljet mellom ulike stader, hevdar dei. Det livet som blir levd i eit slikt felt, kan levast kor som helst i landet. Bustadfeltet er *substituerbart*, det er lett å erstatta eller bytta ut med eit anna bustadfelt, på ein annan geografisk stad:

Når lokale trekk og former liknar kvarandre frå lokalsamfunn til lokalsamfunn, frå bygdeby til bygdeby, når det lokale er nasjonalisert, er det også lettare å bytta ut. Hus, forbruksmønster, kvalifikasjonar og kulturelle kodar er noe ein kan finne att og gå inn i ein annan stad.

Bygdebyen blir då ramme om ei bu- og livsform som reduserer dei sosiale kostnadene ved flytting. Ein kan bevega seg mellom lokalsamfunn som har trekk av kloning (Hompland og Kjølrsrød 1983:11).

Få Oslo diskuterer sosiologen Eva Marie Ballo (1994) den same problemstillinga. Ho finn ein samanheng mellom historisk tilknytning og lokalisering av eigen bustad, men dempar likevel ned det den konkrete staden har å seia for korleis folk knyter seg til og identifiserer seg med ei bestemt lokalisering. ” Hus, forbruksmønster og funksjonelle tilbud kan en i stor grad finne igjen andre steder. Livet kan i stor grad finne sted på samme måte i et byggefelt i Seljord som på Klemetsrud” (Ballo 1994:94).

Arkitekturprofessor Norberg Schulz (1978) er inne på noko av det same når han diskuterer bustadbygging i norske bygder og tettstader etter krigen. Overordna lovverk og retningslinjer, planlegging og politikk, saman med ei massiv utbreiing av hustypar utan lokal forankring har ført til einsretting av busetnadsmønsteret og byggeskikken. Resultatet er at det fysiske landskapet har mist mykje av sitt lokale særpreget. Det er dette Norberg-Schulz kallar ”stedstap.”

Når storparten av husbyggjarane i materialet mitt frå Kautokeino på 1990-talet la ned mykje arbeid i å få ei spesiell lokalisering av bustaden, gjorde dei det fordi dei allereie kjende ei sterk tilknytning til den aktuelle plassen, gjennom det at dei hadde nær slekt der, eller hadde vakse opp i nærleiken. Tilknyttinga vart styrkt gjennom at dei sjølve bygde i slike område.

6.4.3 Å velja sine egne naboar

Familietunet var ikkje alltid så romsleg – stundom var det gjerne tettare og gav *mindre* areal til privat bruk enn det ei tomt i bustadfeltet ville ha gjort. Det som likevel skilde denne lokaliseringa ut på ein positiv måte, var at husbyggjarane opplevde tomtevalet som resultatet av eit fritt val. Dei hadde hatt eit reelt val mellom standardtomta i bustadfeltet og tomta på tunet heime, og hadde valt familietunet og såleis vald naboane sine. ”Det er viktig *kven* naboane er – å bu saman med all slag Kautokeino-folk, det hadde eg ikkje orka,” sa ein av informantane som grunngjeving på kvifor ho valde å busetja seg på familietunet. Men også på slektstunet skulle det vera råd å trekkja seg tilbake og vera for seg sjølv. Avstanden skulle ikkje vera for liten, og kontakten skulle vera frivillig, slik dei unge drabantbykvinnene i Gullestad (1984) sin studie frå Bergen også la vekt på:

Being ”too close” implies that the boundaries surrounding the households may be transgressed. It may be difficult for each household to keep the desired degree and kind of independence. Co-operation and sociability are sought, but it may easily become ”too much.” (Gullestad 1984: 141-142)

Fleire av informantane var inne på dette fenomenet, at det kunne bli ”for tett.” Men med enkle middel, som ved å plassera det nye huset i familiegruppa, men utan direkte innsyn, ved å plassera inngangspartiet eller hovudfasaden bort frå naboane sin utsiktsretning, fann dei fleste ei grei løysing på kravet om privatliv, og på ynsket om å vera ”i fred”.

Å vera i fred var for dei fleste einstydinge med å unngå konflikthar og motsetnader i kvardagen, unngå kontroll og det som kunne opplevast som ”innblanding” i privatlivet. Einslege mødre, ungarar eller andre som skilde seg frå den tradisjonelle kjernefamilien, var dei som oftast understreka ynsket om å få fred. Dei fleste fekk også fred i familietunet – men ikkje alltid. Ein av informantane kom, svært indirekte, med kritikk av livet på familietunet. Tidlegare hadde han budd i bustadfeltet, saman med tilfeldige naboar. Det hadde ikkje vore noko problem: ”Det var berre framandfolk der. – Me hadde greie naboar.”

Å bu i eit lite samfunn der dei fleste kjenner eller i det minste veit om kvarandre, skaper ikkje utan vidare tette band mellom alle. Som ein av informantane sa: ”I Kautokeino er det slik at ein kjenner alle, men det er ikkje alle ein likar.” - Og her kunne Sunná sine ord passa: ”Det er ikkje noko rart med det – slike er det vel der du er frå også.”

6.4.4 Det lange perspektivet

... the settlement pattern seems more important than the dwelling
Thus settlement pattern both relates to the core value of the culture and contrasts with the other patterns around it. (Rapoport 1982,1990:88)

Å velja familien som naboar var å velja det kjende og trygge. Det var samstundes å gå inn i ein kjend butradisjon i Kautokeino. Uttrykk som at det å byggja i familiefelt var ”å gå tilbake til den gamle buforma” og ”samisk siida-tradisjon,”

peika på det. I tillegg til dei praktiske argumenta om at dette var ei grei buform med tanke på omsorg, hjelp og samarbeid i kvardagen, så var det nettopp eit ynske om *kontinuitet* i buforma mange av dei som hadde bygd slik, ynskte. Det regulerte bustadfeltet med standardtomter vart oppfatta som noko framandt og ”norsk.” Med tilvising til at Kautokeino var ein stor samisk kommune, uttrykte fleire av informantane ei sterk forventning om at kommunen som planstyresmakt sjølv sagt *skulle* leggja til rette for og ta omsyn til dei sterke familiebanda i den lokale tradisjonen.

Ynsket om å bu på slektstunet, ”på den gamle måten”, omfatta også den komande generasjonen. Fleire av informantane mine hadde teke høgde for at eitt eller fleire av borna skulle kunna busetja seg på familietunet når dei vart vaksne, anten i ein leilegheit i huset hjå foreldra, eller i eige hus:

Huset er stort nok. Om ti år er det kanskje for stort. Kanskje ein av ungane då kan overta, så kan me byggja noko mindre. Eg veit ikkje kva me skal med loftet når me blir åleine. (Måret)

Elle tenkte på same måte. Huset med loft var praktisk med tanke på framtida. Når barnet voks til, kunne hovudetasjen og loftet fungera som buplass for kvar sin generasjon. Jorunn og Joavnná hadde tenkt endå lenger. Også dei hadde bygd hus med barnerom og ekstra stove på loftet. Huset hadde i tillegg sokkel der det var innreia ein eigen liten leilegheit. Dei første åra skulle den vera til utleige. Seinare tenkte dei at når ungane vart større, skulle dette husværet gje plass for ein av ungane, åleine eller med sin eigen familie.

Dette lange perspektivet på lokalisering og busetjing var òg ein del av dei *konserverande* trekka i bumønsteret i Kautokeino på 1990-talet. Å byggja etter tradisjonelt mønster skaper attkjenning og identifikasjon og er slik ei form for aktiv kulturvern. Samstundes kan det gje mindre rom for variasjon og fridom for den enkelte av dei som høyrer til i desse slektsgruppene, og føra til uynskt kontroll.

6.4.5 Bustaden på vidda eller vidda inn i bustadfeltet?

Ei tomt som grensa til friarealet eller som hadde lett tilgang til dette eller til vidda, var førstevalet for mange av informantane mine. Bakgrunnen for å velja ei slik lokalisering var samansett. For folk som dreiv reindrift eller ulike former for utmarksnæring, var det eit vesentleg poeng å ha ein lett veg mellom bustaden og arbeidsplassen på vidda. Den ideelle plasseringa for denne gruppa var der vidda og bygda møttest. Der var det på den eine sida lett å nå til sentrum og tenestetilbod, og på den andre sida hadde dei ein lett vint veg ut på vidda.

Den lettvinde vegen ut til vidda var eit viktig poeng med å velja ei lokalisering i ytterkanten av bustadfeltet, men den viktigaste årsaka til at tomtene som grensa til friareal, var føretrekte framfor andre tomter, var at dei gav større bruksareal og færre naboar å ta omsyn til. Bustadtomtene er privat grunn, medan arealet som ikkje blir bygt ut, er felles grunn. Ved å ta i bruk delar av denne felleseigedommen kunne folk utvida bruksarealet ute. Slik fekk dei plass til å halda ved like delar av det tradisjonelle leveviset med vedhogging, bålbrekking og

røyking av kjøt og fisk heime. Slik kunne dei delvis leva som tidlegare, og ta noko av det tradisjonelle livet frå grenda ute på vidda inn i det moderne bustadfeltet.

Friluftslivet i Kautokeino er for mange prega av motorisert ferdsel, særleg på vinterstid. Snøskuteren er eit utbreidd og viktig framkomstmiddel. Det godkjende løypenettet på vidda utgjorde på slutten av 1990-talet om lag 80 mil merka trasear og dekte store delar av viktige utfartsområde. Inne i bygda var det også etablert eit omfattande løypenett som på den eine sida hadde som mål å skapa samband mellom viktige funksjonar i bygda, og på den andre sida knytte saman trafikken i bygda med den som gjekk på det store løypenettet på vidda. Lett tilgang til vidda vart av enkelte oppfatta som lett tilgang til ei skuterløype. Men det var ikkje like stort poeng for alle. ”Det er ikkje så nøye, det er jo lov å køyra frå huset til næraste løype,”⁵⁴ var Klemet sin kommentar til dette. Lett tilgang på vidda var altså ikkje viktig for å koma seg ut på treningsturar, fotturar på sundagen eller andre puritanske plikter kjende frå norsk kultur (Skirbekk 1984). Lett tilgang på vidda var viktig for å kunna bruka vidda slik ”som før.”

Å bruka vidda var å hausta av henne, anten i form av beite for dyra, fiske i vatna eller jakt og bærplukking. Når haustinga vart det viktige, vart det naturleg å velja den enklaste vegen ut. Slik vart viddeturen heller ein skutertur enn ein skitur, og slik vart lokaliseringa av bustaden i bygda for dei fleste utanom reindriftsutøvarane ikkje avhengig av direkte tilgang til vidda.

⁵⁴ I tillegg til eit omfattande løypenett i bygda, gjeld det generelt at alle har lov til å køyra frå eiga tomt til næraste løypetrase.

7 Bustad og beiteland

If provision of shelter is the passive function of the house, then its positive purpose is the creation of an environment best suited to the way of life of a people – in other words, a social unit of space. (Rapoport 1969:46)

Bruk og utforming av bustaden er hovudemnet for dette kapitelet. Omgrepet bustad⁵⁵ har på norsk fleire tydingar. I denne framstillinga bruker eg omgrepet i tydinga *ein plass der ein bur eller kan seiast å ha heimen sin*. Eg drøftar her først og fremst uterommet, medan eg i det neste kapitlet tek føre meg sjølve bustadhuset. Korleis bustaden, uterommet, er utforma, kva det er utstyrt med, og kva det blir brukt til, er sentrale spørsmål i denne diskusjonen.

Det empiriske materialet er samla inn frå informantar busette på tre ulike tomtetypar; standardtomt i bustadfelt, tilpassa tomt i bustadfelt og tomt utanfor bustadfelt. Med utgangspunkt i desse tre tomtetypane stilte eg spørsmål om bruk og utforming av tomte stod i samanheng med lokalisering av og type tomt. Datamaterialet som eg fekk inn, førte til at eg måtte gruppera informantane på nytt. To nye hovudtypar peika seg ut, rekreasjonstomta og arbeidstomta., tillegg til spor av ein tredje type: den flyktige tomte.

Bustad og beiteland, uterom og bruksrom, summerer opp det som er hovudtrekka i utforminga av dei ulike tomtene – tomte er ein stad for å bu og samstundes ein stad for å arbeida på. Dette tette sambandet mellom å bu og å arbeida er ikkje noko som er særmerkt for samiske strøk. Slik organisering av bustaden finn me i rurale strøk både i Noreg elles, og i alle strøk der det funksjonsdelte planleggingsidealet ikkje har vunne fram. Ein grundig diskusjon av den samiske bustaden er såleis viktig både for å få fram det som er særprega for utforming og bruk av uterommet i samiske strøk, og for å sjå likskap med nabokulturane. Analyse av dei ulike tomtene vil òg gje oversyn over forskjellige syn på det å bu. Kunnskapen kan vera vesentlege for framtidig planlegging i rurale strøk.

⁵⁵ Omgrepet bustad har på norsk fleire ulike tydingar. Bustad (norr. busta r, av bu, jfr. og norr. bólsta r” bustad, gard”), 1) stad, gard der ein bur el. kan seiast å ha heimen sin, 2) hus(være), 3) by, bygd el. land der ein høyrer heime, seter, støl, 5) om eldre forh.: be til bustad(s) be om slikt ein treng når ein skal setja bu, særleg korn. (Kjelde: Hovdenak, Killingbergtrø, Lauvhjell, Nordlie, Rommetveit og Worren (1986): Nynorskordboka, definisjons- og rettskrivingsordbok. Oslo: Det Norske Samlaget)

7.1 Store tomter og liten plass

Bustadtomtene i Kautokeino på 1990-talet var frå 1200 til 3500 kvadratmeter. Dette var romslege tomter i høve til standardtomter i mange norske bygder og kommunesenter. I Kautokeino var standardtomtene i regulerte bustadfelt minst, men heller ikkje desse var små, i snitt var dei på vel 1300m². Gjennomsnittleg storleik for dei tilpassa tomtene, anten dei låg innanfor eller utanfor regulerte område, var på 2,5 dekar. Dei var altså ein dekar større enn standardtomtene.

Dei fleste informantane opplevde likevel tomtene som små, særleg dersom dei var plassert inntil ein ”framand” nabo, det vil seia ein som ikkje var slektning eller nær venn, eller dersom dei ikkje grensa til offentleg friareal. Tomtene var for små til å romma alt som skulle rommast på buplassen, og dei var for små til å gje naudsynt avstand til grannetunet. Dei fleste informantane opplevde seg sjølve som ”spesielle” når det galdt trong for ein romsleg buplass.

Reindriftsutøvarane hadde særskilt bruk for arbeids-, lagrings- og parkeringsplass ved den faste bustaden i bygda. Driftsforma på 1990-talet syntest i ein del tilfelle å ha fått eit preg som likna fast husdyrhald, med oppaling av kjørerein og føring av svake kalvar på buplassen. Den tilpassinga reindriften som fulltidssyssele kravde, var etter enkelte sitt syn ikkje godt nok teken vare på i den lokale tomtepolitikken.

Trong for tilpassa, romslege tomter var ikkje noko som galdt berre reindriftnæringa. Ein stor del av folkesetnaden i Kautokeino dreiv eit utstrekt sjølvbergingshushald. Sjølv med fast arbeid på kontor, i skuleverket eller på ein anleggsmaskin, var dei fleste av Kautokeinofolket nært knytte til vidda og til bruken av den. Ein medarbeidar i ein forretning eller ein kontorist kunne gjerne definera seg som *utmarksbrukar*, og hevda sin sjølvsgde rett til og behov for å bruka vidda på same måte som dei som dreiv næring der (Skålnes 1998a og b). Turar i skog og mark var noko anna og meir enn friluftsliv og hobby – det var hausting og matauk, kulturformidling og eit viktig tilskot til familieøkonomien. Denne aktive utnyttinga av utmarka førte til at folk trong bustad som gav rom til dei mange og ulike lager- og arbeidsoppgåvene som naturleg følgde denne livsforma.

7.1.1 Base for bruk av vidda

Bustaden – huset og uterommet, er ein stad å bu, ein stad for opphald og kvile, ein møteplass og ein plass for å trekkja seg tilbake i einsemd. Bustaden i Kautokeino hadde i tillegg andre viktige funksjonar; for mange tente den som ein viktig arbeidsplass og som base for bruk av vidda. Aktiv bruk av vidda kravde ulikt utstyr og reiskapar. Det var ulikt kor mykje slikt utstyr folk hadde, det var igjen avhengig av kor ivrige dei var til å bruka utmarka. Men alle informantane hadde eitt eller anna av dette utstyret. I tillegg til slikt utstyr var dei mange og gjerne små uthusa noko som prega bustadtomtene i Kautokeino på 1990-talet.

Tomtene i utvalet skulle visa seg å vera ulike, men på same tid ha ein del felles trekk.

Mange og små uthus



Figur 7.1 *Den nye rekkja med stabbur. På 1990-talet gav denne rekkja også plass til garasje*

Stabburet i Kautokeino var svar på eit praktisk behov; folk treng plass til å lagra utstyr, klede eller mat. Det meste av bustadhuset var her, som ofte elles, utnytta til opphaldsrom. Berre restareal var sett av til lagerrom. Slik blei stabburet ein erstatning for lagerrom i huset. Dessutan var det ein måte å rydda på, ein måte å unngå at all slags rot vart slengt utover på tomta. ”Det er godt å få rydda unna alt skrot,” var Sunná og Sigbjørn si grunngeving for å byggja stabbur sommaren etter at huset kom opp.


Det tradisjonelle samiske stabburet var lite, mellom 6-8 og 14-15 kvadratmeter i grunnflate. Etter som trongen for meir lagerplass auka, bygde folk eit nytt likeins stabbur. Behov for plass og tilgang på material forklarar storleik og utforming. I motsetnad til bustadhuset har det tradisjonelle stabburet blitt ståande som mønster også for uthus som vart bygde på 1990-talet. Materialbruken var delvis endra, stabburet var ikkje lenger tømra og med torvtak, men var utført som eit enkelt bindingsverkbygg med papp eller plater på taket. Storleiken var som før, og tradisjonen med mange små, heller enn eit stort stabbur syntest å halda seg. Tradisjonen fekk her hjelp av lovverket som gav rom for enklare sakshandsaming for uthus under ein viss storleik.⁵⁶ Å byggja eitt hus for den enkelte funksjonen gjev oversyn og ryddige lagerplassar. Åile kjende denne tradisjonen frå oppveksten, men familien valde likevel å byggja eit stort uthus på om lag 50 kvadratmeter då dei først sette i gang. Erfaringane hennar med eit slikt stort uthus var ikkje berre positive:

⁵⁶ For uthus og andre mindre bygg under 15 m² stiller ikkje lovverket krav til byggeløyve. Husbyggjaren kan, etter melding til bygningsstyresmaktene, setja i gang med bygging etter tre veker, dersom ingen har innvendingar til dette.

Det mest ideelle hadde vore at ein hadde fleire små uthus. Når ein har med dei der mannfolka å gjera – ja, kanskje det gjeld oss alle, er det slik at når han kjem inn i uthuset, og døra er midt på veggen – så legg han alt rett innanfor døra. Til slutt blir det ein stor haug der. Ein skulle hatt eit mindre hus, så vart det ikkje så mykje ubrukt plass. (Áile)

Stabburet var svar på eit praktisk behov – men det er meir enn det. Det er, som låvvuen og vedreisa⁵⁷, noko som høyrer med, noko som knyter band til fortida – det er kjent og heimsleg. Arkitekt Kjell Borgen som har skrive om den samiske bygningskulturen, diskuterer stabburet sin praktiske og symbolske funksjon. Stabbura på dei samiske gardstuna hadde ulike eigarar. Nokre tilhørte garden, andre kunne tilhøyra reindriftssamar med verdde-tilhøve til garden. Mange stabbur signaliserte mange verdde-tilhøve, og såleis tillit og gode relasjonar mellom folk (Borgen 1993, 1995). Signaliserte mange uthus også på 1990-talet velstand og sosial status, slik det tradisjonelt gjorde? Haldis lo litt og svarte slik då eg spurde kvifor dei hadde så mange uthus; ”Kor skulle me elles ha rikdommen vår?”

Uthus og lagerplass



Figur 7.2 *Tomta som lagerplass for reiskap og utstyr for sesongmessig bruk. Tomta her fortel om matauk – om sikfiske på Stuorajávri. Ill. Josef Halse.*

Med fire unntak hadde alle dei atten intervjuar husbyggjarane frå 1990-talet uthus. To av dei som ikkje hadde uthus, hadde konkrete planar om å setja opp eit slikt hus. Dei to andre hadde tilgang til lagerplass hos foreldra eller hos arbeidsgjevar nær ved. ”Eg har jo ikkje uthus. Sånn som sommardekk og ski, spark, uteleiker og grill oppbevarer eg hos foreldra mine,” fortalde Elle, ei av dei som ikkje hadde nådd å byggja uthus.

⁵⁷ Vedreis, (muorraguħpa), vedstrangar reiste oppi ein telt- eller pyramidefasong. Ein vanleg måte for å tørka og lagra ved i Kautokeino.

Fem av dei atten informantane hadde to uthus, to hadde tre uthus og ein hadde fire. Åtte hadde garasje, tre av desse var bygd saman med bustaden. Tre av garasjane var bygde i tilknytning til næringsverksemd.

Uthus er ein kjend og sjølvsgd lagringsplass for alt som kan koma til nytte. Ein annan kjend lagringsplass i samisk tradisjon er *luovvi*, eit stillas bygt av lette trekonstruksjonar. Stillaset gjev lagringsplass over bakken, slik at ein unngår væte, snø og til ein viss grad skadedyr. Luovvien var mest å sjå på eldre tun og i samband med turisme og museum. Ein av informantane hadde sett opp eit slik stillas for lagring under open himmel. Denne informanten hadde i tillegg bygt garnhjell for tørking og lagring av fiskegarn. Ein slik garnhjell var òg å finna på ei av dei andre tomtene i utvalet.

I tillegg til mange og fulle uthus måtte likevel mykje lagrast utandørs. På halvparten av tomtene var det lagra sledar, kjøretøy som snøskuter og 4-hjuling⁵⁸, sykklar og i enkelte tilfelle båtar utandørs. På tre av tomtene var det lagra campingvogner. Ei av desse var i bruk gjennom heile året som arbeidsbu for ein handverkar.

Áile trong mykje lagerplass og viste til sin eigen oppvekst som mønster for korleis det kunne ha vore. Dei hadde eit lite bustadhus og mange uthus på same tunet. Uthusa var lagerplass for klede og utstyr, det var stabbur for matlagring, vedhus, røykjehus – eit lite hus for kvar funksjon. Sentralt mellom desse låg stovehuset:

Det ville kanskje vore bra å ha det slik. Alt var ikkje samla inne i bustadhuset. Var det slik som før, visste ein i alle fall kor ein hadde ting, og kor ein skulle arbeida med det og det. Det er klart ein kunne gjort slik i dag òg, flytta enkelte arbeidsoppgåver ut av huset (Áile)

Å samla alt i ulike buer inne, passa ikkje. Det ville blitt for tett for vinterklede og skinn, og det ville ofte vera oljesøl og lukt av skorne og skuterdressane. Slikt trong luftige lagerplassar ute. Klede, sko, verktoy og liknande utstyr var praktisk å lagra i uthusa. Kanskje hadde det vore like praktisk å lagra ulike restprodukt, alt det som kunne koma til nytte, under tak? For mange var dette ein framand tanke. Å byggja eige hus til gamle skuterdelar kjendest ”ikkje naturleg,” som Áile sa det.

⁵⁸ 4-hjuling, terrengmotorsykkle med fire kraftige hjul (det fanst også ein variant med seks hjul). Desse syklane var mykje brukt av reindrifstøverane til gjeting sommarstid og utover hausten til snøen la seg. Også ”fastbuande” (folk som ikkje dreiv reindrift) med interesse for utmarksliv brukte denne sykkelen til fiske-, jakt- og bærturar på vidda. Kautokeino kommune hadde godkjent løypenett for ferdsel med traktor og terrengmotorsykkle på vidda, tilsvarande det som fanst for skuterferdsel vinterstid.

Uthus og arbeidsplass



Figur 7.3 *Reparasjon av driftsutstyr som skuter og slede er arbeid som eignar seg godt å gjera ute ein fin dag på vår vinteren.*

Uthusa var ikkje berre lagerplassar, men også arbeidsplassar. Dette galdt særleg garasjen, som gjerne var mannen sin arbeidsplass. Sára fortalde at før dei bygde uthus og garasje, måtte mannen ta skuterunderstellet inn i kjellaren for reparasjon. Det var veldig upraktisk, og det sleit på huset, særleg på golvbelegget. I ettertid hadde dei skaffa seg ein romsleg garasje der mannen kunne arbeida med maskinane og utstyret som trong oppussing. Garasjen var ikkje isolert, ”men han bruker lyskastar, og det varmar jo litt opp,” fortalde Sára. ”Hadde det ikkje vore betre med ein arbeidsplass inne i bustadhuset,” spurde eg. ”Nei, ikkje tale om,” svarte Sámmol, ”arbeidsplassen skal vera i stabburet, i garasjen eller i eit anna uthus.” Det var det som ”passa best.”


Ikkje alt arbeid eignar seg å gjera innomhus. Arbeid som kan føra med seg oljesøl, skit og rot, ”passar ikkje” inne, slik lagring av klede og utstyr til desse arbeidsoppgåvene heller ikkje passar i huset. Husbanken sitt krav om lagerbuer i huset tok såleis ikkje omsyn til at bustaden også kunne vera ein arbeidsplass. Garasjen si viktigaste oppgåve var som arbeidsplass, ikkje som garasje for bilen. ”Garasjen blir fylt opp av uforståelege ting,” sa Niillás, ”skjønar ikkje kva det er, men eg vil ikkje berre kasta ting heller.”

Bustad og hausting

Sjølvbergingshushaldet var på 1990-talet framleis levande i Kautokeino. På ein eller annan måte var alle informantane mine med i eit system der hausting og

tillaging av lokale råvarer utgjorde store delar av matbudsjettet. Omfanget av denne haustinga var stort, det var ikkje utan grunn at folk lokalt snakka om å ”henta” molter frå myra og sik frå fjellvatna. Nokre var aktive sjølve, fiska, plukka bær og jakta. Andre var mottakarar; ”Folk stappar frysaaren vår full av alt muleg - bær og fisk og kjøt. – Sånn gjer dei berre. Det ligg i kulturen,” sa Sunná. Sjølv hadde ho små born og ein travel jobb, og lita tid til å driva aktiv hausting.

Slik vart storparten av buplassane i materialet mitt tydeleg prega av *drift*. Med drift meiner eg det arbeidet og den innsatsen som skal til for å skaffa husstanden eit varmt innerom, høvelege og reine klede og tilstrekkeleg mat, utan bruk av berre halvfabrikata eller ferdigkjøpte varer.



Figur 7.4 *Kjøttørrking på lufterandaen og i nettingkasse på veggen. Ill. Josef Halse.*

Systemet med sjølvbergingshushaldning var synleg på buplassen, både ute på tomta og inne i huset. Delar av dette utstyret var fast plassert på tomta sjølv om det var i bruk berre korte tider av året, medan delar av det blei lagra innomhus i tider då det ikkje var i aktiv bruk. Desse stendige skifta i arbeidsoppgåver og med det reiskapar og utstyr gav tomta eit skiftande preg gjennom året.

På tolv av dei atten 1990-talstomtene i utvalet mitt var det kjøttheng. Av desse fanst det to hovudtypar. Den eine var ein luftig nettingkasse som blei plassert på mønet eller på veggen på eit uthus eller i tilknytning til bustadhuset. Den andre, *holga* – ein laus, lett bjelke som blir hengd opp under taket på verandaene. I nettingkassane eller under garn på verandaen heng ein opp kjøt til tørking på vårvinteren.



Figur 7.5 *Det tradisjonelle kjøttburet på uthustaket. Ill. Josef Halse*

Figur Reinkjøt var viktig i kosthaldet i Kautokeino. Storparten av kjøtet vart ikkje kjøpt i butikken. Dei som dreiv med rein, eller på annan måte var knytte til reindriften, skaffa kjøtet sjølve. Dei andre kjøpte av kjensfolk eller frå mindre leverandørar. Kjøtet blei vanlegvis levert som heile skrottar. Parteringa skjedde ute – det var vanleg og det var sjølv sagt, fortalde Heaika, ein av dei som bygde nytt hus på 1990-talet. Heaika var i sekstiåra og hadde partert mang ein reinskrott ute, både medan han som ung var aktiv i reindriften og i seinare år. Han sakna ingen betre plass å arbeida på. Finarbeidet skjedde på kjøkkenbenken. Heaika og kona, Haldis, fekk levert tre skrottar på etterjulsvinteren. Desse var til tørking. På hausten fekk dei levert kjøt til røyking og frysing. Men låvvuen var ikkje å sjå på tunet. Haldis fortalde at dei hadde ein skikkeleg røykjelåvvu på heimlassen hennar. Ho var ofte heime på besøk, det var greiare å driva med røyking der enn midt inne i bygda, der det var så tett mellom husa.

Låvvuen, eller spissteltet som gjerne er det mest kjende av dei samiske bygningsformene, blei brukt som ein temporær bustad på fjellet, under reinflyttinga eller fiske- og jakturar. På tomte heime i bygda hadde låvvuen ein annan funksjon, som røykjehus for kjøt og fisk. Halvparten av informantane mine hadde låvvu ståande på tomte då eg var på vitjing.

Garnhjell fortalde om fiske i litt større målestokk enn hobbyfiske. På to av tomtene fann eg slike garnhjeller. Dette fortalde ikkje om *alle* som dreiv fiske for matauk, det fortalde om dei to som hadde drive eller dreiv fiske i litt større målestokk. Tilrettelegging og lagring av fisk var ikkje så lett synleg på buplassen som det arbeidet med kjøt var. Det mest synlege teiknet var gjerne dei store fryseboksane. Så mange og store var dei at ikkje alle fekk plass innomhus. Uthus blei òg brukte til å plassera frysarar og anna utstyr som hadde med mat å gjera.

Lokale klede og lokal produksjon



Figur 7.6 *Etter slakting på vårvinteren og på hausten er delar av Kautokeino pynta med reinskinn på alle uthusvegger, eller, når plassen blir for liten – på gjerde.*

Med i sjølvbergingshushaldet høyrer produksjon av klede. Storparten av dette arbeidet var mest synleg inne i huset. Men produksjon og stell av tradisjonelle klede som *skallar* (fottøy av reinskinn) og *pesk* (reinskinfrakk eller overdel) skinnbukser og luer kravde plass og utstyr ute – og viste igjen på bruken av tunet. På vårvinteren var uthus- og garasjeveggene hos desse flittige produsentane fylte opp av skinn til tørking. Seinare på våren er tid for avhåring og garving av skinna.

Stell av vår tids klede syntest mindre – ofte berre i form av eit tørkestativ ute. På ti av tomtene fann eg slike stativ, snorer eller andre former for tørkeinnretningar ute. Desse var plasserte rett utanfor inngangen til vaskerommet, anten det var ved hovudinngangen eller meir skjult på tomte.

Vinterved



Figur 7.7 *Med tanke på ein lang vinter - . Ill. Josef Halse*

Husbanken set krav om eit visst lagringsareal i bustadhuset. Få i Kautokeino klarte seg med dette. Biret hadde studert mange huskatalogar, og sett mange fine hus, hus ho gjerne skulle hatt. Ho hadde likevel ei innvendig mot dei fleste husa, det var så lite lagerplass i dei. Ho tenkte på dei som bygde hus på små tomter i tettbygde strøk. Korleis kunne dei klara seg utan uthus?

Ein klarer seg ikkje utan uthus. Me må ha plass til ved og sag og alle dei meahcetinga⁵⁹, og plenklippar og klede og slikt. Eg bruker å tenkja på dei som bur i byen. Korleis i all verda klarar dei seg med ei lita bu? (Biret)

Biret arbeidde innanfor skuleverket, men det var småbrukaren i henne som snakka nå, det var ho som var van til å skaffa vinterveden sjølv, ho som aldri hadde tenkt

⁵⁹ *Meahceting*, utstyr for bruk på vidda eller i utmarka. Omgrepet er sett saman av to ord. Første delen, meahcci, er samisk og tyder utmark, skog, villmark. Kjelde: Kåven, Jernsletten m.fl. (1995) *Sámi- dáru Sátnegirji. Samisk-norsk ordbok*. Karasjok: Davvi Girji o.s.

tanken på å kjøpa ved. Kátri på 80 delte dette synspunktet. Ho fortalde om yngre dagar då ho sjølv skaffa veden til husar. Det greidde ho ikkje nå, ho måtte be andre gjera den biten. Men saga opp veden gjorde ho. Store delar av sommaren gjekk med til det. Ho hadde eit lite vedhus på tunet og hadde ordna seg ein plass for sagbukk og hoggestabbe. Ho lo ved tanken på å *kjøpa* ved – ho måtte bli veldig dårleg før ho gjorde det. Eg sa ingenting, tenkte på sekkene med ferdig opphøgd ved me fekk levert same morgonen. Det einaste me gjorde, var å bera dei inn under tak. – Eg tagde – for også eg visste at å kjøpa ved, det er det berre byfolk som gjer.

Ved er viktig for oppvarming av husa vinterstid. Til liks med fiske, fangst og bærplukking, var hogging av vinterved ein av dei mange syslane folk var opptekne med på sommarstid. Folk var ikkje avhengig av private skogteigar, men fekk gjennom den store grunneigaren på Finnmarksvidda, Statskog SF, høve til å ta ut ved til eige bruk etter nærare regelverk. Folk flest nytta seg av dette, direkte eller som medlem i ein storfamilie. Systemet kunne lesast direkte på tomtene. Halvparten av tomtene i utvalet mitt hadde vedreis eller vedla på tunet. All vinterveden rømdest ikkje innomhus, høvelege lagringsplassar ute var difor nødvendig. *Muorraguhpa*, eller vedreis, var ein slik høveleg lagringsplass – og det var samstundes ei fysisk form som for mange framande vart opplevd som spesiell og *samisk*. Heile vedstrangar blir stilt opp i låvvuform. Veden tek lite plass, er lett å handtera sjølv etter at snøen legg seg, og ”ser ryddig ut,” som mange av informantane uttrykte det.

I tillegg til at mykje ved var lagra utandørs, stod også sagkrakk og kappsag oppstilt på fire av tomtene.

Brukt – og til nytte

Alt kan koma til nytte. Brukte bilar og brukte skuterar vart ikkje sedde på som avfall, men som viktige delerlager. På fem av tomtene stod gamle, avskilta bilar lagra. I tillegg låg større og mindre haugar med bil- og skuterdelar, emballasje, brukt utstyr og reiskapar lagra på fleire av arbeidstomtene.

Alt dette utstyret og reiskapane kravde plass. Det forklarte ein del av ynsket som ofte gjekk igjen hos informantane mine, eit ynske om ei større tomt: ”Er det noko negativt, måtte det vera arealet,” understreka både Márjá og Máhtte, som elles var svært nøgde med tomte si. ”Me har så masse ting; skuter, sledar, låvvu, vedreis – me treng stor plass.”

Sunná og Sigbjørn kasta ikkje slikt som var brukbart for dei i den kvardagen dei levde i. Men det å ta vare på ting, måtte vegast opp mot det å ha plass, det å ha det ryddig. Då dei flytte inn i nytt hus, ville dei ha det praktisk der. Det var ikkje praktisk å samla på *alle* gamle ting, det tok for mykje plass å lagra unyttige ting. Men foreldra til Sunná delte ikkje dottera sitt syn; ”eg har ikkje turt å fortelje foreldra mine kor mykje me kasta då me flytte,” fortalde Sunná.



Figur 7.8 Tomt med plass for alt

Kátri sin buplass var stor og innhaldsrik. I tillegg til eit romsleg hus, ein liten grøn bakke og ein endå mindre potetåker, gav tomta plass til fleire uthus, stabbur, vedbu og andre mindre buer, lávvu, vedreis, eit par båtar og ein gammal traktor, garnhjell og ulike materialrestar. Under dekke stod eit par snøskuterar lagra, i tillegg til slede og ein sykkel. Dette var alt slikt ho til ulike tider av året hadde bruk for. Kátri sa det slik: "Alt er bruksting. Ho forklarte i detalj kva dei ulike tinga var, kva ho brukte dei til, og kvifor dei var plasserte som dei var." "Eg likar ikkje rot. Eg vil ha det ryddig ute," avslutta ho med, og viste til tomter der det ikkje var ryddig. Slik ville ikkje ho ha det.

Det som høyrer med

Rávdná si tomt var prega av arbeid og ferdsel på vidda. Blant små uthus, reingamme, sledar, skuterar og anna utstyr, stod også ein lávvu oppreist, klar til å takast i bruk for røyking av kjøt og fisk. "Og lávvuen som står oppstilt, kva bruker du den til," spurde eg. "Å, det er ein røykjelávvu," svarte Rávdná, og fortalde at der røykte ho kjøt. "Gjer du det gjennom heile året?" spurde eg som var på vitjing midtvinters. "Nei, helst på hausten då, men lávvuen står oppe heile året."

"Det høyrer med," svarte Piera då eg igjen spurde det same spørsmålet, om kvifor lávvuen stod oppreist også på deira buplass, "utan lávvu og vedreis blir det tomt på tunet." Vedreis, denne pyramiden av oppreiste trestrangar fann eg på halvparten av tomtene i utvalet mitt. Var det eit symbol på tryggleik, eit teikn på at ein kan bergast om vinteren skulle bli aldri så kald? Nei, meinte Piera, og nei meinte Haldis. Det var berre slik lagring av ved alltid har vore gjort, det var ei praktisk ordning. Vedskjulet rømde ikkje all vinterveden, og det var ikkje berre å

leggja den i la ute, det ville bli så mykje vanskelegare å finna den att under snøen då. Oppreist ute turka veden godt og var lett tilgjengeleg når det trongst.



Figur 7.9 ”Det som høyrer med”

Ved til tørking og lagring på tradisjonelt vis. Utan ei slik vedreis blir det tomt på tunet. Ill. Josef Halse.

Buplass og leikeplass

Av dei atten husstandane som var med i utvalet av informantar, hadde tolv av familiane born i grunnskulealder eller yngre. På alle tuna med skuleborn, med eitt unntak, fanst leikeutstyr. Huske og sandkasse var det vanlege. I sju tilfelle fanst større leikestativ plasserte på tomta. Leikeområda var ikkje spesielt markerte eller avgrensa, og fleire av informantane nemnde særskilt at det heller ikkje var noko poeng ”å gjerda ungane inne”. Ungane skulle kunna bruka heile uteområdet. Anne understreka at dei ikkje hadde laga sandkasse, det var ”sånn kunstig avgrensing.” Ungane hadde ein stor, utflytande sandhaug dei leika i.

Elle, som hadde ei dotter på 6 år, hadde ikkje ordna leikeutstyr eller nokon særskild plass til leiking på tomta. Men veslejenta leid inga naud. Besteforeldra budde like i nærleiken, og plassen deira var ein sjølvsgd og spennande leikeplass for seksåringen.

Syklar og barnevogner var det naturlegvis mest av på tomtene der det fanst ungar. Ingen stader var det sett av spesielle plassar eller bygt skjul for dette barneutstyret.

Borna sin leik ute var ikkje avgrensa til tomtene. Med to unntak var alle tomtene i utvalet lokaliserte slik at dei grensa direkte til ein leikeplass eller eit større, samanhengande friluftsområde. Eit vesentleg poeng ved planlegging av bustadfelt

i Kautokeino på 1990-talet var å regulera inn store, samanhengande grøntbelte i bustadfelta⁶⁰. Tankegangen var at alle skulle ha lett tilgang til utmarka. Desse grøne områda gav plass til lek og opphald ute, samstundes som dei til dels tente som trasear for skuterkjøring frå bustaden til løypenettet på vidda.

7.1.2 Kveer og fôringshus



Figur 7.10 *Reingamme i beitehagen – ein plass å finna fred for mygg og dårleg ver.*

På seks av tomtene i utvalet mitt frå 1990-talet, budde det folk med tilknytning til reindriftsnæringa. Fem av desse var aktive utøvarar, den siste var pensjonist. Alle dei aktive utøvarane hadde store tomter, tilpassa næringa. I tillegg hadde alle fem sett opp kveer for reinen, utanfor tomtegrensa. Å bruka fellesområde til private føremål, anten det var til lagring av utstyr, arbeid med ved eller som her, til beitehagar for dyra, var eit mønster som prega bustadområda i Kautokeino. Beitehagane, eller kveene, tente to føremål; som foringsplass for svake kalvar på vårvinteren, og som beitehage for kjørereinen. Kalvane treng veksa seg sterke for å klara ei slitsam flytting frå vinterbeitet på vidda til kysten og sommarbeitet der.

Oppaling og trening av kjørerein tok seg opp på 1990-talet, og fekk ein ny funksjon. Kjørereinen vart før brukt som fraktedyrt og framkomstmiddel i drifta. Etter at snøskutereren overtok på 1960-talet, gjekk tradisjonen med å halda kjørerein sterkt tilbake. Utover på 1990-talet blomstra den opp igjen. Kjørereinen fekk nå ein ny funksjon, som trekkdyr ved frakting av turistar innover vidda. I tillegg fekk ein kappløp med rein, på line med hesteveddeløp. Ein av informantane, Lemet, trenar rein for kappløp, medan Ante tilbød leia turar med reinskys for turistar eller forretningsfolk på seminar.

⁶⁰ Sjå til dømes kommunedelplan for Kautokeino kirkested, godkjend 20.10. 1993.

Fôringa av rein i beitehagen heime hadde trekk som gjorde det naturleg å samanlikna med tradisjonelt husdyrhald. Eit slikt trekk var bygging av fôringshus og reingammer⁶¹. Ein av informantane hadde bygd eit slikt lite uthus der reinen kunne gå under tak for å bli fôra. Dette foringshuset hadde så i ettertid fått eit lite tilbygg der kjørereinane kunne trekkja inn for å finna ly mot dårleg ver eller mot myggplaga. Bygga var små, og det var ein svært liten, men spesialisert del av den samla reinflokken som fekk tilgang til desse nye reinfjøsa.

Beitehagen ved bustaden hadde mange fellestrekk med mellombels kveer på vidda. Dei var ikkje permanente byggverk, dei var lette å setja opp og ta ned att. Funksjonen deira var å halda reinen samla i tider då dyra trong ekstra fôring eller pass. Reindriften hadde, både i følge tradisjon og lovverk, rett til beite på både på vidda og i bygda. Denne retten såg ut til å bli tolka slik at den også omfatta friområda i bustadstrøka.

7.2 Tomt og uterom – plass for arbeid og kvile

Gjennom *bruk* av tomtene hadde dei som budde der, forma bustaden etter eige behov og eiga livsform. Mønsteret som teikna seg, viste tre ideelle typar tomter:


1. rekreasjonstomta
2. arbeidstomta
3. den flyktige tomta

Avgrensingane mellom dei ulike gruppene er ikkje klår. Trekk frå ein kategori fanst i dei andre. Det *sterkaste trekket* avgjorde plassering i gruppene. Eg valde likevel å arbeida berre med desse tre ”reine” variantane, for slik å få fram dei sentrale kjenneteikna ved kvar av desse grupperingane. Den siste gruppa; den flyktige tomta, hadde sterke trekk av endring og årstidsvariasjonar. Tomta hadde ei særskild stilling i og med at ingen tomter samla sett kunne plasserast inn under denne kategorien. Fleire av tomtene bar i seg trekk som viste slektskap med denne buforma, med desse trekka var aldri åleine om å prega tomtene.

Å ha ei ryddig og ordna tomt var eit poeng som dei fleste informantane understreka, anten dei hadde arbeidstomt eller rekreasjonstomt. Måret sa det slik, ”Det er ikkje viktig i det heile korleis hagen ser ut, den er ikkje til bruk - men det skal sjå ryddig og skikkeleg ut.” Laila og Lemet understreka det same, og viste til korleis dei hadde laga plen og ”dyrka” ute på tomta. Plenen var ikkje til pynt, den hindra sandflukt og var såleis ei god hjelp til å halda orden.

⁶¹ Reingamme, gamle eller teltliknande bygg. Tradisjonelt var gammen bygd med ulike berekonstruksjon av naturvakse tre, og tekt med never og torv. Gammane i utvalet mitt var bygde av lafta tømmer og i enkelt bindingsverk. Reingammen skal tena som ly for kjørereinane som i lange tider av året oppheld seg ved bustaden. Reingammen er gjerne mest i bruk sommarstid då dyra treng vern mot mygg, knott og andre insekt som er plagsame for både folk og fe.

7.2.1 Rekreasjonstomta



Figur 7.11 *Rekreasjonstomta med romsleg uteplass.*

Bruksrommet ute var gjerne konsentrert til inngangspartiet med parkering og lagring av utstyr, og til verandaen og leikeplassen for små born.

Rekreasjonstomta er tomte som er kjend frå bustadstrøk i etterkrigstidas regulerte Bygde-Noreg. Tomta er ryddig og representativ, planlagd for avslapping og rekreasjon. Lokalt i Kautokeino framstod desse tomtene som tomme, som område som var lite i bruk. Tomtene var gjerne store, med samanhengande flater utan nokon form for inndeling i ulike soner og rom. Det uterommet som var mest i bruk på desse buplassane, var verandaen. Innslaget av arbeid var hobbyprega, med

vekt på eit beskjedent blomestell og ein liten grønsakhage. Rekreasjonstomta var lite utbreidd i Kautokeino på 1990-talet, men den fanst til ein viss grad, og trekk av den fanst på tomter som elles var prega av arbeid. I løpet av den perioden arbeidet mitt omhandlar, kan det sjå ut som om denne tomtetypen breidde seg på bekostning av arbeidstomta.

Syn oss hagen din

”Det er lett å sjå kor dååa bur i Kautokeino,” fortalde mange meg. ”Det er berre å sjå på hagane, sjå korleis dei er stelte. Finst det blomehage eller grønsakåker, er det norske folk som bur der.”

Dette stemte ikkje med observasjonane mine. Tradisjonen med hagestell og prydvækstrar var rett nok relativ ny i Kautokeino, og gjerne inspirert frå norsk hagetradisjon, men den var ikkje avgrensa til den vesle gruppa av norske i bygda.



Figur 7.12 *Der blomar ikkje veks, kan vakre steinar gjera same nytten.*

Alle tomtene i utvalet mitt var ferdigstilte og rydda etter bygginga. På halvparten av desse tomtene var det gjort større innsats enn berre å så til sårflækker i terrenget. På ulike måtar og med ulik innsats hadde dei som budde der, pynta med blomar og buskar, flytte tre frå utmarka og prøvd å få det til å veksa i den karrige jorda. Interesse for prydhage var ny for mange, men ikkje for Biret. Ho lærte hagestell av far sin. Han hadde interesse for dyrking og stell av plen, men dreiv det aldri så langt som til sommarblomar og hekk. Det gjorde derimot søster til Biret:

Det er så artig med dei der hagegreiene! Søster mi er veldig gira, ho les hagebøker – eg bruker å spørja hos ho korleis eg skal gjera det. (Biret)

Søstera som las hagebøker, var ikkje åleine om denne interessa i Kautokeino – men ho høyrde heller ikkje til fleirtalet.

Tendensen med å dekorera og laga eit representativt uterom gav seg utslag på to måtar. Det mest utbreidde var å planta buskar og blomar, den andre måten var å ta i bruk tradisjonelle bruksting på ein dekorativ måte; ”Me er begge to opptekne av å skapa litt sånn gammal kultur ute på tomta,” fortalde Ánte. Han og kona hadde ein bustad der dei med ulike hjelpemiddel hadde prøvd å spegla både samtida og fortida. Huset var teikna spesielt for dei, men i eit formspråk som avveik lite frå kataloghusa. Bilar, skuterar og campingvogn viste også den nye tida, medan uthus, tørkestativ av ulike slag og reingamme var bygd på tradisjonelt vis. I tillegg hadde dei planar om å flytta ei gammal tømra stove hit. Desse tradisjonelle elementa: gamme, luovvi og tømmerhus hadde på Ánte og Anne sin buplass ein praktisk funksjon i tråd med det dei tradisjonelt har hatt. Men i tillegg til dette hadde dei fått ei ny oppgåve, dei stod der som symbol på tilknytning til ei anna tid.

Den naturlege hagen

Eg sa til han Traktor-Mathis⁶². Du må passa på dei her trea. Eg kom hit og dirigerte og styrte då han grov. Blei irritert då eg såg han hadde tatt nokre tre. (Biret)

Me er vant til å hausta graset, ikkje ha det til pynt. - Eg har aldri likt hage, synst det er mykje finare med lyng og bær. Eg sa det til Ánte då han byrja å så plen i sommar; Kva skal du med det graset? (mor til Anne)

Den naturlege hagen, lyng- og grasbakken som ikkje skilde seg nemneverdig ut frå terrenget rundt huset, var eit ideal for mange. Huset skulle plasserast varsamt inn i terrenget, bustaden skulle framstå som om den alltid hadde vore der, natur og kultur skulle framstå som likt. Forståinga av kva som var naturleg var ikkje eintydig, men varierte mellom dei ulike informantane.

Biret ville ta vare på mest muleg av den opphavlege vegetasjonen på tomta si. For å få til det, trong ho å hjelpa til litt sjølv. Naturen i bustadområda trong stundom hjelp for å framstå ”naturleg.” Biret byrja å klippa trea for å få dei kraftigare og tettare.

⁶² Traktor- Mathis, .namnet på eit entreprenørfirma i Kautokeino. Firmaet utførde grunn- og planeringsarbeid for ei rekkje av tomtene som vart bygde ut på 1990-talet. Firmaet hadde namnet sitt etter han som starta det, Johan Mathis Hætta. Kombinasjonen Johan Mathis som førenamn og Hætta som etternamn er svært vanleg i Kautokeino. Å skilja seg ut ved å knytta namnet til familie, eigenskapar, buplass – eller som her, yrke – er ei praktisk løysing i tråd med den lokale tradisjonen.



Figur 7.13 *Den naturlege hagen med lokal fjellbjørk og innført grasplen.*

Mor til Anne såg det annleis. Hennar erfaring var at den svartrakka marka voks til, at lyng og lav kom utan hennar hjelp. Tolmod og tid var det einaste som trongst. Å laga ein grøn grasplen fordi ein ikkje greidde venta på at naturmarka skulle lækja seg sjølv, var unødvendig og minte i tillegg om arbeid og slit.

Pia og Piera dreiv på som Biret. Tomta deira var svært stor, om lag tre mål, med eit ope parti mot kjørevegen. Dei ynskte ikkje å ha direkte innsyn, og lag difor mykje arbeid ned i å flytta småbjørk og prøva å få til ein skjerm mot veggen. Men det var ikkje berre ein skjerm mot verda der ute dei ynskte, dei ville òg ha finare tre; ”Me har rydda og tynna og bunde opp småbjørkene for at dei skulle få rette stammer,” fortalde Pia.

Sunná ville også helst hatt ein ”naturleg” plen og hage fortalde ho: ”Eigentleg har alle me naboar snakka om at det ikkje hadde vore nødvendig å laga plen. Aller helst skulle me hatt torvlagt heile tomtene – men det blir så mykje arbeid. Så det blir vel plen.” ”Naturleg” lyngmark på ei bustadtomt i Kautokeino blir fort trakka ned og øydelagd når mange og raske, små føter tek den i bruk.

Det nye uterommet



Figur 7.14 *To tider – to generasjonar. Også uteplassen endrar seg.*

Bestemor på 80 år som bygde hus på 1970-talet, hadde ingen fast opphaldsplass ute. Hennes plass skifte med årstidene og arbeidsoppgåvene. Den låge benken, arbeidsbordet og stampen fortel om tidleg sommar, om sikfiske og sløyving av fangsten. – "Ein slik plass kan eg arbeida på," var Aile sin kommentar til dette biletet, "der treng eg ikkje vera redd for å rota eller søla."

Dei unge husbyggjarane på 1990-talet sin mest brukte uteplass var gjerne ein velutstyrt veranda med sitjegruppe og grill

Alle bustadhusa i materialet mitt var bygde med veranda, anten ein eller fleire. Informantane hadde lagt stor vekt på å få ein romsleg veranda, gjerne plassert slik av dei fekk sol frå to eller tre kantar.

Verandaen var det nye opphalds- og møterommet ute, og var ofte utvida mykje i høve til byggeteikningane. Dei store verandaene gav plass til ”grillkos” og avslapping ute for dei vaksne, leik og opphald for borna, dei gav rom til å stilla frå seg barnevogna, eller setja hunden ut til lufting, og dei gav plass til lagring og tørking av mat og klede, sko og anna utstyr.

Eit arktisk klima saman med store myggmengder det meste av sommaren skaper ikkje behov for rekreasjons- og opphaldsplassar ute lite. Dei nye verandaene, som alle var lyfte opp frå bakkenivået, var luftige og betre å opphalda seg på enn på bakken. Så godt som alle informantane i 1990-talshusa i Kautokeino opplevde verandaene sine som ”myggfrie” – utan at eg heilt forstår korleis dei fekk det til. Márjá og Máhtte forklarte det med at deira veranda låg så høgt og fritt. Den luftige plasseringa gjorde at det ikkje var mygg der, slik det var på nabotomta nedanfor – der det også var fleire grader kaldare om vinteren. Jorunn og Joavnná hadde også utvida verandaen sin kraftig i planfasen. Også dei understreka det same – gleda over å ha fått ein myggfri uteopphaldsplass. ”Me tenkte ikkje på det med myggplaga. Men familiane rundt omkring oss bruker å koma for å sitja på verandaen vår. Det er ikkje mygg hos oss, seier dei.”

Verandaen var eit nytt og halvprivat opphaldsrom ute, særleg dersom han vart plassert i ly for innsyn og trafikk. I gá og Ingvald hadde laga ein slik skjerma uteplass i sola. Der ville I gá liggja i bikini og sola seg ”utan at halve nabolaget ser.”

Haldis og Heaika hadde to verandaer, ein i samband med første høgda og ein i loftshøgda.

Den i hovudetasjen laga me for at me skulle kunna sitja ute. Nå er det mange som seier me må laga oss glashus for å unngå myggen. Men det blir jo varmt då. – Og eg veit ikkje eg, myggen er ikkje plagsam der. Det er jo alltid ein vind. Veit du kvifor me laga verandaen oppe? spurde Haldis. Til tørkeplass for kjøt, foreslo eg. Ja, der har me holga,⁶³ og der heng tørkakjøtet. Men, ler Haldis, det blir jo litt svinn, det går litt ekstra til. Me har Tv-stove innanfor denne verandaen. Og det er jo godt med tørkakjøt og eit glas vin. (Haldis)

Niillás, ein ivrig friluftsmannen hadde bygt hus på ein roleg plass nær elva der han før om vårnettene hadde skote så mange ender. Jakta var over for hans del, han brydde seg ikkje lenger om å liggja i skjul på elvebreidda og venta på fugleflokken. Frå verandaen sin kunne han likevel gle seg over dei kjende fuglane – utan å skyta:

På verandaen har eg midnattssol, og eg ser elva. Om vårnettene kan eg sitja der og følgja med desse vadarane. Eg kjenner dei alle, og jakta på dei i

⁶³ Holga, bjelke for opphenging av kjøt til tørking. Sjå elles pkt. 7.1.1.

ungdommen. Men nå synst eg dei er så fine (ler litt), dessutan er det ikkje behov for å jakta. – Nei, me overdriv det der. (Niillás)

7.2.2 Arbeidstomta


Arbeidstomta var den mest utbreidde tomtetypen i utvalet mitt. Halvparten av informantane kom inn under denne grupperinga. I tillegg hadde fem andre tomter sterkt preg både av rekreasjon og arbeid. Alle informantane som hørde til reindrifta, hadde arbeidstomter. Men tomtetypen var ikkje avgrensa til denne yrkesgruppa åleine, også folk som hadde ei svakare tilknytning til reindriftsnæringa, eller folk som i større eller mindre grad dreiv utmarksnæring og hausting frå vidde og vatn, hadde ein bustad som var prega av arbeid og uteaktivitetar. Den sterke tilknytninga til og bruken av vidda som storparten av folket i Kautokeino har, forklarar såleis den store mengda arbeidstomter (Skålnes 1998b). Omgrepet *arbeidstomt* blir difor meir dekkjande enn å kalla desse tomtene reindriftstomter.

Arbeidstomtene hadde ei rekke fellestrekk. Det viktigaste av desse trekka er at denne tomtetypen krev ei eller anna form for tilpassing i høve til standardtomta i bustadfeltet. Dei ”reine” arbeidstomtene var alle, med eitt unntak, tomter som var *tilpassa* søkjaren. Tilpassinga skjedde i planfasen, ved utarbeiding av reguleringsplanen, eller den skjedde i ettertid, ved at den einskilde søkjaren fekk ein tilpassa bustad gjennom dispensasjon frå gjeldande arealplan. Tilpassinga gjekk på lokalisering i bygda, vidare på storleik og til dels utforming av tomta. Arbeidstomtene var såleis tomter som ofte var større enn standard bustadtomter. Men biletet var ikkje eintydig her.

Arbeidstomtene var prega av trafikk, lagring og sjølvsgat av arbeid. Arbeidsoppgåvene varierte til dels med årstidene. Slik ville òg tomtene framstå ulike til dei ulike tidene på året. Bruken avgrensa seg ikkje alltid til den private tomta, også friområdet som grensa til tomta, blei teke i bruk til ulike lager- og arbeidsoppgåver. Arbeidstomta var den mest innhaldsrike, den hardast brukte og dermed den mest krevjande av tomtetypane i materialet mitt. Tomta skulle gje plass til vidt forskjellige oppgåver som gjerne skulle gå føre seg samstundes.

Prydhage og rekreasjonsplass ute var det lagt mindre vekt på, men også her var det variasjonar i materialet.

7.2.3 Arbeidstomt for reindriftsnæringa og utmarksbrukarane



Figur 7.15 *Arbeidstomt.*

God plass og god kontakt mellom parkering-, arbeids- og lagringsplass ute og inne var viktig her.

Kautokeino kommune var i 1998/99 heimkommune for 220 aktive driftseiningar i reindrifta. Desse driftseiningane⁶⁴ omfatta om lag 400 årsverk. Om lag 1350

⁶⁴ Lov om reindrift av 1978, § 4 gjev definisjon på driftseining innanfor reindrifta. "Med driftsenhet forstås en reinjord som eies og drives av én ansvarlig leder, eller av ektefellene i fellesskap, når de begge eier rein i eget merke i hjorden." For å kunna starta opp som sjølvstendig

personar i kommunen, godt over tredjeparten av folkesetnaden, var knytte til denne næringa⁶⁵. Reindrifta stilte krav til areal på to ulike plasser; til beiteland på vidda og til bustaden i bygda. Krava til bustaden var mange, ulike og ikkje alltid avklara.

Enkelte informantar hevda at den delen av reindrifta som gjekk føre seg på den faste buplassen, utgjorde minst halvparten av det arbeidet som kunne definerast som reindrift:

Dagens reindrift er ikke hva den var da man bodde i l vuu og fulgte flokken. Man hadde det meste som man trengte med seg. Som kjent har man i dag en hovedbolig som er en meget sentral plass for mange aktiviteter som h rer til i reindrifta. Reindrifta har p  kort tid blitt mye mer teknisk avansert enn den var f r. Dette har gjort arbeidet med selve flokken lettere, men har f rt med seg en st rre aktivitet ved hovedboligen. (Brev til planutvalet i Kautokeino, jnr. 93/7954:93)

Med atterhald om at dette galdt for grupper eller familiar som i stor grad gjorde seg nytte av delprodukt av reinen, delte reindrifststyreseimaktene dette synet.⁶⁶ Drifstformene i reindrifstn ringa viste imidlertid store variasjonar. For enkelte familiar var framleis storparten av arbeidet lokalisert til beitelandet p  vidda.

Ny og utvida interesse for bruk av kj rereim var ei  rsak til st rre aktivitet p  buplassen. Ei anna  rsak var bygging av kveer for   ala opp og f ra fram kalvar ved bustaden i periodar av  ret. Reindrifta hadde p  1990-talet i Kautokeino flytte inn i bustadfeltet, med viktige delar av drifta og *beitelandet*, og hadde slik f tt trekk som likna stasjon ert februk.

Reindrifstbustaden – ein kvinnearbeidsplass?

Ogs  p  1990-talet var reindrifta den viktigaste n ringa i Kautokeino. Mange av ut varane opplevde likevel at dei lokale planstyreseimaktene i liten grad tok omsyn til dette i arbeidet med arealdisponering i bygda. Viktige krav fr  n ringsut varane sj lve var lokalisering av buplassen, deretter storleik og utforming av tomta. Like viktig som   sikra beitelandet p  vidda, var det   sikra eigna bu- og arbeidsplassar i bygda:

I dag er det mye snakk om   forbedre arbeidsmilj et for reindrifstut vere, da har man mest tenkt p  bruken av kj ret yer p  fjellet. Ingen nevner noe om hvordan man skal skape et godt og sikkert bo- og arbeidsmilj  ved hovedboligen og for alle de aktivitetene som er n dvendig der for   kunne

n ringsdrivande i reindrift i reinbeiteomr de, blir det, etter same lovparagraf, kravd samtykke fr  omr destyret gjennom registrering av driftseining. Kjelde: LOV 1978-06-09 nr 49: Lov om reindrift.

⁶⁵ Tilknytning til reindrifta var eit omgrep reindrifstadministrasjonen, gjennom reindrifstmeldinga, opererte med. Alle personar som stod oppf rte i reindrifstmeldinga, hadde *tilknytning* til reindrifta. Aktive ut verar med eiga driftseining h yrde sj lvsagt inn i dette registeret. Andre familiemedlemer, som ektefelle, s sken, born og foreldre kunne bli oppf rte i det same registeret. Enkelte av desse kunne ha eige reinmerke, andre kunne delta i drifta, heilt eller delvis. Det vart ikkje stilt krav korkje til merke eller arbeidsinnsats for   registrera seg som ein med ”tilknytning til” reindrifta. Familiebanda var grunn god nok. Opplysningane er gjevne i samtale med reindrifstagnomen i Vest-Finnmark, Johan Ingvald H tta den 25.02.02.

⁶⁶ Opplysningane er gjevne i samtale med reindrifstagnomen i Vest-Finnmark, 25.02.02.

drive en reindrift som er i tråd med tiden. Ut fra et likestillingsperspektiv synest jeg også det er viktig at man tar hensyn til dette bo- og arbeidsmiljøet siden det for en stor del er kvinnene som står for dette arbeidet, og har ansvar for denne delen av reindriften. (Brev til planutvalet i Kautokeino, j.nr. 93/7954:1993)

”Tomta er berre ein arbeidsplass,” sa Áile. Ho brukte det som forklaring på kvifor ho ikkje hadde laga prydhage og pynta til ute rundt huset. ”Berre ein arbeidsplass,” sa Áile – men det var ikkje lite. Arbeidsplassen hennar i reindriften innebar mange og ulike oppgåver som buplassen skulle gje rom for, alt frå reparering av skuterar og andre kjøretøy, til tørking og hekling⁶⁷ av sennegras⁶⁸, arbeid med skinn, slakting, vedhogging, dessutan skulle ungane ha plass til å leika ute.

Ei god arbeidsflate

Utforming og terrengtilhøve på reindriftstomta er viktig. Áile, som dreiv aktiv reindrift saman med mannen Áilu og familien, fortalde at dei fekk store ekstrautgifter med å flata ut terrenget og laga ein god arbeidsplass på tomta. For dei var det viktig både å ha ei romsleg arbeids- og lagerflate ute. I tillegg skulle dei kunna køyra med bil og skuter til huset, og det skulle vera lett tilgjenge mellom hus og uthus. Det var først og fremst kjøretøya: bilane, skuterane og andre maskinar og det dei førte med seg av garasjar og lagerbuer, som krevde flatt og romsleg terreng.

I tillegg til at tomta skulle vera flat, skulle ho òg vera solrik og liggja i ly for ver og vind. Áile forklarte dette med at når dei arbeidde så mykje ute, skulle ikkje klima- og terrengtilhøva vera slik at dei gjorde arbeidet vanskelegare enn det elles kunne ha vore. Áile hadde ikkje bruk for sola for å liggja ute og bli brun, ho trong sol for å turka klede og skinn. Ho trong ly for vinden for å sleppa frysa når ho arbeidde ute. Og ho trong ein turr tomtgrunn for at borna som leika ute ikkje skulle bli våte og dra søle og skit inn i huset. Ei god tomt gjer kvardagen enklare og arbeidsoppgåvene færre.

Sammol og Sárá, som òg dreiv med rein, hadde ei slik flat, turr og solrik tomt på to dekar. Begge understreka sterkt kor viktig utforminga av tomta var for den daglege drifta med reinflokken. Ei flat, tørr og solrik tomt på to og ein halv dekar, med beitehage i tillegg var ”heilt perfekt, meir perfekt kan ein ikkje få det.” At tomta i tillegg låg plassert utan naboar som grensa direkte opp til dei, gjorde dei ikkje mindre nøgde.


⁶⁷ Hekling av sennegras – gras er stivt og må mjukast opp før det kan brukast i skallane. Oppmjukinga skjer ved å slå det gjentekne gonger mot ei *hekle* – ei treplate med fleire rader med spisse tindar av jern. I denne prosessen blir stilken på gras rive opp og reinsa for delar av dei stive fibrane.

⁶⁸ Sennegras, samlenamn for fleire arter av storr (*Carex vesicaria* - sennegras, el. *Carex aquatilis* – Nordlandsstorr) som blir brukt i skallane. Kjelde: Lid (1963) *Norsk og svensk flora*, Oslo: Det norske samlaget.

Sennegraset blir tørka og hekla og tener deretter som underlag og isolasjon i skallane. Sennegraset regulerer samstundes fuktinnhaldet i fottøyet. Det blir brukt i tillegg til eller i staden for sokkar.

Arbeidsplass og tomtegrense

Ánne og Ánte hadde ei tomt på to dekar. Etter at dei bygde hus, starta dei med tradisjonell reindrift, mellom anna med oppaling og trening av kjøreinerar. Tomta som i utgangspunktet var "eigentleg ganske stor for privatformål," vart nå i minste laget, syntest dei begge. Dei hadde bygt eit lite foringshus for reinen på eiga tomt, men sjølv beitehagen låg utanfor tomtegrensa – her som dei fleste andre stader. Lisa og mannen, Lásse, hadde prøvd å byggja fôringsgjerdet innanfor eiga tomt, men fann fort ut at det vart for lite plass. For lite plass i kvea førte til opptrakka jord og mykje søl og rot.



Figur 7.16 Uterommet i bruk

Inngangspartiet som var i dagleg bruk, var plassen der ting skjedde. Resten av tomta, med unntak av leikeplassen, bar meir preg av rekreasjon. Friområdet utanfor tomta var teke i bruk til lager og parkeringsplass.

Uformell utviding av tomtegrensa var ikkje ein praksis som berre galdt reindrifutøvarane. Andre informantar hadde òg teke i bruk delar av friområdet som grensa til tomtene. Friområdet vart brukt til lagring og til arbeid med ved, som plass for låvvu, sledar, oljefat og anna utstyr. Márjá og Máhtte hadde ei tomt på rundt eit mål. Tomta grensa til friområde på to sider. Storparten av tomta var fint lagd til rette med plen og enkelte nyplanta buskar. Ved innkjørselen var det ordna ein avgrensa plass for parkering av bil og andre kjøretøy, som skuter, 4-hjulung og tilhengar. Rett utanfor tomtegrensa, i friområdet, hadde dei laga plass for låvvu, laga sledar og utstyr og ordna plass for sagkrakk og vedhogging. Desse

”uryddige” arbeidsoppgåvene med sterke band til naturen, hadde dei altså plassert utanfor tomtegjerdet.

Buplass eller arbeidsplass?

Spørsmålet om bustaden sin viktigaste funksjon og om kombinasjonen bustad og arbeidsplass var av interesse for mange av informantane. Tradisjonen med å bu og arbeida på same plass var verdt å ta vare på innan reindrifta, men å ta med seg ein slik butradisjon inn i dei nye bustadfeltene førte til konflikhtar og forsterka bygda sitt rykte om å ha uryddige buområde. Slik såg den eldste informanten min, Márge, det. I heile sitt yrkesaktive liv hadde ho tilhøyrt reindrifta. Nå budde ho i eit bustadfelt i bygda. Tomta var litt over ein dekar. Eit uthus og ein låvvu stod oppreist ute, elles var tomta tom – eller det Márge såg på som *ryddig*. I nabolaget budde folk med fast lønnsarbeid i bygda og folk som dreiv aktiv reindrift. Spor av reindrift, av arbeid, frakting og lagring, av det som hadde vore viktig det meste av livet til Márge, var ikkje noko ho helsa med glede i bustadstrøket. Her inne i bygda var reindrift uorden, rot:

Eg meiner nå det at flyttsamane bør bu i eigne bustadområde. Dei har hundar og masse rot og stabbur overalt. Det passar ikkje inn i vanlege bustadfelt. – Eg har slike naboar. Det gjer ikkje så mykje for meg, stabbura deira står ikkje i vegen for meg. Men eg trur det hadde vore verre dersom nokon norske hadde hatt slike naboar. Dei er ikkje vant med slik rot og bråk. (Márge, mi omsetjing frå samisk)


Det var ”rotet”, det som fortalde om arbeid, som Márge ikkje ville skulle synast for mykje i bustadfeltet. Folk med fast arbeidstid frå åtte til fire har ein annan døgnrytme enn folk innan reindriftnæringa til tider har, og må ha. På vårvinteren er det til dømes best eigna å køyra til og frå reinflokken på natta. Då ber snøen best, då er det skareføre, medan det på dagtid kan vera laussnø og slaps. Men skuterkøyring på natta er *bråk* når det skjer i bustadfeltet, og med bjeffande hundar i tillegg, blir det urolege netter for naboane. Márge kjende dette livet så godt, at *ho* ikkje blei irritert over det, det synst ho var viktig å understreka. Ho syntest likevel det var unødvendig å dra alt dette inn i tronge bustadfelt. Den kommunale tomtepolitikken skulle ikkje laga konflikhtar, heller søkja å unngå dårlege tilhøve mellom naboar som i utgangspunktet ikkje hadde kunna velja kvarandre. Å blanda ulike kategoriar, som her arbeid og rekreasjon, rot og orden, er å skapa uorden i bustadområdet. Og uorden er gjerne årsak til konflikt.

7.2.4 Arbeidstomt med maskinar

Den lokale tradisjonen i Kautokeino med å gje rom for blanding av bustad og næring, har ført til ulike arbeidstomter inn i bustadfeltene. Krava til desse tomtene har mange fellestrekk med krava til reindriftstomtene.

”Me har ikkje bruk for bratte bakkar, ” sa Ingvald då eg spurde om han brukte gravemaskinen litt for flittig i byggeperioden, om det var difor den skrånande naturtomta var blitt ei rett flate med lite av det opphavlege terrenget att. Parkeringsplass og ein flat grøn plen hadde erstatta dvergbjørk og lyng.

Men det var ikkje gleda med å arbeida med gravemaskinen som forma tomta til Ingvald og Ingá – i alle fall ikkje det åleine. Dei hadde bruk for ei rett og god arbeidsflate. Skulle Ingvald kunna arbeida ute, anten det var med å reparera ein maskin, hogga ved eller snikkararbeid, trong han god plass. Og ein god arbeidsplass var ikkje ein skrånande bakke – det var ei romsleg flate med fast underlag.



Figur 7.17 Tomta til bussjåføren er prega av yrket hans, og forma som ein romsleg parkerings- og arbeidsplass.

Med god hjelp av gravemaskinen, og med ei smidig tilpassing, greidde Ingvald og Ingá å laga arbeidstomt ut av det som var ei standard tomt i eit regulert bustadfelt. Men ulempene med eit slikt utgangspunkt var merkbare. Tomta var for lita, knapt eit mål. Ho vart for knapp når ho skulle romma bustadhus, stor garasje, stor parkerings- og arbeidsplass ute, i tillegg til plen og rekreasjonsareal. Lokaliseringa var heller ikkje heldig. Å driva næringsverksemd inne i eit tett bustadfelt sette store krav til tilpassing både for den som dreiv, og stundom også for dei som var naboar til ei slik arbeidstomt.

7.2.5 Den flyktige buplassen

Bygningene og deres innbyrdes forhold finner sin forklaring i reindriftens mobilitet. Bygningenes topologisk-organisk orden er speilbildet av reindriftens orden. Den tenkning som ligger til grunn for elementenes plassering er analoge: Det funksjonelle samspillet, deres tilpassing til terreng og klima, særlig om vinteren. Og så meget settes opp spontant, det skal jo snart tas ned igjen og flyttes (Borgen 1995:63).

Vegen frå nomadisk busetnad i reindriften til fast bustad i bygda var kort for mange i Kautokeino. To av dei eldste informantane mine flytte med reinflokken i sin barndom, og budde i små hus på sommarbeitet, vinterstid i telt, eller tok inn hos kjenningar eller verddefamilien. Først i vaksen alder opplevde dei å flytta inn i

eigen heilårsbustad. Fleire av dei andre informantane, som voks opp på 1950-talet, hadde delvis vakse opp i det som var familien sitt første, faste hus.

Den flyktige tomta var tomta der mykje var organisert ut frå ein tanke om at dette ikkje var noko varig, som Borgen seier det. Slik såg det ut for det kyndige auget. Ein som ikkje har denne kunnskapen ville heller kalla desse buplassane rotet og lite planlagde. Det såg ut som om sledane nett var pakka ut, som om ting ikkje var komne på plass, som om folk berre hadde teke ei kvilestund her - fordi dei snart skulle flytta vidare.

Å leita etter *særtrekk* i buforma i samiske strøk er å leita i historia og næringstilpassinga. Trekk av det nomadiske levesettet eksisterte saman med vår tids buform. Den flyktige nomadetomta eksisterte likevel ikkje som ei konkret tomt. Men trekk frå denne buforma kunne sporast igjen i fleire av tomtene.

Ei tomt der sleden nyleg var pakka ut, kunne sjå *uferdig* ut. Det var dette uferdige inntrykket av tomta Sárá hadde strevd i fleire år med å få bort. Ho ville så gjerne ha hage og plen, men det var vanskeleg å få ting til å veksa når dei ikkje hadde høve til å vatna og stella hagen sommarstid. Heile familien var på sommarbuplassen i skuleferien, og det var der dei hadde fin hage og sommarblomar, fortalde Sárá. ”Eigentleg er det ikkje så nøye her i Kautokeino,” fortalde ho vidare, ”me er ikkje så mykje her om sommaren. Hadde det berre ikkje vore for den plagsame flygesanden - .”

Ei ryddig tomt med hage og prydvekstrar var for mange eit tydeleg signal om at dette ikkje var ei reindriftstomt, der var ingen spor etter den nomadiske buforma. Risten skulle gjerne hatt ei slik tomt, men så var det berre det at ei slik tomt ville verka framand i hennar miljø:

Eg har lyst å laga hage, men det får venta til eg får råd til det. Og det ville jo bli litt rart her med hage, det er jo ingen andre her som har det. Dei flytter jo om sommaren (Risten).

Vegen frå nomade til bufast tek tid. Nabolaget si haldning til og bruk av bustaden forma også Risten si haldning.

7.3 Viktige trekk ved tomt og uterom

Bustadtomtene i Kautokeino på 1990-talet kan grupperast i tre ulike grupper; arbeidstomta, rekreasjonstomta og den flyktige tomta. Skilnadene i utforming og bruk av bustaden – uterommet, hadde til ein viss grad samanheng med lokalisering av tomtene. Kor tomtene låg i bygda, var likevel ikkje det som var mest avgjerande for utforming og bruk, meir viktig var det kva arbeidsoppgåver bustaden skulle gje plass til, likeins familiesamansetjing og alder på dei som budde der.

Den mest utbreidde bustaden i Kautokeino var den eg valde å kalla arbeidstomta. Denne bustaden var prega av ein kombinasjon mellom bu- og næringsfunksjonen. Arbeidstomta var ei vidareføring av den tradisjonelle bustaden i Kautokeino, samstundes som materialet frå 1990-talet viste nye former og større variasjon i

denne tomtetypen enn det som hadde vore vanleg før. Blandinga mellom næring og bustad var ikkje alltid konfliktfri lokalt i bygda.

Kombinasjonen av buplass og arbeidsplass var utbreidd i Kautokeino på 1990-talet. Men denne tomtetypen var ikkje lenger einerådande. Ein nyare bustad, rekreasjonstomta, viste seg side ved side med den tradisjonelle arbeidstomta. Rekreasjonstomta var prega av "orden," lite aktivitet og eit visst innslag av representasjon. Tomta fortalde om nytt syn på og vektlegging av det å bu.

Spor av den nomadiske buforma synte seg som enkelttrekk, særleg i arbeidstomtene. Desse trekka fortalde ikkje først og fremst om den mobile bustaden, heller ikkje om ein, men om to eller fleire *faste* bustader.

Utforming og bruk av bustaden kunne òg lesast som resultat av ein moderniseringsprosess der grensene mellom det private og det offentlege rommet blei endra, og der nye grenser og nye kategoriar oppstod og forma buplassen.

Bustadtomta i Kautokeino hadde tradisjonelt i liten grad grenser mellom offentlege og private uterom. Innføring av verandaen, som det var minst ein av hos alle informantane frå 1990-talet, førte til ny organisering av uterommet, med større vektlegging på private soner.

7.3.1 Bustad og beiteland

Tradisjonen med lokalisering av bustaden i samband med arbeidsplassen er utbreidd og lang i samiske strøk, slik den er i rurale og i fattigare urbane strøk elles. Det som gjer samiske strøk og materialet frå Kautokeino interessant, er den spesielle samansetjinga av næringslivet her. Innslaget av primærnæringar var enno på 1990-talet svært høgt i høve til landet elles.

I lovverket som styrde arealplanlegginga i Noreg på 1990-talet, blei reindriftsbustaden sett på som eit tradisjonelt bustadhus og lokaliserte i bustadfelt i bygda. Det tette sambandet mellom hovudbeitelandet på vidda og vinterbustaden eksisterte ikkje lenger. Dette var eit skilje som vaks fram som ei følgje av etablering av fast vinterbustad frå 1960-talet og utover. Kritikken mot denne lokaliseringspraksisen på 1990-talet retta seg mest som ein kritikk mot planleggingsystemet, både det kommunale og det statlege. Kritikken mot kommunen galdt tomtene, både kor desse vart lokaliserte og kor store dei var. Kritikken mot sentrale reglar galdt lovverket sitt syn på bustadhuset i reindrifta i høve til synet på det tradisjonelle gardshuset.

Plan- og bygningslova, som var eit av staten sine viktigaste verktøy for forvaltning av areal og ressursar i kommunane, skilde mellom "grøne" interesser og utbyggingsinteresser. Dei grønne interessene var landbruk-, natur- og friluftsområde. Landbruk omfatta her både tradisjonelt jordbruk og reindrift. Når det galdt bygningar i tilknytning til desse to næringane, gjorde lovverket likevel ein skilnad. Omgrepet "stadbunden næring," som gav rom for å samlokalisera bustaden og produksjonslandet, vart i denne samanhengen knytt berre til

bygningar og anlegg innan *jordbruksdrifta*.⁶⁹ Bustadhuset innanfor reindriften vart ikkje sett på som ein nødvendig del av drifta, og kunne dermed lokaliserast utanfor det tradisjonelle beitelandet på vidda. Lovverket følgde slik opp skiljet mellom bustad og beitelandet som hadde oppstått ved etablering av fast bustad i bygda i overgangen frå nomadisk til halv-nomadisk reindrift i dei tidlege etterkrigsåra.

Reindrift i bustadfeltet

Seinare endringar i reindriften, med vektlegging av fleire og fleire oppgåver lokalisert ved den faste bustaden, har forsterka denne todelinga. Desse nye driftsformene som utvikla seg utover på 1990-talet, styrkte den faste buplassen si rolle i drifta. Eit døme på dette var etablering av eit nytt og avgrensa beite i tilknytning til bustaden. I enkelte tilfelle førte dette til at dei felles friområda i bustadfeltet vart tekne i bruk som reinbeite. Ein liten, men viktig del av flokken; kjørerainar og kalvar beitte her i avgrensa tider av året. Slik vart to driftsområde og to beiteland etablert. Reindriften på 1990-talet gjekk føre seg på to ulike stader; som gjeting og arbeid med flokken ute på vidda, og som foredling, produksjon, vedlikehald, administrasjon og læring på den faste bustaden i bygda. Den tradisjonelle driftsforma heldt altså i store trekk fram som før, på beitelandet på vidda, medan dei nye oppgåvene i stor grad tok plass ved bustaden i bygda.



Figur 7.18 Høge nettingjerde fortel om beitehage i bustadområda.

Forståinga av reindriften som ei *delvis* stadbunden næring, som ei næring som i stor grad gjekk føre seg på den faste buplassen i bygda, hadde ikkje heilt vunne fram blant dei ansvarlege for arealforvaltninga i samiske strøk. Reindriften sjølv, både

⁶⁹ Sjå mellom anna *Veileder Kommuneplanens arealdel*, utgjeven av Miljøverndepartementet, avdeling for regional planlegging, areal- og kartpolitikk, november 1998.

næringsorganisasjonane og innanfor forvaltningsorgana, var mest opptekne av den delen av drifta som høyrde heime på det store beitelandet på vidda. Den delen av reindrifta som gjekk føre seg i bygda, vart i mindre grad sett på som *næring* med trong for tilpassa areal og næringsbygg. Plassering av reindrifta innanfor bustadfelta heller enn å tilpassa denne buplassen på line med det som blei gjort innan det tradisjonelle jordbruket, viste det.

Bustadtilhøve og arealbruk i bygda vart stort sett berre diskutert som enkeltsaker. Den lokale reindriftsadministrasjonen i Kautokeino definerte primært reindrifta som ”det som foregår på beitelandet,” sjølv om dei også innsåg at dette ikkje alltid var dekkjande for dei faktiske tilhøva.⁷⁰ Deira generelle haldning var at reindriftsbusetnaden skulle lokalisrast i dei vanlege bustadområda, for ikkje å skapa unødige grenser og ”ghettotilstandar.” Blandinga av bustad og næring innanfor regulerte felt har lang tradisjon i Kautokeino, og det var ein tradisjon lokale politikarar og tomteskjarar flest gjerne ville føra vidare.

Bustad og anna utmarksnæring

Kombinasjonen av bustad og arbeidsplass var den vanlegaste tomtetypen i materialet mitt. Det store innslaget av reindrift i kommunen var ei av årsakene til det. Ei anna forklaring kan vera tradisjonen med ei sterk tilknytning til og bruk av vidde og vatn, uansett hovudnæring. Hausting av utmarksressursar, og ein stor grad av naturalhushald har følgjer for utforming og bruk av bustaden, både huset og uteplassen.

Lokalt i Kautokeino på 1990-talet hadde reindrifta oppnådd ei viss forståing for tilpassa tomter, både frå planstyresmaktene og frå låneinstitusjonen, Husbanken – sjølv om mange innan næringa framleis opplevde det som vanskeleg å få fullt gjennomslag for anna enn mindre tilpassingar. Endå større vanskar opplevde dei som ikkje hadde ei klar tilknytning til utmarka gjennom ei næring. Mange av desse aktive utmarksbrukarane påpeika at dei hadde like stort behov for ei romsleg tomt som det reindriftsfamilien hadde, men fekk ikkje same forståinga for det hos styresmaktene.

7.3.2 Arkitektur, orden og grenser

Since cultural landscape are related to the cultures, they cannot be chaotic:
There is no disorder, merely different orders (Rapoport 1995:26).

Den tradisjonelle⁷¹ bustaden i samiske strøk hadde i liten grad grenser mellom arbeid og kvile, mellom private og offentlege soner. Kjenneteikn ved den nye bustaden var nye grenser, funksjonsdeling og fleire ulike rom eller soner, og større vekt på individuelle behov. At fleire av informantane mine var opptekne av å skjula arbeidsplassen og visa fram ei ryddig tomt, synte at nye grenser var oppretta på buplassen.

⁷⁰ Utsegna byggjer på opplysningar gjevne i intervju med reindriftsagronomen i Vest-Finnmark, Johan Ingvald Hætta, 25.02.02.

⁷¹ Bruken av omgrepa tradisjonell, førmoderne og moderne i samband med bustadformer er diskutert i kapittel to og vidare i kapittel ti.

Arbeidstomta var mest i slekt med den tradisjonelle bustaden. Denne bustaden, eller tomta, gav rom for mange og ulike funksjonar som ofte gjekk føre seg i det offentlege rommet. Ei slik blanding av rom og funksjonar vil, med dagens målestokk gjerne framstå som uorden eller rot. Synet på orden og rot heng tett saman med ho som ser, med hennar kulturelle bakgrunn.

”Ordning och reda är nogot kulturskapat,” seier den svenske etnologen Jonas Frykman (Frykman & Löfgren 1979:145), som diskuterer rot og orden ut frå teoriar om tabu og grensedraging. Synspunkta Frykman legg fram, er sterkt inspirerte av mellom anna den britiske antropologen Mary Douglas (1966) som seier at det ikkje finst nokon absolutt uorden. Synet på orden og rot fortel om kulturbakgrunnen til den som vurderer og dømmer. Endring i synet på kva som er rot og kva som er orden, fortel om endring i kulturen.

Skilde kategoriar

Teoriane om grensedraging og skilde kategoriar byggjer på ein tankegang om at det å gruppera og skilja fenomen i motsette grupper eller kategoriar er eit allmennmenneskeleg fenomen (Frykman & Löfgren 1979). Det som står for noko positivt, som rett og bra, plasserer me i ei gruppe, det negative, det ureine, det som ikkje er bra, blir plassert i den motsette gruppa. Det me tek avstand frå, tillegg me eigenskapar som skite og uryddig. Kulturbakgrunn og erfaring avgjer grensedraginga mellom det me godtek og det me tek avstand frå. Synssettet gjev oss alle ein reiskap for å orientera oss i verda.

Den kombinerte arbeids- og rekreasjonstomta møtte problemet med grensedraging mellom dei motsette kategoriane tomte skulle gje rom for, på mange måtar. Å skapa orden er å laga klare grenser mellom dei ulike kategoriane, mellom privat og offentleg, ute og inne, natur og kultur, uryddig og ryddig. Den uryddige arbeidstomta var ikkje uryddig for ho som hadde ei oppgåve å gjera der, for ho kunne det meste framstå som bruksgjenstandar, noko ho før eller sidan kunne gjera seg nytte av. For det framande blikket blei alle gjenstandane, og det manglande systemet der, sett som kaos, som ting som ikkje var på sin plass. Og det som ikkje passar inn, det er uorden og tabu:

Det som vi ser som smutsigt är därför det som inte passar in. Så länge var sak är på sin plats, var människa där hon ska vara och varje tanke hel och ren, finns det föga sannolikhet för att man ska börja tänka i kategorier av smuts. Att klassificera världen, ordna den efter det system som man har lärt sig innebär att man skiljer ut sådant som inte passar. (Frykman & Löfgren 1979:140)

Diskusjonen om arbeidstomta passa inn i det regulerte bustadfeltet, om synlege spor etter produksjon og næring passa inn blant rekreasjonstomtene, kan tolkast som ein freistnad på grensedraging for kva som høyrde med i dei nye bustadområda i Kautokeino. Praksisen med å utvida dei private tomtene med å gå ut over eiga grense og inn i det som var fellesareal, kan analyserast ut frå same perspektivet.

Slike uformelle utvidingar av dei private tomtene fanst det fleire av i materialet mitt, både i gruppa med reine arbeidstomter og gruppa med tomter med preg av

både arbeid og rekreasjon. Folk med tomter som grensa til friområde, hadde utan nokon formell søknad eller løyve teke i bruk delar av dette fellesområdet. Det privatiserte fellesarealet vart brukt til lagerplass eller til ulike arbeidsoppgåver. Desse arbeidsoppgåvene var ofte slike oppgåver som var nært knytte til naturlandskapet, som lagring av og arbeid med ved, røyking av kjøt eller arbeid med sennegras og skinn. Produkta folk arbeidde med her, var henta frå dei nære omgjevnadene.

Innanfor tomtegrensa var plassen for ein ryddig plen, for parkering av bilar og skuterar, for leikestativ og blomeurner – der var plassen for nye gjenstandar, produkt som høyrde den moderne kulturen til. Praksisen kan tolkast som ein måte å skilja mellom natur og kultur, mellom dei ryddige oppgåvene og dei som fører ”rot” med seg.

Å laga ei ryddig og velordna bustadtomt og samstundes flytta dei synlege spora av gamle tiders arbeid bort frå tomta, til ein plass som ikkje er synleg frå bustadfeltet, er å dra grenseliner mellom det som høyrer til i den nye buforma, og det som er utanfor. Naturen eller det uryddige er flytt lenger unna bustaden. Bruk og organisering av buplassen uttrykte slik ein rik og samansett bodskap som fortalde om band til den tradisjonelle buforma samstundes som den gav signal om nye verdiar og nytt syn på det å bu.



Figur 7.19 *”Friområdet” i bruk slik det før har vore brukt – til vedhogst og lagring av utstyr for bruk i utmarka.*

Praksisen med å ta i bruk fellesarealet i bustadstrøka til eige føremål kan også tolkast ut frå eit anna perspektiv. Me kan sjå det som eit møte mellom ulike syn på og haldningar til offentleg regulering og grensedraging mellom privat og felles eigedom. Lovverket som regulerte arealplanlegginga, med plan- og bygningslova

som den mest omfattande av desse, bygde mellom anna på idealet om framsynt og påliteleg planlegging. Planarbeidet skulle samordnast, og det skulle skje etter fastlagde retningslinjer. Den vedtekne planen skulle gje rammer for framtidig arealbruk, rammer alle kunne lita på. Omsynet til både enkeltmennesket og til samfunnet var sterkt understreka i føremålsparagrafen.

Ved planlegging av bustadområde hadde sone- og funksjonsdeling vore eit viktig prinsipp, sjølv om dette vart noko nyansert i seinare endringar av lova. Arealdelen av kommuneplanen skulle skilja mellom utbyggingsområde og det "urørte," grøne landskapet rundt. I bustadfeltene skulle det i reguleringsplanane etablerast klåre grenser mellom tomtene og friarealet der ingen inngrep skulle skje. Denne grensedraginga var samstundes ei grensedraging mellom private og felles interesser. Arealplanlegginga i Kautokeino på 1990-talet møtte lite motstand. Bygdefolket og brukarane sitt syn kom gjerne først fram ved praktisk utforming og bruk av areala (Skålnes 1998). Den lokale praksisen med å privatisera delar av fellesområdet fortalde slik om folks haldning til offentleg planlegging og om kreativ tilpassing i staden for direkte protest.

Praksisen viste også band til ein tradisjonell måte å sjå fellesarealet på. Nomadekulturen sitt tradisjonelle syn på landskapet er å sjå det som eit bruksrom, eit areal der behovet, ikkje eigedomsretten regulerer tilgangen til. Vidde og beitelandet er ikkje privat, men er til bruk for den som treng, når ho treng det. Bruk av marka til lagerplass og arbeid med ved, fisk og fangst set ingen varige spor, og er såleis ikkje til hinder for andre sitt seinare bruk av området. Det var nomaden sitt syn på, og temporære bruk av landskapet som her viste seg i den faste busetnaden i bygda, og som braut med ordensprinsipp og grensedraging det regulerte feltet var bygt opp etter.

Innanfor eige gjerde, på den private tomte, var plassen for å gjera større inngrep, arbeida om og endra på terrenget. Slik inngrep er varige, dei endrar landskapet og markerer tomte som forskjellig i høve til det store, felles kulturlandskapet.

Alt er til nytte

Alle dei små uthusa, alt utstyret og alle tinga som fylte opp mange av buplassane kan lesast som ei form for overlevingsstrategi. Alt kan koma til nytte, det ein ikkje treng i dag, kan vera til god hjelp i morgon. Det ein har flust av i dag, kan vera mangelvare den dagen du treng det. Å kasta ting som kan koma til nytte, er noko ein ikkje gjer. Fleire av informantane mine framstilte dette som noko særmerkt for den samiske kulturen. Det var vissa om at det ein gong kunne bli knappare tider, at det ein gong kunne bli naudsynt å klara seg med mindre som låg bak dette synspunktet. "Alt kan koma til nytte ein dag – det kan jo bli trongare tider," sa Piera og Pia.

Dette Askeladd-synspunktet kjenner me alle i Noreg. Mykje moral og mange gode levereglar ligg nedfelte i dei fantastiske historiene om den fattige, men smarte ungguten som tok vare på det som fall han i hende, anten det var gode råd eller småting som skulle visa seg å bli praktiske reiskapar for han i kampen om prinsessa og halve kongeriket. Askeladden vann fordi han ikkje kasta vrak på noko, same kor unyttig det såg ut, medan brørne, som ikkje forsto å ta vare på alle

gode hjelpemiddel, aldri kom seg ut or fattigdom og elende. Askeladd-figuren kjenner me i dag igjen i ”kjekt – å –ha” tankegangen, ein tankegang som både overraskar og forundrar den framande gjesten:

But the most direct reflection of the Askeladden mentality in Norwegian folk practice is the tendency to keep anything that has for whatever reason entered one’s life. When one storehouse is full, build another. (Nelson 1994:3)

Askeladden sine *brøyr*; Per og Pål, var også norske. Det var gjerne desse to sløsarane informantane mine tenkte på då dei omtala skikken med å ta vare på ting, som noko særmerkt for den *samiske* kulturen.

7.3.3 Buform, endring og flyktige spor

Å leita etter særtrekk ved 1990-tals bustadtomma i Kautokeino er å leita både i fortida og i notida. Særtrekka ligg i måten buplassen blir organisert og brukt på. Dei ligg i den sterke tradisjonen med å bruka buplassen som ein arbeidsplass, dei ligg i tradisjonen med å bruka viktige element frå tidlegare tider saman med element som i utgangspunktet kan oppfattast som nye og kulturframande. Denne sjølvsgde og kreative blandinga, eller synkronien, skaper bustader som blir opplevde som særprega og samiske, sjølv om hovudelementet, bustadhuset er standard kataloghus.

Spor av ei anna tid

Tre av tomtene skilde seg ut med at mykje utstyr og reiskapar var lagra ute, på ein tilsynelatande tilfeldig måte. Bygg og utstyr var som strøydd utover, terrenget var det gjort lite med, det meste var naturmark. Det var terrenget og vegetasjonen som hadde bestemt bruken av tomta, brukaren hadde ikkje gått inn og endra det. Det er gjerne desse buplassane som blir tolka som restar av ein nomadisk butradisjon, som ein plass der folket har stoppa opp berre for ei kort stund, for så å dra vidare.

Arkitekt Kjell Borgen (1993) skriv om buplassar som flytter, ikkje berre innan reindrifta, men også innanfor den samiske gardstradisjonen. Bygningar og heile gardar vart flytte for betre å tilpassa seg naturtilhøve og ressursane. Erfaringa med skiftande bustader ligg såleis bak som eit mønster som har farga haldningane til mange i samiske bygder langt fram mot vår tid. Ting skulle stå for berre ei kort tid, det skulle takast ned og pakkast saman, fraktast til neste buplass. Slik fekk det preg av noko som ikkje var varig. ”En same planter ikke tuntre,” skriv Borgen, og skildrar med det sitt inntrykk av desse buplassane.

Den nomadiske buplassen kan tolkast som Borgen gjer det, som ein buplass som flytter, som følgjer flokken på ferd mellom ulike beiteland. Ein annan måte å sjå buplassen i nomadisk tradisjon på, er å sjå den som *fleire* heimstader, fleire faste bustader brukt berre i avgrensa periodar av året:

Nomads have traditionally been perceived as those who have no home, and no determinate centre to which they are attached and in which they have rights and obligations. In reality quite the contrary obtains: even the ”homeless” have an attachment to place. (Prussin 1997:96)

Med dette siste perspektivet som utgangspunkt blir tilknytninga til og interessa for både den faste bustaden ved vinterbeitet i Kautokeino, og for bustaden på sommarlandet ved kysten ikkje noko nytt og moderne, men noko som er i tråd med tradisjonen.

Ei svakare fokusering på motsetnadene mellom den faste bustaden og den nomadiske tradisjonen opnar også for eit nytt perspektiv: å sjå dei stadige endringane i uterommet som ein del av naturlege arbeids- og årstidsvariasjonar.

Frå vidda til verandaen



Figur 7.20 Ny "arbeidsveranda"

Ikkje alle nye verandaer var for rekreasjon. Her eit eksempel på veranda som del av arbeidsinngangen. Plassen var brukt til tørking og lufting av kler, til lagring av utstyr og som ein roleg kvileplass for veslebarnt i vogna. På golvet låg lassoen og anna utstyr som fortalde om pakking og tur til reinflokket på vidda.

Buplassen, uterommet, har i samiske strøk tradisjonelt vore brukt først og fremst til arbeid. Å møtast ute på tunet var å møtast i arbeid. Slik var gjenreisingstunet i Kautokeino, slik var 1970-talstomtene i dei nye regulerte bustadfelt. Tomtene i materialet mitt frå 1990-talet viste ei endring og ein større variasjon her. Uterommet var ikkje lenger berre ein arbeids- og lagerplass, men hadde fått soner for opphald og for representativitet. Delar av tomtene kunne vera sett av til leik og opphald for borna, delar til plen og prydhage. Den viktigaste og mest utbreidde opphaldssona ute var likevel verandaen.

Verandaen, både som eit luftig lagerrom og som opphaldsrom ute hadde fullstendig slått igjennom i dette tidsrommet. Også i enkelte hus frå 1970-talet vart det bygt veranda, men då berre som ein mindre type lufteveranda. Utover på

1980-talet vart verandaen større og større, og meir og meir vanlege. Alle informantane i utvalet mitt frå 1990-talet hadde bygt ein eller fleire verandaer. Med den nye og store verandaen hadde bustaden etablert ein plass for opphald og rekreasjon ute. Denne nye uteplassen var eit bindeledd mellom ute og inne, og ein plass som var meir privat, eller stengd for innsyn, enn det resten av uterommet var. Denne nye opphaldsplassen var ein plass for rekreasjon og sosialt samver – ikkje ein plass for arbeid. Møteplassen ved bålet på vidda syntest å ha flytt til verandaen og grillkosen der.


7.3.4 Bustad og symbol

Det meste me omgjev oss med, anten det er naturskapt eller skapt av menneskehender, kan framstå som symbol. I bustaden og bustadmønsteret finn me mange slike symbol. Det sterkaste av desse, det som er mest slående for framande i møte med Kautokeino, er måten buplass og uterom blir organisert og disponert på. Dette fysiske mønsteret som teikna seg på buplassen, var lett synleg, lett å få auga på utan å kjenna noko av historia eller bakgrunnen for denne organiseringa. Buplassar med kataloghus, mange små uthus, låvvu, kjøretøy og lite med prydlege signaliserte samisk busetnad for det framande auge. Men opplevinga av dette som samisk, var ikkje noko den framande var åleine om. Fleire av informantane mine trekte fram buplassen, uterommet og nabolaget som *samisk*, som kjent og heimsleg. ”Ute er det heimsleg og samisk, der har me det slik me hadde det då eg voks opp, romsleg og masse ting,” sa Biret om sin buplass. Biret hadde teke i bruk buplassen på ein måte som var *praktisk* for henne. Men samstundes som det var ei praktisk organisering, synte den slektskap med fortida, og stod såleis som eit symbol, som bilete på noko både ho og den framande gjesten oppfatta som samisk.

Bustadtomtene i Kautokeino: arbeidstomta, rekreasjonstomta og den flyktige tomta fortalde mange og ulike historier, både samla og enkeltvis. Tydelege og lett lesbare trekk både frå fortida og frå samtida, var typisk for desse tomtene. Med ei nær fortid med naturhushald og tett tilknytning til naturen, med beskjedne hus og ei varsam haldning til inngrep i naturen, blei kontrastane til samtida med sin teknologi og si vektlegging på individuelle behov og private rom slående. Den kontrastfylte buplassen fortalde også om store endringar på kort tid, og om vilje til kreativ tilpassing. Slike kontrastar og tilpassingar er ikkje typiske berre for samiske strøk, men heller typiske for endringstider generelt (Avdem og Melby 1985, Vold Halvorsen 1998).


The core elements

Vedreis og lávvu kan tolkast som arkitektoniske element, element som deler opp og skaper ulike rom på den store buplassen. Samstundes fortel desse beskjedne byggverka på ein handgripeleg måte om folk sitt levevis. Dei fortel ei historie om tilpassing til klima, landskap og ressurstilgang, ei historie om praktisk tilpassing til ytre rammer. Dette er den eine delen av historia. Den andre delen er det enkelte informantar kallar ”kjent og vanleg,” historia om det som alltid har vore ein del av bustaden.



Figur 7.21 *Lávvu og vedbu romma alt bestemor trong ute. Ill. Josef Halse.*

Dette trekket, å ta med seg tradisjonelle og kjende bygningsformer og kombinera desse med samtida sine former, er kjent frå mange kulturar (Rapoport 1982/1990, Fair1997). Slike kjerneelement, eller *core elements* som arkitekturteoretikaren Amos Rapoport (1990) kallar dei, vil bli tekne vare på og ført vidare, medan andre, meir perifere element går ut av bruk. Lávvuen, vedreisa og dei små uthusa er slike kjerneelement som for dei lokale husbyggjarane står som synlege teikn for gjenkjenning og tilknytning til eigen heimstad. For det framande auga fortel desse enkle byggverka ein anna versjon av historia. Dei plasserer oss straks i Sápmi, dei fortel om etnisk tilknytning, dei fortel om ein folkesetnad med røter i naturalhushaldet, og med sterke band til natur og landskap. Dei fortel oss om ei annleis og framand buform, medan dei same byggverka for dei lokale brukarane fortel om tilknytning og gjenkjenning.



Figur 7.22 1990-talstunet i Kautokeino med trekk frå fortida og notida. Ill. Josef Halse

Enkelte av informantane stod overfor valet mellom å byggja eitt stort eller fleire små uthus. Å velja mange små, slik dei fleste gjorde, kan forklarast ut frå praktiske omsyn, slik som økonomi og tilpassing til lovverket, men det kan òg lesast som eit ynske om å signalisera band til fortida. Skikken med å bruka desse små uthusa kan samanliknast med navajoindeanarane sin bruk av den tradisjonelle bygningsforma *hogan*, ei form som eksisterte side ved side med dei nye angloamerikanske bustadene. Den gamle bygningsforma kommuniserte "clear meanings about group identity that are reinforced by many other, nonenvironmental, elements" (Rapoport 1982/1990:88).

Draumen me ber på

Hus og omgjevnader fortel kven du er, kva du ynskjer å signalisera tilknytning til, kor du høyrer heime. Arkitektur som eit ikkje-verbalt språk kan lesast slik, fortel teoretikarane oss. Men det tause språket fortel ikkje alt. Stundom kan hus og uterom, tinga me omgjev oss med, spegla draumane våre, spegla det livet me *ikkje* lever, men det me *ynskjer* å leva. Denne bodskapen kan ikkje lesast åleine ut frå dei fysiske strukturane – ord lyt til. Piera fortalde om onkel sin på vel 80 år som kvar vår brukte å setja båten på tilhengjaren. Han tenkte seg på fisketur, som han så mange gonger før hadde vore på.

Tilhengjaren med båten blei ståande heile sommaren. "Han planlegg å dra ut, men det blir aldri," sa Piera. Draumen om fisketur på Stuurajávri med nota full av blenkjande sik blei verande ein draum.

For det framande auga var tilhengjaren med båten på teikn på uorden, noko som ikkje var på sin rette plass. For den som kjende den gamle mannen si historie, var båten som aldri kom på vatnet eit bilete på den draumen me alle ber på, draumen om det vedunderlege som skal skje.

8 Det samiske huset

1990-talsbustaden i Sápmi var mest utan unntak eit kataloghus der husbyggjaren til ein viss grad endra teikningane og tilpassa desse til eigen smak og livssituasjon. Tilpassing til eigen kvardag skjedde først og fremst gjennom *bruk* av huset, mindre i planfasen.

Kjøkkenet hadde ein særskild status i huset. Ikkje nokon av dei andre romma i huset var så mykje omtalt og diskutert som det *samiske kjøkkenet*. Rommet knytte band til den tradisjonelle buforma i samiske strøk, samstundes som det viste nytt syn på og ny bruk av huset. Stova var eit viktig opphaldsrom og møteplass for familien og gjester utanfrå, men var ikkje det einaste offentlege rommet i huset.

Rom for omfattande arbeidsoppgåver var eit sagn for mange av informantane. Kataloghuset løyste i liten grad desse husbyggjarane sine behov. Rekreasjonshuset var eit godt alternativ for delar av informantane, men viste seg utilstrekkeleg for dei som stilte krav om at bustaden skulle fungera *både* som arbeids- og opphaldsplass.

Den samiske 1990-talsbustaden var organisert i ulike *soner*. Denne fysiske sonedelinga skapte, og heldt ved lag, skiljeliner mellom private rom og fellesrom i huset, skilje mellom generasjonane, mellom mann og kvinne og mellom natur og kultur.

8.1 Datamaterialet

Val av informantar vart gjort ut frå kva type tomt dei hadde bygt på, standardtomt i regulert felt, tilpassa tomt i regulert felt og tomt utanfor regulert område. Sidan tomtetypen avgjorde utvalet av informantar, var hustypen med det gjeven. I analysen la eg i utgangspunktet vekt på å studera samanhengen mellom tomt, uterom, og hus. Her såg eg særleg på bruk av hus og uterom, på samspelet mellom ute og inne. Andre samanhengar, som tilhøvet mellom huseigarane sin livssituasjon og val av hus såg eg òg som ein viktig problemstilling.

8.1.1 Husbankfinansierte kataloghus



Figur 8.1 *To hus frå utvalet, bygde til ulike tider på 1990-talet.*

Av utvalet på atten bustader frå 1990-talet, var byggeteikningane for femten av dei tekne frå ulike huskatalogar. Dei tre siste var planlagde spesielt for dei aktuelle husbyggjarane. To av desse er teikna av lokale fagfolk, ein ingeniør og ein teiknekunnig snikkar. Det siste var teikna av ein av ferdighus-leverandørane. Planlegging av tilpassa bustader til kundar med spesielle ynske var eit av tilboda

frå dette firmaet. Dei lokalt teikna bustadene skilde seg i svært liten grad ut frå kataloghusa, både med tanke på planløyning og fasadeutforming. I tillegg sette finansieringsforma klåre grenser for kva som kunne gjerast med tanke på arealøkonomi.

Bustadene var elles prega av eit enkelt formspråk med relativt lite detaljering utvendig. Karnapp, ark og smårutet vindaug vart brukte berre på eit mindre utval av bustadene.

Hus på fleire plan

Av det samla utvalet på atten hus, var tretten hus bygde med underetasje, sokkel eller kjellar. Av dei fem som ikkje bygde underetasje, grunngav to det med at det ikkje var teknisk muleg, utan for store kostnader. Dei tre andre hadde anten ”sprunge nok i trapper,” eller dei syntest det var trivelegare å byggja i høgda enn under jorda.

Åtte av bustadene var i ei høgde med loft. Loftsetasjen var ikkje i full høgde, men med knevegg, bygd etter Husbanken sine reglar for arealutmåling⁷². Tre av desse bustadene var utan kjellar, dei andre hadde kjellar eller sokkel. Hus med loft vart meir og meir populært utover på 1990-talet.⁷³

Seks av bustadene var i éi høgde med sokkel. Tidspunkta for bygging av desse var spreidd over heile tiåret. Utvalet av sokkelhus frå dei ulike ferdighusfirma syntest vera best tidleg på tiåret. Dei av informantane mine som bygde sokkelhus i siste halvdel av 1990-talet, klaga over utvalet. Huset dei til slutt valde var ”det einaste som passte.”

Rom til leige

Fire av bustadene vart bygde med to skilde husvære. Desse var alle sokkelhus, utleigehusværet låg i sokkelen. Sterkt press på husmarknaden, og dermed gode høve for leigeinntekter i store delar av tiåret gjorde at fleire enn vanleg valde å byggja eit ekstra husvære for utleige. Planlegging for framtida og for ein endra familiesituasjon var òg medverkande årsak til bygging av eit ekstra husvære i bustaden.

Finansiering

Av dei atten bustadene i utvalet, var sytten finansierte gjennom Husbanken. Det siste var finansiert i privatbank. Det finst ingen statistikk over den samla bustadfinansieringa i Kautokeino, korkje frå 1990-talet eller tidlegare. Men ut frå kjennskap til lokale tilhøve, var fordelinga mellom Husbanken og private bankar som utvalet her viser, truleg beskrivande for både den samla bustadbygginga på 1990-talet og tidlegare. Husbanken har tradisjonelt hatt ein høgare marknadsdel i

⁷² Husbanken sine arealreglar definerer følgjande *plan* i bustaden; kjellarplan, underetasjeplan, hovudplan og loftsplan. Arealet til kjellar-, underetasje- og hovudplan blir målt frå innerkant av ytterveggene, medan arealet på loftet ikkje følgjer ytterveggene, men blir fastsett ut frå eit regelverk som tek omsyn til takhøgde og breidde. I praksis gjev regelverket størst nyttbart areal når bustaden er brei og har ein svak takvinkel (jfr. HB 7.B.1.2 Husbankens arealregler).

⁷³ Utsegna byggjer på opplysningar frå entreprenørar som var aktive på byggemarknaden i den aktuelle perioden.

Finmark enn det den har hatt for landet som heilskap. Talet for Kautokeino var gjennom heile 1990-talet igjen høgare enn gjennomsnittet for fylket som heilskap.⁷⁴

8.1.2 Kjend formspråk og lite detaljering



Figur 8.2 *Ark, karnapp, veranda og vindaugstype var element folk brukte for å markera særpreg.*

I formspråk var alle bustadene i hovudtrekk like. Dei ytre trekka som skilde, var ofte mindre detaljar. Takforma, med eventuelle opplett eller ulike typar ark, var av dei mest omfattande freistnadene på å gjera husa særprega. Men desse


⁷⁴ Opplysningane er henta frå følgjande skriv: Husbanken, årsmelding 1990-1995, Husbankens årsberetning, 1996-1997, Husbankens årsrapport 1998-2000.

freistnadene var få, berre to av husbyggjarane hadde valt anna takform enn saltak. Av desse to var eitt valmtak og eitt halvvalm. To hadde bygt ark. Valmtak vart innført på kataloghusa på 1970-talet. Takforma vart marknadsført som noko elegant og eksklusivt, eit symbol på flotte hus som skilde seg ut frå den store, grå massen. Idealet var henta på turistreiser på sørlege breiddegrader og frå amerikanske filmar (Sørby 1992).

Eg fall nå for det her huset. Det var først den her fasaden – eg hadde sett to sånne hus, her i bygda og i Alta. Det var det der valma taket, eg fall for det – og så skulle eg ha loft (Elle).

Hus med valmtak var lite utbreidde i Kautokeino generelt, noko som materialet mitt gav ein klar peikepinn på. Dei som valde denne takforma, gjorde det ut frå eit medvite ynske om å skilja seg ut gjennom den ytre forma på huset. Pia og Piera hadde som utgangspunkt å velja eit hus som var praktisk og økonomisk, men, la Pia til; valmtak tok dei fordi huset også skulle vera ”litt fint.”

Karnapp og smårutet vindaug



Figur 8.3 *Trekanta vindaug – eit særpreg for dette huset.*

”Eit samisk hus er ikkje eit karnapphus,” sa ein av informantane; Ánte. For han var det samiske huset eit praktisk, enkelt og nøktern hus. Datamaterialet viste eit meir nyansert bilete. Seks av dei atten husa hadde karnapp, eitt av desse hadde endå til to karnapp. Dei andre hadde eitt karnapp kvar. Med eitt unntak var desse

plasserte i stova. Huset som hadde to karnapp, hadde slikt glasutbygg både i stova og på kjøkkenet.

Val av ulike vindaugstypar og ulik utforming av desse er eit enkelt og vanleg brukt trekk for å pynta opp og skilja seg ut. Sju av informantane brukte anna enn heil rute. Tre hadde valt delt ruter med gjennomgåande sprosser, dei fire siste hadde lause sprosser.

Materialbruk og val av farge utvendig skilde seg i liten grad ut frå det som kan kallast standard for denne typen bustadbygging. I eitt tilfelle var det valt vankanta bord, i eit anna tilfelle var det veksla mellom liggjande og skråstilt utvendig panel.

Inngangspartiet



Figur 8.4 *Etter påskehelga med mange høgtidsdagar heng bellingar og skulderkappa, -luhkka- til lufting ute.*

Saman med verandaen er inngangspartiet gjerne eit område av huset som får ekstra merksemd. For folk som kjem på vitjing, er dette det første møtet med

huset, og det er samstundes eit møte mellom ute og inne. Huset presenterer seg sjølv gjennom utforming og plassering av ytterdøra og eventuelle detaljar i samband med denne. Samstundes skal inngangspartiet fungera som klimaskjerm, lagerplass for klede, sko og utstyr, og gje plass for av- og påkleding.


Tretten av atten hus hadde overdekte inngangsparti. Ytterdørene var standard, dei fleste i hardtre med glasfelt. I eitt av tilfella var det dør med vindauge på kvar side, eit med sidefelt. Trappene og trammane var utan unntak bygde i impregnert tre. Dei fleste var gjort romslege med plass til å setja frå seg sko, barnevogn eller anna som treng å stå under tak.

Fasadeutforming og fargeval

For fleirtalet av husa i materialet var det heller ikkje teke i bruk verkemiddel for å skilja husa ut ved hjelp av formspråket. Det typiske huset var eit anonymt hus i eit enkelt formspråk. Når så nokon valde å skilja seg ut gjennom for eksempel takform, valde dei samstundes ark, karnapp og oppdelte vindauge. Det var ikkje slik at dei få, enkle ”pyntemotiva” var jamt fordelte mellom husa i utvalet. Dei som skilde seg ut, skilde seg ut på fleire punkt, medan fleirtalet av husa ikkje hadde slike trekk i det heile.

Val av farge var gjort ut frå kva som var ”finast,” kva folk ”likte best,” eller kva ”dei hadde på samvirkelaget.” Eit par forretningar i bygda selde byggevarer og måling, men kva hjelpte vel det når dei ikkje kunne levera den fargen kunden ynskte? ”Dei kunne ikkje blanda fargar på samvirkelaget, dei sette for mykje svart i det,” klaga Máhtte. Resultatet vart ein ”katastrofe delux.”

8.1.3 Planløsning



Figur 8.5 Eksempel på planteikningar. Øvst eit hus med loft, nederst eit hus i ei høgd.

Planløsningane av husa elles var prega av det huskatalogane kunne tilby i det tidsrommet husa vart bygde. Stova var det klart største rommet i huset. I materialet varierte storleiken frå 16 til 47 m². Begge desse to stovene, både den vesle på 16 m² og den store på 47 m², representerte ytterpunkt i materialet. Over halvparten av stovene var mellom 25 og 35 m², med eit tyngdepunkt på 27-28 m².

Eit romsleg kjøkken er nødvendig, ynskjeleg, og det er ”mote,” sa mange av informantane. Og slik bygde dei. Kjøkkena *var* romslege. Når kjøkkenet var eige rom, var det mellom 11 og 31 m². Det største av desse kjøkkena representerte eit klart unntak. Det vanlege kjøkkenet i utvalet var rundt 13-14 m² og gav rom for både arbeidsplass og matbord. Når det vart valt løysing med stove og kjøkken innanfor eit større, ope areal, var kjøkkenavdelinga gjerne mindre, men også her svært varierende, frå 6 til 23 m². Grensene mellom romma i ei open planløysing er ikkje så klart definerte. I enkelte tilfelle kan det vera vanskeleg å avgjera om arealet er kjøkken, opphalds- eller trafikkareal. Diskusjonen om storleik for kvar av desse sonene blir difor litt meiningslaus.

Dei vanlegaste felles opphaldsromma i bustaden, stova og kjøkkenet, tok i gjennomsnitt mellom 45 og 50 m² av buflata. Dette såg ikkje ut til å ha endra seg særleg på 1990-talet, heller ikkje om me samanliknar med hus bygde på 1970- og 1980-talet. Det som derimot endra seg, var fordelinga av areal mellom dei ulike opphaldsromma. Kjøkkenet vart større på 1980-talet, og heldt denne storleiken også utover 1990-talet. Dette gjekk ut over stova. Stova var ikkje lenger så imponerende stor. Med eit gjennomsnitt på rundt 30 m², var den lita i høve til stovene i tidlegare kataloghus, som i mange høve var opp mot 50 kvadratmeter.

Med innføring av nye måleregjar for arealutrekning i Husbanken på midten av 1980-talet, som i praksis favoriserte hus i meir enn ei høgd, oppstod i mellomtida loftsstova som eit tredje felles opphaldsrom. Materialet mitt viste denne tendensen. I fem av husa var det i tillegg til opphaldsarealet på hovudplanen, bygt loftsstover. I tillegg var to andre hus også planlagde med loftsstove, men seinare hadde denne vorte endra for å gje plass til eit ekstra soverom. Bustadene med loftsstover hadde alle fleire kvadratmeter opphaldsrom enn dei utan, i snitt 20 kvadratmeter⁷⁵.

Soveromma elles var som kataloghusleverandørane tilbød, eit stort og to mindre. Det store var på 12-14 m², dei små 7-8 m². Unntak frå dette var soveromma på loftshusa. Golvarealet for desse romma var gjerne opp mot 20 kvadratmeter, når ein målte ut frå kneveggene, som var heilt ned mot 0,6 meter. Med desse unntaka syntest storleiken på soveromma å halda seg konstant gjennom heile 1990-talet.

Alle bustadene i utvalet hadde rom for vasking og stell av klede. For halvparten av bustadene var dette rommet kombinert med bad. Den andre halvparten, ni bustader, hadde bygd separat vaskerom. Der vaskerom og bad var kombinert, var desse romma i gjennomsnitt på 8 m². Dei separate vaskeromma var noko mindre, i snitt låg dei på vel 6 m².

Ti av bustadene hadde eigne arbeidsrom. Sju av desse var *duodjirom*⁷⁶, eller syrom, dei tre siste var innreia som heimekontor. To av kontora var brukte som arbeidsplass for eigne verksemder, den siste rommet som heimekontor for ein

⁷⁵ Gjennomsnittleg stoveareal i bustadene utan loftsstover er på 31 m². For bustadene med loftsstover er dette talet 52 m². Loftsstovene er varierende i storleik, med golvflate frå 15–30 m². Den reelle bruksflata er mindre, då store deler av desse romma er under skråtak.

⁷⁶ Duodjerom, arbeidsrom. Duodji; samisk ord for handarbeid, blir gjerne delt inn i *mjuk duodji* som omfattar syarbeid, veving, skinnarbeid og anna tekstilarbeid; og *hard duodji* som i hovudsak omfattar arbeid med tre og horn.

informant som var deltidsstudent og samstundes dreiv aktivt med foreiningsarbeid. Ein av informantane hadde to arbeidsrom i kjellaren, eitt til syarbeid og eitt til mindre snikkararbeid. Desse arbeidsromma kom i tillegg til arbeidsplassane på kjøkkenet, vaskerommet og andre rom. Som oftast var desse arbeidsromma plasserte i underetasjen eller på loftet.

Meir plass for opphald – mindre plass for lager

Bustadhusa i utvalet mitt var alle ferdigstilte, med unntak av mindre detaljar. Ein av informantane kunne visa til eit uferdig kjellarrom som skulle bli badstue, ein annan hadde fleire slike uferdige kjellarrom, ein hadde ikkje gjort ferdig verandaen, medan utvendig puss av grunnmuren mangla på eit hus. I tillegg fortalde ei av informantane at loftshøgda var innreia etter at resten av huset var ferdigstilt. Dei uferdige delane av bustaden var såleis detaljar som kravde relativ liten arbeidsinnsats eller som hadde lite å seia for den daglege bruken av huset.

Dei uferdige kjellarromma, med plass til ”rot” og lagring fanst ikkje lenger. Ingenting var spart til framtidig eigeninnsats. Resultatet av dette var at bustaden fekk meir opphaldsareal og mindre lagerplass.

8.1.4 Nøktern standard – med rom for egne tilpassingar

Med over 90 prosent kataloghus, og like stor del hus finansiert gjennom Husbanken, vart det bygde landskapet i Sápmi eit landskap prega av Husbanken si målsetjing for bustadreising, ”alminnelege” bustader med nøktern standard.

Dette var det ytre biletet, dei store trekka. Byggherrane og brukarane presenterte oss for eit anna, meir samansett bilete. Så godt som alle informantane opplevde at planleggings- og byggeprosessen gav rom for påverknad og utforming etter eige syn. Husbyggjarane hadde ulike utgangspunkt, og ulike siktemål med å delta i arbeidet med å skaffa seg sin eigen bustad. Deira egne utsegner om denne innsatsen var viktig kunnskap for å forstå verdien av alle desse ulike tilpassingane som vart gjorde. Ikkje mindre viktig var det å sjå på bruken av husa, sjå på korleis huset fungerte til dagleg og kva dei private tilpassingane hadde å seia for funksjonen.

8.2 Huset med rom for mange funksjonar

Med utgangspunkt i teikningane framstod bustadhuset i Kautokeino på 1990-talet som eit gjennomsnittleg norsk kataloghus.

Huset skulle gje rom for ulike familiegrupper, frå små familiar med ein til to medlemmer, til store familiar med to vaksne og fem - seks born i ulike aldrar. Samstundes skulle huset gje rom for dei daglege gjeremåla til desse ulike familiane. Like stor skilnad som det var i storleiken på husstandane, like stor skilnad var det i dei oppgåvene og aktivitetane som gjekk føre seg der.

Primærfunksjonane til eit bustadhus er å gje rom for opphald og nødvendig arbeid med mat og klede, søvn og kvile, i tillegg til å vera ein plass for sosialt liv.

Bustaden i Kautokeino på 1990-talet fylte alle desse oppgåvene, i tillegg til at han i mange tilfelle gav plass for atskilleg større arbeidsoppgåver enn det eit standard Husbankhus var planlagt for.


Det var særleg informantane som høyrde til i reindrifta eller som dreiv hausting frå utmarka som brukte huset som ein arbeids- eller produksjonsplass. Fleire og fleire arbeidsoppgåver var flytte inn i bustadhuset. Delar av desse hadde fått plass på eigne rom, andre tok plass på kjøkkenet. Arbeidsoppgåvene den samiske bustaden skulle romma, omfatta mykje meir enn matlaging frå halvfabrikata og vask og stell av ferdigkjøpte klede. Skallesaum, vasking av tarmar og partering av slakt, rekneskap og arbeid på datamaskinen gjorde det samiske huset til eit krevjande bygg.

8.2.1 Kjøkkenet – midtpunkt og møteplass

Kjøkkenet var det viktigaste rommet i huset, sa mange av informantane mine. Det var sentrum for både arbeid og sosialt liv. Samtidig var det eit band tilbake til fortida, det store opphaldskjøkkenet var for mange det einaste rommet dei hugsa frå bestemor sitt vesle hus, og som dei framleis kjende igjen i sine eigne store hus:

Bestemor hadde stort kjøkken og ei lita stue. Eg synst bestandig det var så koseleg. Me samla oss alltid der, sat og prata rundt kjøkkenbordet. Eg har alltid tenkt at sånn ville eg også ha det. Og så er det kanskje ein tendens i tida – folk seier alltid at det må vera god plass på kjøkkenet. (Jorunn)

Minnet om kjøkkenet heime sit igjen. Det er sikkert difor eg ville ha så stort kjøkken. I min barndom var me på kjøkkenet det meste av tida. Me var ein stor familie, ni søsken, og kjøkkenet var det einaste rommet i huset der me kunne samlast. Me hadde ingen andre opphaldsrom, stua vart jo brukt til soverom (Risten).



Figur 8.6 To ulike kjøkken – som begge vart opplevd som romslege.

”Me *pressa* inn kjøkkenet” sa Máhtte. ”Det skulle vera så stort som muleg, og det skulle vera eit eige rom med dør i. Kjøkkenet er *forsamlingsrommet* i huset,” fortalde han vidare og samanlikna med dei gamle husa i bygda han voks opp.

Pia og Piera hadde eit kjøkken på i overkant av ti kvadratmeter. Det var for lite, syntest Pia. Ho skulle gjerne hatt eit større kjøkken, med eit solid bord, slik det var i barndomsheimen. Men på husteikninga dei valde, var det ”liksom ikkje” eit stort kjøkken. Så det vart ei stove på 35 kvadratmeter og kjøkkenet på ti kvadratmeter. Stova vart for stor, kjøkkenet for lite, var oppsummeringa deira i ettertid. Likevel var det på kjøkkenet dei sat, ho og søstrene når dei var på vitjing. Og den vaksne dottera trekte òg ut i kjøkkenet og lukka døra når vennene kom.

Pia forklarte ynsket om eit større kjøkken med gode barndomsminne, minnet om kjøkkenet som ein felles samlingsplass for familie og gjester. Samstundes var ynsket om eit stort opphaldskjøkken eit ynske om *to* opphaldsrom, to rom å samlast på inne i huset. Fjernsynet dominerte ofte stova og gjorde samtale ”i fred” uråd.

Risten hadde eit større kjøkken med plass til matbord, samstundes som stova òg var romsleg. Også ho hadde vaksne born og såg føremonene med å ha to skilde opphaldsrom i huset, eitt for kvar generasjon.

Risten var heimeverande, og brukte mykje av dagen på kjøkkenet. ”Eg har alltid synst det har vore godt med eit stort kjøkken. Eg er eit sånt kjøkkenmenneske, eg kan sitja der store deler av dagen og kosa meg,” sa ho. For henne òg var kjøkkenet både eit opphalds- og eit arbeidsrom. ”Kjøkkenet er mitt arbeidsrom. Eg har aldri likt å sy, men strikking og brodering likar eg. Det kan eg sitja i stova med.” Elle syntest også ho arbeidde mykje på kjøkkenet, det var jo der mykje av arbeidet i eit hus gjekk føre seg. Spørsmålet om eit eige arbeidsrom var difor uinteressant.

Biret hadde ikkje fått til eit eige avdelt kjøkken. I ettertid skulle ho gjerne ha hatt det, men ho såg også at det å ha ei open planløyising kunne ha sine føremonar. Jorunn og Jovvná var veldig opptekne av å få eit stort kjøkken, og fekk endra dei opphavlege teikningane og laga eit kjøkken slik dei ynskte seg.. ”Men,” sa Jorunn, ”det gjekk ut over både soverommet og vaskerommet.”

Med tid for arbeid og tid for kvarandre

Det er viktig å kunna samlast i det daglege om arbeidet. Sunná og Sigbjørn levde eit aktivt liv med to fulle jobbar, småbarn og nytt hus. I deira travle kvardag var det viktig å kunna dela den tida dei hadde saman heime. Det kunne dei når stove, kjøkken og leikeplass for borna hadde god kontakt med kvarandre. Då kunne alle driva med sitt og likevel vera saman. Organisering av huset organiserer også livet i huset:

Me valde medvite. Me skulle ha stort kjøkken og bad. Då ga resten seg sjølv. (Sunná) Det som var aller viktigast var spisekroken i kjøkkenet (Sigbjørn). Tankegongen var at dei romma me er i til dagleg, skulle ha nær kontakt med kvarandre. Når me sit i matkroken, skal me kunna sjå både arbeidsplassen, leikeplassen til vesleguten og stova. Eigentleg har me eit stort rom i eitt, stove, kjøkken og arbeidsrom. (Sunná)

Ánne og Ánte var i ein liknande livssituasjon som Sunná og Sigbjørn. Også for dei var det viktig å ha eit hus med god kontakt mellom opphaldsromma. Dei mange arbeidsoppgåvene dei vaksne hadde heime, skulle ikkje hindra ungane i å

ha kontakt med dei. Ánne og Ánte si løysing vart eit eige kjøkken, men med god kontakt mellom stove og arbeidsavdelinga i stova.

Rommet der alt skjer

Áile, som kom frå ein reindrifsfamilie, og som framleis levde i reindriffta, teikna opp tunet ho kom frå. Mange små, låge hus låg spreidde med stor avstand på tunet. Midt på tunet låg bustadhuset, og midtpunktet der var kjøkkenet. Alt var organisert rundt dette rommet. Frå denne sentrale plassen vart arbeidsoppgåver fordelte og styrde, her samlast ein i kvardag og helg, her møtte ein familien og framande. Men å ta mønster frå dette i dag, går ikkje, sa Áile. Hus i dag er så mykje større, krava er større – alt er annleis.

Men Áile og familien hennar bygde eit hus der kjøkkenet var eit av dei største romma i huset, 31 m², eit rom med plass for arbeid og kvile, men òg for eit visst innslag av pynt og representativitet. Her var plass til matlaging, lekselesing, syarbeid, dataspel – og her var plass for å ta i mot gjester. Her stod skitne kjerald på kjøkkenbenken og kaffikoppar på bordet, men både innreiinga og kunsten på veggene viste at dette var meir enn eit praktisk arbeidsrom. Áile understreka, gjennom det ho sa, at for ho var det viktig å ha orden, kjenna igjen og finna fram til det ho trong i det daglege arbeidet. Utan å ha orden og oversyn, kunne ho ikkje nå å gjera alt arbeidet ho skulle. Bustaden var først og fremst ein viktig arbeidsplass for henne, og arbeid fylte dagane hennar:

Huset er ikkje viktig på den måten at eg skal pynta og ordna i det. Men for meg er arbeidet ein viktig del av livet. Eg har ingen grenser i livet mitt, eg veit ikkje når arbeidet sluttar og livet byrjar.... eg har ikkje vanleg fritid. Det betyr mykje for meg at eg kan gjera arbeidet på ein praktisk måte. Hadde eg ikkje hatt alt rundt meg her på kjøkkenet, og hatt oversikt, kunne eg ikkje ha gjort arbeidet mitt, eg hadde ikkje nådd å gjera alt. (Áile)

Sjølvsagt var bustaden meir enn ein arbeidsplass for Áile, men det var likevel det praktiske som avgjorde valet av bustaden, spørsmålet om korleis dei skulle kunna organisera ein travel arbeidsdag i ein stor familie. Løysinga fann ho i eit kjent mønster, det romslege opphaldskjøkkenet kjent frå eigen barndom.

8.2.2 Stove med plass for pynt og pc

Stova framstod som det mest pynta rommet i huset, i konkurranse med opphaldskjøkkenet. Stova var, med eitt unntak, det største rommet i huset. Materialbruken i stova, saman med dei andre fellesromma; kjøkkenet og gangen, var gjerne av ein høgare kvalitet enn elles i huset. Medan det på soveromma vart brukt måla eller tapetserte plater på veggene og vinylbelegg på golva, vart det i opphaldsromma brukt trepanel på veggene og laminat på golva. Møblar, veggdekorasjonar, lys og anna laust innbu var likevel det som i første rekkje markerte stova som eit viktig rom i huset.

Lun og lys stove

”Herregud, at de ville ha så mykje trepanel,” sa folk til oss. ”Det ser jo ut som ei hytte!” – Men eg synst ikkje det, eg synst stova er lys og lun (Kåren).

Kåren var ikkje åleine om å ynska seg ei "lys" og "lun" stove. Fleire av informantane understreka akkurat dette, og fleire av dei hadde også fått sett inn ekstra vindaug for å oppnå eit slik lyst rom. Kataloghusa var i utgangspunktet planlagde med tilstrekkeleg lysflate i alle rom, for stova gjerne langt over kravet som Husbanken sette⁷⁷. Ekstra vindaug var difor ikkje naudsynt for å få nok lys inn, men slike vindaug kunne gje lys og utsikt frå fleire retningar. Biret fekk sett inn ekstra vindaug i stova, men oppsummerte erfaringane slik i ettertid: "Det blir så vanskeleg å møblera." Også Risten angra, særleg med tanke på dei store utlegga som måtte til kvar gong ho skulle ha nye gardiner. "Det går så mange meter stoff til at uansett kor billige dei er for meteren, blir det dyrt," klaga ho.

Ei "lun" stove var ei stove med mykje trepanel. Men balansegangen mellom "lun" og "hyttestil" var hårfin, og det var heller ikkje semje mellom informantane om kor grensa mellom desse to innreiingsstilane gjekk.

Stova var først og fremst eit opphaldsrom, eit rom familiemedlemene slappa av og ein plass der dei tok mot gjester. Fjernsynet var vanlegvis plassert her, dersom det ikkje var eiga loftsstove for dette føremålet.

Synlege arbeidsoppgåver

Symaskinen var flytt ut frå stova, skallesaumen førte altfor mykje rot med seg til å gå føre seg på kjøkkenet. Men nokre arbeidsoppgåver var framleis eigna til å gjerast i stova. Det var det nye, "reine" arbeidet, skrivearbeid og anna arbeid ved datamaskinen.

Ánne og Ánte innreia arbeidskrok i stova. Dei slo saman eit soverom og stova for å få plass til det: "Me trudde stova vart for lita, dessutan tenkte me at det kunne vera fint å arbeida og ha kontakt med borna samtidig." Men det fungerte ikkje heilt bra, det var vanskeleg å ha det ryddig nok. Stundom kunne det ha vore greitt med ei dør som kunne lukkast.

Máret og Mihkkal plasserte også datamaskinen i stova. For dei var det eit viktig argument å sjå sonen av og til – det var jo han som oftast brukte pc-en – men det var foreldra som betalte utgiftene til bruk av Internett. Å ha datamaskinen i stova var såleis ein måte å ha kontroll med delar av pengebruken til den unge generasjonen.

⁷⁷ Husbanken sette krav til lystilhøve i bustaden. Normen var at alle opphaldsrom skulle ha vindaug til det fri, der lysflata utgjorde minst 10% av måleverdig golvflate. I dette kravet bygde Husbanken på krava i rettleiaren til byggeforskriftene "REN", §8-35, Lys. (HB.7.B.1.3., punkt 4.2)



Figur 8.7 *Den nye og synlege arbeidsplassen i stova.*

Denne nye arbeidsplassen var eit ryddig bord med datamaskin. Til venstre minne om ein tidlegare arbeidsplass, det gamle sybordet der symaskinen nå var blitt eit dekorativt element.

Biret prøvde òg å ha arbeidsplass i stova. Arbeidsloftet hennar vart ikkje innreidd samstundes med resten av bustaden. Dei første åra måtte ho ha symaskinen i stova. Ho laga seg ein arbeidskrok der, ein plass ho prøvde å skilja mest muleg frå opphaldsrommet ved hjelp av hyller. Men det var ikkje bra, fortalde ho, det vart for mykje rydding. Biret innreidde så eit rom på loftet til arbeidsrom. Ho trong ein plass der ho kunne "vera i fred" både med skrivearbeid og kuftesaum. Biret hadde born i ulik alder, både tenåring og ein liten i barnehagealder. Ho syntest det vart for uroleg å ha arbeidsplassen i stova, dessutan måtte ho alltid rydda opp etter seg.

Den dekorerte stova



Figur 8.8 *Den "samiske veggen"*

Her var kart, kunsttrykk med motiv frå runebomma og ulike former for tradisjonelt handarbeid var sett saman til ein dekorasjon og ei forteljing om tilknytning.

Dekorasjonselementa i stova var henta frå både fortid og nåtid, frå eigen tradisjon og frå møbel- og utstyrs katalogane sitt rike utval. Eit trekk som gjekk igjen i alle stovene, var veggene med mange og store familiebilete. Bileta var frå store høgtider i familien, som dåp, konfirmasjon og bryllaup, eller det var portrett av borna eller eldre slektningar. Mange hadde lagt mykje innsats ned i det å finna fram til og få laga bilete av tidlegare generasjonar. Slike bilete knytte band til fortida og til sitt eige folk. Gamle bruksting eller møblar var brukte med same siktemål; dei var vakre gjenstander på same tid som dei var vakre minne:

Eg har jo nokre gamle ting i krikar og krokar her, slike ting eg har fått av far min. (Elle)

Eg har slik forkjærlighet for gamle ting. Ja, me likar begge det litt gamle, det naturlege, både utvendig og innvendig. (Ánne)

Handverk som før var daglege bruksting, som kaffiposar av reinskinn, nålehus av horn og skinn, vovne band eller fargerikt seletøy til kjørereinen, hadde i desse stovene fått ein ny funksjon, som dekor og symbol. Reproduksjonar av kjende, samiske kunstnarar, saman med kart over Sápmi var brukt på same måte, som veggpynt som symboliserte kor folk høyrde til, etnisk og politisk. Diskusjonen om bruk av innreiingselement og fargar for å markera samisk tilknytning var kjend blant mange av informantane. Dei fleste avviste det:

Eg har valt dei fargane eg synst er finast. Det har ikkje vore slik at eg har tenkt at eg for eksempel skal kjøpa gardiner i ”samiske fargar”. Når eg har kome på butikken, har det vore slik at har eg sett noko eg likte, så har eg teke det. (Márjá)

Berre ein av informantane nemnde at dei hadde gardiner i ”samiske fargar”⁷⁸, elles valde folk etter kva som var ”finast” eller ”passte best” – eller etter kva dei hadde i katalogane til Sparkjøp og Ellos.⁷⁹ Sunná og Sigbjørn, som la vekt på å bruka naturmateriale og ein rein fargeskala, hadde medvite valt enkle, naturkvite gardiner, og var nøgde med det. Mor til Sunná var ikkje like begeistra:

Mamma synst ikkje noko særleg om gardinene. Ho spurde om eg ikkje skulle stryka dei. Det er jo sånn veldig grovt stoff som skal sjå litt skrukket ut. (Sunná)

Men å følgja opp den lokale trenden vart uaktuelt, forklarte Sigbjørn:

Folk her er jo veldig spraglet av seg. Det er nesten sånn at det skal vera tørklestandard⁸⁰ på gardinene. (Sigbjørn)

Fargerik tørklestandard eller naturkvitt, grovt bomull – dei ulike synspunkta kunne tilskrivast skilnad i alder. Denne skilnaden viste seg også i andre dekorative element, og i måten å organisera desse på. Hyllene og reolane til dei eldre informantane var gjerne fylte med familiebilete, pokalar, bilete av kongelege, eit par porselensfat og nokre få bøker, der Bibelen, salmeboka, ei andaktsbok og slektsboka for Kautokeino utgjorde det vanlege utvalet.

⁷⁸ ”Samiske fargar” – omgrep som i daglegtalet vanlegvis omfattar primærfargane blått, raudt og gult, i tillegg til grønt. Fargane er brukte i ulike variantar i dei samiske kulturene. I offentlege bygg, særleg bygg som rommar nye, samiske institusjonar, var det både på 1980 og 90-talet ein sterk tendens til å bruka desse fargane i gardiner og andre innreiingstekstilar.

⁷⁹ Sparkjøp og Ellos, postordrekatalogar som sel kler, tekstilar og ulikt utstyr til heimeinnreiing.

⁸⁰ ”Tørklestandard” – omgrepet peikar tilbake på tørkleet som kvinnene brukar til kufta. Dette tørkleet er gjerne i silke, viskose eller rayon. Nokre er einsfarga, då ofte kvite eller raude, men like vanleg er det at tørklea er mønstra, gjerne i sterke kontrastfargar. Å ha mange og ulike tørkle for å variera med til kufta, synest vera viktig for mange samiske kvinner.



Figur 8.9 Den dekorative reolen frå 1970-talet.

Familiebilette, postkort, pynteting saman med ulike utgåver av Bibelen, salmebøker og slektsboka for Kautokeino fylte hyllene her.

Yngre folk hadde eit mykje større utval å ta av. Deira heimar viste også ein større variasjon i fargeval, dekorasjonar og innreiingselement. Som gardindiskusjonen synte, kunne politisk tilknytning lesast i heimen. Eit anna synleg teikn var ulike reiseminne frå framande land.

Først kjøkken og arbeidsplass – så stove

To stover i materialet mitt skilde seg ut. Dei var begge relativt små rom med plass berre for sitjegruppe, fjernsyn og hyller eller reolar.

Áile, som hadde ei stove som ikkje var ”meir enn ein Tv-krok,” nemnde knapt stova. Berre indirekte, gjennom det ho sa om tendensen ho såg rundt seg til å leggja meir og meir vekt på stova og det dette rommet symboliserte, kom synet hennar fram. Ho la mykje arbeid ned i planlegginga av tomt og hus, men i huset var det arbeidsromma; kjøkkenet, vaskerommet og inngangspartiet med lagerplass for klede, ho arbeidde mest med. Huset til Áile og familien skilde seg klart ut i materialet mitt; dei hadde gjort alvor av å byggja det store kjøkkenet og den vesle stova. Stova deira var 16 m², kjøkkenet dobbelt så stort.

Sunná og Sigbjørn hadde også bygd ei lita stove, som dei i samtalan med meg framstilte nærast som eit *restareal*, det som var att då andre, viktigare rom og funksjonar var løyste. Seinare i intervjuet modererte Sunná denne utsegna,

”Eigentleg har me eitt stort rom; stue, kjøkken og arbeidsrom.” Stova var lita, men med stor høgde under taket, var det eit luftig og ope rom. Den opne planløysinga, der stova og kjøkkenet var bundne saman med eit breitt gangareal, var med og forsterka dette. I motsetning til det som elles var vanleg, var stovearealet minimalt møblert, med få dekorasjonar og pyntegenstandar i hyllene eller på veggene. Også dette trekket førte til at den vesle stova vart opplevd som romsleg. Slik hadde dei tenkt det skulle vera, slik ville dei ha det, ikkje nakent og tomt, men lyst og ope.

8.2.3 Rommet som ikkje fanst

Det samiske kjøkkenet var altså, slik informantane mine framstilte det, både eit arbeidsrom og eit rom for sosiale aktivitetar. Men ikkje alle arbeidsoppgåver hørte heime i eit slikt fellesrom. Nokre syslar blei for plasskrevjande, nokre førte for mykje ureining med seg, og nokre oppgåver ynskte folk å vera ”i fred” med.

Grovkjøkkenet var plassen for større arbeidsoppgåver der det måtte brukast storkniv, sag eller øks, og der det var trong for stor arbeidsflate og rennande vatn. Grovkjøkkenet som eige rom fanst ikkje i nokon av bustadene i materialet mitt, men *tanken* om eit slikt rom fanst. Dette praktiske rommet fanst som eit ynske, eit ynske gammal vane hindrar folk å innpassa i huset, eit rom Husbanken ikkje ville finansiera og eit behov planleggjarane ikkje forstod.

Reindriftsarbeid i bustaden

I reindrifta har me bruk for arbeidsrom. Og då tenkjer eg både på syrom og vaskerom/grovkjøkken. Det burde vore standard i alle hus..... Husbanken var veldig forståingsfull då det galdd duodjirom, men dei andre romma forstod dei ikkje at var nødvendig. (Sára)

Det var i første rekkje folk som dreiv aktiv reindrift eller hadde nær tilknytning til drifta eller til bruk av utmarka som var opptekne av betre arbeidsrom, både til reint og skite arbeid. Store delar av arbeidsoppgåvene i reindrifta gjekk føre seg i eller nær ved bustaden. Avhengig av driftsform kunne opptil 50 prosent av arbeidet i drifta gå føre seg i og ved bustaden. Reindrift blei då definert som meir enn gjeting og stell av dyr, også papirarbeid i tilknytning til drifta, produksjon og vedlikehald av klede og driftsmidlar, stell av mat og, ikkje minst, omsorg og oppseding av borna vart rekna som ein del av drifta. Storparten av dette var kvinnene sitt ansvar, og storparten av dette var usynleg arbeid for mange, også innan reindriftnæringa (Skålnes 2000).

Mange arbeidsoppgåver som tidlegare gjekk føre seg ute, var på 1990-talet flytte inn. Ynsket om ein meir komfortabel og meir eigna arbeidsplass hadde ført til dette skiftet. Sára, som var aktiv reindriftskvinne, var oppteken av betre arbeidsrom i bustaden, og då var det ikkje nok å berre innreia eit duodji- eller syrom. Husbanken burde læra av korleis Landbruksbanken⁸¹ såg på våningshuset

⁸¹ Landbruksbanken, nå SND, gav lån til bustadhuset på landbrukseigedomar. Som maksimal arealgrense brukte dei Husbanken si arealgrense, 120 m², med eit tillegg på 12 m², dersom vaskerommet låg på hovudplanet. Arealtillegget skulle nyttast til å byggja større inngangsparti og

på ein gard. Slik våningshuset på gardsbruka vart planlagde med større inngangsparti og større vaskerom enn det som fanst i den vanlege einebustaden, slik burde òg planleggjarane sjå på bustadhuset i reindrifra.

Med blodspor i trappa

Husbanden forstod at Sára trong eige syrom, men at ho trong eit romsleg vaskerom og grovkjøkken ved inngangen, det fekk ho ikkje gjennomslag for. Sara ynskte seg ein enklare kvardag, med mindre vasking og rydding. Ho var lei av å vaska blodspor kvar gong mannen parterte reinskrottar i kjellaren:

Det skulle ha vore vaskerom og grovkjøkken med direkte inngang, plassert attmed kjøkkenet. Eit grovkjøkken burde det ha vore i alle hus for reindriftssamar. Det passar ikkje å driva med partering av heile reinskrottar og salting av kjøt på eit vanleg kjøkken. Nå bruker me kjellaren. Men når han Sámmol driv og ber kjøt ned dit, må eg vaska heile vegen etter han; yttergangen, innergangen, trappa ned til kjellaren og kjellarrommet -. Det er blodspor overalt.” (Sára)

Sára og Sámmol hadde eige vaskerom i kjellaren, men utan direkte tilkomst utanfrå. Dette trekket der berre delar av ein funksjon vart løyst, var noko som gjekk igjen i fleire hus. Det kunne til dømes vera å skaffa rom til ei spesiell oppgåve inne, som her vaskerommet, men gløyma tilkomstvegen inn og ut.

I praksis viste også mange av vaskeromma seg ueigna til fleire av arbeidsoppgåvene som skulle gjerast der. Máhtte hadde bygd vaskerom, men det var for trongt og upraktisk å arbeida med reinskrotten og fiskestampen der:

Kvar gong eg kjem heim med ein nisterein,⁸² blir eg irritert. Det er så tungvint å halda til i vaskerommet. Slik er det når me har vore på fiske og skal stella og salta fisken og gjera garna reine. Det er altfor trongt på vaskerommet. Eg treng meir plass, og eg treng ein plass eg kan spyla etterpå, ein plass der eg ikkje treng vera redd for vassøl. (Máhtte)

Då fiske, reinslakting og bærplukking ikkje berre var hobby og friluftinteresse, men ein del av det samla næringsgrunnlaget, var trongen for eit tilpassa hus til stades. Det var ikkje berre syarbeidet som var greitt å gjera innomhus. Kven ynskjer vel å stå ute i 20 til 30 minusgrader og partera rein, og kven ynskjer å reinska og pakka bømtevis med fisk ute ein kald haustdag?

Máhtte og Márjá brukte vaskerommet som grovkjøkken, men skulle gjerne ha bygt eit eige slikt rom, dersom ”Husbanden hadde tillate det.” Familien dreiv ikkje reindrif sjølve, men var av dei mange som hadde si nære fortid i reindrifra og som dermed henta slaktedyr i familien sin flokk.

Matauk frå vidde og vatn

Matstell i Kautokeino kan vera ferdigmat frå frysedisken. Men heile reinskrottar, ein stamp fisk eller bømter med molter er ein likeså viktig del av det som fyller

vaskerom, eventuelt bad. Dette regelverket vart teke bort på 1990-talet. Etter det fanst inga øvre arealgrense, men eit krav om at taksten på huset skulle vera maksimum 90 % av omsetjingsverdien på bruket. Opplysningane er gjevne av Styrvoll, SND, Tromsø.

⁸² Nisterein, samisk; niesteboazu; slakt, rein som blir slakta til eige bruk.

fryseboksane og deretter matbordet både hos reindriftsfamiliane og andre. Sunná, som ikkje henta fisken og bæra sjølv og heller ikkje slakta og tørka kjøtet, fortalde at også hos dei var fryseboksen fylt av mat frå vidda. Hausting av mat frå utmarka var ei oppgåve for storfamilien. Slik trong ikkje alle gjera det praktiske arbeidet med å henta maten inn til huset, men hadde likevel dette sterke innslaget av sjølvbergingshushald. Jorunn og Joavnná var også del av eit slikt familienettverk. Ho såg både forskjellar og likskapar mellom egne ynske om arbeidsplass i huset, og det ein reindriftsfamilie trong:

Me driv ikkje med rein. Me har ikkje de spesielle behova reindriftssamane har. Når me får en reinskrott, bruker me å grovpartera den ute, viss det ikkje er 20-30 minusgrader då. Det er berre vasking og pakking me treng å gjera inne. – Men eg skulle gjerne hatt eit eige stort vaskerom til slikt arbeide. Og eit kjølerom. (Jorunn)

Jorunn var ei ung kvinne, tidleg i 30-åra, som hadde gjort seg mange tankar om det praktiske huset. Også for henne hadde finansieringa sett grenser for kva dei kunne byggja av hus, men det hindra henne likevel ikkje i å sjå alternative løysingar. Den beste måten var ikkje alltid den tradisjonelle.

Slik det alltid har vore gjort

Laila var eldre, over 50 år. Også ho hadde partert mang ein reinskrott og vaska tarmar og laga blodmat frå ho var lita. Å stå ute i kulden med slikt arbeid, var ikkje alltid triveleg eller praktisk. Ho hadde tenkt det kunne vore annleis. Men ho hadde òg tenkt at dette var arbeid som ikkje gjekk føre seg dagleg, dette var oppgåver både ho og mannen kjende godt, og som kunne gjerast slik dei alltid hadde vore gjort:

Eg har mange gonger tenkt på det når eg står der med tarmane – det hadde vore godt med eit grovkjøkken. – Men egentleg er me ikkje vane med eit slik rom. Eg er van med å gjera opp kjøtet på kjøkkenbordet. Og grovparteringa gjer me ute. Det var jo slik at me gjorde alt på samme rommet før. Me måtte tola reinhår og sennegrass inne på kjøkkenet, og skallesaum. (Laila)

Tida skaper nye behov, men Laila ville ikkje vera med på alle krav dei unge stillte til moderne hus.

8.2.4 Fleire våtrom

Vaskerommet i 1990-talsbustadene i Sápmi hadde mange og ulike funksjonar. Det skulle gje rom for primærfunksjonen sin, for vask og stell av klede. I tillegg fungerte det som erstatning for det rommet som ikkje fanst, grovkjøkkenet. I dei fleste tilfella var ikkje rommet planlagt for alle desse ulike funksjonane. Biletet var likevel ikkje eintydig, godt planlagde vaskerom fanst, men dei var få, og dei var tilfeldig spreidde mellom husbyggjarane. Det var ikkje slik me kunne venta oss, at dei som hadde mest bruk for eit romsleg og praktisk vaskerom, hadde bygt eit slikt. Alder på husbyggjarane og innsikt i og interesse av kva som fanst på marknaden, syntest å vera utslagsgjevande for kva plass vaskerommet fekk i bustaden.

Eit generelt trekk i utvalet syntest å vera at baderommet var planlagt og utstyrt med større omtanke enn det vaskerommet var.

Vaskerommet som vaskerom

Vaskerommet i den samiske bustaden fungerte dårleg som grovkjøkken. Som rom for vask og stell av klede var det betre eigna, sjølv om informantane også der etterlyste betre løysingar.

Eit kjenneteikn for dei fleste vaskeromma, anten dei var kombinerte med bad, eller dei var eigne rom, var at dei var lite gjennomarbeidde. I dei kombinerte romma var det sett av plass til vaskemaskin og arbeidsareal rundt denne. I dei separate romma var det noko meir møblering. Men dette førte ikkje utan vidare til at rommet blei meir funksjonelt for heile prosessen med å vaska og stella klede, og det gjorde det heller ikkje eigna til anna arbeid som gjekk føre seg i dette rommet. Vaskerommet framstod som eit uferdig restareal. Motsetnaden til kjøkkenet, som var innreia ut frå grundige funksjonsstudiar, var slåande.

Biret hadde kombinert vaskerom og bad. Men med både store og små born i huset vart det for mange funksjonar der, det var ofte i bruk, og det blei for trangt. Det som måtte ut var tørkestativet for klede– og det næraste rommet å plassera dette på var stova. I ettertid såg Biret det uheldige i å kombinera alle desse funksjonane, og i tillegg ha ei open planløysing. Det var ikkje artig å sitja i sofaen og sjå direkte inn i soveromsgangen der tørkestativet stod som eit minne om plikt og arbeid. Og det var endå mindre artig at gjestene til Biret skulle kunna gjera det same, skulle kunna sjå klevasken der dei sat med kaffikoppen og tørkakjøtet i sofaen.

Vaskerommet – eit rom med ”reinare” funksjonar

Dei yngste husbyggjarane; Elle, Karen og Sunná, hadde lagt mykje omtanke ned i det å få gode vaskerom. Deira vaskerom skulle romma andre og færre arbeidsoppgåver enn det vaskerommet i den typiske arbeidsbustaden hadde. Slik kjøkkenet hadde endra karakter frå å vera rom for all slags arbeid som partering av kjøt og vasking av arbeidsklede, til å bli rom for ”reint” arbeid, slik hadde også vaskerommet endra karakter i husa til dei yngste informantane. Vaskeromma var ikkje bortgøynde kjellarrom for grovarbeid, men var nå sentralt plasserte i huset. Når desse romma var kombinerte med bad og toalett, var dei også rom for dagleg bruk for folk i huset og for gjester. Kravet om orden og ein viss grad av representativitet kom dermed til å gjelda også for vaskerommet hos desse unge husbyggjarane.

Det nye baderommet



Figur 8.10 *Det nye baderommet – godt gjennomarbeidd og lite representativt for utvalet.*

Materialet mitt frå Kautokeino viste ingen store utskjeiingar i bad og velvere-rom, men det viste ein klar og generell tendens; at romma for kroppsspleie var meir sentrale enn før. Av dei atten informantane, var det berre fem som hadde eitt baderom i hovudleiligheten i huset. Dei tretten andre hadde eit mindre toalett- og dusjrom i tillegg til det romslege badet. Det største, eller det einaste baderommet var i snitt på vel sju kvadratmeter, men med store variasjonar, frå 4,5 m² til i underkant av 14 m². Dei husa som hadde to eller fleire baderom, hadde i gjennomsnitt 11 kvadratmeter rom til kroppsspleie og vask.

Me kosta litt meir på badet nede. Me tok større vask enn det som var vist på teikninga, meir skap og dusjkabinett i staden for badekar. Me hadde lyst på litt ekstra der. (Márjá)

Her får me lys inn gjennom to vindauge, og veggfargen er lys og sommarleg. Vaskemaskin og anna "rot" skjulte me bak garderobedører. Praktisk er det også, med veggmontert toalett. Det gjer det enklare å halda reint. (Sigbjørn)

Baderomma hadde alle ein jamt bra standard, i tråd med det ferdighusfirma kunne tilby. Romma var ikkje lenger baserte på minimumsmål med det mest nødvendige av utstyr. Husbanken sitt krav til nødvendig areal for bruk av rullestol i livsløpbustadene var ei vesentleg årsak til at dette arealet vart pressa opp.

8.2.5 Arbeidsrom

Eg tenkte på den der vevstolen. Eg ville ha eit arbeidsrom der eg fekk plass til den. Og så måtte det vera utsikt i rett retning... så eg kunne sjå Bealjš.⁸³ (Rávdná)

Arbeidsromma var ikkje sentrale rom i husa, som oftast var det eit kjellar- eller loftsrom som var blitt til overs, som vart teke i bruk til dette føremålet. Ingen av dei var lokaliserte på hovudplanet. Rávdná var ein av få informantar som nemnde at arbeidsrommet hadde vore utslagsgjevande for val av hustype. Ho var også den einaste som hadde inntekt av handarbeidet sitt.

Med eitt unntak var alle arbeidsromma rom for ”kvinnearbeid.” Halvparten av kvinnene med eigne arbeidsrom i huset høyrde til familiar som dreiv aktiv reindrift. Kvinnene i reindriften såg på syarbeidet som ein viktig del av arbeidet i driften. Sjølv om arbeidet ikkje gav direkte inntekt, så sparte det familien for store utlegg. Delar av syarbeidet var dessutan basert på råvarer frå reinen; skinn av ulike typar, og var såleis ei tradisjonell utnytting av restprodukt frå reinen. Syarbeidet var kuftesaum, anna mindre syarbeid og skallesaum. Arbeidsrommet var difor eit *driftsrom*, ikkje eit hobbyrom. Også kvinnene utanom reindriften dreiv til tider klesproduksjon i stort omfang. Den lokale tradisjonen med bruk av skallar og kuffer føreset stor innsats ved symaskinen eller med skinnskrapa dersom kvinnene i huset skulle produsere klede til eigen familie. Så stor var denne innsatsen at den i periodar meir var klesproduksjon enn hobby.⁸⁴

For delar av duodjjarbeidet var det ein føremon med eige rom. Fleire informantar nemnde dei travle tidene før store høgtider som påskehelga, før bryllaup og konfirmasjonar som tider dei gjerne skulle hatt ein arbeidsplass som var ”i fred.”

Eg likar å sitja å sy der dei andre er. Eldstejenta er vandt med det, ho har aldri rota eller forstyrra meg medan eg syr. Men veslejenta, ho kan finna på å forstyrra meg. Eg har jo arbeidsrom i kjellaren, og har ofte sete der. Men det blir eit renn med roping og forstyrring. (Márjá)

Men syarbeidet ville eg ikkje gjort i kjellaren. Det er så sosialt, det vil eg sitja med på kjøkkenet. Sit eg i kjellaren og syr, ropar dei på meg heile tida. Det blir eit mas og eit renn. (Áile)

Men mykje av handarbeidet kunne gjerast der resten av familien var samla, mange føretrekte faktisk det. Samstundes var det eit poeng å halda spor etter arbeidet, ”rotet,” unna gjestene. Balansegangen mellom å vera tilgjengeleg og sosial, og å

⁸³ *Bealjš*, ein kjend fjellformasjon aust for Kautokeino. Bealjš er ei diminutivform av *beallji*, som betyr øyre på norsk.

⁸⁴ Storparten av arbeidstida på duodjirommet vart brukt til å sy kuffer eller skallar til dei ulike familiemedlemene. Den tradisjonelle samiske klesdrakten, eller kufta, var i bruk på ein heilt anna måte enn til dømes norske bunader. Rett nok var det eit fåtal som brukte kufta til dagleg, men delar av klesdrakten, slik som skallar (reinskinnsko), blei brukte av alle vinterstid. Det kufta hadde tapt av terreng som dagleg bruksplagg, såg ho ut til å ha teke att som møte- og representasjonsplagg. Som festplagg, til store høgtider og familiefestar, var kufta mykje brukt. Alle hadde ei eller fleire kuffer til bruk i slike høve. Tradisjonen med å sy kufta sjølv, eller andre delar av denne klesdrakten, var framleis levande i Kautokeino på 1990-talet.

vera i fred og kunna konsentrera seg om arbeidet var uløyst for dei fleste informantane.

8.2.6 Eigne ungdomsrom

Huset eg voks opp i, hadde ikkje kjellar. Me hadde ingen mulighet til å vera for oss sjølve. Slik me har det her, kan ungane flytta ned i kjellaren når dei blir større. Eldstejenta har allereie gjort det. Ungdommen sit gjerne der nede. Eg synst det er viktig at dei har ein uforstyrra plass, ein plass dei kan snakka i fred. Eg trur ikkje dei hadde likt å sitja her i stua med oss. Og så kan dei spela musikk og sjå TV nede. (Sára)

Utforming av huset vart til dels avgjort av omsyn til borna. Eigne soverom til borna var sjølv sagt, det som vart diskutert, var egne opphaldsrom og ungdomsavdelingar i huset. Dette valet var farga av informantane sine egne erfaringar frå ein oppvekst i tronge hus. Familiar med større born eller tenåringar var mest opptekne av å kunna skilja delar av huset ut til ungdommane. Áile, som hadde fleire tenåringar, fortalde korleis val av hus i stor grad vart gjort ut frå ungane sine behov. Sjølv ville ho gjerne ha bygt hus på eitt plan, det hadde vore det mest praktiske ut frå arbeidet hennar i reindrifta:

Det er jo så mange omsyn å ta. Hadde eg fått velja ut frå arbeidet mitt i reindrifta, hadde eg kanskje valt eit hus på eitt plan. Men så er det ungane... Med tenåringar i huset må ein ta omsyn til dei òg, dei vil jo vera for seg sjølve – og slikt areal får ein mest av når ein byggjer sokkel. (Áile)

Máret hadde same romslege haldninga til ungdommane sine behov. Dei hadde overlata heile loftsetasjen til soverom for dei halvaksne borna, og med det mist loftstova. Trappa mellom første høgda og loftet var i utgangspunktet plassert i stova. Dette hadde dei endra på, og også det av omsyn til borna. Det ville bli stor trafikk, ”reine E6-en inne i stova,” som Mihkkal uttrykte det, med ungdom opp og ned heile tida. Men dei miste eit lagerrom med denne endringa. Av omsyn til borna valde dei slik bort både Tv-stova på loftet og ei lagerbu nede. Sára og Sámmol bygde hus etter Husbanken sine reglar for livsløpstandard⁸⁵. Det vil seia at dei hadde eitt soverom i første høgda, med tilgjenge for rullestol, i tillegg til stove, kjøkken og bad. Dei andre soveromma var plasserte på loftet. Soverommet i første høgda var plassert attved stova, med inngang gjennom opphaldsarealet. I utgangspunktet hadde dei tenkt å slå saman dette rommet med stova, men etter å ha erfart kor praktisk det var med to skilde opphaldsrom, slo dei frå seg den tanken:

Med barn i huset er det veldig perfekt. Me bruker rommet som Tv-stue. Det er godt å ha eige rom til det, å kunne lukka døra så ein kan sitja i fred og prata med egne gjester. (Sára)

⁸⁵ Husbanken opererte på 1990-talet med to ulike standarder til husværet; minstestandard og livsløpstandard. Dimensjoneringsgrunnlaget for livsløpstandard var rullestolbrukarane sine minimumskrav til plass ved forflyttingar, aktivitetar og arbeidsoperasjonar. Saman med krav som minstestandarden sette til enkelte plasser og rom i og utanfor bustadhuset, utgjorde dimensjoneringsgrunnlaget Husbanken sine krav til ein *livsløpsbustad*. Dimensjoneringsgrunnlaget tok utgangspunkt i ein middels stor rullestol (HB 7.B.1.1)

Sára, Máret og Áile og familiane deira står som eksempel på den gruppa husbyggjarar med born i ulike aldrar som valde å byggja ut frå borna sine ulike behov, og disponerte arealet ut frå det.

8.2.7 Gangen – klimasone, arbeidsplass og møteplass



Figur 8.11 Inngang med plass til vinterklede og skallar.

Biletet er ikkje frå nokon av informantane, men er teke i eit samtidig hus i Kautokeino.

Inngangspartiet, møtet mellom ute og inne, er ein krevjande del av huset. Det er her dei som bur i huset, og dei som kjem på vitjing, møter huset. Og det er her

innerrommet møter uterommet. Samstundes er det ein viktig lagerplass for klede og utstyr og ein plass for av- og påkleding.

Husbanken såg først og fremst på vindfanget som eit lagerrom for klede og ei klimasone. Ut frå ein slik tankegang hadde dei rådd til minstemål for klesskåp og bruksareal i samband med det. Dette synspunktet farga naturleg nok teikningsmaterialet i dei ulike huskatalogane. Minstestandarden styrde utforminga av vindfanga, medan innergangen eller hallen gjerne var gjort romslegare. Med unntak av fire hus, hadde alle bustadene separate vindfang i tillegg til gang med garderobeplass.

Husbankstandard i møte med vinter og reindrift


Møtet med Rávdna var eit møte med vinter og klede. Ho tok mot meg i yttergangen, bad meg inn, og orsaka samstundes med at det var så rotet på gangen, - ho hadde ikkje fått ordna opp dei siste dagane, sa ho.

Vindfanget og gangen som møtte meg var ikkje eit uvanleg syn i familiar med utearbeid eller hos familiar med mange medlemmer. – Inngangen var ikkje rotet, den var overfylt. Det vesle Husbankvindfanget var ikkje planlagt for å gje plass til alt det kalde klimaet og reindriften kravde av klede og utstyr.

På golvet stod det tett i tett med vintersko, i eit hjørne låg ein hjelm, på knaggar på veggene hang ei flette med sennegras, ytterjakker og skuterdressar, ein lasso og fleire par skallar. Dette var berre ein liten del av ytterkleda, og det var klede og utstyr brukt i arbeid, til kvardags. Inne i gangen, som var romslegare og varmare, hang det meir; fine ullsjal og vottar, luer og tjukke ytterjakker. Og inne i stova hang vottar og sokkar til tørk over omnen.

Skilje mellom arbeidsplass og opphaldsplass, mellom det pynta og det uryddige var ikkje gjort, alle romma vart brukte til det som trongst i kvardagen, til lagring, tørking og stell av klede.

Arbeidsplass og lager



Figur 8.12 To "arbeidshus" med skilde hovud- og sideinngang – den siste brukt i samband med dagleg arbeid.

To tredjedelar av bustadene i utvalet mitt hadde éin inngang, dei andre hadde i tillegg inngang gjennom vaskerommet eller direkte inn i eit kjellarrom. Mange av desse sideinngangane var upraktiske og tungvint plasserte, og vart lite brukte i kvardagen. Dei låg for langt borte frå hovuddøra, utanom den naturlege trafikkretninga. Dei mangla plass til viktige funksjonar som å hengja frå seg klede og setja frå seg sko, eller det var for krevjande å brøyta vegen inn til døra eller på annan måte halda tilkomstvegen open. Áile såg på gangen som eit viktig arbeidsrom som skulle fungera i lag med andre sentrale arbeids- og lagerrom. Samstundes ville ho gjerne skilja mellom dagleg arbeidstrafikk ut og inn av huset, og gjestetrafikk:

I Kautokeino er det viktig å ha ein slik skikkeleg yttergang. Det må ein ha. Gangen er det beste rommet i heile huset. ... Den er så praktisk, den rommar mykje, og når eg ryddar, kastar eg berre alt ut på verandaen. Når me kjem frå fjellet, bruker me alltid inngangen gjennom verandaen – ja, det er berre gjestene som kjem inn hovuddøra. (Áile)

Sara og familien flytte inn i nytt hus i 1990. I utgangspunktet hadde dei tenkt å byggja eit romslegare hus enn det standard husbankreglar føresette, men oppnådde ikkje å få den lånetypen dei ynskte. Resultatet vart eit vanleg husbankhus. I ettertid såg Sara at mangt kunne ha vore endra i huset, først og fremst kjøkken og vaskerom, men også yttergangen:

Yttergangen skulle ha vore mykje større. Eigentleg skulle det ha vore eit ekstra rom for klede ved gangen, eit rom der ein kunne hengja skuterdressane og setja frå seg Yetiane⁸⁶. Og så bruker me framleis

⁸⁶ Yeti, produktamn for ein type vinterstøvel. Yetien består av ein ytterstøvel i gummi og ein laus innerstøvel eller eit fôr av kunstfiber. Yetiane er mykje brukt ved ferdsel på skuter ute på vidda, som erstatning for dei tradisjonelle skallane.

sennegras i skallane, ja, du veit korleis det ser ut etter ein då. Det skulle ha vore eit ekstra rom så ein slapp alt rotet i gangen. (Sára)

Laila og Lemet hadde dette ekstra rommet, men det var i kjellaren. Det blei for tungvint i det daglege; ”Ingen orkar å gå ned i kjellaren for å ta av seg skuterdress og vintersko til dagleg,” seier ho. Etter snart ti års erfaring med huset, var dette ein av dei få endringane ho ynskte å gjera, å få bygd ein romslegare gang.

Jorunn og Joavnná hadde også delt inngangspartiet i to, med eit lite vindfang og ein større gang eller hall som husleverandøren kallar det på planteikninga. Dei valde sjølve å dela opp dette arealet, og setja dør mellom hallen og vindfanget og hallen og stova. Dei tenkte praktisk, og ville spara varme og avgrensa rotet til inngangssona, ikkje få klede og sko inn i stova. Jorunn oppsummerer dette til å vera ei god løysing. Gangen er stor nok som den er, og fungerer fint som eit eige rom.

Med hund i huset



Figur 8.13 *Sjølvsagd tjukk pels kan det vera godt å ha eit reinskinn til å kvila på ute i snøen.*

Gjetarhunden høyrer til i reindriftsnæringa – og inne i huset. Alle informantane som dreiv med reindrift, hadde hund. Dei fleste hadde ein hund, men ein familie hadde tre gjetarhundar. Hundane sov gjerne inne, og oppheld seg innomhus i kalde periodar. Sára planla huset med tanke på at hundane også skulle ha plass der, utan at dei vart til bry for dei andre som budde i huset. Soveromma og opphaldsromma måtte plasserast i skilde soner. Ho viste til korleis foreldra sitt hus, eit tidleg 1970-talshus med alt på eit plan, var; ”Står soveromsdøra open hos mamma, er hundane snare med å lura seg inn og leggja seg i senga.”

Hunden er ein sjølvsagd familiemedlem. Eg hadde vitja Kátri fleire gonger før eg fann ut at hunden som så heimevant og sjølvsikkert tok plass under salongbordet, og som hadde eiga matskål på trappa, var ein gjest. Han høyrde heime hos ein av grannane, men kom til Kátri kvar dag og slo seg ned der. ”Han trivst så godt her, han kjem alltid hit,” var Kátri si korte forklaring på desse daglege vitjingane. Og kven ville ikkje kjent seg velkomen med eit fullt matfat og ein varm kvileplass ventande?

8.3 Det samiske huset – eit krevjande prosjekt

1990-talshuset i samiske strøk var eit tradisjonelt kataloghus innanfor Husbanken sine arealgrensar. Dette gav klare grenser for eit hus som skulle oppfylla mange og varierende krav. Den samiske bustaden var ikkje *eitt* klart prosjekt, men ulike typar hus der mange og svært varierende funksjonar skulle ha plass.

Ei vesentleg årsak til at dette prosjektet var vanskeleg, var at mange av dei funksjonane ein slik bustad skulle ha plass til, var lite konkretisert, og heller ikkje kjende i tilstrekkeleg grad blant planleggjarar og hos den viktigaste finansieringsinstitusjonen, Husbanken. Ei klar prioritering mellom desse funksjonane, og ei tilsvarande prioritering mellom eit brukshus og eit stashus var sjeldan gjort. Resultatet gav seg sjølv. Det vart kataloghus der tilpassingane skjedde gjennom bruk.

Ut frå informantane sine framstillingar av eigne hus, skilde to hovudtypar seg ut; det ”praktiske brukshuset” og det ”spesielle og personlege” huset. Desse to typane stod for kvart sitt ytterpunkt. I praksis kunne dei fleste bustadene naturleg nok plasserast i ei mellomgruppe, ei gruppe som la vekt på *både* det praktiske *og* det spesielle ved bustaden. Dei store trekka i bustaden; planløyising, romstorleik og materialbruk var i overraskande grad like i dei ulike gruppene av bustader. Det var først og fremst gjennom bruk av huset, og gjennom innreiing og andre lause gjenstander husbyggjarane markerte kor dei høyrde heime – i eit praktisk brukshus eller eit spesielt og personleg utforma hus.

For standardtomtene i dei regulerte bustadfeltene følgde det med reguleringsføresegner som la føringar for utforming og storleik på huset. Dei to tilpassa tomtetypane gav størst spelarom for val av hustype, i liten grad var det gjeve kommunale retningslinjer for dette. Variasjonane i hustypene ”praktisk” eller ”spesiell” viste liten samanheng med val av tomtetype. Variasjonane var i første rekke knytte til alder på byggherren og til næringstilknytning.


8.3.1 Eit praktisk brukshus

Me tenkte mest på at det skulle vera eit praktisk hus. Eg tenkte ikkje så nøye på at det skulle vera så fint, tenkte berre at eg skulle få mitt eige. ... Og så skulle det vera eit hus folk ikkje trong vera redd for å røra seg i. (Pia)

Dette er eit brukshus, eit praktisk hus, det var også det me ville ha.... Eg såg på planløyisinga, eg brydde meg ikkje så mykje om korleis huset såg ut utvendig. Me skulle ha eit heilt firkanta hus, for å halda utgiftene nede. Me skulle ikkje ha ark og karnapp og slikt. Ein skal ha rom for å leva òg, ikkje berre betala avdrag. (Måret)

Kravet om at huset skulle vera praktisk og gje rom for både arbeid og kvile, var det sterkast kravet frå 1990-tals husbyggjarane i utvalet mitt. Arbeidsoppgåvene huset skulle gje rom, for var mange og ulike. Det same var ynsket om rom til desse oppgåvene.

Kravet til huset som ein praktisk plass å opphalda seg på, galdt ikkje berre dei vaksne. Også borna skulle oppleve huset som ein eigna plass å vera. Máret utdjupa dette: ”Barneborna skulle kunna hoppa i sofaen utan at eg måtte kjefta heile tida.” Fleire andre av informantane uttrykte det same; at brukshus var det ”greiaste,” at det var det dei hadde teke utgangspunkt i då dei valde å byggja nytt hus.



Figur 8.14 *Frå skuterbelte til dørmatte – eksempel på praktisk gjenbruk av gamle ting*

For enkelte av informantane var den praktiske sida av huset så sjølvsgd og viktig at dei hadde vanskar med å forstå andre måtar å sjå huset på. Laila var ei av desse som la vekt på den praktiske ved huset - korleis skulle elles huset ha vore? spurde ho.

Pia, Máret og Laila står som representantar for gruppa som la vekt på å byggja ein bustad som gav rom for praktisk arbeid og hard bruk. Dei representerte fleirtalet i utvalet av informantar frå 1990-talet. Men samstundes representerte dei ei svært samansett gruppe med til dels uklåre og motstridande meldingar i syn på hus og utforming av det.

Det praktiske huset var praktisk fordi det gav rom for dei ulike funksjonane som skulle gå føre seg der. Det var praktisk fordi det kosta mindre enn eit stort, velutstyrt hus ville ha gjort, og det var praktisk fordi det var tilpassa husstanden som skulle bu der:

Eg har ikkje bygt eit familiehus, eg har bygt eit hus som passar akkurat meg. Det er einast det at det blir lite plass når ungane kjem på besøk.
Me legg liksom ikkje så stor vekt på korleis det ser ut utvendig, at det er eit varmt og praktisk hus, er det viktigaste for oss. (Niillás)

Det praktiske arbeidshuset var mest diskutert blant dei fleste av informantane mine. Den gruppa som sterkest understreka den praktiske sida ved huset, var likevel kvinnene som dreiv aktiv reindrift. Fleire av desse drog parallellar til bustadhuset på landbrukseigedommane, og stilte spørsmål kvifor regelverket som galdt for gardshus, ikkje galdt for bustadhus innan reindriften.

8.3.2 Det spesielle og personlege huset

”Eg er ikkje eit slikt standardmenneske. Eg ville ha mitt eige, eit hus eg kan trivast i.” Slik uttrykte Elle sitt utgangspunkt for val av bustad, og slik kan ho stå som representant for den gruppa husbyggjarar som la hovudvekt på det *spesielle*, det som gjorde huset til hennar personlege hus. Dei var ikkje mange, og dei var helst unge, husbyggjarane i denne gruppa.

Kva var det så som var ”spesielt”? Ofte var det små ting, små detaljar som den einskilde husbyggjaren hadde fått endra på eit standardisert kataloghus, detaljar som ikkje alltid var så enkle å leggja merke til. Ein slikt spesiell detalj var til dømes ei takform som skilde seg ut frå den store mengda av saltak, som til dømes valmtak eller halvvalm, det same galdt ark eller andre takoppbygg. Ark er ein svært kjend og tradisjonell bygningsdetalj, men tidlegare lite brukt i Kautokeino. I utvalet mitt var det berre to av informantane som hadde bygt hus med ark. Ved å velja noko som i bygningsmiljøet her var såpass uvant, kunne dei på ein enkel måte skilja seg ut som annleis og spesielle. Karnapp av ulike typar var også eigna til å markera huset som noko meir enn eit gjennomsnittleg hus – sjølv om stadig fleire brukte det. Karnapp var fint, det var spesielt, det gjorde stova lys og triveleg, men det var òg ”praktisk.” Med karnapp fekk dei romslegare kjøkken, understreka Márjá. Risten hadde bygt eit hus som både var fint og økonomisk. Det som gjorde stova og huset spesielt, var karnappet:

Eg undersøkte tilbod frå fleire husfirma og tok det finaste og billigaste...
Og så er stua litt sånn spesiell med det her karnappet. Det blir så lyst og fint. (Risten)

Andre ytre detaljar som vart tillagde vekt, var gjerne verandaen, storleik og utforming av den eller dei. Kåren nemnde både utforminga av sjølve verandaen og spesielt stolpane som bar taket over verandaen, for henne var dei ”litt spesielle” og hadde vore avgjerande for val av akkurat det huset.

Inne i huset hadde folk fleire verkemiddel dei kunne ta i bruk for å markera det spesielle og personlege preget. Materialbruk på golv og vegger, fargeval, lys, tekstilar, møblar og dekorasjonar var på ulike måtar tekne i bruk for å skapa ein eigen, særprega komposisjon. Det var slike verkemiddel som lett kunne skiftast ut og endrast, som først og fremst vart brukte for å gjera huset spesielt.

8.3.3 Både praktisk og spesiell



Figur 8.15 *Det praktiske og vakre - .Dei fargerike vottane er vakre å sjå på og lette å finna for den som treng varma frosne fingrar.*

Sjeldan er eit bustadhus utforma berre med tanke på praktisk bruk, eller, på den andre sida, berre med tanke på korleis det ser ut. Dei fleste husbyggjarane tenkjer *både* funksjon og estetikk ved planlegging av hus, slik dei fleste av informantane mine òg gjorde. ”Me skulle ha eit praktisk og økonomisk hus,” var vanlege utsegner – og så la mange til; ”men det skulle også vera litt fint.” Og fint vart det, det viste seg ved besøk i desse husa.

Det fine, det som var tilpassa byggherren og brukaren, vart lite nemnt i samtalanene med informantane, men tala sitt eige, ikkje-verbale språk i huset. Biret la vekt på å byggja eit praktisk hus, men samstundes skulle det vera eit hus ho treivst i. Og å trivast oppnådde ho gjennom arbeid med huset. Det som var triveleg, var å finna fine fargar til veggene, leggja golvplatene i eit spesielt mønster, ominnreia og sy nye gardiner ”For å trivast i kvardagen må ein nesten gjera noko ein likar,” slik oppsummerte Biret arbeidet sitt med å innreia huset.

Ánne og Ánte hadde gått gjennom ein lang planleggingsprosess. Utgangspunktet deira var eit ”spesielt hus med massevis av karnapp, veldig moderne med alle dei der utbygga og karnappa,” som Ánne uttrykte det. Undervegs endra dei syn. Dei fann ut at karnapp og utbygg berre ”fordyra huset ”og var ”ein mote som sikkert går over.” Dei valde å leggja hovudvekta på det praktiske og billige:

Me skulle ha eit heilt tradisjonelt hus, det skulle vera praktisk og billig. Me er ikkje opptekne av høg status, kanskje det er det kunstnariske me ynskjer å visa gjennom måten me bur på. (Ánne og Ánte)

Det ferdige resultatet bar preg av å vera *både* praktisk og personleg. Gamle møblar, familiebilete på veggene i vakkert komponerte grupper saman med ny og gammal duodji stilt ut i opphaldsromma viste at familien også la vekt på det estetiske, eller det Ánte kalla "kunstnarleg."

8.4 Viktige trekk ved 1990-tals bustaden

Begrepet "god boligstandard" favner vidt, men noen viktige element kan vi kanskje bli enige om: Selve boligen skal være funksjonell og tilfredsstillende grunnleggende behov som søvn, rekreasjon, matlaging og sosialt samvær, miljøet rundt boligen skal være trivelig og legge forholdene til rette for fellesskap, huset og omgivelsene skal være vakre og ha en god arkitektur, og sist, men ikke minst; de ressursene den enkelte og samfunnet bruker til dette, skal utnyttes på en effektiv og rasjonell måte. (Jørgensen og Martens 1996:4)

1990-talsbustaden i Sápmi var eit kataloghus, finansiert av Husbanken. På dette punktet skilde ikkje Kautokeino seg ut frå landet elles, rundt 90 prosent av dei frittliggjande einebustadene som vart sette opp i 1990, var kataloghus av ulik slag (Sørby 1992). Unntaksvis skjedde det at husbyggjarane i utvalet mitt sjølve teikna utkast til huset, eller kjøpte denne tenesta hos lokale fagfolk. Dei personlege tilpassingane som då vart gjorde, var likevel ikkje enkle å sjå slik med ein gong. Ferdighuset låg bak som ein sterk modell, saman med Husbanken sine reglar om arealutmåling og lånetillegg.

Det samla arealet i husa vart ikkje utvida på 1990-talet; det som synest å ha skjedd, var at areal som tidlegare var disponibelt med tanke på framtida og eigeninnsats, nå vart teke i bruk, ferdigstilt og utstyrt i byggeprosessen. I denne prosessen vart ein større del av huset ferdigstilt som opphaldsrom, medan arealet til grovarbeid og lagring vart tilsvarande redusert.

Husbanken sitt regelverk for arealutmåling var det same i heile tiåret. Dette regelverket avgjorde storleiken på bustaden, men det åleine avgjorde ikkje buareal for den enkelte personen. Bustadbygginga i studieområdet mitt, Kautokeino, var svært høgt i det meste av dette tiåret. Dette, saman med minkande familiestorleikar og ein tendens til å ferdigstillast heile huset i byggeperioden, førte til vekst i buarealet for den enkelte og dermed til meir privat areal. Dette var i tråd med den nasjonale tendensen. På midten av tiåret var gjennomsnittleg buareal pr. person i Noreg på tett opp mot 50 kvadratmeter, eit tal som plasserte oss på verdstoppen når det galdt arealbruk i bustaden, og truleg også når det galdt bruk av energi og ressursar i samband med bygging og bruk av bustaden (Svendsen 1996).

Dei fleste husa i 1990-talsmaterialet mitt, 14 av 18, var på meir enn eitt plan, bygde anten med kjellar eller loft, eller med begge desse etasjane. Med få unntak

var alt arealet ferdig bygt og innreidd ingenting var ”disponibelt” for framtidig eigeninnsats.⁸⁷ Slik vart denne bustaden eit romsleg og godt utstyrt hus.

Datamaterialet fortalde vidare at 1990-talsbustadene i Kautokeino mest utan unntak hadde ein viktig funksjon som rom for dagleg arbeid. I større grad enn det standardbustaden la til rette for, vart bustaden brukt til produksjon av mat og klede, og stell og vedlikehald av ulike slag. Huset var ein arbeidsplass, og det var først og fremst ein kvinnearbeidsplass. I tillegg var det store skilnader lokalt i dei samiske strøka. Familiar med tilknytning til reindrift, jordbruk og utmarksnæring dreiv ein større eigenproduksjon enn det til dømes ein funksjonærfamilie gjorde. Men skiljelinene mellom desse gruppene var uklare, og graden av sjølvberging og bruk av utmarksressursane var generelt stor (Skålnes 1998a, b).

I tillegg til at det samiske huset gav rom for ulike arbeidsoppgåver, synte materialet òg ein tendens til at huset fekk eit visst preg av ”representasjon.” Huset som skapande uttrykk kom meir i framgrunnen. Gjennom kreativ innsats signaliserte huset status og tilhøyrlighet på eit område det før ikkje hadde gjort.

Førestillinga om kjøkkenet som eit sentralt rom for arbeid og samvere vart sterkt framheva av mange av informantane. Det bygde resultatet, husa, synte noko anna. Husa var delt i ulike soner etter funksjon og etter brukarane. Skilje mellom arbeid og samvere, mellom unge og eldre og mellom private rom og fellesoner var innført også i det samiske huset.

8.4.1 Frå sentralrom til sonedeling

Mange forskarar har vore opptekne av huset som ein modell av samfunnet sin kosmologi, slik til dømes den norske tre-romsstova og det samiske teltet har vorte analysert av ulike forskarar (Doxtater 1990, Yates 1989). Omgrepet kosmologi tyder i denne samanhengen førestellingar om og haldningar til mennesket i høve til naturen og i høve til samfunnet. Kosmologien kjem til uttrykk i mytar og forteljingar, men er òg underforstått i moralske reglar, ritual og kvardagsliv. Som mikrokosmos speglar huset dei viktigaste tema og tankeskjema i kulturen. Mentale skilje kjem i huset til uttrykk som fysiske vegger, dører, rominndelingar og gjenstandar. Huset kan lesast som ein modell for kulturen gjennom den romlege utforminga, i dei ulike gjenstandane i huset, gjennom organisering av desse gjenstandane, og ikkje minst, i bruken av huset og gjenstandane (Gullestad 1989).

Slik organiseringa og bruken av huset kan lesast som eit bilete av kulturen, kan endringar i utforming og bruk av huset fortelja om *endringar* i buskikken og dermed endringar i kulturen.

Funksjons- og sonedeling var eit synleg trekk i 1990-tals bustaden i Sápmi. Tanken bak ei slik planlegging var å organisera huset etter bruk. Bustaden vart delt mellom mange og ulike funksjonar som opphaldsrom av ulike typar, arbeidsrom, soverom, rom for eigenpleie og diverse lagerrom. I tillegg var dei

⁸⁷ Utsegna byggjer på eigne observasjonar over ei rekkje år. Dei er i samsvar med entreprenørar som kjenner marknaden sitt syn, noko mellom anna intervju med entreprenørane syner.

felles opphaldsromma delt mellom generasjonane. Eige rom for opphald og avslapping var heller nytt. At borna i huset hadde egne opphaldsrom der dei kunne leika, spela og vera i fred med gjestene sine, var endå nyare – og i strid med retorikken om det samiske sentralrommet som ein samlingsplass for alle.

Rom og grenser

Det samiske 1990-tals huset var eit hus bygt på tradisjonen med det romslege opphaldskjøkkenet som eit sentralt utgangspunkt. Det innholdsrike fellesrommet med plass for alle, for gamle og unge, familie og framande gjester, for arbeid og kvile, og for kvardag og helg låg bak som eit mønster for dei fleste informantane. Mønsterert var klårt, henta frå gode minne. Det var det einaste trekket frå sin barndoms hus dei fann grunn til å kopiera. Og det var eit trekk dei meinte å kjenna att i sine egne, nye hus. Det var denne historia dei fleste informantane fortalde. Samstundes fortalde husa deira, gjennom den fysiske forma, ei anna historie (Bourdieu 1979b, Rapoport 1982/1990).

Planløyasing og rominndeling, møblar, utstyr og dekorasjonar fortalde om grenseliner og sonedeling, om skilje mellom funksjonar, generasjonar og tider. Bustadene frå 1990-talet var sjeldan bygde opp om *eitt* sentralt opphaldsrom. Kjøkkenet var viktigast i folk sin verbale framstilling, medan stova opptok det største arealet og ofte var eit fint utstyrt rom. Kjøkkenet hadde mist mange av dei ”skitne” arbeidsoppgåvene det før hadde hatt. Flytting av arbeidsoppgåver frå kjøkkenet til kjellaren eller vaskerommet markert fleire og nye grenseliner. Dette, saman med at kjøkkenet var eit godt utstyrt og påkosta rom, gjorde det i mange høve til eit ekstra ”representasjonsrom” på line med stova. At ein del av arbeidsoppgåvene som før hadde vorte utførte på kjøkkenet, var flytte herifrå, viste eit nytt syn på kva som hørde heime i fellesrommet og kva som hørde den private delen av huset til. Kjøkkenet var framleis ein møteplass mellom familien og gjestene. Men det tidlegare fellesskapet over ei arbeidsoppgåve var erstatta med eit sosialt fellesskap *utan* arbeid. Ei av vegvisarane mine hugsa sitt første møte med denne forma for samvere:

Me var vane med store kjøkken der det var arbeidsplass. Nokon kunne sitja og sy, ein annan ordna reiskap, medan kjøttgryta kokte. Så fekk me nye hus med store stover der me skulle ”sitja og kosa oss.” Me visste ikkje kva det var, det som var hyggeleg, var jo akkurat det å vera samla, 2, 3 - 4 stykke og arbeida i lag. Ikkje inne i stova, ein heil flokk sitjande i dei djupe sofaene - utan å gjera noko. Kva var det for noko? Og så måtte me jo ha meir møblar. Sofa og stolar, og salongbord som var så lågt og ubrukeleg, ikkje eingong hunden kunne eta under det.

”Kunne ikkje hunden eta?” spurde eg, usikker på kva ho meinte. – Nei, bordet var så lågt at me kunne ikkje plassera matskåla under det – det var for lågt for hunden til å stå og eta der - . (Vegvisar 3⁸⁸, mi omsetjing frå samisk)

⁸⁸ Vegvisar – omgrepet er forklart tidlegare, sjå punkt 5.5.2. I tillegg til gruppa med husbyggjarar frå 1990-talet, brukte eg også andre som informantar, eller for å kommentera meir avgrensa emne. Dette var folk som hadde spesiell kunnskap eller spesielle interesse for emne som hadde tilknytning til hus og husbygging. Det er desse eg kalla vegvisarar.

Dette kjøkkenet med plass for arbeidsame kvinner, kokande kjøtgryter og hundar som fekk plass til å stå ved matskåla, fanst ikkje lenger som *eitt* rom i 1990-talshusa. Det var erstatta med eit representativt opphaldskjøkken og eit vaskerom med plass for grovarbeid. Grovkjøkkenet, rommet som ikkje fanst i nokon av husa, men som mange etterlyste, var gjerne det rommet som best kunne samanliknast med det gamle, samiske kjøkkenet.

Stova og kjøkkenet fungerte slik som to opphaldsrom som gav rom for nye skiljeliner mellom brukarane. Fjernsynet var oftast plassert i stova. I familiar med fleire medlemmer i ulik alder og med ulike interesser kunne stova dermed på tider av dagen fungera som eit opphaldsrom for delar av familien. I barnetv-tida var stova først og fremst for ungane. Når sportssendingar gjekk, fungerte stova oftast som eit rom for mannen i huset, eller for interesserte ungdommar. Kjøkkenet fungerte då som eit ekstra opphaldsrom, slik det òg kunne gjera når enkelte av familiemedlemmene hadde gjester.

Hus-i-hus-systemet

Systemet med å organisera huset etter funksjonar fekk sitt store gjennombrøt i med funksjonalismen tidleg på 1900-talet. Systemet med å dela huset mellom *generasjonane*; ”hus-i-hus-systemet” oppstod i kataloghusa tidleg på 1980-talet, og oppnådde straks stor popularitet. Tanken var at med delte soner mellom born og vaksne, fekk dei vaksne fri frå ungane når dei ynskte det, på same måten som ungane kunne trekkja seg tilbake til sin eigen del av huset, og sleppa foreldra sitt oversyn heile tida (Sørby 1992).

Delar av veksten i buflate gjekk til personlege rom, til dømes til større soverom for ungane, og deler til større felles opphaldsrom. Dei nye loftsstovene syntest å representera noko midt i mellom. Dei hadde to ulike funksjonar, å vera eit gjesterom for ungdommar, eller å vera eit meir privat rom for familien, ein plass dei kunne trekkja seg tilbake til og sjå fjernsyn i fred eller ”slappa av.” Hus-i-hus-tankegangen var slik synleg i Kautokeino også, men i mindre grad enn det dei store huskatalogane viste på slutten av 1980-talet.

8.4.2 Kreativitet eller tilpassing?

Heimen har både stor bruksverdi og stor symbolverdi. Valet av hus og interiør er difor ikkje likegyldig. Informantane i utvalet mitt opplevde dette valet som viktig, stundom som spennande. Men valet var fylt av motsetnader. Det ”heilt vanlege” huset var tilsynelatande det sjølvsagde valet for dei aller fleste, men samstundes skulle det gjerne vera ”litt fint”, litt ”spesielt.” Motsetnaden mellom det nødvendige og det spesielle og kreative uttrykte ikkje berre ulike syn på estetikk, det var samstundes ein diskusjon om kva sosial gruppe folk ynskte å plassera seg i. Med utsegner som ”Eg vil ha eit heilt alminneleg hus,” underbyggjer folk, i følge Bourdieu (1979a), påstanden om at smaken er uttrykk for eit sams språk som ei gruppe menneske deler. Ved å velja det kjende og vanlege markerer folk kor dei høyrer heime. Eit slikt val knyter gruppa saman, samstundes som det – og det er like viktig – skaper grenser mot dei andre. Informanten Sunná viste gjennom sine utsegner at det å knyta seg til ei bestemt gruppe ikkje alltid er like

enkelt. På den eine sida ynskte ho å følgja sin eigen smak og skjønnte ikkje kvifor folk var så ”redde for å skilja seg ut”, på den andre sida understreka ho kor ”vanleg” deira bustad var. Delvis ironiserte ho over eigne val.

Motsetnaden mellom tradisjon og det moderne vart ofte trekt fram, men dette var mindre konfliktfylt. Informantane såg, med unntak av det samiske kjøkkenet, lite i foreldregenerasjonen sine hus å henta mønster frå.

Hus, heim og kreativ innsats

Det ”heilt vanlege” huset vart gjerne presentert som praktisk og økonomisk, som eit hus tilpassa brukarane. Informantane vurderte slik husa sine ut frå ein instrumentell smaksdom som la vekt på siktemålet med bygget, kva bygget kunne brukast til. Den estetiske dimensjonen ved husa syntest å vera mindre viktig, i alle fall i mange av informantane sin eigen presentasjon av vala dei hadde gjort. Eit unntak her var enkelte av dei unge informantane som la vekt på å presentera huset, og då særleg interiøret, som spesielt og som noko dei hadde lagt stor innsats ned i. Denne gruppa informantar stod for noko nytt, noko dei òg var klar over når dei stadig understreka at deira hus var annleis enn foreldra sine hus, at dei hadde valt medvite og lagt vekt på å skapa ”sitt eige.” Denne innsatsen kan me, slik antropologen Marianne Gullestad gjer, sjå på som eit skapande arbeid:

Det som gjør hjemmeinnredning til moderne folkekultur, er den skapende innsats som ligger i utvelgelsen og kombinasjonen av elementer. Tapeter, møbler og andre elementer settes sammen i komposisjoner som kan gi subtile budskap med mange nyanser, ettersom elementene som inngår kan være motstridende. De nye budskapene er komponert av deler som inngår i andre meningssammenhenger, og bringer med seg gammel mening til den nye meningen som bygges opp i den nye komposisjonen. Det er derfor nødvendig å innføre et analytisk skille mellom ekspressivitet på den ene siden og estetikk i snever forstand på den andre siden. (Gullestad 1989:57)

Gullestad har i fleire bøker diskutert heimeinnreieing som vår tids folkekunst. Heimeinnreieing er kvinnene sitt hovudansvar. I boka *Kitchen-table Society* (1984) diskuterer ho unge drabantbykvinner i Bergen si deltaking i hushaldet, og viser korleis heimeinnreieing og *stell* av hus har teke over for andre gjeremål i huset, både som praktisk og som symbolsk handling. Den tida og den skapande innsatsen mødre-generasjonen la ned i produksjon av mat og klede til familien, vart av dei unge kvinnene brukt til innreieingsarbeid. Parallellen til unge, samiske kvinner på 1990-talet var klar. Kuftesaum og veving av skalleband var avløyst med dekorering og innreieing av heimen. Skulle dei driva med alt, vart det ”så helsikes mykje å gjera,” som ein informant uttrykte det.

Informantane som bygde ”spesielle hus” hadde klåre ynske om å skilja seg ut, om å markera seg sjølv gjennom huset. Huset og interiøret vart med det symbol som plasserte eigaren i ei spesiell gruppe. Elle si utsegn om at ho ikkje var noko ”standardmenneske,” viste tilbake både på huset og henne sjølv. Dei var spesielle, annleis enn det grå gjennomsnittet. Å velja det spesielle, å gjera ting eller situasjonar annleis enn det daglegdagse, er ei kreativ eller estetisk handling (Dissaynake 1992). Innsatsen Elle la for dagen i plan- og byggeprosessen var ein slik kreativ innsats. Samstundes som ho viste kunnskap og innsikt i både den

moderne interiørmarknaden og sin eigen tradisjon, viste ho evne til å kombinera element frå desse områda på ein kreativ måte.

Dei romma som var, eller som husbyggjarane hadde gjort ”spesielle,” var gjerne dei romma som dei snakka mest om og synte fram. Kjøkkenet og badet, gjerne også verandaen var slike rom, medan stova blei opplevd som meir sjølvsgd. Stova var det største, best utstyrte og mest brukte rommet i huset. Likevel var dette rommet lite omtalt. Berre unntaksvis nemnde informantane stova, og då var det gjerne mindre detaljar, slike ting dei hadde endra eller som dei gjerne skulle sett annleis. Gjennom det folk sa, ville det vera nærliggjande å tolka stova som eit mindre viktig rom i huset. Men måten dei er møblerte og pynta på, sa noko anna. Ved å bruka den ikkje-verbale tolkingsmodellen (Rapoport 1982,1990), og særleg ved å tolka flyttbare og lause gjenstander i desse romma, blei stova straks eit viktig og samansett rom.

Ei årsak til at informantane snakka lite om stova, kunne vera at oppfatningane var så klåre om korleis dette rommet skulle vera. Kataloghusa hadde gjennom mange år gjeve mønster til stovene, og dette mønsteret syntest å ha festna seg. Stovene kunne vera ulike i form, men dei skulle gje plass til om lag det same i alle hus; ei sitjegruppe, gjerne med fjernsyn i samband med denne, eit stort matbord, kvilestolar, og ikkje minst vegg- og hylleplass for utstilling og oppbevaring av dekorasjonar, bilete og kanskje nokre bøker.

Saman med fine møblar var dei mange bileta på veggene, utstilling av gammalt handverk eller eigne produkt, blomar, stas, diplomar og utstoppa fuglar og dyr med å formidla ein bodskap om tilknytning både til eiga historie og til den ”moderne” verda. Slik signaliserte bustaden meining på det Rapoport (1982,1990) kallar nivå to. Bustaden fortalde om status, sosial plassering og identitet.

9 Ansvar og deltaking

Kvinnevisdom byggjer huset, men dårskap riv det ned med hendene. (Salomos ordtøke, 14.1)

Ansvar for og deltaking i arbeidet med å skaffa tomt og hus er emne for dette kapitlet. Kapitlet tek opp omfanget av deltakinga og når i plan- eller byggefasen denne eigeninnsatsen gjekk føre seg. Vidare set eg søkelyset på kven som deltok i dette arbeidet, og stiller spørsmålet om det var råd å registrera skilnader mellom kvinner og menn si deltaking. Deltaking krev kunnskap. I siste del av kapitlet drøftar eg kva denne kunnskapen måtte omfatta på 1990-talet.

9.1 Tomt, deltaking og ansvar

Arbeidet med å skaffa tomt var for mange den første konkrete innsatsen på vegen mot eige hus. Berre unntaksvis deltok tomtesøkjara i kommunale planprosessar. Den relativt store utbygginga av private bustader i Kautokeino gjennom det meste av 1990-talet førte ikkje til noka større interesse for den generelle kommunale tomtspolitikken. Mulighet for deltaking i dei kommunale planprosessane var til stades. Bustadfelta som vart bygde ut i Kautokeino i det aktuelle tidsrommet, var alle planlagde og ferdigstilte anten seint på 1980-talet eller på 1990-talet. Det var altså liten eller ingen avstand i tid mellom den kommunale planlegginga av bustadfelta og den private tomte- og bustadplanlegginga.

Berre i eitt tilfelle følgde tomtesøkjara med i reguleringsplanprosessane og påverka denne. Deltaking i offentlege planprosessar var, til tomtesøkjara sitt forsvar, ofte eit spel med lite handlingsrom. Tidlegare planprosessar, politiske vedtak og ein ofte avgrensa kommunal økonomi la føringar som i mange høve vanskeleg let seg endra. Utforminga av bustadfelta skjedde difor lite i samråd med dei som skulle bu der i framtida.

9.1.1 Standardtomt i regulerte felt

Bygging på standardtomter innanfor kommunalt tilrettelagde bustadfelt var det enklaste og mest sjølvsagde valet for dei fleste husbyggjarar i Kautokeino i 1990-åra. Ikkje på noko tidspunkt i denne tiårsperioden var kommunen utan tilbod på byggjeklare tomter. Stillte tomtesøkjaren med ei open haldning til lokalisering av tomt, var det til ei kvar tid råd å få ei byggjeklar tomt. Ravdná fortalde om ein enkel prosess med å skaffa seg tomt innanfor eit regulert bustadfelt: ”Det var dette

feltet som var klart. Og så var det ikkje så mange hus her i området. Me fekk den tomta me søkte på.” For henne var det berre å søkja, og venta på tildelingsvedtaket.

Men også innanfor regulerte strøk var tomtesøkjaren sin innsats som oftast noko meir enn det å velja ei tomt. Sjølv om det for Ravdná høyrdest ut som om denne prosessen gjekk lett, var det ikkje alle som opplevde det slik. Tomtene vart ikkje ferdigstilte og utbygde jamt over tid, men etappevis. Når eitt bustadfelt var ferdigstilt, var tilgangen på ledige tomter stor ei tid framover. Så kunne det gå to-tre, kanskje fleire år, før det neste feltet vart bygt ut. Utvalet var såleis best rett etter at eit felt var ferdigstilt, men samstundes var tilgangen på søkjarar også størst då. Tomtene innanfor eit nytt felt blei i første omgang tildelte etter loddtrekking. Var det ledige tomter etter første tildeling, blei desse tildelte ettersom søknadene kom inn. I visse tomteområde kunne etterspørselen vera stor. Kåren og Klemet søkte først innanfor eit slikt populært område, men fann fort ut at det var størst sjans for å realisera byggjeplanane på ei tomt med mindre konkurranse:

Me var noko og nummer sytti på ventelista, og forstod med ein gong at me ikkje hadde sjans. Me orka ikkje venta på det, så me bestemte oss for å sjå på andre tomter. Me gjekk til kommunen og fekk liste over ledige tomter. Så fór me rundt og såg på dei. (Kåren)

Når tomtetilgangen var rikeleg, voks forventingane til søkjarane. Å kunna velja mellom to - tre tomter kunne difor bli oppfatta som eit dårleg tilbod: ”Me måtte berre ta det me fekk. Me hadde valet mellom denne tomta og ei lenger vekk frå sentrum. Det vart for langt unna, så me tok denne,” fortalde I gá, som hadde hast med å byggja, og difor ikkje kunne venta på draumetomta.

Stundom kunne stor innsats med å skaffa seg ei tomt som var tilpassa søkjaren, likevel enda opp i ei standardtomt i det nye bustadfeltet. For Sunná og Sigbjørn var utgangspunktet det at dei ville bu i tilknytning til familien hennar. Dei arbeidde lenge for ei slik løysing, men fekk ikkje gjennomslag for tankane sine hos kommunen. Resultatet for dei vart å gløyma draumetomta og stilla seg på tomtelista då eit nytt bustadfelt vart klart.

Det vart regulert få nye tomter på privat grunn i Kautokeino på 1990-talet. Om det skjedd, var det alltid i samråd med grunneigarane. Grunnen blei heller ikkje kjøpt opp av kommunen. I praksis vart det dermed grunneigarane som stod for tildelinga av tomtene. Tomtene var altså planlagde som standard bustadtomter, i storleik og utforming – men gjennom den private eigedomsretten kunne grunneigaren styra tildelinga. Å få tilgang på slike tomter var stort sett råd berre for familiemedlemmene, men heller ikkje for dei var det alltid så enkelt:

Eg trur at då pappa såg at me meinte alvor med å byggja, så ville han nok gjerne at det skulle vera i nærleiken av dei, at ikkje eg òg skulle flytta bort. Så det vart til at me fekk denne biten av han. Den er eigentleg ikkje stor. Ja, eg veit forresten ikkje, den er kanskje like stor som vanlege tomter. (Sará)

Sará og mannen, Sammol, hadde då hatt byggjeplanar ”i årevis” og hadde sett på ”alle ledige tomter i bygda og diskutert alle alternativ” utanom det å byggja på

familie-eigedomen. Men fordi dei hadde ein eigna plass å bu, hadde dei tid å venta. Dei kunne bruka tid på å skaffa seg ein buplass det etterkvart viste seg at heile familien ynskte.

Berre éin av informantane, Ingvald, dreiv eiga næring med utgangspunkt i ei standard bustadtomt. Næringa hadde etter kvart blitt arealkrevjande, med trong for stor garasje, lagerbygg og parkeringsplass. ”Du passar ikkje inn her,” sa eg spøkefullt i møte med Ingvald, ”dette er ikkje noka industriotomt.” Og Ingvald var samd. Han fortalde at dei hadde søkt tomtetillegg av offentleg grunn. Tomta grensa til eit friområde, og hadde såleis ein teoretisk sjanse til å få utvida tomta. ”Men,” sa Ingvald, ”me har snakka om å skaffa oss tomt utanfor regulert strøk. Det er vel eigentleg der me høyrer heime.” Deira innsats for å finna den rette tomte såg ut til å gå over to etappar.

9.1.2 Tilpassa i bustadfeltet



Figur 9.1 Aktiv deltaking

I arbeidet med å skaffa ei tilpassa tomt til næringa måtte Åile argumentera grundig i møte med styresmaktene. Situasjonsskissa her var ein del av denne argumentasjonen.

Tilpassa tomter innanfor regulerte strøk var for spesielle grupper av søkjarar. Å få tilgang på slike tomter eller byggeområde kravde difor særskild grunngjeving. I

tillegg måtte søkjarane oftast konkurrera med andre med same ynske om tilrettelagde tomter. Desse tomtene vart gjerne oppfatta som tomter med føremoner framfor standardtomtene. Etterspørselen etter dei var tilsvarande stor

Máhtte og søskena hans brukte lang tid på å skaffa seg ein plass å bu. Dei var aktive, og tok tidleg i planlegginga kontakt med kommunen. Slik vart dei kjende med reguleringsplanar som var under arbeid, og hadde samstundes eit visst rom for å påverka det kommunale planarbeidet. Ei av familiemedlemmene, Biret, mintest denne prosessen som både enkel og hyggeleg. Kommunen hadde forståing for akkurat deira ynske: ”Kanskje var me spesielt heldige, og søkte i rett tid – akkurat medan kommunen heldt på med planlegginga av eit nytt felt?” undrast ho. Ho opplevde at deira ynskemål vart tekne på alvor i kommunen, og innarbeidde i det endelege planframlegget. Når dei så var heldige med tomtetrekninga og fekk akkurat det byggeområdet dei ynskte seg, kunne Biret oppsummera heile prosessen slik: ”Å, det var artig å få dette området:”

Jorunn og Joavnná fortalde om heilt motsette erfaringar i møte med kommunen som planstyresmakt. Tre år med ivrig brevskrivning, oppmøte på diverse offentlege kontor og kontakt med både den administrative og politiske leiinga i kommunen gjekk med før målebrevet på tomta kunne tinglysast. Og det var tre år dei ikkje hugsa med glede:

Det var meir slit med tomta enn med huset. Kverna gjekk rundt i hovudet kvar einaste dag, kva skjer nå – kjem me vidare? Det var veldig tungt. I førstninga tenkte me, det kjem sikkert til å gå bra. Men etterkvart som tida gjekk, utan at me fekk gjennomslag for søknaden, vart me meir oppgjevne. Men me gav aldri opp – me skulle ha den tomta! (Jorunn)

Det var mest han som sleit med tomta. Det gjekk veldig inn på oss. Me kunne jo ha bygt mange år før, tenkte gong på gong at nå går det i orden – men så var det stadig noko anna. (Jorunn)

Eg følte at den kommunale bustadpolitikken ikkje var der. Kommunen bruker jo å seia at ein skal ta omsyn til dei sterke familiebanda i samiske strøk. Det stemte ikkje. (Joavnná)

Risten, som også valde å byggja i tilknytning til familien, opplevde tomteprosessen som eit ”styr.” Kommunen var ingen positiv medspelar, men heller ein instans som gjorde vegen fram mot eige hus for Risten tyngre enn ho hadde venta:

Det var mykje styr med å få frådelt tomta. Teknisk sjef var mykje i mot det, heilt til eg vart forbanna og slo i bordet. Han meinte det vart for tett, at huset kom for nært inn på nabohuset. - Eg byggjer her uansett, sa eg til han. Her har eg levd halve livet, her skal eg byggja. Ein må vera litt hard her i Kautokeino, litt egen, fann eg ut. – Men teknisk sjef hadde vel berre ein dårleg dag. (Risten)

Kravet om å ”vera litt hard” blei nemnt i ulike samanhengar i intervju, som her når det galdt å få gjennomslag for ein tomtesøknad, men også for utforming av hus og for å oppretthalda eit godt bumiljø. Det vart altså sett krav til enkeltmennesket om sjølv å ta ansvar, setja eigne grenser – og setja makt bak for å få gjennom ynska sine overfor kommunen.

9.1.3 Tomt for seg sjølve

Når den lokale tilknytninga var sterk, og det samtidig var praktisk muleg å busetja seg i heimegrenda, var dette gjerne førstevalet for tomtesøkjaren. Pia og Piera, som budde i ytterkanten av kommunesenteret, fortalde om ein slik prosess der dei starta med å vurdera tomter sentralt i bygda og fann ut at det der ville bli ”for tett.” Dei kunne ikkje ha likt seg der. Men vegen fram til bygging på heimlassen hans var lang:

Piera snakka stadig om at det hadde vore fint å byggja her (i heimegrenda). Så eg gjekk til kommunen og søkte om tomt her. Til å byrja med var det eg som ordna med søknader og papir og slikt, han berre prata. Men etterkvart vart det til at me gjorde det i lag. Eg er ikkje så flink med papir og slikt, eg er så utolmodig. Trur me brukte tre år på å få ordna med denne tomta. Men me ville bu litt avsides, ville vera i fred. (Pia)

Tre år tok det altså for Pia og Piera å få den fredelege tomta i heimegrenda hans. Dei minnest det likevel ikkje som nokon dramatisk prosess, det var berre det at alt tok så lang tid. Elle var heldigare i så måte – hennar søknad vart avgjort på eitt år. På trass av denne korte tida, såg ho på søknadsprosessen som slitsam:

Ja, huff – det var nå mykje fram og tilbake, det var ikkje så lett vint. Eg måtte jo senda søknaden på full høyring. Det tok eit år. Men foreldra mine måtte jobba i 6, eller var det 10 år, for å få tomta der dei bygde. Eg trong nå ikkje jobba så mykje. (Elle)

Storparten av den aktuelle byggegrunnen i Kautokeino var på 1990-talet statsgrunn, forvalta av Statskog SF. Berre mindre område var privat grunn. Mange av dei som hadde privat eigedom, oppfatta det gjerne slik at dei har full råderett over den⁸⁹. Mange sat med det inntrykket at plan- og bygningslova eller andre lovverk ikkje galdt for privat grunn. Niillás hadde sitt eige jordstykke på ein fredeleg plass utanfor regulerte strøk. Han opplevde det som både uforståeleg og svært urimeleg at han måtte slåst mot offentlege styresmakter for å få disponera eigen husgrunn:

Det var vanskeleg å få løyve til frådelling av tomt. Og det var på grunn av ein mann – dåverande teknisk sjef. Han var redd eg skulle forureina drikkevatnet. Til slutt kjøpte eg minireinseanlegg. Det kosta meg 30 000 kroner ekstra. (Niillás)

Praksisen frå 1990-talet⁹⁰ viste at å byggja utanfor tettbygd strøk, og utanfor regulerte område, var enklast for dei som hadde tilknytning til slike plassar. Å ha

⁸⁹ Diskusjon i kommunestyret i samband med handsaminga av arealdelen til kommuneplanen for Kautokeino kommune kan stå som døme på slike haldningar. I den diskusjonen trekte fleire av representantane fram kor urimeleg det var at offentlege styresmakter skulle kunna regulera *privat* grunn. (Eigne notatar frå nemnde møte, datert 28.10.92).

⁹⁰ I perioden frå kommunedelens arealplan for Kautokeino vart godkjend i 28.10.92 og ut året 1997, då arbeidet med rullering av arealdelen starta, vart det gjeve i overkant av 100 dispensasjonar for frådelling av tomter og bygging av bustadhus utanfor regulerte strøk. I same periode vart det bygd ut om lag 300 husvere (talet på utbygde tomter var noko lågare).. Vilkåra for å dispensera vart utnytta i så stor grad at fylkesmannen i Finnmark fann grunn til å gripa inn og be om grunngjeving frå kommunen på denne praksisen.

delar av familien sin der, eller å ha privat grunn på slike stader, vog tungt når søknaden om dispensasjon frå arealplanen skulle avgjerast. For andre med liknande tomteynske var det verre å få gjennomslag for ein slik søknad. Ein måte å vinna forståing i det offentlege systemet på kunne vera å argumentera med næring. Folk som dreiv til dømes arealkrevjande næringer eller dreiv verksemder det ikkje nødvendigvis høvde å lokalisera inne i bygda, fekk enklare løyve til bygging utanfor regulerte strøk enn det ein gjennomsnittleg søkjar fekk. Ingvald hadde ei slik tomt utanfor bustadfelta som førsteval, men såg føre seg at dette ville forseinka byggestarten deira: ”Me hadde mest lyst på ei tomt utanfor regulerte strøk. Men det hadde vel gått dagar og år før det hadde gått i orden.” Slik forklarte Ingvald kvifor dei enda opp med tomt i eit regulert bustadfelt.

9.2 Hus – planlegging og ansvar

Den eller dei som skulle byggja nytt hus, var sjølvsgde deltakarar i planprosessen. Men dei var ikkje åleine. I større grad enn når det galdt tomt, var huset eit prosjekt der mange deltok med råd og rettleiing undervegs. Rådgjevarane i denne fasen var ikkje dei tradisjonelle faggruppene, arkitektar, ingeniørar og andre konsulentar. Det var ferdighusseljarar, snikkar- eller målarvenner eller ei ”veldig praktisk” venninne. Viktig var òg råd og rettleiing i artiklar og reportasjar i ulike vekeblad eller interiørtidsskrift.

Informantane mine fortalde i liten grad om dei offentlege planstyresmaktene eller Husbanken som medhjelpar. Møte med det offentlege systemet, eller med finansieringsinstitusjonen, blei gjerne opplevd som eit møte med ein *motpart*. I klar kontrast til dette stod møtet med ferdighussleverandørane. Desse blei opplevde som hjelpsame, smidige og med stor interesse for å løysa husbyggjarane sine ynske.

Arbeidet og innsatsen gjekk i ulike fasar. Den tidlege fasen med interiørblad og huskatalogar var den dei fleste opplevde som hyggelegast. Etterkvart som draumane blei realiserte, og – ikkje minst, minimaliserte i løpet av planfasen, blei deltakinga meir opplevd som ei plikt og eit slit.

9.2.1 Å planleggja sitt eige hus

Med to unntak bygde alle informantane mine kataloghus. Tilsynelatande gjev kataloghusa stort rom for påverknad. I praksis viste det seg ofte at større endringar var vanskelege å få til. Vanlege tekniske krav og krav frå Husbanken avgrensa sterkt den private husbyggjaren sitt handlingsrom. Dei fleste husbyggjarane sat likevel med ei sterk kjensle av at dei hadde planlagt sitt eige hus. Berre sjeldan valde informantane hus direkte frå ein katalog, i dei aller fleste tilfella gjorde dei ulike former for endringar på teikningane.⁹¹ Det kunne vera snakk om ”eit karnapp her og eit karnapp der,” ekstra vindauge, ark, endring av romstorleik eller flytting av dører. Endringane var gjorde dels med sikte på å få det informantane

⁹¹ Opplysningar gjevne i samtale 18.05.01 med salskonsulenten hos firmaet Mathiesen & Co., trelast- og byggefirma i Alta.

opplevde som eit meir praktisk hus, dels for å få større opphaldsrom og meir ”spesiell” fasadeutforming.



Figur 9.2 *Hus tilpassa kunden.*

Sokkelen var her ikkje med på typeteikninga, men vart lagt til etter ynske frå kunden.

Endringane kunne i sjeldne tilfelle vera omfattande. Det vanlege var likevel at dei forandringane som vart gjorde i planfasen, var minimale. Små endringar var slike som kunne gjerast utan at det skapte vanskar for husleverandøren. Men også desse små endringane blei ofte oppfatta som vesentlege av byggherrane.

Rávdná, som dei fleste andre informantane, la mest vekt på dei endringane ho hadde gjort, særleg i planfasen. Med stor styrke hevdar ho at ”standardhus passar ikkje for meg”. Slike hus var greie som eit utgangspunkt, men måtte endrast og tilpassast den enkelte husbyggjaren. Rávdná, som dei fleste andre som bygde nytt hus, ville ha ”sitt eige”, eit hus dei kunne vera med på å utforma sjølv.

Denne plan- og skisseringsfasen var altså ein viktig fase i byggeprosessen. Samtidig var det ein hyggeleg fase. Arbeidet blei gjort med lyst og overskot. ”Det er jo artig å planleggja alt frå grunnen av, ” slik framstilte Sunná den tidlege planfasen.

Andre opplevde at planleggingsfasen kunne bli slitsam, det vart for mange katalogar å sjå gjennom, for mange avgjerdsler å ta på eiga hand:

Me såg på masse teikningar, altfor masse. Ein blir jo tullat til slutt, blir lei. Til slutt vel ein berre ei teikning for å bli ferdig. (Laila).

Ein måte å minska dette slitet på, var å ta raske avgjerdsler og ikkje leggja for mykje tankearbeid ned i planlegginga. Men også det straffa seg. Tida og innsatsen folk sparte ved å bestemma seg fort i planfasen, angra dei gjerne på seinare. ” Eg skulle ha tenkt litt nøyare over kva eg trong før eg starta å byggja, ” slik oppsummerte Rávdná den raske planprosessen deira.

Den artige planlegginga

Å planleggja hus som ung syntest artigare enn å gjera det som godt vaksen. Mulighetene syntest å vera fleire, grensene vidare, og kunnskapen om kva som let seg gjennomføra, var ofte større hos den unge husbyggjaren enn hos henne som bygde hus for alderdommen. Men planprosessen var likevel ikkje *berre* artig, den var også omfattande og alvorleg. Byggherrane tok ikkje lettvent på arbeidet, men la stor innsats og engasjement ned i det å skaffa seg eige hus. Sunná og Sigbjørn såg tilbake på store haugar med huskatalogar:

Me såg gjennom DEN bunken av huskatalogar. Eigentleg var det mest for å få idear. Me kikka etter låge hus, i ein etasje. Men i huskatalogane var det mest høge hus, i to etasjar. Me fann nokre låge, og så henta me litt her og litt der, og sydde saman eit forslag til eit lågt hus. (Sunná)

Rávdná, Márjá og Máhtte nøydde seg ikkje med berre huskatalogar. Dei oppsøkte hus dei likte, og fekk såleis sjå korleis draumehuset såg ut i full målestokk. Men det dei såg, heldt ikkje mål, det måtte tilpassast deira spesielle situasjon:

Me hadde sett eit hus dette firmaet hadde sett opp i Alta, som me likte. Me drog og såg på det. Men dette huset er endra noko i høve til det me såg i Alta. Huset i Alta hadde ikkje karnapp. Me skulle ha karnapp, det er så fint. (Márjá og Máhtte)

Eg planla huset etter mitt eige hovud. I den tida, då eg starta med å tenkja på husbygging, var eg veldig mykje rundt og såg hos folk som nett hadde bygt – såg på korleis eg ville ha det, og ikkje ville ha det. Men huset er kataloghus som eg har forandra innvendig sjølv.” (Rávdná)

Kåren sa det som det var; ho hadde plukka fritt frå ulike teikningar og sett saman eit hus som passa sin familie. Ho var heller ikkje redd for å innrømme at det var akkurat dette ho hadde gjort; forsynt seg etter eige ynske frå dei ulike katalogane:

Me har stole det! Me såg i mange katalogar, og plukka litt her og litt der. Så gjekk me til entreprenøren og fekk han til å teikna det opp. Men eg var frykteleg ubestemt på den tida, og forandra heile tida. Til slutt sa entreprenøren: ”Nei, endrar du enda ein gong, får du dra til ein annan!” (Kåren)

Datamaskin og teikneprogram har gjort entreprenøren til arkitekt. Både entreprenøren som dreiv i liten målestokk og leverte materiale og snikkarhjelp for den lokale marknaden, og det store firmaet med eigen huskatalog tok på seg teikneoppdrag for folk på bustadjakt. Entreprenøren kunne *byggja* hus, difor var han òg den best eigna til å *teikna* hus. Han visste kva folk ville ha, han visste å byggja det, og vart difor spurd til råds med planarbeidet:

Det var vanskeleg å finna akkurat det me ville ha. Og husbankreglane sette jo sterke begrensingar. Til slutt sa gubben, ”Nei, sørgelig, dette må me kunna bestemma sjølve.” – Me bestemte oss for å ta privat lån, for å komma unna husbankreglane. Neste steg var å ta kontakt med eit husfirma i Alta. Me spurde dei om råd. (Haldis)

Entreprenørfirma, husleverandørar og snikkarar blei valde ut frå kjennskap og rykte dei hadde lokalt. Haldis og mannen valde eit Altafirma, eit firma som hadde

sett opp ei rekkje hus i Kautokeino, også hus Haldis og Heaika kjende til. Samarbeidet med ferdighusfirmaet gjekk greitt, ”dei kom, lytta på oss og teikna etter våre tilvisingar,” fortalde Haldis.

Fagfolk og flinke venner

Kompetansen kunne vera å finna hjå venner som var fagkunnige innanfor bygningsfaget, eller venninner som var ”veldige praktiske.” Haldis fortalde om korleis dei måla soveromma og gangen, og la inn ei mønsterbord ved overgangen mellom tak og veggene for å redusera inntrykket av stor takhøgde. ”Det var ein venn av oss som er målar, som anbefalte oss å gjera dette,” forklarte ho. Sárá var usikker på kva ho trong av kjøkkeninnreiing, og korleis skap og arbeidsplater skulle plasserast. I slike stunder var det godt med praktiske venninner:

Eg fekk ei venninne av meg, ei som er veldig praktisk, til å gå gjennom teikninga og sjå etter kva som mangla eller burde endrast. (Sárá)

Sárá opplevde å få eit hus som ikkje passte på tomta. ”Hadde me fått rådgeving, hadde me valt eit anna hus,” fortalde ho i ettertid. Husseljaren si rettleiing var ho skeptisk til, ”dei er ikkje upartiske rådgjevarar, dei snakkar deg for mykje etter munnen.” Og kommunen si rettleiingsteneste var mangelfull, eller heilt fråverande – ho opplevde det som vanskeleg å gå på teknisk kontor og spørja om råd:

Det har nå aldri kome noko tilbod om hjelp frå kommunen. Dei kunne i det minste laga ei lita brosjyre som forklarte enkle ting – som for eksempel plassering av hus på tomta og slikt. (Sárá og Sammol)

Risten hadde allergiske born og tok kontakt med allergiforbundet før bygging. Dei kom med praktisk rettleiing og rådde blant anna til å bruka vegger av gipsplater, takhøge skåp og ein del andre tilpassingar. Risten sette pris på slike råd, og bygde etter dei. Det var slike *konkrete* råd husbyggjarane etterlyste, ikkje ålmenne synspunkt på hus og buform.

Som finansieringsinstans hadde Husbanken kontakt med dei aller fleste av informantane. Lån vart innvilga på grunnlag av mellom anna godkjende teikningar. Katalogteikningane var stort sett godkjende på førehand av Husbanken. Husbanken oppmoda også husbyggjarane til å ta kontakt med dei på eit tidleg tidspunkt. Dei var både villige til og hadde kompetanse til å yta rettleiing. Men interessa for denne rettleiinga var ikkje stor. Husbyggjarane såg på Husbanken først og fremst som eit kontrollorgan, ikkje som ein plass å få hjelp frå. Husbanken opplevde i svært liten grad å få spørsmål om hjelp til val av planløysing og hustype.⁹²

Niillás syntest rettleiinga frå kommunen var for mykje konsentrert om lovverk, forskrifter og korrekt utfylling av søknadsskjema. Eit hus er noko anna og meir enn summen av desse tinga:

Det skulle vore ein instans som hjelpte folk, opplyste dei om korleis hus kunne lagast. Folk treng hjelp til andre ting enn søknadsskjema og tekniske ting. (Niillás)

⁹² Opplysninga byggjer på opplysningar gjevne i samtalar med arkitektane Ivar Hvattum og Lene Edvardsen ved Husbanken sitt kontor i Hammerfest.

Husbyggjaren treng gjerne hjelp til andre ting enn det å fylla ut søknadsskjema og rekna ut spennvidde og dimensjonar på berekonstruksjonane. Men kva desse ”andre tinga” dreier seg om, er ikkje alltid så enkelt å uttrykkja. Når spørsmålet ikkje vert stilt, blir svaret vanskeleg å gje.

Den einsame planprosessen

Ein føresetnad for å be om hjelp er å vita kva ein skal spørja om – og når ein bør spørja. Risten hugsa godt planprosessen. Ho var åleine med arbeidet, åleine med spørsmål ho ikkje fekk svar på – og spørsmål ho ikkje greidde stilla:

Men det var tungt. Eg var heilt åleine om det, hadde ingen å diskutera med. Og så var det så mykje eg ikkje visste. Og ingen fortalde meg det. Hadde eg bygd i dag, hadde eg gjort det annleis. – Det er ikkje alt ein forstår eller kan tenkja seg til. (Risten)

Det var ei utbreidd kjensle av maktesløyse, av å gje seg inn på eit område ein ikkje har tilstrekkeleg kunnskap og erfaring til å hanskast med:

Det er jo eit omfattande arbeid. Og så hadde me inga erfaring med husbygging. Alle gjer jo dette berre ein gong i livet. Ein veit eigentleg ikkje kva ein gjev seg ut på når ein startar med planlegginga. Me tenkte aldri på at det gjekk an å få forandra ting i huset, flytta vegger og slikt. (Sará)

Å finna ut i ettertid at ting kunne ha vore endra, at deleveggen ikkje var ein berevegg likevel, og dermed kunne ha vore flytt, eller at bjelkelaget hadde tolt ei større spennvidde, kunne opplevast som bittert. Åile gjorde ei slik erfaring. Mykje plass gjekk bort i sokkelen på huset deira i det ho trudde var ein naudsynt delevegg i betong. Etter at huset var ferdig fann ho ut at veggen kunne ha vore bygd på ein enklare måte, og såleis kunne ha teke mindre plass. Men ”ingen fortalde” henne det før huset var ferdig.

Den dyre arkitekten

Denne instansen som mange av husbyggjarane etterlyste, han eller ho som ”veit korleis hus kan lagast” finst, gjerne under namnet arkitekt. ”Kvifor brukte de ikkje arkitekt i planfasen?” spurde eg. ”Arkitekt er for dyrt, og for tungvint å nå,” sa Máret. Erfaringane deira frå planprosessen og byggetida viste klart at dei kunne hatt god bruk for slik hjelp. Dei spegelvende huset, flytte trappa, tok vekk ei bu og snudde huset 180 grader på tomte. Den siste endringa vart gjort etter at bygginga starta, og førte såleis til at disponeringa av tomte måtte endrast i omfattande grad. Men likevel, tanken om å kjøpa arkitekt hjelp til planlegginga var like framand for Máret som den var for Elle; ”Nei, det hugsar eg faktisk ikkje om eg tenkte på ,” svarte Elle då eg spurde om ho vurderte å bruka arkitekt hjelp.

Førestellinga om arkitekten som dyr og vanskeleg å kommunisera med var utbreidd. Arkitektane var fjerne, dei budde gjerne i Alta eller Tromsø, og forstod seg lite på kvardagen i Kautokeino, på kva funksjonar som måtte løysast i eit hus som skulle fungera som plass for opphald og kvile, i arbeid og fritid, for unge og gamle. Arkitekten fordyra gjennom si eiga løn, samstundes som ho gjorde sjølve plan- og byggeprosessen dyrare, ved å teikna hus som var tidkrevjande og

vanskelege å setja opp. Ingvald, som var snikkarkunnig og deltok i bygginga av eige hus, avviste bruk av arkitekt med denne grunngevinga:

Det høyst så dyrt ut. Ja, det er jo det, eg trur det. Og så er det så mykje ekstraarbeid. Først må ein tinga arkitekt hjelp, så må ein betala for det, få laga materialliste og deretter ordna alt med bestilling og innkjøp sjølv. (Ingvald)

Laila, som visste at eg var arkitekt, fortalde at dei tenkte på å bruka slik hjelp til planlegginga, ”men det fordyrar jo, me hadde ikkje råd til slikt.”

Finansieringsinstitusjonen med krav til planlegging

Som finansieringsinstitusjon kunne Husbanken stilla krav til planlegging av både hus og tomt. Husbanken sitt lånesystem var på 1990-talet bygt opp av to typar lån, eit basislån i tillegg til ulike typar lånetillegg og tilskot for god bustadkvalitet. Lånetillegga og tilskota var meinte som ein spore til å planleggja betre bustader og bustadområde. For å få dei ulike tillegga, stilte Husbanken krav til planmaterialet og krav til hustypen. Enkelte av lånetillegga stilte krav om at fleire husbyggjarar måtte samarbeida. Kravet til planmaterialet var så vidt omfattande at det i praksis førte til at planen måtte arbeidast ut av fagfolk.⁹³

Jo – eg brukte jo ein slags arkitekt – er det ikkje det han er? Eg og naboen brukte han for å prøva å få ekstra tilskot frå Husbanken, men det vart det ikkje noko av. Me var for få. Men han hadde ingenting med huset å gjera, det var for å planleggja uteområdet – leikeplassar og slikt. (Elle)

Ánne og Ánte brukte ein bygningsingeniør til å teikna huset – etter at dei først hadde gått gjennom ein haug med katalogar. Dei fann draumehuset i ein av katalogane, eit ”veldig moderne hus med massevis av karnapp og utbygg.” Kommunen stoppa desse planane, huset braut med planføresegnene i området. Etter dette reviderte dei planane sine. Nå var det planløyising og romstorleik som var viktigast:

Me kutta ut alt ekstra, karnapp og slikt. Det er sikkert berre noko som fordyrar, ein mote som går over. Me fann ut at me ville ha eit heilt tradisjonelt hus. Det skulle vera praktisk og billig. (Ánne)

Dette ”praktiske og billige” huset var det ingeniøren fekk i oppdrag å teikna. Samarbeidet fungerte godt, både mellom ektefellane og i møte med konsulenten. Dei fekk eit hus med ei ”sånn veldig enkel løysing.” Husbyggjarane opplevde i dette tilfelle at fagmannen forstod deira ynske. Kataloghusa hadde vist seg utilstrekkelege, medan den lokale ingeniøren på ein klårare måte såg kva dei var ute etter.

⁹³ For å gje lånetillegg og tilskot for utanomhusanlegg stilte Husbanken krav om tilleggsinformasjon. Tiltakshavarane måtte senda inn bebyggelsesplan som viste korleis tomta var disponert i høve til tilkomst, parkering, plassering av bustadhus, vegetasjon, felles uteareal og disponering av areala rundt bustadgruppa. Planen måtte omfatta minimum fem bustader. (HB 7.E.9.1 og HB 7.E.9.4).

9.3 Husbygging, deltaking og ansvar

Endring i plan- og bygningslova i 1997 stilte strengare krav enn før til dokumentasjon, eller sannsynleggjering⁹⁴ av eigen fagkunnskap for deltaking i plan- og byggeprosessen. Samtidig stilte lova krav til dokumentasjon på fagleg tilstrekkeleg utført arbeid. Desse endringane førte til ein markert nedgang i eigeninnsatsen. I samtale med meg fortalde salskonsulenten i husfirmaet Mathiesen & Co. i Alta om mindre og mindre eigeninnsats.⁹⁵ ”Det er eit tydeleg teikn. Eigeninnsatsen har gått ned.” Og han hadde ingen vanskar med å forstå kvifor, ”folk er blitt redd. Det er jo blitt strengt etterkvar.”

Deltaking i byggeprosessen kravde ein viss grad av fagkunnskap, om ikkje frå alle som deltek, så i alle fall frå den som leiar arbeidet. ”Slik kunnskap har ikkje folk her, i alle fall ikkje folk i reindrifta ” sa Sunná som sjølv hadde bakgrunn i reindrifta. Ein praktisk mann i reindrifta var ikkje nødvendigvis ein som kunne bygningsfaget.

Grunnarbeidet, det å ta ut byggegropa og mura eller støypa grunnmur, var den delen av byggeprosessen der det vart lagt ned størst eigeninnsats. Om lag to tredjepartar av informantane mine hadde gjort arbeidet med grunnmuren sjølve. Denne innsatsen var det i hovudtrekk mennene som stod for, men heller ikkje der heilt utan hjelp frå kvinnene.

Å setja opp grunnmuren sjølv, kunne bety ulike ting. Den mest omfattande varianten av dette var at mannen i huset, og det var alltid han som hadde hovudansvaret for dette, både planla, organiserte og stod ansvarleg for arbeidet med grunnmuren. Denne omfattande deltakinga var ikkje det vanlege, berre fem – seks av informantane kunne visa til så stor eigeninnsats. Ein mellomvariant var at husbyggjaren tok del i dette praktiske arbeidet, men som hjelpegut for ein med fagkunnskap på området. Dette var den vanlegaste måten å ordna det på. I miljøet lokalt i Kautokeino fanst enkelte menn med kunnskap om grunn- og betongarbeid som tok slike private oppdrag. Stundom kunne dette vera slektningar av dei som bygde, men i dei fleste tilfella var dei ikkje det. Husbyggjaren leigde då ein slik fagmann som tok ansvaret for arbeidet. Byggherren var sjølv hjelpesmann i det praktiske arbeidet.

⁹⁴ Utgangspunktet for lovendringa i 1997 var at heile byggeprosessen skulle profesjonaliserast. Uprofesjonelle tiltakshavarar skulle ha plikt til å engasjera godkjende, kvalifiserte føretak til dei ulike delane av byggeprosessen. Siktemålet med endringa var å redusera skader på bygg, i tillegg til å få ei einskapleg byggesakshandsaming.

Fordi det var eit politisk ynske om at høvet til sjølvbygging ikkje skulle bli for sterkt redusert, vart det i forskrifta for godkjenning opna for at tiltakshavar (byggherren) kunne utføra arbeid på eigen bustad- eller fritidseiendom utan å vera kvalifisert etter reglane i forskrifta. Tiltakshavar skulle synleggjera overfor kommunen korleis kontrollen av arbeidet skulle skje. Dette skulle gå fram av kontrollplan for byggeprosessen (*Veileder – Byggesøknader for småhus* (2000): Boligprodusentenes forening).

Kravet til kompetanse for tiltakshavar (byggherre) for småhus vart med det i realiteten ikkje særleg endra i denne lovendringa. Den største skilnaden var krav om dokumentasjon, kontroll og kontrollplanar.

⁹⁵ Samtale med salskonsulenten i firmaet Mathiesen & Co. i Alta den 18.05.01.

Den siste varianten av sjølvbyggjaren var han som ”ordna med maskin.” Byggherren var her ein administrator som kjøpte, eller på ulike måtar bytte til seg arbeidet med å få sett opp grunnmuren, utan å ta del i det praktiske arbeidet sjølv.

Tømrararbeidet er det mest omfattande av det praktiske arbeidet med å få sett opp eit standard trehus. Fem av informantane, alle menn, deltok i dette arbeidet. Alle desse var sjølve fagkunnige, eller dei hadde lett tilgang på slik kunnskap, frå søsken eller foreldre med praktisk bakgrunn frå byggfag.

Måling og legging av golvbelegg var dei arbeidsoppgåvene der dei fleste deltok med eigeninnsats. Ti – tolv av informantane mine hadde gjort delar av eller alt dette arbeidet sjølv. Medan grunnmuren heilt klart var eit ansvar for mannen i huset, var arbeidet med måling ofte eit kvinneansvar. Dei fleste fekk hjelp av familien til dette arbeidet. Arbeidet var i storparten av tilfella ikkje særleg omfattande. Bruk av trepanel i dei fleste opphaldsromma, saman med at ferdigmåla tak- og veggplater hadde blitt vanleg å bruka, hadde redusert på dei tradisjonelle oppgåvene for eigeninnsats. Kort byggetid og tidspress for å få huset klart til innflytting, førte likevel til at tida der husbyggjarane sjølve tok del i arbeidet, vart opplevd som slitsam og travel. Oppsummering av byggeprosessen og tida etterpå kunne tyda på det. Den første tida i nytt hus var for mange av desse flittige husbyggjarane ei tid for kvile; ” Det gjekk sikkert eit halvår før me klarte gjera noko som helst,” slik oppsummerte Jorunn den travle byggeperioden. Mange av dei andre som bygde, kunne sanna hennar ord.

9.3.1 Husbyggjar og handverkar

Tre av dei mannlege informantane mine hadde tidlegare arbeidserfaring frå snikkarfaget. Det var sjølvstøtt for desse å delta i husbygginga. I gá og mannen, Ingvald, bygde hus på midten av 1990-talet. Ingvald, som hadde fleksibel arbeidstid og dermed kunne delta mest i byggetida, fortalde:

Då eg leigde snikkar, tilsette han meg. Det vil seia, han trekte frå på den avtalte summen for kvar time eg arbeidde her. Eg snikra for 90 000 kroner; ja, far min og svigerfar hjelpte òg til. (Ingvald)

Og så grov du ut tomte og mura grunnmuren. (I gá)

I tillegg gjorde Ingvald og I gá alt målingsarbeidet og tapetserte veggene sjølv. ”Det kan ein sjå i alle hjørna,” flirte begge to. Eigeninnsatsen var uvanleg stor. Dei kunne heller ikkje ha gjort alt dette arbeidet utan ei viss form for fagkunnskap. Men det sleit: ”Me flytte inn veslejulafta – eg trur me sov heile den julehelga,” fortalde I gá, ”me var så trøytte etter alt arbeidet.”

”Eg snikra mykje sjølv, eg likar å laga ting”, fortalde Niillás, og viste til at han hadde gjort alt innreiingsarbeid i kjellaren sjølv, i tillegg til mindre arbeid i hovudetasje. Også Niillás var snikkarkyndig. For han var det sjølvstøtt å delta. Han gjorde det først og fremst ut frå fagleg interesse. Mihkal og Máret si grunngeving for å gjera eigeninnsats var økonomisk. Med avgrensa eigenkapital og ein viss grad av praktisk kunnskap låg det mykje å spara i eiga deltaking. I tillegg til å støypa grunnmuren gjorde Mihkal alt snikkararbeidet på loftet. Máret

og ungane var med og måla både innvendig og ute. Elle, som var tidleg i 30-åra, bygde hus åleine. Ho snikra ikkje, men bortsett frå det, deltok ho i stor grad både i planleggings- og byggeprosessen:

Eg hogg trea før me byrja å arbeida med huset. Og så var eg med og sette grunnmuren – nei, plata. Og så gjorde eg alt arbeidet med å plukka ut måling og belegg og kjøkkeninnreiing. Det er mykje arbeid berre det. Til slutt måla eg, lakka og sette strie. Ja, endåtil fuga eg flisene på badet. Det hadde ikkje fagarbeidaren gjort. Å, Herregud, det var mykje arbeid. Eg var trøytt eit heilt år etterpå, orka ikkje gjera noko. (Elle)

Fire av informantane var åleine om ansvaret for husbygginga. Tre av desse var kvinner. Alle opplevde det som ein krevjande prosess, ikkje først og fremst fordi det var mykje praktisk arbeid dei vart åleine om, men mest fordi dei stod åleine med å ta alle avgjerdsler. Den mannlege informanten som bygde hus åleine, var kunnig i snikkarfaget og hadde såleis lettare både for å sjå rekkevidda av dei ulike avgjerdsleane, og for å ta del i det praktiske arbeidet.

9.3.2 Dugnadsarbeid og hjelp frå slekt og grannar

Me hadde god hjelp av familien. Kvar fekk sine oppgåver – ein svoger fekk til dømes i oppgåve å måla soverommet nede, ein fekk loftsrommet - det gjekk veldig greitt. Og Mihkal bygde trappa ute, og verandaen. (Måret)

Eg fekk hjelp frå familien, slekt, venner og kjende. Men alt er ikkje berre dugnadsarbeid, eg måtte sjølvsagt betala. (Elle)

Det Elle måtte betala var fagarbeid, det vil seia at kjensfolk med fagkunnskap innan bygningsfag fekk betalt for arbeidet dei gjorde. Fagkunnskap kvalifiserte til betaling, medan vennetenester var utan innblanding av pengar.

Det er mykje dugnadsarbeid i dette huset. Grunnmuren, eller plata, støypte kompisane og syskenborna til Klemet. Me kjøpte ein kasse øl og steikte pizza til gjengen. Og så jobba Klemet og bror hans kvar kveld med elektrikkararbeid. Me hjelpte til med å strekkja leidningane. Og onkel til Klemet og syskenborna snikra, og onkel min panelte innvendig. Målingsarbeidet og flislegginga gjorde me òg sjølve. Me hadde avtalt med entreprenøren om å lukka bygget. Resten vart gjort på dugnad. Me sparte mykje pengar på det. Det veit eg når eg høyrer kva andre betaler. (Kåren)

To av svograne mine hjelpte til under byggeprosessen. Ein var med på grunnmuren, han andre hjelpte til med snikkinga. Det gjekk greitt. (Niillás)

Det var desse fire informantane og eit par andre som kunne fortelja om dugnadsinnsats. Dei andre hadde kjøpt alt arbeidet, eller teke del sjølve. Dugnadsinnsatsen syntest å vera størst i familiar med fagfolk innan bygningsbransjen, eller der husbyggjarane hadde unge, arbeidsføre foreldre. Sunná og Sigbjørn bygde hus då dei var midt i 30-åra. Sunná korkje fekk eller venta hjelp av familien sin i dette arbeidet. ”Dugnadsarbeid eksisterer ikkje her,” forklarte Sunná og lo det heile bort. Foreldra hennar var praktiske, men ikkje innan bygningsfaget. Dessutan syntest Sunná dei var for gamle til å ta del i tungt

fysisk arbeid som husbygging kan vera. Dugnadsinnsats i samband med husbygging var ingen sterk tradisjon i Kautokeino hevda ho, og viste til kor annleis det var i bygda lenger sør der mannen kom frå. Svigerfar hennar viste det i praksis. Han tok fri ei veke og kom og hjelpte til i byggeperioden. Han var på same alder som Sunná sin far, i 60-åra, og heller ikkje han var snikkarkunnig. For han var det likevel sjølv sagt å hjelpa til når sonen skulle byggja hus.

”Eg skulle ynskja eg hadde hatt systrer,” sa ein av informantane. ”Hadde eg hatt det, hadde eg fått hjelp. Gutar her er ikkje vane med å hjelpa til, særleg ikkje dei som høyrer til i reindriften, dei er ikkje oppdregne til det. Eg hugsar brørne mine då me alle budde heime. Dei gjorde aldri noko i huset.”

9.3.3 Planlegging – eit kvinneansvar?

Av informantane i utvalet mitt var kvinnene dei klart mest ivrige til å ta del i planleggingsfasen. *Alle* kvinnene deltok i dette arbeidet, medan mennene deltok på planstadiet berre i åtte av byggesakene. Mannen si deltaking var gjerne konsentrert rundt arbeidet med å skaffa ei høveleg tomt, medan kvinnene i større grad var opptekne av huset. Men kvinnene sine oppgåver var slett ikkje avgrensa til berre å gjelda huset. Mange av dei kvinnelege informantane kunne fortelja om stor innsats i å finna fram til ei høveleg tomt, om kontakt med offentlege styresmakter og med ulike husfirma.

Klemet og Kåren bygde hus då ei var i 20-åra. Klemet kunne ikkje svara på når dei flytte inn – ”du får spørja henne,” var svaret han gav meg. Ho nølte ikkje det minste, men kunne fortelja meg nøyaktig dato for når dette skjedde. Det var kanskje ho som var mest interessert då, som planla husbygginga? Klemet svarte slik; ”Ja, det var ho. Eg var viss ikkje så interessert. - Ja, det var ikkje det, eg sa nå i frå viss det var noko eg ikkje var einig i.”

Máret var van med å ta ansvaret for alt ”papirarbeid” i familien. For henne fall det difor naturleg å ta byggesaka også. Men ho fann det likevel viktig å forklara kvifor det var slik:

Det var eg som tok heile byggesaka, eg styrde heile prosessen frå starten av, og tok hand om økonomien. Eg bruker å ta ansvar for papirarbeidet i familien, synest det er viktig å halda utgiftene nede. – Men det at eg styrde byggesaka, var kanskje fordi eg har ein jobb der eg har tilgang på faks og datamaskin. Det var lettare for meg enn det ville vore for han å ha kontakt med leverandøren, Husbanken og alle andre som hadde noko med det.
(Máret)

Biret og Elle var begge i 30-åra. Dei budde begge åleine med borna, etter brotne sambuarskap. Begge hadde sambuarar då dei starta husplanlegginga. Då bygginga viste seg å bli alvor, ville ikkje sambuaren delta, fortalde Elle:

Han ville ikkje vera med på bygging og slikt. Han hadde budd heime hos foreldra til han vart saman med meg. Han var ikkje van til å ta ansvar, han gjorde ingenting i huset. Eg vart trøyt av det, og sa at faen meg – nå får du også ordna og vaska, elles er det rett ut. Men han ville ikkje, han sa han var van med at mora gjorde slikt arbeid. Men eg sa; eg er ikkje mora di. ...

Han gjekk sin veg. Det er sånn her i Kautokeino. Det er heilt sykt. Gutane bur heime til dei får sambuar. Og så trur dei at sambuaren skal vera som mor. Dei er ikkje lærte opp til å ta ansvar. (Elle)

Biret fortel ho ”var van med å klara seg sjølv.” Sambuaren var arbeidsledig då dei starta med å planleggja bygging. Dette, saman med eit vaklande forhold, gjorde at Biret valde å ta heile det administrative og økonomiske ansvaret for bygginga åleine: ”Eg sa til han, dette ordnar eg sjølv. Og det var greitt for han.”

Samarbeid i familien

Biletet av den splitta familien, og av kvinnene som måtte ta det meste av ansvaret for husbygging var ikkje eintydig. Storparten av informantane som levde i stabile parforhold, la vekt på at det var samarbeid og fordeling av arbeidsoppgåvene som hadde prega plan- og byggefasen.

”Me planla vel i lag, me bestemte begge to,” sa Laila som bygde først på 1990-talet. Ho, som fleire av dei andre som hadde bygt for ein del år sidan, hugsa byggeprosessen stort sett som noko som ”gjekk greitt” og som dei begge deltok i. Kva folk hugsa av planprosessen, var sjølvstøtt avhengig av tid. Dei som bygde tidleg på 1990-talet, var gjerne vage og uklare om kva som hadde skjedd. Dei som hadde bygd to – tre år før intervjuet fann stad, hugsa ofte svært detaljert korleis plan- og byggeprosessen hadde vore.

I gá og Ingvald flytte inn i det nye huset sitt i 1997, og dei hugsa difor byggetida godt. Også for dei var det viktig å understreka at det hadde vore to om planlegginga, at dei var samde: ”Trur me bladde begge to,” var deira oppsummering av byggeperioden. For dei fleste var det viktig å få fram akkurat dette, at det hadde vore eit felles prosjekt heile vegen, at dei ikkje ”stod og krangla på fargehandelen:”

Veldig ofte diskuterte me – og han utførte jobben etterpå. Det vil seia, me var einige om korleis me ville ha det, og så tok han neste dag kontakt med den eller dei som skulle kontaktast. På grunn av arbeidssituasjonen hans var det enklast for han å gå på offentlege kontor, eller ta telefonar på dagtid. – Eg synst me gjorde arbeidet i lag. Og me var begge nøgde etterpå. Eg trur nok me begge føler det slik at dette var noko me bestemte i lag. (Haldis)

”Me planla i lag,” sa Rávdna, og viste til at den avgjerdsla med å velja hustype var dei saman om. Seinare, då det skulle forhandlast med byggefirma, overtok mannen åleine. Grunnen til at han gjorde det, var at han kjende ein som hadde eit lite byggefirma, og som det var naturleg å spørja om hjelp til å setja opp huset. Forhandlinga med entreprenøren hadde i dette tilfellet innslag av ein kameratsleg samtale.

Dei unge kvinnene med stor interesse for og kunnskap om interiør var ikkje så redde for å innrømme at om dei ikkje akkurat bestemte åleine, så tok dei i alle fall det meste av styringa i planprosessen.

Sunná gav ei humoristisk framstilling av dette arbeidet i familien deira: ”Eg fann fram til fleire alternativ enn han, så sa eg til han: Vel eitt! Og etter at han hadde valt, sa eg: Æsj, - vil du ha det der!” - ”Det var ho som gjorde grovarbeidet,” var sambuaren sin korte kommentar til denne framstillinga.



Figur 9.3 *Kjelder til kunnskap*

Interiørsider i vekeblad og tidsskrift var ei viktig kjelde til kunnskap om hus og innreiing for dei yngste kvinnene i utvalet.

Káren, som ”skulle ha vore interiørarkitekt,” var veldig oppteken av møblar og innreiing. Ho ommøblerte ofte, både heime og borte: ”Når eg kjem til folk, sit eg og ominnreier heile huset.” Kunnskap om og idear til interiør og dekor fann ho i vekeblad og interiørtidsskrift. I planleggingsfasen ”fann” ho badet og barnerommet i eit slik blad, saman med ei rekkje andre ting. Både ho og Elle fortalde om stor innsats og engasjement i planfasen:

Eg bruker å kjøpa Hjemmet og Allers⁹⁶ og slike blad når det er interiørnummer. Då me planla huset, gjekk eg gjennom alle blada til mamma. Eg reiv ut alle interiørsidene og laga ein perm. (Káren)

Eg var jo på eit informasjonsmøte med husbanken og teknisk kontor. Og så har eg sett på andre nye hus, og i blad. Det har ikkje vore sånn at eg har kjøpt interiørblad, men eg har jo lese interiørsidene i Hjemmet og KK.⁹⁷ – Og så hadde ein jo ei korg med katalogar. Eg tok litt her og litt der. (Elle)

Sunná og Sigbjørn hadde planlagt å byggja verandaen sjølve, men det vart til at dei leigde snikkarhjelp. ”Me innsåg at talenta våre ikkje ligg i snikkar-kunnskapen,” oppsummerte Sunná dei planane med. Sigbjørn hadde tidleg i byggefasen fått erfart at han hadde avgrensa kunnskapar i byggefaget. Som mange andre, skulle dei setja opp grunnmuren sjølve. Og som det ofte brukte å vera, dette skulle skje med hjelp av ein fagkunnig arbeidsleiar. Men Sigbjørn vart ståande

⁹⁶ *Hjemmet* og *Allers* er to ulike såkalla familieblad innanfor den kulørte vekepressa. I tillegg til ulike reportasjar om kongelege og kjendisar, noveller, utdrag av romanar og lettare underhaldning, presenterer dei med ulike mellomrom temasider om hus og innreiing.

⁹⁷ KK, *Kvinner og Klær*, høyrer også inn under den kulørte vekepressa.

åleine. Hjelpesmannen hadde avslutta festen litt vel seint kvelden før, og han dukka difor ikkje opp på byggeplassen. ”Plutselig stod betongbilen der, då måtte eg berre gjera arbeidet åleine. Trasig. Den dagen kjem eg til å hugsa i heile mitt liv,” fortalde Sigbjørn, og forsikra om at han aldri skulle leiga same mannen igjen.

9.3.4 Økonomi og ansvar

Ein stor del av ansvaret for planlegging og bygging av eige hus går ut på å ta ansvaret for økonomien. Planleggingsfasen er her viktig. I denne fasen blir rammer som avgjer dei økonomiske utlegga, lagde. Ved å velja Husbanken som finansieringsinstans valde informantane klare avgrensingar også når det galdt økonomien. Både kvinnene og mennene var opptekne av å halda utgiftene nede og driva ei medviten økonomistyring. Begge partar hadde innsikt i økonomien, medan ansvaret for rekneskapen i større grad syntest å liggja hos kvinnene enn hos mennene.

Kåren og Klemet bygde eit nøkternt Husbankhus. Ettersom huset vart ferdigstilt, såg dei at dei kunne ha klart større utgifter enn dei først hadde tenkt. ”Etterkvart som me såg at me hadde råd til litt ekstra, tok me det,” fortalde Kåren og viste til kjøkkeninnreiinga. Sárá la meir vekt på å gjennomføra husbygginga utan noka form for tilleggsrekningar. Ein stram økonomi og liten eigenkapital avgjorde val av hustypen og dermed dei samla utgiftene:

Me skulle ha eit heilt firkanta hus, for å halda utgiftene nede. Me skulle ikkje ha ark og karnapp og slikt. (Máret)

Eg hadde to - tre huskatalogar framføre meg. Men dei fleste husa var altfor store. Akkurat denne typen var prismessig oppnåeleg. Og storleiken passa liksom best. - Mange gonger er det prisen som avgjer. (Niillás)

Prisen avgjorde, sa Niillás. Sárá opplevde det same. Bustaden var husbankfinansiert, men ho kunne gjerne ha tenkt seg ein større og romslegare bustad. På den tida dei starta planlegginga, var det råd å få såkalla PSV-lån⁹⁸ i Husbanken. Denne låneforma gav større areal enn det som var råd å få etter vanlege husbankreglar:

Det huset me tenkte å byggja, var mykje større enn dette. (Kjempestort, skyt mannen inn). Husbanken godtok det ikkje. Dei meinte det var altfor stort, sånn luksus. Me måtte gjera det mindre... . (Sárá og Sámmol)

Enkelte av informantane kjende entreprenørar ”litt sånn.” Kjensfolk kunne husbyggjaren ikkje gå utanom, dessutan var dei trygge på at dei ville få eit godt tilbod av ein som familien elles hadde kontakt med. Slik var det ingen grunn til å spørja om pris frå fleire enn denne eine:

Me gidda vel ikkje spørja andre. Og så kjende me han (entreprenøren) litt sånn. Og han var nå så grei, me fekk mykje ekstra. Me visste me fekk eit godt tilbod. (Kåren og Klemet)

⁹⁸ PSV-lån, lån på spesielle vilkår. Husbanken opererte med denne låneforma i tillegg til det vanlege Husbanklånet i ein periode på 1980-talet.

Så var det eit lite firma frå Troms som sette opp huset. Det var ein snikkar som mannen min kjende, han spurde berre han. (Rávdná)

Finansiering av huset kunne by på vanskar, særleg for dei som skulle betala huset på éi inntekt. Elle som bygde åleine i ung alder, prøvde å gjera seg nytte av dei ulike låne- og tilskotsordningane kommunen og Husbanken tilbaud unge husbyggjarar med stram økonomi:

Eg jobba mykje med Husbanken, prøvde å få slikt tilskot som dei tilbaud ungdom under 34 år. Men det viste seg til slutt at det berre var for folk i storbyane. Ein måtte jo byggja så smått, det skulle ikkje kosta meir enn 350 000. Og kva får ein for 350 000 – i alle fall ikkje eit hus!

Så søkte eg kommunen om etableringslån, men det fekk eg ikkje, eg hadde for stor inntekt. Det er jo berre arbeidsledige og sosialklientar som får det. Så fekk eg heller ikkje lån i Postbanken, dei sa eg hadde for lita inntekt. (Elle)

9.4 Viktige trekk ved plan- og byggeprosessen

Vegen fram mot eigen bustad kravde innsats på ulike plan og til ulike tider. I kapitlet her diskuterer eg planlegging og ulike praktiske arbeidsoppgåver. Kvinnene i Kautokeino si store interesse for og deltaking i byggeprosessen har klare parallellar til norske kvinners store interesse for hus og heim.

9.4.1 Med ansvar for bustaden

Kvinnene si aukande deltaking i prosessen med å planleggja og byggja hus i etterkrigstida hadde samanheng med deira generelt sterkare stilling i samfunnslivet. Med eiga inntekt var kvinnene frå 1960-talet og utover blitt ei kjøpesterk gruppe som kunne setja egne krav til bustaden, krav husprodusentane ikkje kunne gå utanom. Kvinnene si deltaking i prosessen med å skaffa familien eige hus fekk dermed følgjer for både formspråk og planløysing av huset og førte med det til endring og utviding av tilbodet i huskatalogane. Endring og utviding av kjøkkenet var ei av desse følgjene. Fram til om lag 1970 var kjøkkenet i kataloghusa vanlegvis svært lite. Det gav plass berre for nødvendig skap og benker i tillegg til eit lite bord med tre stolar rundt. Så vart det større, gjerne delt i to soner med ein arbeidsdel og ei avdeling med plass for matbord og stolar rundt. Opphaldskjøkkenet med mønster i det gamle bondekjøkkenet vart etterkvart standard i dei fleste kataloghusa utover på 1980-talet. Denne tendensen heldt seg også utover i det neste tiåret.

Kunsthistorikaren Hild Sørby har i boka *Klar – ferdig – hus. Norske ferdighus gjennom tidene* (Sørby 1992) diskutert ferdig- eller kataloghusa i ein arkitekturhistorisk samanheng. Ho peikar mellom anna på ferdighusa sin aukande formriksdom på 1970-80-talet, og meiner at éi av fleire årsaker til dette kunne vera å tilfredsstilla kvinna sine krav til eit "lunt" og "koseleg" hus. Kvinnene har tradisjonelt hatt einerett på å gjera heimen triveleg og hyggeleg. Ofte blir det sett

likskapsteikn mellom dekorasjon og hygge (Sørby 1992). Kunsthistorikaren Sørby er ikkje åleine om dette synspunktet:

Hjemmet som helhet er i noe større grad assosiert med kvinnen enn med mannen. For å sette det litt på spissen kan en si at en kvinne blir voksen ved å få et eget hjem, og en mann blir voksen ved å få og holde på en jobb. Hjemmet er et sted kvinner går inn i og mannen kommer ut av. Kvinnen i huset er ofte den som har mest innflytelse på hjemmets innredning, og det er som regel hun som oppholder seg mest der og dermed bruker hjemmet mest. (Gullestad 1989:53)

Slik kulturanthropologen Marianne Gullestad ser det, er hus og heim først og fremst kvinnene sitt domene. Utsegn frå informantane mine bygde opp om dette synspunktet. Kvinnene var dei som i første rekkje tok initiativ til å skaffa familien eige husvære. Ofte tok dei på seg arbeidet med å skaffa ei spesiell tomt – og framfor alt la dei mykje arbeid ned i å finna familien sitt hus blant det store utvalet katalogane baud på. Den største innsatsen kom likevel etter at huset var ferdig. Innreiing, møblering og dekorasjon av husa var oppgåver kvinnene la mykje tid og omtanke ned i.

Biletet frå Kautokeino var likevel ikkje eintydig. Blant enkelte av dei unge informantane mine var interessa for hus og innreiing noko paret hadde felles. Begge tok ivrig del i planfasen og begge la mykje arbeid ned i det å skaffa materiale, fargar og utstyr dei likte til huset. Arbeidet dei la ned i dette felles prosjektet var noko dei gjorde med tanke på det ferdige huset. Begge var opptekne av å få det triveleg rundt seg. Innsatsen i byggetida var såleis ein innsats dei ville ha att for etter at dei tok huset i bruk.

Men sjølv med samarbeid gjennom heile byggetida, var gjerne arbeidet *styrt* av kvinna. Ho hadde størst oversyn over kva som fanst av tilbod på bustadmarknaden, og ho brukte mest tid på å undersøkje alternativ og følgja med i nye trendar. Delar av mannen sin innsats vart såleis gjort etter retningsliner laga av kvinna i huset.

Sjølv om enkelte av dei unge mennene som bygde hus, også tok ivrig del i planfasen, står bilete av den aktive kvinna likevel som det sterkaste inntrykket etter møte med informantane mine. Enkelte av kvinnene reduserte sin eigen innsats i plan- og byggeprosessen, og la større vekt på å framheva mannen si deltaking gjennom utsegner som ”eg synst me var i lag om det” eller, ”me bladde vel begge to.”

Inntrykket mitt byggjer på det som kom fram gjennom intervju med dei ulike informantane. Inntrykket kan vera farga av den kjensgjerninga at kvinnene ofte var dei ivrigaste og mest detaljorienterte i desse samtalanene. Slik kunne kvinnene, gjennom si interesse for å meddela seg, framstilla seg sjølve som viktigare i byggesaka enn det dei gjerne hadde vore. Det som tala mot ei slik tolking, var dei mange framstillingane av kva kvinnene faktisk gjorde. Når kona i huset til dømes sa at ”han berre prata – så til slutt gjekk eg og søkte om tomt her,” viste ho seg handlekraftig. Det gjorde derimot ikkje mannen som var nøgd med situasjonen sjølv om han oppsummerte den med at ”det var vel ho som bladde mest.”

Begge disse situasjonane viste i tillegg òg at både to, både kvinna og mannen, var klar over eigne roller i det felles husprosjektet, sjølv om begge partar var opptekne av å *harmonisera* innsatsen. Utsegna ”Det var vel hennar arbeid,” vart gjerne frå mannen i huset følgt opp med: ”Ja, ikkje for det – eg sa nå i frå viss det var noko.”

Slik framstod begge to som nøgde med eigen og kvarandre sin innsats i plan og byggeprosessen, og med resultatet av den. Mannen si oppgåve med å ha oversyn over det praktiske byggearbeidet og ansvar for den samla prosessen, balanserte godt mot kvinna sitt arbeid med dei mange detaljane. Slik var situasjonen i dei tilfella der paret samarbeidde og fann ei arbeidsdeling dei begge syntest var rettferdig.

I boka *Klar –ferdig – hus. Norske ferdighus gjennom tidene* diskuterer Sørby (1992) medverknad og eigeninnsats i samband med planlegging og oppføring av bustadhus. Kvinnene si innflyting på og deltaking i plan- og byggeprosessen endra seg radikalt på få tiår i etterkrigstida. Medan ferdighusa, som alle andre hus, på 1940 og -50 talet i hovudsak vart teikna av menn, endra denne situasjonen seg frå slutten av 1960-talet og utover. På slutten av 1980-talet og ved inngangen til 1990-talet var situasjonen ein heilt annan. Sørby viser til ferdighusprodusentar som hevda at kvinnene tok minst 70 % av alle avgjerdsler i samband med husbygginga, kanskje meir enn det også. Deira erfaring var at mennene vanlegvis hadde lite å seia for korleis huset skulle vera:

Han hadde klare oppfatningar om hva huset skulle koste, og ofte om hvor på tomta det skulle ligge. Før de kom til produsenten hadde paret oftest en mening om hvorvidt huset skulle være i ”gammel” eller ”moderne” stil, så produsenten visste ikke hvem som hadde mest å si mht. den beslutningen, men resten ble stort sett overlatt til kona. (Sørby 1992:113)

Sørby si framstilling samsvarar med enkelte av informantane mine si framstilling av arbeidsfordelinga i prosessen med å byggja hus. ”Han bestemte ute, eg inne,” var Kåren si oppfatning av korleis avgjerdsleane hadde gått føre seg.

Å ”bestemma ute” kunne vera å ta stilling til plassering av huset på tomta, tilkomstveg, parkeringsplass og den samla disponeringa av uterommet. Slike avgjerdsler føresette ei viss innsikt i tekniske spørsmål som oversikt over leidningsnett, innsikt i massebalansen på tomta og vurdering av snø-, vind- og soltilhøve. I praksis vart desse spørsmåla ofte reduserte til eit spørsmål om korleis huset skulle orienterast på tomta, om kva retning verandaen og utsiktvindaugane i stova skulle vendast, og, i enkelte tilfelle, kor arbeidsplassen ute skulle lokaliserast. Samla sett var dette store oppgåver, men i praksis vart dei sterkt reduserte. Offentlege reguleringsplanar og råd frå husleverandørane avgjorde gjerne meir enn det den enkelte husbyggjaren gjorde.

Materialet mitt frå Kautokeino på 1990-talet viste kvinnene som sterke deltakarar i prosessen med å planleggja eigne hus. Kvinnene tok store delar av byggeprosessen, stundom heile prosessen åleine. Dei var aktive i arbeidet med å skaffa ei passande tomt, dei tok kontakt med offentlege kontor og med Husbanken, og dei kontakta husleverandøren og følgde opp i samarbeid med denne. Fem av dei atten husstandane eg var i kontakt med i dette arbeidet, bestod

av einslege. Av desse var det fire kvinner og ein mann som levde åleine med borna sine. For desse var det sjølvsagt å ta hand om byggeprosessen åleine. Men også mange av dei gifte kvinnene tok stort ansvar for husbygginga. Grunngevinga var at dei ”var mest heime” og slik hadde best kjennskap til kva som trongst. Ein av informantane, Sámamol, stilte spørsmål om det verkeleg var slik at kvinnene var mest heime. Sjølv dreiv han aktiv reindrift. Med den driftsforma han og siida-gruppa hans hadde, gav det han lange og jamlege opphald heime. I desse periodane heime hadde Sámamol ansvar for husarbeidet – i eit hus som kona i hovudsak hadde stått for utforminga av.

9.4.2 Fagfolk - eller venner og vekeblad?

Bygging av eige hus er ein omfattande prosess med krav til fagkunnskap på ulike område. Husbyggjaren har sjeldan denne fagkunnskapen, og om ho har den, er det gjerne berre på eit enkelt område. Husbygging gjer ein ”berre ein gong i livet.” Gode rådgjevarar undervegs er nødvendig. Informantane i utvalet mitt skulle gjerne ha hatt fleire av dei, og skulle kunna brukt dei oftare enn det dei hadde gjort. Slik oppsummerte dei fleste erfaringane sine i ettertid.

Kven var så fagfolka som vart brukte i denne prosessen? Og kva vart dei brukte til? Korleis såg husbyggjarane på fagfolka sin kompetanse i høve til eigen kunnskap?

Ei klar tilbakemelding både frå byggherrane og frå husleverandørane var at husleverandøren hadde overteke storparten av ”papirarbeidet” i samband med byggesaka:

Det er fleire og fleire som overlet heile papirmølla til oss. Folk er redde for alle krav som det offentlege set – og det skjønar ein jo. Det er blitt strengt etterkvart. I praksis betyr det at fleire vel nøkkelferdige hus. – Og det er eit tydeleg teikn, også eigeninnsatsen i byggeperioden har gått ned.
(Husleverandør i Alta)

Med ansvar for det meste av søknadsprosedyrar og ulike godkjenningar, i tillegg til levering og oppføring av huset, var husfirmaet den største og viktigaste støttespelaren i byggesaka.

For informantane i utvalet mitt var tanken på å spørja den tradisjonelle gruppa fagfolk innan bustadsektoren, arkitektane, om råd heilt framand. Dette var ikkje særmerkt for 1990-talet. Arkitektane som faggruppe har aldri hatt nokon merkande del av den private bustadmarknaden i Finnmark.⁹⁹ Ei faggruppe som ikkje er synleg til stades, vil heller aldri bli noka gruppe som det er naturleg å

⁹⁹ Unntak her er gjenreisingstida etter sist verdskrig, frå 1945 til 1960. I denne perioden skjedde storparten av husbygginga etter typeteikningar laga av arkitektar. Ingebjørg Hage (1999) undersøkte i doktoravhandlinga si gjenreisingsarkitekturen i fem kommunar i Nord-Troms og Finnmark. Kautokeino var ein av desse kommunane. Om lag 70 prosent av husa ho undersøkte, var bygde etter slike teikningar. Talet for Kautokeino var rundt 60 prosent, medan 40 prosent bygde etter spesialtilpassa teikningar. Typeteikningar var laga av ulike organ innan gjenreisingsadministrasjonen. Dei fleste var likevel utarbeidde av distriktarkitektane eller Boligdirektoratet. Opplysningane er henta frå Hage, Ingebjørg (1999): *Som fugl Fønix av asken? Gjenreisingshus i Nord Troms og Finnmark*, Oslo: Gyldendal AdNotam

spørja om råd. Ingen arkitektar som teikna for den private bustadmarknaden, var etablerte i Kautokeino på 1990-talet. Dei som var nærast, var i Alta, 13 mil unna. Enkelte av informantane brukte denne avstanden som grunngeving for ikkje å bruka arkitekt. Avstanden i mil var likevel ikkje avgjerande. Dei fleste ferdighusleverandørane låg i Alta, og dei vart brukte. Men til skilnad frå arkitektane var husleverandørane likevel synlege i Kautokeino. Dei var synlege gjennom jamlege marknadsføringsturar, gjennom reklamemateriell og katalogar, og, ikkje minst, gjennom tidlegare arbeid, gjennom hus dei før hadde sett opp. Denne anonyme marknadsføringa gjennom venner og kjende hadde kanskje meir å seia enn all anna marknadsføring frå desse husprodusentane (Sørby 1992).

Kataloghusa og leverandørane av desse hadde ein føremon i det av vera til stades. Dei hadde også ein annan kunnskap som kundane visste å setja pris på; både seljarane og husa snakka eit språk kundane forstod. Leverandøren av kataloghus hadde lært kundane sine at å planleggja hus var noko også dei som framtidige huseigarar kunne. Med utgangspunkt i eigne draumar, huskatalogen og datamaskinen til seljaren, kunne den enkelte kunden, i samarbeid med leverandøren, finna fram til eit tilpassa hus. I tillegg var husleverandørane smidige og gjekk langt for å oppfylle kundane sine ynske:

Dei fleste kjem med teikningar dei har endra ein del på sjølve. Kundane kan koma med dei teikningane dei ynskjer. Det er greitt, me leverer jo ikkje ferdighus. Dei fleste som kjem til oss, har likevel brukt våre teikningar. Me sjekkar berre at endringane må vera innanfor dei rammene dei må vera, slik som Husbanken sine krav, og andre tekniske krav, så overfører me kundane sine ynske til hovudkontoret som så teiknar ut huset. (Husleverandør i Alta)

Men sjølv om husleverandøren frå Alta forstod seg på "vanlege hus" og visste å tilpassa seg krav frå kundane, var også hans kunnskap avgrensa. Han forstod seg på husbygging, planløyising og konstruksjon, men når det kom til innreiingsdetaljar på dei viktigaste arbeidsromma; kjøkkenet eller vaskerommet, kom også han til kort. "Dei forstår ikkje," sa Áile og Biret. Ho som forstod seg på kva Áile og Biret trong, var venninna med erfaring, ho som hadde bygt før og var "veldig praktisk."

Det var særleg kvinnene som bygde hus som skulle romma mange arbeidsoppgåver, som opplevde husleverandørane si rettleiing som mangelfull. Å avskriva husleverandøren som ukunnig på innreiing av kjøkkenet eller vaske- og arbeidsrom var inga nedvurdering av denne yrkesgruppa. Husleverandørane var slett ikkje fagfolk på dette området. Deira viktigaste oppgåve når det galdt innreiing, var å selja den. Råda dei kunne gje på dette området, var som oftast grunna på tidlegare sal, på kva som "gjekk mest," ikkje på kjennskap til kva den enkelte kunden trong.

I møte med sine eigne grenser og med husleverandøren sine grenser for kunnskap om hus og planlegging, etterlyste husbyggjarane "nokon som kunne ha sagt frå," nokon som kunne ha hjelpt til der dei sjølve kom til kort. Den kjende og næraste instansen å peika på då, var kommunen: "Teknisk kontor burde ha hjelpt oss overfor Husbanken. Dei burde pressa på Husbanken for å få fram at me i reindriften

har behov for arbeidsrom,” var Sára si oppsummering etter å ha opplevd det ho meinte var manglande forståing frå Husbanken si side.

9.4.3 Eigeninnsats og dugnad

Eigeninnsats og dugnad i plan- og byggefasen har vore eit viktig grunnlag for mange nybyggjarar på vegen mot eige hus. Blant informantane mine var det berre eit fåtal som kunne visa til dugnadsinnsats i byggeperioden. ”Dugnadsarbeid i samband med husbygging eksisterer ikkje i Kautokeino,” slik uttrykte Sunná det, og ho undrast samstundes på kvifor det var slik. For dugnadsarbeid fanst, i massevis. Stor fellesinnsats i samband med store familiefestar som konfirmasjon og bryllaup var velkjend. Konfirmasjonsfestar med over hundre gjester, og bryllaup med det tidoble av gjester, gjerne over fleire dagar, kunne ikkje late seg gjennomføra utan eit innarbeidd system med ein stor grad av gratis innsats frå familie og venner. ”Det er ei stor skam å ikkje hjelpa til i slike høve,” fortalde Sunná vidare. Når det galdt husbygging derimot, kunne ein ikkje stilla same forventningane til å få hjelp.

Tradisjonelle krav til kunnskap

Med dei omfattande endringane i plan- og bygningslova i 1997¹⁰⁰ vart det generelle kravet til kvalifikasjon og dokumentasjon av byggeprosessen skjerpa. For folk som skulle byggja sin eigen einebustad, førte endringane i første rekkje med seg fleire skjema, meir papirarbeid. Høvet til å ta praktisk del i bygginga vart i teorien ikkje redusert, sjølv om mange opplevde det slik i praksis. Dei nye krava i plan- og bygningslova var såleis ikkje åleine om å vera årsak til den beskjedne eigeninnsatsen i bustadbygginga i Kautokeino på 1990-talet.

Bygningsstyresmakta stilte ikkje krav til formalkompetanse for tiltakshavar, men kravde gjennom forskrifta til plan- og bygningslova at ho eller han skulle *sannsynleggjera* at arbeidet vart utført i samsvar med plan- og bygningslova. Skilnaden mellom dokumentert kunnskap og sannsynleg kunnskap treng ikkje alltid vera stor i praksis. Den formaliserte kunnskapen kan dokumenterast gjennom vitemål og attestar, medan uformell kunnskap må dokumenterast gjennom praktisk arbeid. Kravet om sannsynleg kunnskap i bygningsfaget, er slik eit krav om *fagkunnskap*.

Mange av informantane la vekt på den manglande tradisjonen i byggfag lokalt i Kautokeino, særleg i reindriftsmiljøet. Å byggja sitt eige hus var ikkje ein del av den kunnskapen dei unge vart lærde opp i gjennom deltaking og sosialisering inn i vaksenrolla. Handverk og annan praktisk kunnskap var likevel utbreidd og hadde status i Kautokeino-samfunnet. Evna til å ta i bruk det ein hadde for handa og tilpassa det til den nye situasjonen, var likeins høgt utvikla og gav seg mange kreative utslag.

Áilu hadde, slik mange av dei andre informantane også hadde gjort, sett opp uthuset sitt sjølv. Han forklarte det med at det var ”ikkje så nøye” korleis det vart. Det var ingen ”høge herrar” frå det offentlege systemet som skulle kontrollera det,

¹⁰⁰ Endring i plan- og bygningslova av 01.01.1997.

slik dei skulle med bustadhuset. Å byggja bustadhus derimot kravde formalisert kunnskap, *skuvlamáhttu*,¹⁰¹ som Áilu kalla det. Denne formaliserte kunnskapen innan bygningsfaget hadde korkje han eller mange av dei andre informantane. Praktisk kunnskap omfatta såleis ikkje husbygging. Slik kunne praktiske menn, utan å tapa det minste av prestisje, framheva sine manglande snikkarkunnskapar og med stolthet hevda, som Heaika gjorde det, at ”eg er ingen snikkar.”

Fire av mennene i utvalet mitt skilde seg ut ved at dei hadde praktisk snikkarkunnskap, i tillegg til at det i miljøet rundt husbyggjarane fanst slekt og venner med fagkunnskap innan ulike bygningsfag. Desse fire deltok aktivt i byggearbeidet. Dei var få, men arbeidet dei la ned i husa, var omfattande.

Krav til ny kunnskap



Figur 9.4 *Plass for eigen deltaking.*

Bygging av uthus stilte mindre krav til dokumentert kunnskap, og var såleis eit område der eigeninnsats framleis var vanleg. Her eit uthus der påbygget var under arbeid.

Eit fleirtal av kvinnene i utvalet mitt hadde gjennom utdanning og yrke ein bakgrunn som gjorde at dei ikkje var framande for den byråkratiske og forretningsmessige delen av prosessen med å skaffa tomt og planleggja hus. Dei var kjende med det offentlege systemet, dei kunne formulera søknader og dei visste kven dei skulle ta kontakt med. I tillegg hadde dei gjennom ivrig lesnad av interiørtidsskrift og vekeblad skaffa seg kunnskap om hus og innreieing. Slik stilte

¹⁰¹ Skuvlamáhttu, samisk, egentleg skulekunnskap, bokleg lærdom. Omgrepet blir gjerne brukt som motsetnad til den kunnskapen ein får gjennom sosialisering.

dei med eit grunnlag for ei viss deltaking i planfasen, men først og fremst i arbeidet med innreiing og dekorering av huset.

Kvinnene sin kunnskap sette grenser for full deltaking i planfasen. Dei største hindra for reell deltaking på dette stadiet var likevel avgrensingar som låg i sjølve hustypen. Det nøkterne Husbankfinansierte kataloghuset gav berre i liten grad rom for endring og personleg tilpassing når det galdt storleik og planløyising. Husseljarane rettleia gjerne kundane i prosessen med å endra teikningane, men såg samstundes at det berre var mindre detaljar som vart endra. Kataloghuset var eit praktisk svar på byggetekniske, funksjonelle og estetiske krav. Av desse krava var Husbanken sitt regelverk for lån det kravet som var klårast formulert, og best kjent av husbyggjarane. Husbanken sine krav vart dermed oppfatta som det største hinderet for personlege endringar. På dette punktet var husbyggjarane og husleverandørane samde. ”Skal folk ha alle tilleggslåna¹⁰² frå Husbanken, er det eigentleg lite som kan endrast på eit kataloghus,” slik uttrykte seljaren frå eit av firma som leverte mange hus til Kautokeino på 1990-talet det.¹⁰³

Dei avgrensingane som låg i sjølve hustypen, kataloghuset, hindra likevel ikkje kvinnene i å delta ivrig og setja sitt personlege preg på huset. Planlegging og val av materiale, fargar, innreiing og dekorasjon var oppgåver mange av kvinnene la stor innsats ned i. Ferdighusbedrifter og vanlege trelasthandlarar hadde vore med og lagt grunnen for denne deltakinga. Byggevarebutikkar stilte med eit varetilbod tilpassa marknaden. Utvalet var tilpassa både den profesjonelle husbyggjaren og dei mange som dreiv i mindre målestokk med pynting og dekorering av huset. Så stor vekt vart det lagt på pynt og ekstraustyr til huset at enkelte har kalla desse forretningane for ”boligens kosmetikkforretning” (Sørby 1992:113). Byggevareforretningane hadde såleis vareutvalet, medan kvinnene i første rekkje var dei som styrde innkjøp og la arbeid ned i å få det dei opplevde som eit hus med ”personleg preg.”

Det er denne innsatsen Gullestad kallar moderne folkekultur (Gullestad 1989:53). Det som gjer heimeinnreiing til moderne folkekultur, er den skapande innsatsen som ligg i å velja ut og setja saman dei ulike elementa som til saman utgjer interiøret. Gjennom deltaking i eiga byggesak, viste desse aktive kvinnene seg

¹⁰² Husbanken sitt *oppføringslån* på 1990-talet er omtalt i framstillinga før. Lånet var sett saman av to hovudkomponentar, eit *basislån* saman med ei rekkje ulike *lånetillegg*. Oppføringslånet skulle medverka til å dekkja ”behovet for nye, gode, rimelige og nøkterne boliger i gode bomiljøer” (HB 7.B.1). Oppføringslånet vart målt ut etter nærare retningslinjer, og det skulle normalt ikkje vera større enn 80 % av godkjende anleggskostnader. For å gje oppføringslån kravde Husbanken at bustadhuset som eit minimum skulle tilfredsstillast banken sine krav til minstestandard (HB 7.B.1). Lånetillegga Husbanken tilbaud, var av ulik art. Nokre vart gjevne på bakgrunn av søkjaren sin særskilde situasjon, medan andre tillegg var premieringar for god planlegging og god kvalitet. Vidare var nokre av tilleggaste summar, medan andre var avhengige av kostnader og forbruk (HB.7.B1.1).

Dei vanlegaste lånetillegga som vart gjevne til bustadbygging i Kautokeino på 1990-talet, var følgjande: tillegg for bygging av bustader i Nord-Troms og Finnmark, tillegg for livsløpstandard og tillegg for helse, miljø og tryggleik. Dessutan vart tillegg for større areal til ein viss grad nytta der familien talde fleire enn 5 personar.

¹⁰³ Opplysningane er gjevne av salskonsulenten i eit større byggevarefirma i Alta.

som kreative og svært dyktige deltakarar i ein mangesidig og omfattande plan- og byggeprosess.

Det var desse kreative kvinnene, saman med fire av mennene med fagkunnskap som bygningsnikkarar som utgjorde hovudtyngda når det galdt deltaking i eigen byggeprosess. Aktiv deltaking kravde kunnskap.

10 Ny folkearkitektur og ny kunnskap

Emnet for denne avhandlinga er ikkje slik at ein kan trekkja bastante konklusjonar. Heller enn ”å konkludera” vil eg i dette kapittelet visa viktige tendensar i materialet, og på grunnlag av dei vil eg dra nokre faglege liner.

10.1 Spørsmål undervegs

Undervegs i avhandlinga har eg stilt ei rekkje spørsmål til materialet mitt. Kva svar har empirien kunna gje på desse spørsmåla?

10.1.1 Bustad og tradisjon

Innleiingsvis spurde eg om det var råd å påvisa samsvar mellom den eldre måten å organisera hus og uterom i bygda på og den utbygginga som skjedde på 1990-talet. Det empiriske materialet som ligg til grunn for dette arbeidet, syner at det var eit visst samsvar her. Busetnads*mønsteret* var det som klårast kunne setjast i samband med tradisjonell buform i området. Viktige delar av dette overordna busetnadsmonsteret vart forma av den enkelte tomtesøkjaren sine val. Og her var empirien klår, lokalisering av enkelttomter vart i stor grad bestemt ut frå slektstilknytning. Over to tredjedelar av informantane valde å busetja seg på familietunet eller på ei tomt tett opp til familien, medan fleire kunne ha tenkt seg ei liknande plassering dersom det ikkje hadde seinka byggjeplanane unødige lenge.

Lokalisering ut frå slektstilknytning vart grunngeve med at dette var tradisjon, dette var eit mønster folk kjende att frå eigen barndom. I tillegg trekte mange fram synspunktet om at slekta framleis var viktig i det samiske samfunnet. Slekta representerte tryggleik, kjende omgangsformer og eit kjent handlingsmønster der samarbeid, fellesskap og omsorg for kvarandre var viktig. Tomtesøkjara som valde dette lokaliseringalternativet, valde slekta framføre fysiske kvalitetar ved tomte. Det overordna busetnadsmonsteret vart dermed i stor grad forma av den tradisjonelle sosiale organiseringa lokalt i bygda.

Unntak frå dette mønsteret fanst. Enkelte av informantane hadde heilt medvite brote tradisjonen og flytt ut frå familietunet. Grunngevinga for frivillig å velja avstand til familien og ei meir anonym plassering i det regulerte bustadfeltet var dels eit ynske om å unngå sosial kontroll, dels for å kunna få ei tomt som dei samla sett oppfatta som betre enn det plasseringa på familietunet kunne gje. Dei fleste som ytra slike ynske, var unge folk eller folk som opplevde seg som meir ”moderne” enn det familien elles var, og som la større vekt på fysiske kvalitetar

som utsikt, sol, terrengtilhøve og kort avstand til sentrumsfunksjonar i bygda enn på det å ha gangavstand til familien.

Men alt i alt la tradisjonen sterke føringar for utviklinga av det lokale busetnadsmønsteret. Tradisjonen danna på same vis eit klårt mønster for utforming og bruk av tomt og uterom i tilknytning til dei enkelte bustadene. I klår motsetnad til dette stod bustadhuset. Den lokale tradisjonen danna her ikkje noko tydeleg mønster for utforming og bruk av sjølve huset.

10.1.2 Buplass, funksjon og symbol

Eit naturleg neste steg i diskusjonen om den samiske bustaden og formingsfaktorar var å sjå på sambandet mellom næringstilknytning, omsynet til praktisk arbeid, sosial status og etnisk tilknytning på den eine sida og utforming av hus og uterom på den andre. Kunne det til dømes påvisast samanheng mellom praktisk arbeid og utforming av bustaden, eller var symbolinnhaldet i bustaden sterkare vektlagt enn det praktiske omsynet?

Generelt fann eg ingen klar samanheng mellom bustadhuset og den næringa den enkelte husbyggjar tilhørde. Enkelte bustadhus kunne visa ei viss tilpassing til innehavaren si næring, særleg galdt dette dei som hørde til i reindrifta, men dette var ikkje radikale tilpassingar, oftast berre små endringar på det standardiserte kataloghuset.

Til saman fjorten av atten informantar hadde tomter som var det eg har kalla reine arbeidstomter, eller tomter som hadde sterkt preg av arbeid. Dette var langt fleire enn det var som hadde tilknytning til næringar som medførte trong for større tomt. Arbeidstomtene var såleis ikkje berre knytte til inntektsgjevande næringsverksemd. Også folk som dreiv aktivt friluftsliv eller som brukte vidda som ein del av sjølvbergingshushaldet, brukte tomta på ein måte som var til forveksling likt den måten dei næringsdrivande brukte uterommet på. Hjå denne gruppa spegla bruken av tomta ikkje hovudnæring, men heller fritidssyslar og oppgåver som hadde sterke trekk av sjølvbergingshushald. Slik bruk var i slekt med dei tradisjonelle lokale næringane.

Den ryddige rekreasjonstomta med prydhage og veranda, som var den andre tomtetypen i materialet mitt, var ei nyskaping. Hausting av utmarka hørde i større grad fortida til for den gruppa av husbyggjarane som hadde slike tomter. Dette hadde dei teke omsyn til ved utforminga av uterommet, og dette var det tomtene signaliserte. Arbeidsplassen ute var blitt til plen og ein byrjande prydhage som spegla rekreasjon og eit visst innslag av representativitet.

Det er likevel ikkje rett å seia at desse bustadene først og fremst signaliserte sosial status. Kommunal tomtepolitikk og sterk tradisjon med å bruka Husbanken som finansieringskjelde motverka det.

Spørsmålet om etnisk tilknytning og utforming og bruk av bustaden var irrelevant i denne samanhengen. I alle husstandane som eg intervjuar, var ein eller fleire av medlemmene samiske. Kautokeino med ein homogen samisk folkesetnad er såleis lite eigna til samanliknande studiar av dette slaget.

10.1.3 Hus, funksjon og symbol

Det neste som eg ynskte å undersøkje, var om status, identitet og samkjensle var knytt til bustaden, eller om bustaden først og fremst var eit praktisk svar på funksjonelle krav.

Her fann eg to motsette tendensar, alt etter kva for ein ”hustype” informanten gav uttrykk for at ho hadde. Folk som hadde valt det dei kalla eit praktisk hus, understreka først og fremst det funksjonelle ved huset, medan særleg unge informantar hadde valt hus dei kunne identifisera seg med. Dei yngre la òg meir vekt på symbolinnhaldet i huset.

Grensa mellom tilknytning, identifisering og status er sjeldan klar. Slik var det også blant informantane mine. Ingen knytte status til bustaden gjennom det dei sa. Heller ikkje dei som sterkast identifiserte seg med bustaden, sa noko som helst om at utforminga hadde noko med status å gjera. Det er da heller ikkje vanleg å gje *direkte* uttrykk for slikt.

Det kan likevel stillast spørsmål ved om ikkje val av enkeltelement som materialtypar, innreiing og lause gjenstandar signaliserte status. Eventuelle endringar som vart gjorde i husa for å gjera dei spesielle, var få og små. Ein skulle ha innsikt for å sjå skilnaden mellom det praktiske og det spesielle huset. Det var ikkje noko poeng å skilja seg *for mykje* ut i lokalmiljøet. Markering av status på denne måten var heile tida ein stram balansegang mellom det å vera spesiell og det å vera ”vanleg”.

Det mest utbreidde huset i undersøkinga tilhørde den ”praktiske” hustypen, huset som skulle gje plass for ulike arbeidsoppgåver. Dette huset skulle òg vera funksjonelt på den måten at det var tilpassa den nye kjernefamilien. Men det var likevel ikkje omsynet til eigen bruk som først og fremst forma denne bustaden. Det avgjerande var kva som fanst i huskatalogane, i interiørblad, eller korleis veninnene sine hus var utforma. Berre i eit par unntak hadde husbyggjarane gjort endringar på tvers av den etablerte normen og valt etter eigne *praktiske* behov.

10.1.4 Bustaden i møte med offentlege styringsverktøy

Eg ynskte i utgangspunktet å finne ut noko om korleis offentleg styring verka inn på utforminga av bustaden. I kva grad var offentlege styresmakter på ulike nivå med og forma samiske bustadområde? Kunne tidlegare styring lesast i 1990-åras bygde landskap? Korleis responderte husbyggjarane på ein større fridom i høve til det offentlege regelverket, til dømes Husbanken sitt regelverk? Førte dette til større grad av lokal tilpassing? Kva tok eventuelt over som styringsverktøy?

Offentlege styresmakter var i sterk grad med og forma bustadområda i samiske strøk på 1990-talet. Dette skjedde gjennom lovverk, retningslinjer, fysisk planlegging og gjennom økonomisk politikk. Særmerkt for Kautokeino og Finnmark var staten si rolle som den største grunneigaren. Dette tilhøvet gav staten gjennom føretaket Statskog SF forvaltingsrett over det meste av grunnen i Kautokeino kommune. Den offentlege styringa kunne lesast i det bygde landskapet, i form av regulerte bustadfelt, vegar og andre planlagde føremål, men

øg i form av fråvær av store private eigedommar og som uklare grenseliner mellom privat og offentleg grunn. Den offentlege styringa gav seg også utslag i form av *avvik* frå desse planane. Landskapet var såleis ikkje berre forma av planlegging, men også av mange dispensasjonar frå dei same planane.

Offentleg styring gjennom økonomiske verkemiddel viste seg først og fremst gjennom bustadhusa. I Kautokeino finansierte Husbanken så godt som all bustadbygging i denne perioden. Slik var den statlege bustadpolitikken synleg til stades, men tolka av kataloghusleverandørar og deira fagfolk. Husbanken gav retningslinjer og arealreglar. Husleverandørar, interiørblad, reklame, motetrendar - og ikkje minst folk si førestilling om det gode huset - avgjorde i praksis utforminga av bustadene. Det var i stor grad praktiske venner og handverkarar som formidla kunnskap og gav praktiske råd i samband med innreiing og dekorering. Mindre sentral offentleg styring førte såleis i liten grad til større tilpassing til den lokale tradisjonen, ein kan heller snakka om ei auka tilpassing til det norske middelklasseidealet.

10.1.5 Bustaden – eit privat ansvar

Staten hadde i ein lang periode eit omfattande ansvar for og styring med bustadreisninga i samiske strøk i Finnmark. Dette gjorde at eg fann grunn til å stilla spørsmål om ansvarstilhøva i samband med bustadbygginga i Kautokeino på 1990-talet, kven i hushaldet var det som tok ansvar i planleggings- og byggefasen, og kven tok ansvar i tida etter, når huset var i bruk?

Det empiriske materialet viste her ein klar tendens. Ansvaret for bustaden var blitt eit privat ansvar for dei som bygde. I første rekkje var det kvinnene som tok på seg dette ansvaret, både i planprosessen – ved at dei fleste hadde ”teikna huset sjølv”- men også under byggeperioden og ved seinare bruk. Kvinnene si aktive deltaking stod i klar samanheng med kunnskapen og erfaringa deira med ”papirarbeid,” økonomistyring og ikkje minst med innsikt i og interesse for interiørspørsmål. Mennene si praktiske deltaking var mindre, dels på grunn av manglande kunnskap i og tradisjon med å delta i moderne byggearbeid, dels på grunn av strengare krav frå styresmaktene til dokumentert kunnskap i samband med byggeprosessen.

Tradisjonelt har det praktiske byggearbeidet hatt høgast status. Dette har vore mannsarbeid og vore best synleg. Ein diskusjonen om kven som deltek, vil røra ved synet på kva som kan reknast som deltaking. Slik eg her har forstått deltaking, var det kvinnene blant informantane mine som sterkast tok del i husbygginga.

10.1.6 Den nye folkearkitekturen

Dei mange og ulike problemstillingane som låg til grunn for dette arbeidet kan samanfatast i ein diskusjonen om den nye folkearkitekturen.

Ved å ta i bruk omgrepet folkearkitektur om bustadbygginga i samiske strøk på 1990-talet, plasserer eg meg samstundes i ein diskusjon om grensedraging og definisjon av ulike former for arkitektur. Denne diskusjonen har eg gått nærare

inn på i kapittel fire i avhandlninga. Når eg har valt å kalla bustadene i materialet mitt for folkearkitektur, har det samanheng med eg finn ein del trekk ved desse bustadene som alle er viktige kjenneteikn på denne forma for arkitektur. Det gjeld det tilhøvet at formgjevaren er anonym og at bustaden har ei kjend hovudform med rom for tillegg, detaljering og stort rom for endringar og tilpassingar i bruk. Samstundes er dette arkitektur der sosiokulturelle krefter i større grad enn fysiske tilhøve som klima, sollys og terrengetilhøve har forma bustaden, slik mange av forskingsarbeida innanfor dette området understrekar (Oliver 1997, Rapoport 1982, 1990).

Bustadhusa som er tema for dette arbeidet, kan òg kallast anonym arkitektur. Husa var knytte til eit firma eller ein katalog, og vart presenterte som firmaet sitt hus, ikkje som ein bestemt arkitekt sitt produkt. Tilknytninga til firmaet var heller ikkje viktig, oftast var det berre i byggeperioden det hadde interesse, seinare vart huset eit anonymt katalog- eller Husbankhus. Husbyggjarane viste heller inga interesse for kven formgjevaren kunne vera, men såg produktet, teikninga som eit utgangspunkt for eigen vidare formingsprosess.

Husa sitt formspråk var kjent og einsarta, på trass av at enkelte av husbyggjarane såg sine egne bustader, og dermed sine egne val som særprega og annleis enn det fleirtalet hadde valt. Hovudforma til huset var gjeven, men kunne få tillegg og endringar etter kva husbyggjaren hadde bruk for eller såg som viktig. Materialval, detaljar, dekor og ikkje minst interiøret gav rom for endringar og personlege tilpassingar. Dette var trekk som me også finn i tradisjonell folkearkitektur (Rapoport 1982,1990). Desse tilpassingane skjedde dels i planleggingstida, men aller mest gjennom *bruken* av bustadene, slik Fair (1997) også viser til i si framstilling frå Alaska.

10.2 Ny kunnskap

I arbeidet mitt plasserer eg meg nær den humanistiske forskningstradisjonen. Teori på dette området er ikkje råd å testa ut eller falsifisera, men er heller rammer for tenking som så blir fylt ut med enkeltstudiar. Forskingstradisjonen er i hovudsak bygd opp av slike enkeltstudiar som bruker eller tek utgangspunkt i tankegangar utvikla av nokre få teoretikarar innan fagemnet (Carter & Herman 1985, Jackson 1987, Oliver 1987,1997, Rapoport 1969, 1982, 1990).

Dette prosjektet føyer seg til rekkja av forskingsprosjekt om folkearkitekturen, prosjekt som kan omhandla alt frå bensinstasjonar i Midt-Vesten, ulovlege busetnader i storbyområda verda over, til fangstbuer i Alaska og ferdighus i Trondheim.

I norsk og nordisk samanheng er det gjort få studiar av den nye folkearkitekturen. Dei som er gjorde, har i hovudsak teke utgangspunkt i tette bustadformer i urbane strøk (Haveraaen 1993, Støa 1995, Sørby 1992). Det er nytt å ta utgangspunkt i dagens byggeskikk i rurale samiske strøk, slik eg gjer med dette arbeidet. Forsking på byggeskikken i samiske strøk har til no vore konsentrert om eldre bygningsformer og om bygg som skil seg frå grannefolket sin arkitektur (Borgen

1995, Sjølie 1995). Nyare bygningsformer har vore uinteressante i denne sammenhengen. Å velja bustadbygg frå 1990-talet i samiske strøk er såleis nytt både med tanke på tid, på etnisk samanheng og på type arkitektur.

Arbeidet mitt svekkjer ein del vanlege førestellingar om hus i samiske strøk, slik som til dømes førestillinga om at nomadetradisjonen har styrt husutforminga også i vår tid. Det er ingen ting i empirien min som tyder på at denne tradisjonen har verka styrande på utforminga av hus i Kautokeino på 1990-talet. Det finst òg ei førestilling om manglande privat ansvar og interesse for bustaden i samiske strøk (sjå mellom anna pkt. 2.4.7). Dei informantane som eg intervjuar i Kautokeino, var både interesserte i og tok ansvar for utforminga av eigen bustad.

Eg har her tolka den samiske bustaden med utgangspunkt i *brukaren* sitt perspektiv. Samstundes som denne tolkinga nyanserer gamle førestellingar, viser den òg endringar både i synet på og i bruken av bustaden. Endringane peika dels mot lokale tilpassingar til eit liv der bustad og arbeidsplass eig rom på same stad og dels mot tilpassing til eit norsk middelklasseideal der hus og tomt kan sjåast som ein del av det som Gullestad (1989) kallar livsstilskonkurranse.

10.2.1 To styringsreiskapar – to mønster

Busetnadmønsteret lokalt i Kautokeino vart på 1990-talet teikna av to viktige krefter: offentleg kommunal planlegging og private, lokale slektstilhøve. Kommunal arealplanlegging tok utgangspunkt i verdiar og haldningar nedfelte i lover, regelverk og retningsliner der eit hovudsiktemål var å tryggja interessene både for ålmenta og for enkeltmennesket, samstundes som planlegginga skulle føra til ein forutseibar arealbruk. Arealplanane teikna seg som eit geometrisk mønster, inndelt i vegar, bustadtomter, andre byggeområde og friområde, alt i samsvar med sentrale retningsliner og standardkrav.

Dels på tvers av dette, dels som ei smidig tilpassing, teikna det lokale mønsteret seg. Dette mønsteret hadde sitt utspring først og fremst i sterke slektsband og i den særprega lokale næringsstrukturen. Tomtesøkjarane viste med denne praksisen ei sjølvstendig haldning til overordna planlegging – ei haldning som på den eine sida kan oppfattast som ei akseptering av offentleg kommunal planlegging, på den andre sida kan praksisen deira lesast som ein *motstand* mot den same planlegginga. Ein slik dobbel bodskap låg òg i lokale styresmakter sin praksis på dette området. På den eine sida planla dei, på den andre sida dispenserte dei flittig frå sine eigne planar. Den romslege haldninga til dispensasjonar kan setjast i samband med ein sterk tradisjon for å ta omsyn til den enkelte sitt ynske framføre overordna vedtak.

Tilpassingane, både dei som vart gjorde gjennom arealplanane, og dei som var resultat av dispensasjonar og enkeltfrådelingar, gav delar av dei regulerte bustadfelte eit busetnadmønster som var attkjenneleg lokalt. Sjølv om tomte låg i tilknytning til eit bustadfelt, og sjølv om huset var stort og moderne, gav lokalisering attmed familien rom for ein kjend praksis. Men det var det sosiale handlingsmønsteret som først og fremst var kjent, ikkje dei fysiske formene i hus og uterom. Tett og ofte kontakt med andre familiemedlemer, samarbeid og felles omsorg gjorde kvardagen på dei tilpassa tomtene i byggeområda til ei

vidareføring av eldre bumønster. Slik kunne livet i bustadfeltet også opplevast som kjent og heimsleg, ikkje likegyldig, substituerbart og framandt slik enkelte forskarar har hevda (Hompland og Kjølørød 1983, Norberg-Schulz 1978).

10.2.2 Mentalitetsendring og manglande synkroni

På same måten som busetnadsmønsteret i Kautokeino på 1990-talet vart teikna både av statleg og kommunal styring og lokal tradisjon, tedde buplassen og huset seg også på to måtar, teikna av motsette krefter. Tendensen her var at sentrale styringsverktøy, allmenne straumdrag og mote i sterkast grad forma huset, medan uterommet først og fremst bar preg av tradisjonell bruk. Tomta var prega av praktiske løysingar og av den instrumentelle smaksdommen, kjend frå den tradisjonelle folkearkitekturen, som rådde grunnen (Cold 1996). Mønsteret for brukstomta vart såleis forma *både* av tradisjonelle og av nye lokale trekk, medan den nye rekreasjonstomta i hovudsak bygde på eit ideal utanfrå.

I større grad enn busetnadsmønsteret og uterommet hadde bustadhuset ei klårare tilpassing til den allmenne, norske standarden som vart tilbydd gjennom reklame og huskatalogar. Det lokale mønsteret når det galdt bustadhuset var ikkje noko klårt mønster å kopiera og vidareføra. Kataloghuset var på den andre sida eit hus bygt opp etter klare tekniske og økonomiske retningslinjer. Formelementa var kjende, knytte til ein spesiell bruk, og signaliserte ein symbolverdi folk kjende att og ynskte å identifisera seg med (Sørby 1992). Det at formspråket var kjent og akseptert, gjorde samstundes huset til ei nøytral ramme folk kunne fylla med eige innhald.

Endringar i økonomisk vilkår eller i næringstilknytning fører ikkje automatisk til endring i bu-kulturen, desse endringane skjer ikkje synkront. Folk sin mentalitet eller tankegang endrar seg seinare enn det reelle behovet (Ariès 1989). Ved overgang til ny næring eller ny livsform kan me difor ofte sjå at visse element frå den tidlegare livsforma blir verande med inn i det nye. Dette kan gjelde byggverk som både har ein praktisk funksjon og eit symbolsk innhald. For mange synest dei å representera kjerne-element i den samiske kulturen, eller det Rapoport (1982/1990) kallar *core elements*. Slike element står som uttrykk for vesentlege verdiar i den kulturen dei høyrer heime i, dei lever vidare og får nye funksjonar etter som kulturen endrar seg. I Kautokeino på 1990-talet kunne dette visa seg i form av at eldre bruks- og bygningselement frå ei tid med handverkstradisjon vart stilt saman med nye tekniske reiskapar og maskinar. I uterommet representerte desse eldre elementa først og fremst element som hadde ein nyttefunksjon, og som framleis var i praktisk bruk. Inne i huset var det færre slike gjenstander, og dei som var, hadde tapt sin nytteverdi og fått ein dekorativ funksjon.

Resultatet av dette vart eit kontrastfylt uterom med det som enkelte oppfatta som uorden, medan dei tradisjonelle elementa inne i huset framstod som ei utstilling med lokalt tilsnitt. Tilpassingar og kontrastar av dette slaget er ikkje spesielle for samiske strøk, men finst i alle miljø som opplever store endringar på kort tid (Avdem og Melbye 1985, Vold Halvorsen 1998).

Dei endringane i bruksmåten av hus og uterom som den nye rekreasjonstomta representerte, var eit uttrykk for endring av livsform og dermed endringar i eit heilt *system* av bruksmåtar og handlingsmønster (Rapport 1990).

Manglande synkroni i praksis og mentalitet førte hos husbyggjaren i Kautokeino på 1990-talet til kontrastfylte fysiske omgjevnader, til trekk som peika i ulik retning og signaliserte ulike ideal, verdiar og val. Det var desse motsetnadene enkelte av informantane skildra som ”samisk ute og norsk inne.”

10.2.3 Ansvar og identifisering

Empirien frå 1990-tals bustadene i Kautokeino synte at eg tok feil i mi førehandsoppfatning om lite ansvar for og deltaking i byggeprosessen. Dei husbyggjarane som eg intervjuar, viste stort ansvar for bustaden, og tok del både i plan- og byggeprosessen.

Bygging av eige hus er sterkt knytt til handverkstradisjonen og til det synet på arbeid som ligg nedfelt i denne tradisjonen. Å ta del i husbygging har tradisjonelt vore å ta *praktisk* del, med eigne hender, fella tømmer, lafta, byggja grunnmur og panela vegg. Etersom byggeprosessen har vorte profesjonalisert og bygging ikkje lenger skjer med rot i lokale mønster, har eiga deltaking vorte redusert.

Den tradisjonelle praksisen når det gjeld deltaking, ligg framleis som eit mønster i oss og definerer også i dag kva som *er* deltaking og kva som er viktig arbeid i prosessen med å setja opp eige hus. Synet på kva som er viktig arbeid, blir i tillegg styrkt av verdiar og haldningar innan den lokale kulturen. Sjølv om det i Kautokeino på 1990-talet ikkje eksisterte ein lang tradisjon innan tømmer- eller snikkarfaget, og sjølv om det der ikkje i same grad som elles i Bygde-Noreg har vore vanleg å setja opp sitt eige hus, var den lokale kulturen ein kultur som sette kunnskap i *praktisk* arbeid svært høgt. Det var dette synet og desse haldningane til ”skikkeleg” arbeid som gjorde at deltaking i praktisk arbeid med oppføring av huset blei verdsett så mykje høgare enn til dømes planlegging og organisering av byggeprosessen.

I langt større grad enn mennene tok kvinnene del i byggeprosessen. Det galdt i hovudsak på to område, i planlegginga og ved innreiinga av huset. Dette er i tråd med allmenne trekk i Noreg, ansvar for husbygginga er langt på veg eit kvinneansvar (Sørby 1992).

Å delta i planlegging og bygging av eigen bustad er å ta ansvar for den. Samstundes er det ein måte å identifisera seg med huset på, å gjera det til noko personleg og eige. Blant informantane mine skjedde dette ved at dei la mykje arbeid ned i dekorering og i det å gje huset eit preg som skilde det ut frå den store mengda og som med det gjorde at dei kunne kalla det spesielt og personleg.

10.2.4 Bustad og kulturell sjølvhevdning

Forskarar som har arbeidd med ulike bustadspørsmål, har drege dei same konklusjonane; interessa for bustaden og heimeinnreiing var stor og aukande i Norden på 1980- og 90-talet. Tid og omtanke som blir lagd ned i dette arbeidet, ser ut til å ha teke over for den kreative innsatsen mange, og då særleg kvinner,

tidlegare la ned i produksjon av mat, klede og utstyr til heimen. Slik kan heimeinnreiing med rette kallast den nye folkekulturen (Gullestad 1989), og bustadene blir ein del av den nye folkearkitekturen. Den nye folkearkitekturen er såleis ikkje eit resultat av lafting og legging av torvtak eller av anna handverk, heller skissering, innreiing og dekorering. Den eldre norske folkearkitekturen, - og etterkvart også den samiske, har ofte vore brukt som symbol for å styrkja eigen identitet. Norsk nasjonsbygging på slutten av 1800-talet og utover og samisk kulturell og politisk reising nærare eit hundre år seinare har begge brukt arkitekturen som reiskap i dette arbeidet. Dette har ikkje vore eit kva som helst hus, men gjerne bygg av høg handverksmessig kvalitet. Viktig var det også at bygget kunne sporast langt tilbake. At det samstundes skilde seg ut frå grannekulturen, gav det ekstra kvalitetar som nasjonalt eller etnisk symbol.

Bustadene i samiske strøk frå 1990-talet var derimot lite eigna for å tena som slike symbol. Den skilde seg i liten grad frå tilsvarande bygg i nabokulturen, den var allment utbreidd og den var for ung. Den nye folkearkitekturen som desse husa representerte, fekk dermed ikkje same status som symbol for kulturell sjølvhevding, slik eldre folkearkitektur kunne få.

10.2.5 Både bustad og beiteland

Mange og ulike definisjonar på den nye folkearkitekturen finst, avhengig av kven som diskuterer denne. Den europeiske tradisjonen legg hovudvekta på det historiske, på gamle hus, gjerne av handverksmessig kvalitet. Amerikansk tradisjon er romslegare, og definerer gjerne folkearkitekturen, eller *vernacular architecture* som ”vanlege hus bygde for vanlege folk.” Dei vanlege husa omfattar vidare alt frå bustadhus til bensinstasjonar og bedehus.

Dette arbeidet handlar om vanlege hus og vanlege folk. Den handlar samstundes om mangfald og kreativitet, om kunnskap og skaparglede, og om evne til å skapa eigne, personlege rom ut frå eit einsarta bygg.

Lovverk, kommunale planar, manglande teknologi, stundom også mangel på kunnskap og økonomi kunne setja grenser for deltaking i plan- og byggeprosessen. Desse grensene kunne også føra til bustader som vart lite tilpassa personlege behov. På trass av desse grensene fanst det eit rom for eigen kreativitet. Dette rommet visste særleg kvinnene å utnytta. Stort engasjement og tilsvarande stor kunnskap i husinnreiing, detaljering og fargebruk henta frå kunnige venner og frå interiørtidsskrift gav grunnlag for denne deltakinga. Enkelte utvida også denne kreative innsatsen til også å gjelda uterommet. Den store skapande innsatsen danna igjen grunnlag for den enkelte til å knyta seg til huset, oppfatta det som sitt eige - og oppleva det som spesielt. Husbyggjarane i var såleis ikkje berre passive konsumentar, dei var ivrige og kreative deltakarar i eigne byggeprosjekt. Hammaren var bytt ut med blyanten, og fedrane sine nedarva kunnskap med idear frå interiørblad – og at den som stod for eigeninnsatsen, var ikkje lenger byggherren, men kvinna i huset. Alt dette gjorde at enkelte såg dei nye buformene som ein del av massekulturen, og bustaden som berre ei vare (Borgen 1995).

Kritikken mot den nye buforma som kataloghusa og dei regulerte bustadfelte stod for, har kome frå ulike kantar. Frå arkitekthald har kritikken vore retta mot det som ein har oppfatta som einsretting og forflating av arkitekturen. Dei nye kataloghusa viska ut alle geografiske særtrekk, tok lite omsyn til lokale variasjonar i byggeskikk, i materialbruk og naturtilhøve – og tok heller ikkje nok omsyn til lokale variasjonar i bruk. Frå samisk side kunne kritikken vera forma som ein kritikk mot ”fornorsking” og uniformering av bumønsteret, og som ein kritikk mot ei buform lite tilpassa kvardagen i nord.

Kritikken mot det regulerte byggefeltet og ferdighuset har ikkje kome utan grunn. Offentleg bustadplanlegging og framveksten av ulike typar ferdig- eller kataloghus *har* ført til regionale skilnader i byggeskikken i stor grad har forsvunne. Men desse endringane har derimot *ikkje* dempa folk sin kreative innsats, og dei har ikkje gjort bustadene einsarta.

Det empiriske materialet som ligg til grunn for dette arbeidet, syner dette klårt. Bustaden i Kautokeino på 1990-talet var ein bustad som ytra seg på ulikt vis, tilpassa ulike ynske og behov. Forskjellane var klåre både når det galdt lokalisering, tomteutforming og bruk, og ikkje minst bruk av huset. I spørsmålet om lokalisering gjekk skilnadene frå ynsket om å bu på familietunet til det å velja den beste utsiktstomta i byggefeltet. Det fanst òg ei viktig gruppe som ynskte å busetja seg ein stad dei kunne driva næring. Utforming og bruk av hus og uterom viste same variasjonane, frå det ”spesielle” og personleg utforma huset på rekreasjonstomta til det praktiske arbeidshuset.

Kommunen måtte planleggja bustadfelt etter ei sentral norm som på mange måtar verka standardiserande. Men Kautokeino kommune planla likevel gjennom heile tiåret tomter ut frå ulike lokale behov. Denne praksisen saman med ein omfattande dispensasjonspraksis gjorde det tilsynelatande einsformige byggefeltet til eit mangfaldig område med plass både for bustad og beiteland.

11 Etterord

Diskusjonen om normativ eller deskriptiv tilnæringsmåte er ein aktuell diskusjon innanfor arkitektstudiet og arkitekturforskinga. Som yrkesutøvar har arkitekten eit særleg ansvar for å stå som forsvarar for eit normativt arkitektursyn. Like viktig som å forstå dei ulike arkitektoniske ytringane, er oppgåva vår å fremja og forsvare den gode arkitekturen framføre den dårlege (Støa 1995). Til ein viss grad kan eg vera samd i eit slikt synspunkt, men denne tilnæringsmåten er likevel ikkje fullgod i alle samanhengar. I arbeidet her har det ikkje vore vesentleg å få fram *mitt* syn på den arkitekturen eg studerte, men heller å synleggjera husbyggjarane og brukarane sitt syn. Eg valde medvete ein deskriptiv tilnæringsmåte der informantane sine røyster langt på veg fekk lyda høgare enn mi eiga røyst.

Sjølv om eg er meir deskriptiv enn normativ i denne avhandlinga, kjem mitt eige syn og mine eigne haldningar først og fremst fram gjennom det temaet som eg valde. Mitt eige syn fargar òg det utvalet eg gjorde og den måten eg nærma meg stoffet på. Den endelege skriftlege framstillinga er òg mi. Arbeidet som arkitekt og planleggjar krev likevel ein langt meir normativ tilnæringsmåte enn den eg la opp til her. Men dei klare normene og dei rette svara har ein tendens til å bli meir vage og uklare etter som kunnskapen om emnet me arbeider med, blir større, alternativa fleire og avgrensingane meir synlege. Når eg heilt til slutt skal formulere handlingsretta konklusjonar på grunnlag av dette arbeidet, har eg difor valt å formulera dei som spørsmål som må få ekstra merksemd i planprosessen, ikkje som handfaste råd til planleggjaren.

11.1 Eit endra utgangspunkt

Arbeidet med dette prosjektet har gjeve ny kunnskap om bustadsituasjonen i dei samiske kjerneområda på 1990-talet. Denne kunnskapen er viktig i seg sjølv for å dokumentera ein gjeven situasjon. Det heile er ein del av Kautokeino si nære historie. Denne nye kunnskapen syner òg at det kan vera grunn til å endra eksisterande arealplanlegging, både med omsyn til innhald og arbeidsmåte. Slik vil den nye kunnskapen òg kunna bli ein del av grunnlaget for vidare kommunal planlegging, både i Kautokeino og i andre bygdekommunar.

Avhandlinga *Bustad og beiteland* er først og fremst husbyggjarane si historie. I arbeidet framstiller eg deira erfaringar med planleggings- og byggeprosessen og med å ta hus og tomt i bruk. Deira møte med det offentlege systemet, med lovverk, retningsliner, finansieringsreglar og kommunal planlegging er ein del av

denne forteljinga. Synsvinkelen var heile vegen husbyggjaren sin. Dette var utgangspunktet mitt, og dette farga framstillinga eg har gjeve. Som grunnlag for ein ny planleggingspraksis vil arbeidet mitt såleis berre kunna danna *ein del* av det som må vera grunnlaget for diskusjonen om framtidig planlegging i slike bygder.

Arealplanlegging er ein prosess med mange og ulike deltakarar. For å peika ut ein ny retning for dette arbeidet må alle partar høyrast. Kommunale styresmakter, sektorstyresmakter og Husbanken som den viktigaste finansieringsinstitusjonen er sjølvsgade medspelalarar her. I tillegg kjem ei rekkje andre partar med interesse for arealdisponering, slike som politiske parti, og frivillige lag og foreiningar. På same vis som alle desse partane deltek i kommunale planprosessar, må dei også delta i ein eventuell prosess med siktemål å danna eit nytt utgangspunkt for planlegging. Slik blir husbyggjarane éi av fleire røyster som må høyrast, men deira røyst må i større grad enn før koma med i vurderinga.

Arealplanlegging er ikkje summen av ei rekkje synspunkt, ynske og framlegg. Dei ulike synspunkt har, og må ha ulik vekt. I tillegg kjem det at enkelte krefter som styrer planlegginga, verkar saman og forsterkar kvarandre, medan andre kan verka motsett og svekkja eller hindra kvarandre. Lokale ynske kan stå mot sentrale, sektorpolitikk mot ein heilskapleg politikk og allmenne omsyn kan stundom gå ut over private omsyn. Eit vesentleg punkt i diskusjonen om endra planlegging blir då å sjå *kva* krefter som verkar saman eller som dreg i motsett lei, og *når* dette skjer.

Den gode planlegginga er vidare avhengig av tid og stad. Det som er god planlegging i dag, treng ikkje vera det i morgon, og det som gjev det rette svaret i ei bygd, gjev det nødvendigvis ikkje i ei anna. Grundig kjennskap til den lokale situasjonen er difor avgjerande for eit godt resultat både i Kautokeino og andre stader. Med eit slikt utgangspunkt er det vanskeleg å koma med klåre svar på korleis ei ny arealplanlegging bør vera. Det eg likevel kan gjera, er å peika på ein del område det er viktig å retta merksemda mot når ein planlegg i samiske strøk spesielt og i rurale strøk generelt.

11.1.1 Nytt planinnhald

Busetnadsmønster og arealplanlegging

Arbeidet mitt viste at det lokalt i Kautokeino kunne påvisast to ulike busetnadsmønster, det eine med rot i kommunal arealplanlegging, det andre med rot i slektskap. I ulik grad etterspurde husbyggjarane begge mønstra. I utvikling av ei ny planlegging blir det då viktig å stilla spørsmåla:

- ☞ Kva fremjar desse to mønstra –og kva er til hinder for å utvikla dei?
- ☞ Kan eit mønster basert på slektstilknytning *planleggjast*? Plan- og bygningslova føreset lik handsaming av alle tomtesøkjarar. Korleis kan då kommunen sikra utvikling av slektstun i eit samfunn der så godt som all byggegrunn er statsgrunn og all bustadplanlegging foregår i kommunal regi? Er det slik at det lokale mønsteret blir best sikra gjennom praksisen med raus handheving av dispensasjonsretten og ei lokal forståing av slekt som avgjerande utgangspunkt for slike dispensasjonar?

- ☞ Korleis sikra eit busetnadsmønster for folk som ynskjer meir "anonymitet" enn det slektstunet kan by på? Og kva med innflyttarar til bygda?
- ☞ Korleis kan den kommunale arealplanlegginga på den eine sida sikra tomtesøkjarane sine ynske om lokalisering, og på den andre sida sikra viktige sektorinteresser som til dømes reindrifta og kulturminnevernet sine krav om arealvern? Kva med krav om styring av spreidd busetnad frå forureinings- og vegstyresmaktene i denne samanhengen?

Tomt – utval og typar

Slik busetnadsmønsteret teikna seg på to ulike måtar, slik teikna òg tomtetypane seg på to måtar i Kautokeino på 1990-talet. Desse to typane valde eg å kalla arbeidstomt og rekreasjonstomt. På bakgrunn av ein samansett folkesetnad og nye familiemønster, ville truleg behovet for fleire ulike tomtetypar vera til stades også i framtida. I diskusjonen om framtidige tomtetilbod bør difor desse punkta vektleggjast:

- ☞ Kva fremjar dei lokale ynska, - og kva er eventuelt til hinder for å kunna tilby søkjarane tomter etter eigne ynske?
- ☞ Kva kunnskap treng kommunen for å tilby tomter som svarar til fleire av dei lokale behova?
- ☞ Kan kommunen gjennom å differensiera klårare mellom søkjarane og mellom tomtetypane tilby eit utval tomter som i større grad er svar på søkjarane sine reelle behov? Kva avklaringar og kva retningsliner trengst for å differensiera slik? Kan eit nærare samarbeid med sektorstyresmaktene, til dømes innan reindrifta vera til hjelp i dette arbeidet?
- ☞ Økonomi var ei viktig årsak til at Kautokeino kommune på 1990-talet ikkje kunne tilby store arbeids- eller generasjonstomter til alle som ynskte det. Kan slike hindringar løysast gjennom ein aktiv prispolitikk, der prisen dei private tomtesøkjarane må betala, avspeglar dei reelle kostnadene med å føra ein slik politikk?
- ☞ Kan tilbod og rettleiing frå Husbanken forbeholdt, til dømes gjennom at Husbanken utvidar synet sitt på kva den gode tomta og det gode uterommet er? Tomta som arbeidsplass må her takast med i vurderinga.

Hus, arbeid og rekreasjon

Kritikken mot det mest utbreidde bustadhuset på 1990-talet, både i samiske strøk og elles i Noreg, gjekk i hovudsak på to ulike tilhøve, funksjon og formspråk. I formspråk var dette eit hus utan lokal forankring. Vidare tok huset si planløyning i stor grad utgangspunkt i den urbane funksjonærfamilien sine behov. Familien med tilknytning til ulike primærnæringar fekk dermed eit hus som for vesentlege funksjonar ikkje dekte det behovet dei hadde, til dømes for ulike våtrom og arbeidsrom. Ein meir tilpassa bustad for reindriftsutøvarane har fått ei viss merksemd, utan at det har vorte så mange praktiske følgjer av det.

I ein diskusjon om nye hustypar for rurale strøk generelt, og samiske strøk spesielt, må difor følgjande punkt vurderast:

- ☞ Husbanken styrer mykje av bustadutforminga i Bygde-Noreg. Kan bustadtilbodet betrast dersom Husbanken i større grad enn nå ser huset også som ein viktig arbeidsplass? Eller ligg avgrensingane andre stader enn i Husbanken?

- ☞ Det er lett å sjå at reindriftsutøvarar må ha behov for tilpassa tomter og hus. Men i diskusjonen om praktiske bustader og behov, må Husbanken i større grad enn i dag ta omsyn til at også mange andre lever i eit delvis naturalhushald i dei samiske bygdene.
- ☞ Kan diskusjonen om ein tilpassa bustad for samiske strøk bli meir fruktbar dersom bruksfunksjonar i større grad enn formelement blir vektlagde?
- ☞ Korleis kan kommunen utvikla ei betre byggesakshandsaming der blant anna estetisk rådgjeving får ein naturleg plass? Korleis ta omsyn til det offentlege rommet og til fellesareala?
- ☞ Diskusjonen om den nye hustypen rører ved meir enn spørsmål om utvida areal, nye funksjonar og nye formelement. Diskusjonen dreiar seg til sist om kva den gode bustaden er, kor ideala vert henta, og kva som skal vera utgangspunktet – lokale behov eller sentrale motetrendar? Korleis starta ein slik diskusjon? Kva naturlege arenaer finst for ein slik diskusjon?

11.1.2 Nye samarbeidsformer

Reell brukarmedverknad i arealplanprosessen er eit mål i lovverket som styrer denne planlegginga. Men det er eit mål som det er vanskeleg å nå. Både frå eiga erfaring med kommunalt planarbeid og frå det informantane fortalde meg, kan eg trekkja denne konklusjonen. Få tok del i den *overordna* planprosessen, eller kjende til at slike prosessar i et heile gjekk føre seg. Mange var vel heller ikkje klar over kva følgjer slike planleggingsprosessar ville ha deira eigen framtidige busituasjon. Frå kommunen si side hadde denne prosessen meir eit preg av informasjon til innbyggjarane enn av eit opplegg for reell medverknad. Denne kritikken råkar på ingen måte Kautokeino spesielt, det er ein kritikk mot den norske kommunale planleggingspraksisen generelt.

Korleis kan ein få betre medverknad?

Lokal kunnskap som ramme for deltaking

Planleggjarane treng brei lokal kunnskap om samfunnet dei skal arbeida i. Denne kunnskapen må ikkje berre vera innsikt i tekniske tilhøve, men også omfatta kulturkunnskap. I Kautokeino på 1990-talet medførte dette kravet mellom anna kjennskap til samisk språk, til tradisjon og bustadhistorie- og den medførte kunnskap om lokale makttilhøve. Ein slik lokal maktfaktor kan vera dei sterke slektsbanda. Slektsboka for Kautokeino¹⁰⁴ er såleis ei aktuell faktabok for ein

¹⁰⁴ "Slektsboka," nemninga viser til Steen, Adolf (1986): *Kautokeinoslekter*, Bind XIV, revidert og utvida av Ola Aarseth, og utgjeve av Norsk Folkemuseum, Samiske samlinger i Oslo. Første utgåve av boka kom ut i 1952. I 1986 kom så ei revidert og utvida utgåve. Boka er omfattande, på over 400 sider, og viser oversyn over dei fleste slektene som er og har vore busette i kommunen over ei tid. Inndelinga av slektene er gjort etter ei tredeling. Den første delen, kalt "Slektsregister," omfattar 31 store slekter som i sum utgjer det meste av folkesetnaden i kommunen. Lister over namn, fødselsår og eventuelle dødsår utgjer om lag 370 sider. Del to, "Tillegg" gjev oversyn over "mindre slekter" som gjennom giftarmål har samband med dei 31 store slektene i bygda. Også desse mindre slektene utgjer til saman 31 ulike slekter, men tel langt færre personar. Til sist i 1986-utgåva er det, "etter anmodning fra flere hold," teke med slekter og familiar som er komne til Kautokeino i "de senere år." For å bli rekna med i denne gruppa vart det stilt vilkår om innflytting til kommunen etter år 1900, minimum butid i bygda i minst 50 år, og familiane måtte sjølvsaft ha etterkomarar som framleis budde i bygda på det tidspunktet oversynet vart laga. I sum utgjer desse "nye slektene" fire slekter, alle med norske namn. I sidetal tel dei fem av dei vel 440 sidene i boka.

kommunal arealplanleggjar, på line med fagbøker i planlegging og offentleg forvaltning.

Offentleg diskusjon – felles utgangspunkt som grunnlag for deltaking

Reell medverknad føreset til ein viss grad eit felles utgangspunkt og ei felles forståing av rammer og verkemiddel. Ein del av desse føresetnadene ligg nedfelte i lovverk, sentrale retningslinjer og økonomisk grunnlag. Andre føresetnader er lokalt forankra og skal ideelt spegla lokale verdiar og haldningar. Ei felles forståing av det lokale utgangspunktet føreset offentleg diskusjon. Denne diskusjonen blir gjerne teken i samband med overordna planlegging i tilknytning til arbeidet med den verbale delen av kommuneplanen. I Kautokeino mangla denne overordna planen i heile tiårsperioden frå 1990 til tusenårsskiftet. Det som fanst av slike målsetjingar, var formulert i samband med sektorplanar. Det overordna blikket mangla altså. Mangel på ein slik plan var klart til hinder for å formulera eit overordna, samlande utgangspunkt for vidare sektorplanlegging.

Manglande konkretisering av dei overordna målsetjingane kan òg vera eit stort hinder. Arealplanlegging må, før eller seinare, nedfellast i konkrete framlegg. Slike konkrete framlegg let seg lettast formulera når utgangspunktet er konkret. Kunnskapen finst lokalt, delvis i skrivne kjelder, dokument, tidlegare planar, brev, saksframlegg og vedtak. Kunnskapen finst òg blant folk, stundom uttrykt klårt og tydeleg – andre gonger må du leita. Min veg fram mot forståing av innhaldet i viktige omgrep lokalt i Kautokeino, som til dømes omgrepet ”tilknytning til reindrifta”, var å leita og spørja. Det var å visa tolmod og ha mot til å stilla enkle spørsmål.

I tillegg til å forstå innhaldet i og konkretisere viktige lokale omgrep, må ein planleggjar kunna konkretisere den meir politiserte retorikken. Kva betyr eigentleg ”samisk” og ”samisk butradisjon” i lokalpolitisk samanheng? Ein arealplan skal vera ein reiskap for praktisk handling – og må då vera konkret, tydeleg og handlingsretta.

Kven deltek?

Eit kritisk blick på kven som deltek i kommunal arealplanlegging, kan eit stykke på veg gje svar på kvifor det er misnøye med det ferdige resultatet. I Kautokeino på 1990-talet utgjorde til dømes det lokale politiske nivået stort sett menn. Samstundes viste det empiriske materialet mitt at kvinnene tok storparten av ansvaret i samband med bygging av eige hus. Det var eit mishøve her mellom manglande kvinne-deltaking i det politiske rommet og den offentlege diskusjonen på den eine sida og den store graden av kvinne-deltaking i den private sfæren på den andre. Dei som tok det største ansvaret for husbygginga, hadde liten innverknad på dei prosessane som la rammer for bustaden. Spørsmålet blir då: Korleis skal den viktigaste parten i den lokale gjennomføringa få reell innverknad på den overordna planleggingsprosessen?

Lokalt i Kautokeino er boka svært utbreidd, og finst i dei fleste heimar, på ulike arbeidsplassar og på offentlege kontor.

11.2 Nye forskningsemne

Samstundes som arbeidet her dokumenterer bustadsituasjonen i Kautokeino på 1990-talet, avdekkjer det behov for vidare forskning. Denne forskinga bør i første omgang særleg konsentrera seg om følgjande to område: forskning for historisk dokumentering av bustadsituasjonen og forskning som kan forbetra planleggings- og bustadsituasjonen lokalt i samiske bygder og i rurale strøk meir generelt.

Forsking – dokumentering av historisk art:

- ☞ Bustadhistoria for Sápmi og Kautokeino er ikkje skriven. Tida med overgang frå nomadisk til fast busetnad i dei samiske strøka i Indre Finnmark fall saman med krig, brenning og evakuering. Det sterke statlege engasjementet i den følgjande gjenreisningstida og ved seinare bustadreising i desse strøka er heller ikkje dokumentert.
- ☞ Den nære bustadhistoria i samiske strøk er samstundes ei historie om norsk velferdspolitik og sosial bustadbygging i møte med etniske minoritetar. Kunnskap om dette emnet har interesse både i samisk og norsk samanheng, og vil òg kunne vera av generell interesse i diskusjonen om offentlege og private interesser og deltaking i bustadreisinga.
- ☞ Endring av buskikken med overgang frå førmoderne til moderne buskikk er av interesse å sjå nærare på, særleg med tanke på ei nær fortid med nomadisk butradisjon. Når skjedde dette brotet, kva var avgjerande for utvikling av den moderne buskikken?

Forsking som grunnlag for endring

- ☞ Kautokeino med sine mange særtrekk i historie, kultur, folkesetnad og næring er av stor interesse som utgangspunkt for forskning på ulike buformer. Den unge folkesetnaden, eit stort innslag av kvinner som einslege forsørgjarar, einslege vaksne menn utan tilpassa butilbod, svært låg gjennomsnittsinntekt der kvinnene i snitt har høgare inntekt enn mennene (Kautokeino er den einaste kommunen i landet der det er slik) og stor arbeidsløyse dannar til saman ein situasjon som skil dette samfunnet ut frå gjennomsnittet og som gjer kommunen særmerkt og utfordrande i plansamanheng.

Den samansette situasjonen skaper behov for mange forskjellige slags bustader. Det praktiske arbeidshuset for reindriftsutøvarane som Husbanken er så oppteken av, er berre éi av dei nye buformene som treng utviklast. Bustader tilpassa det nye familiemønsteret med stort innslag av einslege forsørgjarar, små familiar og einslege yngre menn er ei anna side av biletet.

Dei samiske områda har vorte, og blir framleis utforska i større grad enn bygdesamfunn elles i Noreg blir. Oversynet her viser likevel at viktige og omfattande område er lite dokumenterte, og at vidare forskning er nødvendig.

Intervjuretteleiar for innsamling av data

1) Tomta

- ☞ krav til tomta - reg.strøk/ikkje-reg.
- ☞ storleik, utforming, naboskap, tilgang til vidda
- ☞ bruk av tomta - arb. plass, lager, leik og opphald, prydhage
- ☞ privat rom(gjerde) eller glidande overgang til fellesarealet
- ☞ plassering/orientering av huset på tomta
- ☞ tomta og huset - sol, lys, utsikt
- ☞ atkomst, bilveg, parkering
- ☞ tomt, terreng, tilhøve til naturen (inngrep, bearbeiding av terrenget)
- ☞ andre bygg på tomta

2) Huset

- ☞ ferdighus eller ark.teikna, eigen medverknad
- ☞ storleik, utforming, dekorasjon, farge – *særtrekk*
- ☞ planløyising – ”standard” eller personlege tilpassingar
- ☞ fasadeutforming, vind.type/plassering
- ☞ innreiing, dekor, utstyr, gardiner, bilete, fargebruk
- ☞ andre hus på tomta

3) Hus og nærings-/kulturtilknytning

- ☞ *hus og livsform*, innbuarane sin livssituasjon
- ☞ hus og tomt; base for ferdsel, kulturutøving, næringsverksemd på vidda?
- ☞ eller huset som ein rekreasjonsplass?

4) Medverknad

- ☞ kven deltek/medverkar – kvinner, menn, born
- ☞ når skjer denne medverknaden; i plan-/byggeprosessen eller ved bruk
- ☞ kva er innhaldet i medverknad, kva område er viktig å setja sitt eige stempel på
- ☞ • (planløyising, fasadeutforming, fargebruk, innreiing)

☞ kva er viktig å få fram i desse endringane; tilknytning til eiga historie, familie, det moderne

5) Offentleg regelverk

☞ møte med kommunalt planverk, bestemmelsar

☞ møte med Husbanken sitt regelverk(?)

6) Hus og identitet

☞ synet på hus i høve til tradisjonelle prydgjenstandar (markørar)

☞ retorikk og praksis

☞ synet på eiga/familien si bygningshistorie – eigen kultur

Vedlegg 2:

Informantane – levande kjelder og aktive husbyggjarar

1. **Ánne og Ánte**

Ánne, 30 år og Ánte, 45 år er gift og har tre born i alderen 7, 2 og det yngste på ½ år. Ánne voks opp i eit gjenreisingshus i ei lita, veglaus grend utanfor bygda Kautokeino. Ánte voks opp i eit 1970-talshus i bygda. Før dei bygde hus i lag, budde dei i leigd leilegheit i bygda. Dei flytte inn i det nye huset i 1998. Tomta er ei såkalt tilpassa tomt som gjev rom for bustad i kombinasjon med næring. Den ligg innanfor eit område som i kommunedelplanen for Kautokeino var avsett til slikt føremål. Tomta er på 1840 m² og ligg fritt til, utan naboar som grensar direkte opp til den. Samstundes ligg den relativt sentralt til i bygda, og i det som Ánne og Ánte reknar for å vera ”rett retning” av bygda. Å busetja seg her var aktuelt ut frå næringsdrifta og også fordi dei begge opplevde bustadfelta som ”for tette.”

2. **Biret**

Biret, 39 år bur åleine med to born. Det eldste barnet er 16 år gammalt, det yngste er 2 år. I barndommen budde Biret i eit gjenreisingshus i ei bygd utanfor Kautokeino. Familien flytte til kommunesenteret og bygde nytt hus der på 1970-talet. I vaksen alder budde Biret i ein leilegheit ho leigde av kommunen, før ho i 1995 flytte inn i eige hus. Tomta ligg innanfor eit flateregulert område som vart bygd ut samla av ei familiegruppe. Tomta er 1200 m².

3. **Sunná og Sigbjørn**

Sunná, 35 år og Sigbjørn, 35 år er sambuarar med eit barn på 1 år. Som barn budde Sunná i eit gjenreisingshus i ei lita grend utanfor kommunesenteret. Familien flytte til bygda Kautokeino på midten av 1970-talet og bygde nytt hus der. Sigbjørn kjem frå ein kommune lenger sør i Nord-Noreg. Før Sunná og Sigbjørn flytte inn i det nye huset, budde dei i eit eldre og mindre hus som dei kjøpte om lag 10 år tidlegare. Dette selde dei då dei bygde eige hus. Dei flytte inn i det nye huset i 2000. Huset er bygd på ei standardtomt i eit kommunalt bustadfelt og er 1300 m². Begge opplever tomta som ”den beste tomta i feltet,” men Sunná skulle gjerne hatt budd nærare foreldra sine.

4. **Áile og Áilu**

Áile, 41 år og Áilu, 43 år er gift og har fem born i alderen 21, 18, 13, 7 og 5 år. Alle utanom 18-åringen, som går på skule i Alta, bur heime. Áile voks opp i eit førkrigshus i nord Sverige, Áilu i gjenreisingshus, seinare i eit 1970-tals hus i Kautokeino. Før dei bygde eigen bustad budde dei til leige i ein vertikaldelt to-familiebustad som tilhørde

den nærmast familien. Dei flytte inn i eige hus i 1994. Tomta ligg innanfor eit område som i kommunedelplanen for Kautokeino var sett av til ein kombinasjon mellom bustad og reindrift. Tomta er 3700 m², og gjev rom for arbeid, lagring og opphald. Samstundes ligg den nært til slektningar og siida-kameratar sine bustader.

5. Márjá og Máhtte

Márjá, 34 år og Máhtte, 40 år er gift og har 3 born i alderen 14, 6 og 4 år. Márjá voks opp i eit gjenreisingshus i ei lita grend utanfor kommunesenteret, Máhtte i eit tilsvarande hus i ei større bygd. Familien til Máhtte flytte til kommunesenteret og bygde nytt hus på 1970-talet. Før Márjá og Máhtte bygde eige hus, budde dei i leigd leilegheit. Dei flytte inn i det nye huset i 1995. Tomta ligg innanfor eit flateregulert område som vart bygd ut samla av ei familiegruppe flateregulert familiegruppe og er på 1200 m². Både Márjá og Máhtte er svært nøgde med å bu i ei familiegruppe, ei buform dei karakteriserer som ”tilbake til den gamle buskikken.”

6. Jorunn og Joavnná

Jorunn, 32 år og Joavnná, 38 år er gift og har tre born i alderen 13, 4 og ½ år. Jorunn er frå ein annan kommune i Finnmark. Joavnná vaks opp i eit gjenreisingshus i ei bygd utanfor kommunesenteret. Familien flytte til Kautokeino på 1970-talet og bygde eige hus der. Før Jorunn og Joavnná flytte inn i eige hus, budde dei til leige i ulike leilegheiter. Dei flytte inn i det nye huset i 1998. Tomta er ei standardtomt som ligg innanfor eit regulert bustadfelt, men som samstundes ligg i tilknytning til ei familiegruppe. Tomta er 1700 m². Jorunn, som er innflyttar, såg det som viktig å bu nær mannen sin familie. For Joavnná fanst ingen andre alternativ enn familietunet.

7. Rávdná

Rávdná, 59 år, er enkje. Ho har ingen born. Rávdná vaks opp i eit gjenreisingshus i ei grend rett utanfor kommunesenteret. Medan mannen enno levde, bygde dei hus der dei flytte inn i 1990. Mannen døydde få år seinare. Tomta ligg innanfor eit regulert bustadfelt, og er truleg (utan at dette går fram skriftleg nokon stad) planlagt med tanke på reindrifutøvarar. Storleiken tyder på det. Tomta er 1350 m², noko som er litt større enn dei øvrige tomtene i same feltet. Rávdná fortel at dei valde denne tomta, fordi ”det var den einaste ledige tomte som passte.” Samstundes ligg tomte nært opp til broren si tomt.

8. Elle

Elle, 31 år er einsleg mor. Ho bur saman med eit barn på 6 år. I barndommen budde Elle saman med familien sin delvis utanfor kommunen, i leigde husvære. På 1980-talet bygde foreldra til Elle eige hus i utkanten av bygda Kautokeino. Elle har bygd i tilknytning til denne plassen, som ligg utanfor regulerte område. Tomta er 1750 m². Ho flytte inn i det nye huset i 1997. Elle ynskte å bu i nærleiken av familien ”av praktiske årsaker,” men ikkje så nært at det førte til kontroll frå foreldra si side.

9. Káren og Klemet

Káren, 26 år og Klemet, 30 år er gift og har to born på 6 og 3 år. Káren og Klemet vaks begge opp i 1970-tals hus i Kautokeino. Før dei bygde eige hus, budde dei til leige i ein kjellarleilegheit. Tomta dei bygde på er ei standard tomt i eit regulert bustadfelt sentralt i bygda, og er 1400 m². Tomta har, i følgje Káren, alt, den er passe stor, ligg på rett side av elva i eit roleg strøk, akkurat i passe avstand til foreldre og svigerforeldre. Det einaste som manglar er akebakke for ungane.

10. Risten

Risten, 52 år gammel, er enkje og bur saman med ein vaksen son på 27 år. Risten vaks opp i eit gjenreisingshus i ei lita grend utanfor kommunesenteret. Før ho bygde nytt hus, budde familien i leigd leilegheit. Risten flytte inn i det nye huset i 1995. Tomta ho bygde var ikkje regulert, men låg innanfor ein eigedom der fleire av den næraste familien hennar budde. Tomta er på 540 m². Risten er flytt heim, men kjenner seg ikkje alltid heime.

11. Niillás

Niillás, 63 år er skild og bur saman med ein vaksen son på 24 år. Niillás vaks opp i eit gjenreisingshus i ei grend utanfor kommunesenteret. Som gift familiemann budde han i eige hus sentralt i bygda. Det nye huset bygde han i 1992, på ei tomt tett opptil barndomsheimen. Tomta ligg utanfor regulert område og er på 1380 m². ”Alle vil vel bu heime,” seier Niillás.

12. Sára og Sámmol

Sára, 43 år og Sámmol, 46 år er gift og har to born i alderen 18 og 16 år. Den eldste går på skule i nabokommunen, dei andre bur heime. Sára vaks opp i eit gjenreisingshus i utkanten av bygda Kautokeino. På 1970-talet flytte familien inn i eit nytt hus i same området. Sámmol hadde ein tilsvarende oppvekst, men familien hans budde i ei grend utanfor kommunesenteret. Før Sára og Sámmol bygde eige hus, leigde dei eit mindre hus. Dei flytte inn i det nye huset sitt i 1990. Tomta ligg i nærleiken av heimplassen til Sára, i eit område fleire av hennar nære slektningar bur. Området er ikkje regulert. Tomta er ein kombinasjon mellom næring og bustad, og er på til saman 2000m².

13. I gá og Ingvald

I gá, 37 år og Ingvald, 36 år er sambuarar med to born, ein på 4 år og ein under året. I barndommen budde I gá med familien i eit gjenreisingshus i utkanten av Kautokeino. På 1970-talet flytte dei til kommunesenteret og bygde hus der. Ingvald er frå eit anna fylke i Nord-Noreg. Før I gá og Ingvald bygde eige hus, budde dei til leige i ulike leilegheiter. I 1997 flytte dei inn i det nye huset. Tomta dei bygde på ligg i eit regulert bustadfelt sentralt i bygda og er 910 m². I gá og Ingvald valde den einaste ledige tomte i bustadfeltet som låg nærast til familien hennar.

14. Máret og Mihkkal

Máret, 42 år og Mihkkal, 50 år er gifte og har 3 born på 26, 20 og 17 år. Yngstebarnet bur heime, dei to eldste er flytte ut, ein av desse bur heime i feriar og i kortare periodar. Máret vaks opp i eit gjenreisingshus i ei bygd i kommunen. Familien flytte til kommunesenteret og bygde eigen bustad utpå 1960-talet. Mihkkal er frå eit anna fylke i Nord-Noreg. Før dei bygde eige hus, budde dei til leige i ein privat leilegheit. Dei flytte inn i det nye huset i 1995. Tomta dei bygde på var privat eige, eigd av familien hennar, som også bur i nærleiken. Tomta er ei standardtomt som ligg innanfor regulert område Frádelinga er i følgje denne planen. Tomta er på 1370 m². Etter mykje diskusjon om val av lokalisering, viste familietunet seg å bli det rette for alle partar.

15. Laila og Lemet

Laila, 50 år og Lemet, 47 år er gifte og har to barn på 12 og 10 år. Laila kjem frå ein annan kommunen i indre Finnmark, Lemet vaks opp i ei mindre bygd i Kautokeino, først i eit gjenreisingshus og seinare i eit hus frå 1970-talet. Før dei bygde eige hus budde dei til leige ulike stader. Dei flytte inn i det nye huset i 1990. Tomta ligg i eit regulert bustadfelt og er ei kombinasjonstomt mellom bustad og næring. Tomta er 3250 m² og grensar til vidda.

***16. Kátri**

Kátri, 80 år er enkje og bur saman med yngste sonen på 37 år. Som barn budde Kátri gamme og telt, seinare gjenreisingshus, til familien i 1973 bygde nytt hus i ei grend utanfor kommunesenteret, i eit regulert område. Tomta er på 1910 m². Fleire av borna hennar bur i nærleiken, i eigne hus.

***17 Anita og Amund**

Anita, 55 år og Amund, 62 år er gifte og har tre born som alle er flytte heimanfrå. Den yngste tek utdanning utanfor bygda, og er heime i kortare feriar. Anita vaks opp i gjenreisingshus på tre ulike plassar, alle små grender, i utkanten av kommunen. Amund vaks opp på ein tilsvarande plass, også han i eit gjenreisingshus. Som ung familie budde Anita og Amund til leige i ei anna bygd i kommunen. I 1974 flytte dei til Kautokeino og bygde nytt hus der same året. Tomta ligg i eit regulert bustadfelt sentralt i bygda, og er ei standardtomt. Storleiken er 1270 m².

***18 Márge**

Márge, 88 år er enkje og bur åleine. I barndommen hennar hadde ikkje familien til Márge noko fast hus, men flytte med reinflokken. Først etter krigen, i gjenreisningstida fekk dei sitt første, faste hus. Dette låg i ei lita grend i utkanten av kommunen. Seinare flytte Márge og familien til ei anna bygd i Kautokeino. På midten av 1970-talet flytte dei til kommunesenteret og bygde hus der. Tomta er ei standardtomt som ligg i eit regulert bustadfelt sentralt i bygda. Tomta er 1200 m².

19. Pia og Piera

Pia, 35 år og Piera, 42 år er sambuarar og har to born på 18 og 13 år. Yngstebarnet bur heime, den eldste er flytte ut. Pia vaks opp i ei anna bygd i kommunen, i eit hus bygd på 1970-talet. I den tidlege barndommen budde Piera med familien i eit gjenreisingshus i ei grend like utanfor kommunesenteret. På 1970-talet bygde dei nytt hus same staden. Som ungt par budde Pia og Piera til leige i bygda i ulike leiligheter. I 1992 flytte dei inn i eige hus. Tomta ligg utanfor regulert område, i nærleiken av heimplassen til Piera. Storleiken er 2500 m². Både Pia og Piera synst det vart for uroleg å bu i eit bustadfelt sentralt i bygda.

20. Haldis og Heaika

Haldis, 54 år og Heaika, 57 år er gifte og har 4 born. Dei eldste er flytte ut, medan dei to yngste på 20 og 12 år framleis bur heime. Haldis vaks opp i eit gjenreisingshus i ei grend i utkanten av kommunen. Familien bygde nytt hus utpå 1960-talet på same plassen. Heaika voks også opp i ei lita utkantgrend, i eit lite tømrahus. Saman kjøpte Haldis og Heaika hus sentralt i Kautokeino i 1972, og budde der inntil dei i 1996 flytte inn i den nye bustaden på same tomte. Tomta er privat og ligg innanfor eit eldre regulert område. Tomta er 1800 m². Fleire år etter at Haldis og Heaika busette seg her, flytte ei søster til Haldis inn i eit av nabohusa.

21. Lisa og Lásse

Lisa, 35 år og Lásse 39 år er gift og har tre born i alderen 15, 11 og 8 år. Både Lisa og Lásse voks opp i ei lita bygd utanfor kommunesenteret. Dei flytte til bygda og bygde eige hus i 1997. Tomta dei bygde på er ikkje regulert, men ligg innanfor eit område som i kommunedelplanen for Kautokeino er sett av til byggeformål for tilpassa reindriftstomter (to generasjonar). Tomta er 2940 m² og grensar opp mot eit større friområde.

* Informantane merka med stjerne høyrer til blant dei som bygde hus på 1970-talet.

Litteratur

- Adams, Annemarie & McMurry, Sally (1997) "Exploring Everyday Landscapes: An Introduction" frå Adams, Annemarie & McMurry, Sally (red.) *Exploring everyday landscapes. Perspectives in vernacular Architecture, VI*. Knoxville: The University of Tennessee Press
- Alvesson, Mats og Kaj Sköldbberg (1994) *Tolkning och reflektion. Vetenskapsfilosofi och kvalitativ metod*, Lund: Studentlitteratur
- Andreassen, Reidun L. (1993) "Byggeskikkens flerkulturelle påvirkning" frå *Fortidsvern 3-1993*. Oslo: Foreningen til norske fortidsminnesmerkers bevaring
- Ariès, Philippe (1989) "Introduction," frå Chartier, Roger (red.) 1989, *A History of Private Life III. Passions of the Renaissance. (De la Renaissance aux Lumières)*. Cambridge, Mass.: The Belknap Press of Harvard University
- Aschehoug og Gyldendals Store Norske Leksikon (1980). Oslo: Aschehoug og Gyldendal forlag
- Avdem, Anna Jorunn og Melby, Kari (1985) *Oppe først og sist i seng. Husarbeid i Norge fra 1850 til i dag*. Oslo: Universitetsforlaget AS
- Ballo, Eva Marie (1994) *Der livet ikke finner sted ...? En empirisk undersøkelse av livsform innenfor et moderne byggefelt*. Hovudoppgåve i sosiologi, Universitetet i Oslo
- Barth, Fredrik (1995) "Nye og evige temaer i studiet av etnisitet," frå Barth: *Manifestasjon og prosess*. Oslo: Universitetsforlaget
- Beichmann, Mona (1939) *Forunderlige Finnmark*. Oslo: Gyldendal norsk forlag
- Berg, Arne (1968) *Norske gardstun*. Oslo: Universitetsforlaget
- Berger, Peter L. (1967) *Invitasjon til sosiologi*. Oslo: Pax
- Bergland, Einar (1998) *Reindrift, omstilling og identitet* Avhandling til dr.philos.-graden. Pedagogisk forskingsinstitutt, Universitet i Oslo
- Bing, Morten (1996) "Når natten faller på. Soveplassen som utgangspunkt for en forståelse av boskikken," i *Menneske og bomiljø. Rapport fra et forskernettverk, KULT's skriftserie nr. 69*. Oslo: Norges forskningsråd

- Bjørge, Eilif og Kjøde, Kari (1970) *Kautokeino 1970. En analyse av den eksisterende situasjon i kommunen, og tekniske problemer knyttet til prosjektering*. Diplomoppgåve, Arkitektthøgskolen i Oslo
- Bjørø, Heidi (1994) "I samisk kulturlandskap," frå *Utemiljø 1-1994*. Oslo: Vanebo Forlag as
- Bobrowski, Johannes (1984) *Grannelag Sarmatia*. Utval og gjendikting ved Knut Ljosland. Oslo: Oktober poesi
- Borgen, Kjell og Bing Lorentzen, Rangvald (udatert) *Boazodoalloviesut/Sekundærboliger*. Norske Reindriftssamers Landsforbund
- Borgen, Kjell (1993) "Den samiske gård," frå *Fortidsvern 3-1993*. Oslo: Foreningen til norske fortidsminnesmerkers bevaring
- Borgen, Kjell (1995) *Samenes gård i indre Finnmark*. Oslo: Norsk forskingsråd, FOK-program
- Bourdieu, Pierre (1979, 1995 norsk omsetjing). *Distinksjonen En sosiologisk kritikk av dømmekraften*. Oslo: Pax Forlag A/S
- Bourdieu, Pierre (1979) "The Kabyle house or the world reversed" frå Bourdieu, P. *Algeria 1960*. Cambridge, London, New York, Melbourne: Cambridge University Press
- Brantenberg, Tore (1996) *Sosial boligbygging i Europa. Fra slaveby til haveby – europeiske arbeiderboliger i et arkitektonisk perspektiv*. Oslo: Ad Notam Gyldendal/Den Norske Stats Husbank
- Brantenberg, Tore (1996) *Sosial boligbygging i Norge 1740-1990. Fra arbeiderbolig til husbankhus*. Oslo: Ad Notam Gyldendal/Den Norske Stats Husbank
- Brattset, Ola (1976) *Ferdighusbransjen 1974: virksomhetens art og omfang*. Trondheim: SINTEF 1976/SINTEF rapport SFT 62 A76004
- Brekke, Nils Georg (1993) "Byggjeskikken og landskapet," frå Brekke og Skaar (red.): *Kulturhistorisk vegbok Hordaland*. Bergen: Hordaland fylkeskommune, Nord 4 Vestkyst, Bergen
- Brochmann, Odd (1981) *Bygget i Norge-1*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag
- Brox, Ottar (1989) *Praktisk samfunnsvitenskap*. Oslo: Universitetsforlaget
- Brunskill, R. W. (1970) *Illustrated Handbook of Vernacular Architecture*. London: Faber and Faber
- Butenschøn, Peter (1980) Finnmark bygger, frå *Byggekunst*, spesialutgåve 1980. Oslo: Norske arkitekters landsforbund
- Bye, Lillian (1939, 1976) *Fjellfinner i Finnmark*. Oslo: H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard)

- Carter, Thomas & Herman, Bernard L. (red.) (1985) "Preface" frå *Perspectives in Vernacular Architecture*, vol. 1. Colombia: University of Missouri Press
- Cold, Birgit (1996) "Boligen vi liker," frå Sven Erik Svendsen og Mari Hvattum (red.), *Hva er god boligsak? I går , i dag, i morgen*. Oslo: Ad Notam Gyldendal/Den norske Stats Husbank
- Cook, Jeffrey (1997) "Climate" frå Paul Oliver (red.): *Encyclopedia of Vernacular Architecture of the World*. Cambridge: Cambridge University Press
- Collins Cromley, Elizabeth & Hudgins, Carter L. (1995) "Preface", frå Cromley & Hudgins (red.), *Gender, Class and Shelter*. Knoxville: The University of Tennessee Press
- Dalaker, Margrete (1976) *Rapport om undersøkelse av hus ført opp under Boligtiltakene i Masi-Kautokeino-området for Fylkesmannen i Finnmark*. Narvik: Norges Byggforskningsinstitutt
- Dancke, Trond M. (1986) *Opp av ruinene. Gjenreisningen av Finnmark 1945-1960*. Oslo: Gyldendal norsk forlag
- Dass, Petter (1974) *Nordlands Trompet*. (Utgitt ved Didrik Arup Seip, etter originalutgåve frå 1739). Oslo: H. Aschehoug & Co (W. Nygaard)
- DeConinck, Mia (1993-4) *Samien thuis. De bijzonderee wooncultuur van de Samen*. H.A.I.S.L.G Eindrapport
- Denscombe, Martyn (2000) *Forskningshandboken – för småskaliga forskningsprojekt inom samhällsvetenskaperna*. Lund: Studentlitteratur
- Dissanayake, Ellen (1992) *Homo aestheticus: where art comes from and why*. New York: Free Press
- Douglas, Mary (1966/1979) *Purity and Danger. An analysis of the concepts of pollution and taboo*. London, Boston and Henley: Routledge & Kegan Paul
- Doxtater, Dennis (1990) "Socio-political change and symbolic space in Norwegian farm culture after the Reformation" frå Turan, Mete (red.) *Vernacular Architecture. Paradigms of Environmental Responses*. Aldershot: Avebury
- Dreier, Carsten (udatert/1977) *Må vieso doallat årdnegis/Hvordan holde boligen vedlike*. Oslo: Norges byggforskningsinstitutt
- Edwards, J. P. (1979) "The evolution of vernacular architecture of Western Caribbean" frå *Mimeo-series 1979*, Raleigh: North Carolina State University
- Fair, Susan W. (1997) Story, Storage, and Symbol: Functional Cache Architecture, Cache Narratives, and Roadside Attractions, frå Adams, A. & S. McMurry (red.) *Exploring Everyday Landscapes*. Knoxville: The University of Tennessee Press
- Forseth, Terje (red.) (1994) *En reise gjennom norsk byggekunst. Fortidsminneforeningens eiendommer gjennom 150 år*. Oslo: Riksantikvaren og Fortidsminnesforeningen

- Frykman, Jonas og Orvar Löfgren (1979) *Den kultiverade människan*. Lund: LiberLäromedel
- Furre, Berge (1991) *Vårt hundreår. Norsk historie 1905-1990*. Oslo: Samlaget
- Gadamer, Hans Georg (1960) 1975 *Truth and Method*. London: Sheed and Ward
- Geertz, Clifford (1973) *The Interpretation of Cultures*. New York: Basic Books
- Gilje, Nils og Harald Grimen (1993) *Samfunnsvitenskapenes forutsetninger. Innføring i samfunnsvitenskapenes vitenskapsfilosofi..* Oslo: Universitetsforlaget
- Goffman, Erving (1959) *The Presentation of Self in Everyday Life*. New York: Doubleday Anchor Books
- Gullestad, Marianne (1984) *Kitchen-table Society. A case study of the family life and friendship of young working-class mothers in urban Norway*. Oslo-Bergen-Stavanger-Tromsø: Universitetsforlaget
- Gullestad, Marianne (1989) *Kultur og hverdagsliv*. Oslo: Universitetsforlaget
- Gullestad, Marianne (1996) *Hverdagsfilosofer. Verdier, selvforståelse og samfunnssyn i det moderne Norge*. Oslo: Universitetsforlaget
- Gunnarsjaa, Arne (1999) *Arkitekturleksikon*. Oslo: Abstrakt forlag as
- Hagbrink, Bodil (1975/1980) *Barna i Kautokeino*. Oslo: H. Aschehoug & Co. (W. Nygaard)
- Hage, Ingebjørg (1999) *Som fugl Fønix av asken? Gjenreisingshus i Nord-Troms og Finnmark*. Oslo: Ad Notam Gyldendal AS
- Haglund, Sonja (1934) *Mitt lappliv. På vårflytting med Köngämälappar*. Stockholm: Wahlström & Widstrand
- Hamdi, Nabeel (1995) *Housing without Houses: participation, flexibility, enablement*. London: Intermediate Technology Publications
- Hauge, Olav H. (1966) *Dropar i austavind* Oslo: Noregs Boklag
- Hauglid, Roar (1976) *Norske stavkirker. Bygningshistorisk bakgrunn og utvikling*. Oslo: Dreyer
- Haveraaen, Morten (1993) "Private gleder – offentlige bekymringer. Om eneboliger, bokultur, arealbruk og planlegging" frå *By, bosted, lokalsamfunn, bolig*. Doktorgradsavhandling NLH, Ås
- Hoagland, Alison K. (1997) *Totem Poles and Plank Houses: Reconstructing Native Culture in Southeast Alaska*, frå Hudgins & Cromley (red.) *Shaping Communities*. Knoxville: The University of Tennessee Press
- Hompland, Andreas og Kjølrsrød, Lise (1983) *Omsorg i bygdebyen. Arbeidsnotat 1/1983*. Oslo: Institutt for samfunnsforskning

- Horgen, Jan E. (1975) *Bolighus – Nes, Romerike – 1860-1910. Undersøkelser for magistergraden i etnologi nr.2* Institutt for folkelivsgransking, Universitetet i Oslo
- Hovdenak, Marit, Killingbergtrø, Laurits, Lauvhjell, Arne, Nordlie, Sigurd, Rommetveit, Magne, Worren, Dagfinn (red.) (1986) *Nynorskordboka. Definisjons- og rettskrivingsordbok*. Oslo: Det norske Samlaget
- Høyem, Harald (1997) "Location and Site," frå Oliver (red.): *Encyclopedia of Vernacular Architecture of the World*. Cambridge: Cambridge University Press
- Isaksen, Trygve (1970) *Rapport til Herr Fylkesmannen i Finnmark: Om dårlige hus og fattige menneske, del I og II*. Trondheim: Norges byggforskningsinstitutt
- Jackson, John, B. (1984) *Discovering the Vernacular Landscape*. New Haven and London: Yale University Press
- Jennings, Jan (1995) "Cheap and Tasteful Dwellings in Popular Architecture," frå Collins Cromley, Elizabeth & Hudgings, Carter L. (red.) *Gender, Class and Shelter. Perspectives in Vernacular Architecture V*. Knoxville: The University of Tennessee Press
- Jørgensen, Kurt og Martens, Johan-Ditlef (1996) *Debatten om boligkvalitet og arbeidet med typetegninger*. Oslo: Den Norske Stats Husbank
- Kjørup, Søren (1996, 1999) *Menneskevidenskabernes. Problemer og traditioner i humanioras videnskabsteori*. Roskilde: Roskilde Universitetsforlag
- Klausen, Arne Martin (1992) *Kultur – Mønster eller kaos*. Oslo: Ad Notam Gyldendal
- Kwolek-Folland, Angel. (1995) "Gender as a Category of Analysis in Vernacular Architecture Studies", frå Collins Cromley & Hudgins (red.) *Gender, Class and Shelter*. Knoxville: The University of Tennessee Press
- Kåven Britha, Jernsletten Johan, Nordal Ingrid, Eira John Henrik, Solbakk Aage (1995) *Sámi-dáru Sátnegirji/Samisk-norsk ordbok*. Karasjok: Davvi Girji o.s.
- Lid, Johannes (1963) *Norsk og svensk flora*. Oslo: Det norske Samlaget
- Lloyd, John (1969/1978) "The Norwegian laftehus" frå Paul Oliver. (red.) *Shelter and Society*. Norwich: Barrie & Jenkins Ltd.
- Mathiesen, Per (1974) *Boligreising og nasjonal tilpassing hos den samiske minoritetsgruppe*. Oslo: Institutt for anvendt sosialvitenskaplig forskning, rapport 74:8
- McCracken, Grant (1988) *The long interview. Qualitative Research Methods, Volume 13*. Newbury Park: Sage Publications
- Molander, Bengt (1996) *Kunskap i handling*. Göteborg: Bokförlaget Daidalos AB
- Muitalusat ja dáhpáhusat Guovdageainnus/Fortellinger og hendelser fra Kautokeino*, nr. 1-1991, nr. 2-1994. Kautokeino: Guovdageainnu Historija Searvi

-
- Nabokov, Peter & Easton, Robert (1989) *Native American Architecture*. New York, Oxford: Oxford University Press
- Nelson, Marion John (1994) (red.): *Material Culture and People's Art Among the Norwegians in America*. Northfield, Minnesota: The Norwegian-American Historical Association
- Nerbøvik, Jostein (1973) *Norsk historie 1870–1905*. Oslo: Orion-bøkene, Det norske Samlaget
- Nesheim, Asbjørn og Nielsen, Konrad (1979) *Lappisk (samisk) ordbok, vol. I-V*. Oslo: Universitetsforslaget
- Nilsen, Øystein (1990) *Varangersamene. Boplasser og ressurser*. Undervisningshefte, Unnjárgga gielda/Nesseby kommune
- Norberg-Schulz, Christian (1967) *Intensjoner i arkitekturen*. Oslo: Universitetsforlaget
- Norberg-Schulz, Christian (1971) *Existence, space & architecture*. London: Studio Vista
- Norberg-Schulz, Christian (1978) *Mellom jord og himmel. En bok om steder og hus*. Oslo: Universitetsforlaget
- Oliver, Paul (1969) "Part one" frå Oliver (red.) *Shelter and Society*. London: Barrie & Rockliff
- Oliver, Paul (1987) *Dwellings. The house across the World*. Phaidon – Oxford: Press Limited
- Oliver, Paul (1997), red. *Encyclopedia of Vernacular Architecture of the World*. Cambridge: Cambridge University Press
- Oliver, Paul (1997) "Introduction" frå Oliver (red.) *Encyclopedia of Vernacular Architecture of the World*. Cambridge: Cambridge University Press
- Pavlidis, Eleftherios (1997) "Architectural," frå Oliver (red.): *Encyclopedia of Vernacular Architecture of the World*. Cambridge: Cambridge University Press
- Pevsner, Nikolaus (1943) *An Outline of European Architecture*. Harmondsworth: Penguin Books Ltd.
- Prussin, Labelle (1995) *African Nomadic Architecture. Space, Place, and Gender*. Washington, London: Smithsonian Institution Press and The National Museum of African Art
- Prussin, Labelle (1997) "Gender Roles," frå Oliver (red.): *Encyclopedia of Vernacular Architecture of the World*. Cambridge: Cambridge University Press
- Rapoport, Amos (1969) *House, form and culture*. Englewood Cliffs, N. J.: Prentice Hall
- Rapoport, Amos. (1975) "Australian Aborigines and the Definition of Place," frå Oliver (red.) *Shelter, Sign & Symbol*. London: Barrie & Jenkins

- Rapoport, Amos (1982, 1990) *The Meaning of the Built Environment. A Nonverbal Communication Approach*. Arizona: The University of Arizona Press
- Rapoport, Amos (1990 a) "Defining vernacular design," frå *Ethnoscapes: Volume 4. Vernacular Architecture. Paradigms of Environmental Response*. Aldershot, Brookfield USA, Hong Kong, Singapore, Sidney: Avebury
- Rapoport, Amos (1990 b) "Systems of activities and systems of settings," frå Susan Kent (red.) *Domestic architecture and the use of space. An interdisciplinary cross-cultural study*. Cambridge: Cambridge University Press
- Rapoport, Amos (1997) "Meaning" frå Oliver, Paul (red.): *Encyclopedia of Vernacular Architecture of the World*. Cambridge: Cambridge University Press
- Rommetveit, Magne (1993) *Med andre ord. Den store synonymordboka*. Oslo: NKS-Forlaget
- Rosin, Thomas R. (1997) "Family Type and Cycle," frå Oliver, Paul (red.) 1997: *Encyclopedia of Vernacular Architecture of the World*. Cambridge: Cambridge University Press
- Rudofsky, Bernard (1965) *Architecture without Architects. A Short Introduction to Non-Pedigreed Architecture*. New York: The Museum of Modern Art
- Samisk kulturminneråd (1998) *Verne- og forvaltningsplan for samiske bygninger*. Forprosjekt.
- Sjølie, Randi (1995) *Samisk byggeskikk*. Oslo: Norsk forskningsråd, FOK-program
- Skirbekk, Gunnar (1984) *Ord*. Oslo: Det Norske Samlaget
- Skjervheim, Hans (1974, rev. 2000) *Objektivismen – og studiet av mennesket*. Oslo: Gyldendal Akademisk
- Skålnes, Sigrid (2001) *Distriktskvinnescenarier 2010. På leit etter ei framtid*, Oslo: Samarbeidsrapport NIBR/HIF 2001
- Skålnes, Sunniva (1998 a) "Beiteland og bustadfelt," i *Kommunalteknikk* 1/98. Oslo: Norsk kommunalteknisk forening
- Skålnes, Sunniva (1998 b) "Planlegging på viddene. Norsk lovverk og samisk levevis i Kautokeino," i *Plan* 3/98. Oslo: Universitetsforlaget
- Skålnes, Sunniva (2000) "Bustad og beiteland" *Behov for kunnskap om det bygde landskapet i samiske bygder på 1990-talet*, Oslo: NIBR-notat 2000:102
- Steen, Adolf (1952/1986) *Kautokeinoslekter, bind XIV*. Revidert og utvida av Ola Aarseth. Oslo: Norsk folkemuseum, Samiske samlinger
- Stordahl, Vigdis (1996) *Same i den moderne verden. Endringer og kontinuitet i et samisk lokalsamfunn*. Karasjok: Davvi Girji OS

- Stortingsmelding nr. 13 (1979/80) *Om verksemda til Den Norske Stats Husbank i 1978.* Oslo: Kommunal- og arbeidsdepartementet
- Stortingsmelding nr. 99 (1969/-70) *Om tiltak for å bedre boligforholdene i indre Finnmark.* Oslo: Kommunal- og arbeidsdepartementet
- Stortingsprotokoll (1971), 15. jan. – *Tiltak for å bedre boligforholdene i indre Finnmark.* Oslo: Kommunal- og arbeidsdepartementet
- Støa, Eli (1995) *Boliger og kultur: norske boligfelt på åtti-tallet sett i lys av beboernes boligidealer.* Trondheim: NTNU, Institutt for byggekunst
- Sundt, Eilert (1862) *Om Bygningskikken paa Landet i Norge, Christiania, ny utgåve i Verker i utvalg.* Oslo 1976
- Sørby, Hild (1992) *Klar – ferdig – hus! Norske ferdighus gjennom tidene.* Oslo: Ad Notam, Gyldendal
- Tuan, Yi-Fu (1974/1990) *Topophilia. A study of environmental perception, attitudes, and values.* New York: Colombia University Press
- Typehus 1980.* Kautokeino: AS Finnmarksbygg/Råd og vink AS
- Veileder Kommuneplanens arealdel,* Oslo: Miljøverndepartementet, avdeling for regional planlegging, areal- og kartpolitikk (1998)
- Veileder Reguleringsplan. Bebyggelsesplan,* Oslo: Miljøverndepartementet, avdeling for regional planlegging, areal- og kartpolitikk (1996)
- Visted, Kristofer og Hilmar Stigum (1952/1975) *Vår gamle bondekultur, bind I.* Oslo: J.W. Cappelens forlag
- Vogt, Benjamin (1924) ”I pesk og pulk gjennom tre land” i *Den norske Turistforenings årbok 1924.* Kristiania: Grøndahl & Sønns Boktrykkeri
- Vold Halvorsen, Kari-Bjørge (1998) *Mitt bu, min heim. Buskikk og heimeinnreiding i Sogn 1940-1995. Endring og kontinuitet.* Oslo: Norsk Folkemuseum
- Vreim, Halvor (1945) ”Hus i Finnmark” i *Byggekunst 2-1945.* Oslo: Norske arkitekters landsforbund
- Waltzer, Michael (1987) *Interpretation and Social Critics.* Cambridge, Mass.: Harvard University Press
- Werne, Finn (1987) *Den osynliga arkitekturen.* Lund: Vinga Press AB
- Williams, Michael Ann & M. Jane Young. (1995) ”Grammar, Codes and Performance: Linguistic and Sociolinguistic Models in the Study of Vernacular Architecture,” frå Cromley, E.C. & Hudgins, C. L (red.) *Gender, Class and Shelter.* Knoxville: The University of Tennessee Press

Wells, Camille (1986) "Old Claims and New Demands: Vernacular Architecture Studies Today," frå Wells, Camille (red.) *Perspectives in Vernacular Architecture, II*. Colombia: University of Missouri Press

Wells, Camille (1989), (red.) *Perspectives in Vernacular Architecture, II*. Colombia: University of Missouri Press

Yates, Timothy (1989) "Habitus and Social Space: some suggestions about meaning in the Saami (Lapp) tent ca. 1700-1900," frå Hodder, Ian (red.) *The Meanings of things: material culture and symbolic expression*. London: Unwin Hyman

Offentlege referansar:

Forskrift for avviklingslønn i reindriftsnæringen. Gjeve av Landbruksdepartementet 27.01.88, med endring av 29.08.89.

Forskrift for omstillingslønn for reindriftsutøvere i Øst- og Vest-Finnmark beiteområder som frivillig avvikler sin reindrift. Gjeve av Landbruksdepartementet 03.05.93, med endring av 01.10.94.

FFD – 4/01 *Finnmarksstatistikk 2000*

<http://www.husbanken.no>

Husbanken, Den norske stats (1985/92) *Gode boligområder* Oslo: Den norske stats Husbank

----- (2000)HB 7 B.1 *Retningslinjer for oppføringslån til ordinære boliger fra Husbanken*

----- (2000) HB 7.B.1.1 *Lånertillegg fra Husbanken*

----- (1996) HB 7.B.1.2 *Husbankens arealregler*

----- (2000) HB 7.B.1.3 *Husbankens minstestandard*

----- (1996) HB 7.E.9.1 *Lån og tilskudd til god bolig og godt bomiljø*

----- (1997) HB 7. E. 9.4 *Godt bomiljø – bygger på god planlegging*

----- (1990-2000) *Årsmelding 1990-1995,*

----- *Husbankens årsberetning 1996-1997*

----- *Husbankens årsrapport 1998-2000*

<http://www.odin.dep.no> Landbruksdep/St.prp.2 *Grunnlaget for reindriftsforhandlingene 2000*

<http://reindrift/hovedavtale> for reindriften

Sammenligningstall for kommunene 2002. Oslo: Sosial- og helsedirektoratet i samarbeid med Statistisk sentralbyrå

<http://www.ssb.no/veiviser/kortnavn/> Statistikkane er henta den 25.11.02.

Folkemengde pr. 3. November 1990

Folkemengde pr. 1. Januar 2001

Aldersfordeling pr. 3. November 1990

Aldersfordeling pr. 1. Januar 2001

Bruttoinntekt pr. innbyggjar over 17 år, år 2000

Byggestatistikk 1990-2000

<http://www.statskog.no>

LOV 1978-06-09 nr19: *Lov om reindrift*

Plan- og bygningslov av 14. juni 1985 nr. 77. Oslo: Kommunal- og arbeidsdepartementet/Miljøverndepartementet

Statens kartverk, Fylkeskartkontoret i Finnmark: *Statistikk over boligbygging i Finnmark (1990-1999)*

Totalrekneskap for reindriftsnæringen. Økonomisk utvalg, desember 2001. Alta: Reindriftsforvaltningen

Arkivmateriale –

Fylkesmannen i Finnmark, utbyggingsavdelinga - arkivet:

Finnmark fylkesmannsembete, utbyggingsavdelingen (1973) *Boligtiltakene i indre Finnmark. Vurdering av mål og gjennomføring 1970-72.* Vadsø: Finnmark fylkesmannsembete

Øwre, Erik (1983) *Notat. Boligtiltakene i indre Finnmark 1969-83.* Vadsø: Boligtiltakene i indre Finnmark

Guovdageainnu gilišillju/Kautokeino bygdetun:

Biletarkivet

NBI/Byggforsk - arkivet:

Følgjande arkivmateriale er nytta:

mappe 0-2585, *Diverse tegninger m.v. vedr. Finnmarksrapporten*

Riksarkivet:

Sand, Kirsten (19649) Brev til Fylkesmannen i Troms ang. "Boligundersøkelser", datert 12.8.1949. Arkiv: Riksarkivet/Kommunal- og arbeidsdepartementet/Boligdirektoratet/B1 Sekretariatet

Sámi Arkiiva/Samisk arkiv:

Følgjande arkivboksar er nytta: 74, 104, 116, 128, 136, 137, 146, 154, 532

Kautokeino kommune, formannskapsarkivet:

Notat januar 2002: *Omstillingssøknad*. Kautokeino kommune, næringskontoret.

Kautokeino kommune, teknisk kontor, bygningsarkivet:

Byggesaksmapper og målebrev til informantane

Brev til planutvalet i Kautokeino, jnr. 93/7954

Kautokeino kommune, planarkivet:

Generalplan Kautokeino 1977-88, 1. oktober 1978. Kautokeino kommune

Kommuneplanens arealdel, hefte A, B, C (planbeskrivelse), datert 01.10.92.

Kommuneplanens arealdel, plankart 1a-7c, datert 01.10.92

Kommuneplanens arealdel, utfyllende bestemmelser til arealdelen, godkjend 28.10.92

Kommuneplanens arealdel, rullering 1998/-99, oversiktskart 1:500 000, kartutsnitt nr. 1-5, målestokk 1: 100 000, plankart 1-15, målestokk 1: 5 000

Kommunedelplan for Kautokeino tettsted, datert 22.02.93, målestokk 1: 5 000, godkjend 20.10.93, m/planbeskrivelse og bestemmelser

Følgjande regulerings- og bebyggelsesplanar m/beskrivelse og reguleringsføresegner:

Bebyggelsesplan for Allaeanan, godkjend 22.06.98

Bebyggelsesplan for Davviluohkká, godkjend 05.07.94
Bebyggelsesplan for Nuortamanmaras, godkjend 24.10.95
Reguleringsplan for Ájastealli, godkjend 20.07.87
Reguleringsplan for Beazedievvá, godkjend 20.03.75
Reguleringsplan for Bohtaldievvá, godkjend 19.06.97
Reguleringsplan for Gártnetluohkká, godkjend 06.11.86
Reguleringsplan for Gáhkkor orru, godkjend 29.06.93
Reguleringsplan for Gáhkkorjeaggi, godkjend 13.12.83
Tomtedelingsplan for Ájastealli, datert 12.07.94
Tomtedelingsplan for Beazedievvá nord, datert 01.02.94.

Munnlege informantar og vegvisarar:

Dalaker, Margrethe, arkitekt, tidlegare tilsett på NBI, Narvik og Oslo
Edvardsen, Lene, arkitekt, Husbanken i Hammerfest
Enoksen, Nina, arkivmedarbeidar, fylkesmannen i Finnmark
Fjelltun, Torbjørn, Statens nærings- og distriktutviklingsfond (SND), Tromsø
Henriksen, Ravdná Turi, språkkonsulent, Kautokeino kommune
Hvattum, Ivar, arkitekt, Husbanken i Hammerfest
Hætta, Johan Ingvald, reindriftsagronom i Vest-Finnmark
Hætta, Johan Klemet, tidlegare rådmann i Kautokeino kommune
Hætta, Maja, tolk, Kautokeino kommune
Hætta, Nils Mathis O., bustadrettleiar i Kautokeino kommune
Hætta, Solveig, sekretær, teknisk etat, Kautokeino kommune
Hætta, Sten Olav, teknisk sjef, Kautokeino kommune
Isaksen, Trygve, arkitekt, tidlegare tilsett på NBI, Trondheim
Nilssen, Kjell, tidlegare teknisk sjef, Kautokeino kommune
Skum, Nils Ánte, driftsleiar, Kautokeino kommune

Styrvoll, Wenche, Statens nærings- og distriktutviklingsfond, SND, Tromsø

Øvre, Erik, tidlegare konsulent hos fylkesm. i Finnmark, utbyggingsavdelinga

Entreprenører:

Bjørn Rasmussen, Mathiesen & Co. Trelast – Byggevarer AS, Alta

Ingolf Antonsen, Boligbygg, Kautokeino